

# **Nynorskrettskrivinga**

Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk

Norsk språkråd  
Ny versjon 31.12.02

## Innhold

<b>1 INNLEIING</b>	.....	6
1.1 Bakgrunn og status	.....	6
1.1.1 Mål	.....	6
1.1.2 Arbeidet med utgreiinga	.....	6
1.2 Normomgrepet	.....	8
1.2.1 Fastsett og internalisert norm	.....	8
1.2.2 Normdanning som prosess	.....	9
1.2.3 Normagentar	.....	10
1.2.4 Normer, lojalitet og identitet	.....	12
1.3 Den historiske utviklinga av nynorsken i norm og praksis 1901–2002	.....	15
1.4 Valfridom	.....	19
1.4.1 Ideologisk	.....	19
1.4.2 Ulike brukargrupper og brukarynske	.....	21
1.4.3 Korleis er den faktiske variasjonen?	.....	21
1.4.4 Korleis blir valfridomen formidla?	.....	22
1.4.5 Kva typar skrivefeil finst?	.....	23
1.4.6 Ulike perspektiv på valfridomen	.....	24
1.5 Hierarkiet i rettskrivinga	.....	25
1.5.1 Ulike typar valfridom	.....	25
1.5.2 Fordelar og ulemper med hierarki i rettskrivinga	.....	26
1.5.3. Husnormer	.....	27
1.6 Retningslinjer	.....	28
<b>2 FRAMLEGG TIL VALFRIE FORMER</b>	.....	30
2.0 Disposisjon og kjelder	.....	30
2.1 Lydverket	.....	33
2.1.1 Vokalar	.....	33
2.1.1.a Vokalane <i>y/ø</i>	.....	33
2.1.1.b Diftongar – monoftongar: <i>øy/ø</i> og <i>au/ø, au/o</i>	.....	36
2.1.2 Konsonantar	.....	40
2.1.2.a Ord med enkel eller dobbel <i>m</i>	.....	40
2.1.2.b <i>n/nn, t/tt</i> og <i>k/kk</i> i gamle kortstava ord	.....	45
2.1.2.c Former med og utan <i>j</i> etter <i>g</i> og <i>k</i>	.....	47
2.2 Formverket	.....	53
2.2.1 Substantiv	.....	53
2.2.1.a Valfritt genus	.....	53
2.2.1.b Hankjønnsord med <i>-ar/-er</i> i fleirtal	.....	56
2.2.1.c Hokjønnsord med <i>-er/-ar</i> i fleirtal	.....	60

2.2.1.d <i>-a/-i</i> i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord .....	63
2.2.1.e Bøyingsane i <i>auga</i> -klassen .....	66
2.2.2 Adjektiv .....	69
2.2.2.a Adjektiv på <i>-en</i> i oppslagsforma kan ha <i>-en/-i</i> i hokjønn og <i>-e/-ent</i> i inkjekjønn .....	69
2.2.3 Pronomen .....	73
2.2.3.a <i>me/vi</i> i subjektform .....	73
2.2.3.b <i>ho/henne</i> i objektform .....	76
2.2.3.c <i>han/honom</i> i objektform .....	77
2.2.3.d <i>nokon/noen</i> .....	79
2.2.4 Verb .....	82
2.2.4.a Infinitivsending på <i>-a</i> eller <i>-e</i> eller kløyvd infinitiv.....	82
2.2.4.b Kort- og langformer i infinitiv og utlydande <i>-d</i> i preteritum av sterke verb .....	86
2.2.4.c <i>Gje(ve) – gi, gange – gå</i> og <i>stande – stå</i> blir sett opp som skilde verb .....	88
2.2.4.d <i>Stod, bad, drog</i> og <i>gav</i> blir eineformer .....	90
2.2.4.e Sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv sluttar på trykktung vokal .....	93
2.2.4.f Valfri inkjekjønnsform i perfektum partisipp av verb på <i>-0, -d, -g</i> og <i>-v</i> .....	95
2.2.4.g Valfri a-bøyning, e-bøyning og blanda bøyning i verb med tidlegare val mellom a- og e-bøyning .....	97
2.2.4.h Verb med preteritum på <i>-de</i> eller <i>-te</i> .....	100
2.2.4.i Sterke perfektum partisipp kan ha <i>-en/-i</i> i hokjønn ( <i>skriven/skrivi</i> ) .....	105
2.2.4.j Sterk og svak bøyning av <i>eige</i> .....	
2.2.4.k Samsvarbøyning av svake perfektum partisipp i predikativ stilling .....	105
2.2.5 Adverb .....	107
2.2.5.a Adverb med <i>-a/-an-</i> framfor konsonant i retningsadverb/ preposisjonar .....	107
2.3 Einskildord .....	109
<b>3 FRAMLEGG OM FORMER SOM GÅR UT OR DEN GJELDANDE</b>	
<b>RETTSKRIVINGA</b> .....	112
3.1 Lydverket: Dobbelt eller enkel <i>m</i> .....	112
3.2 Formverket .....	112
3.2. 1 Substantiv .....	112
3.2.1.a <i>[-a]</i> i ubunden form eintal av svake hokjønnsord .....	112

3.2.1.b [-or] og [-one] i fleirtal av svake hokjønnsord .....	114
3.2.1.c Fleirtalsformene <i>menner</i> , <i>feilar</i> – <i>feilane</i> , <i>sko</i> – <i>skoa</i> / <i>skoi</i> , <i>vemmer</i> – <i>vemmene</i> , <i>myser</i> – <i>mysene</i> , <i>lyser</i> – <i>lysene</i> .....	115
3.2.1.d Fleirtalsformene <i>møbel</i> – <i>møbla</i> / <i>møbli</i> .....	117
3.2.1.e Forma <i>miler</i> (ubunden form fleirtal av <i>ei mil</i> ) .....	119
3.2.2 Adjektiv .....	123
3.2.2.a Inkjekjønn på -i i adjektiv av -en-typen .....	123
3.2.2.b Adjektiv på -lig .....	124
3.2.2.c Adjektiv på -ut .....	125
3.2.3 Pronomen .....	127
3.2.3.a Eigeforma [ <i>henes</i> ] av personleg pronomen .....	127
3.2.3.b Eigeforma [ <i>deires</i> ] av personleg pronomen .....	128
3.2.3.c Det ubundne pronomenet [ <i>annen</i> ] .....	129
3.2.3.d Dei ubundne pronomena [ <i>onnor</i> ] og [ <i>nokor</i> ] .....	131
3.2.3.e Det peikande pronomenet <i>sjølv</i> i fleirtal .....	132
3.2.4 Verb .....	133
3.2.4.a Presens på [-er] av sterke verb .....	133
3.2.4.b Supinum av sterke verb på -i .....	134
3.2.4.c Refleksivformer på -s .....	136
3.2.4.d Enkeltformer i bøyinga: [ <i>fær</i> ] – [ <i>fenge</i> ], [ <i>slær</i> ], [ <i>slæst</i> ] .....	137
3.2.4.e Preteritumsformene <i>lagde</i> og <i>sagde</i> .....	139
3.2.4.f Preteritumsformene <i>bestemde</i> og <i>limde</i> .....	139
3.2.4.g Preteritumsformene [ <i>fikk</i> ] og [ <i>gikk</i> ] .....	140
3.2.4.h Verbformene [ <i>trær</i> ] – <i>tro(d)</i> – <i>trede/tredi</i> .....	141
3.2.4.i Verbformene <i>trede</i> – <i>tred(er)</i> – <i>trede/tredi/tredt</i> .....	142
3.2.4.j Verbformen [ <i>bjode</i> ] – <i>byd(er)</i> – <i>bydde</i> .....	142
3.2.4.k [-d]-bortfall i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp .....	143
3.2.5 Adverb .....	144
3.2.5.a Formene <i>attast</i> , <i>bakast</i> , <i>innarst</i> , <i>underst</i> , <i>yttarst</i> , <i>nørdre</i> .....	144
3.3 Einskildord .....	145
3.3.1 Konsonantvariasjon: <i>p/pp</i> , <i>g/0</i> , <i>d/t</i> .....	145
3.3.2 Vokalveksling .....	146
3.3.2.a Diftong eller monoftong: <i>ei/e</i> .....	146
3.3.2.b Anna vokalveksling: <i>a/o</i> , <i>a/æ</i> , <i>e/i</i> , <i>e/æ</i> , <i>i/y</i> , <i>jo/y</i> , <i>o/u</i> <i>o/ø</i> , <i>o/å</i> , <i>u/y</i> , <i>a/å</i> , <i>æ/å</i> .....	147
3.3.2.c Andre einskildord .....	155
4 FRAMSTILLING AV KONSEKVENSANE .....	158
4.1 Oversyn over framlegg til endringar i nynorsknorma frå den noverande rettskrivinga og gjennom 2000-framlegget .....	159
4.2 Syn for segn – i teksten .....	164

4.3 Syn for segn – i ordlista .....	169
<b>5 SAMANDRAG .....</b>	<b>171</b>
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>180</b>
<b>VEDLEGG</b>	
1 Brev frå Kulturdepartementet 5.12.00 .....	184
2 Resultata av vedtaka på seksjonsmøtet 13.5.02 (utdrag frå møtereferatet) .....	193
3 Framlegg frå Oddrun Grønvik, Olav Veka, Eilov Runnestø og Kåre Skadberg datert 28.10.02 .....	196
4 Framlegg frå Johan Myking til seksjonsmøtet 13.5.02 .....	222
5 Oversyn over einskildord og einskildformer .....	224
6 Frå seksjonsmøtet 13.5.02: Framlegg til omfang av valfridomen i ei nynorskrettskriving utan hierarki Fellesframlegg og Framlegg A .....	230
7 2000-framlegget (frå utkastet til årsmelding).....	

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn og status

### 1.1.1 Mål

Bakgrunnen for denne utgreiinga er eit brev frå Kulturdepartementet 5.12.00, der departementet ber "Norsk språkråd lage ei utgreiing som nærare drøftar korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kan takast bort også i nynorsk, og korleis ein i så fall kan tenkja seg å løyse dei spørsmåla som reiser seg i kjølvatnet av dette." (Jamfør vedlegg 1, pkt. 3 s. 190.) Dette punktet i brevet har som utgangspunkt eit vedtak bokmålsseksjonen i Språkrådet gjorde på årsmøtet i rådet i 2000: at ein i bokmålsrettskrivinga skal ta bort skiljet mellom den trongare læreboknormalen og den vidare rettskrivinga. (Sjå elles pkt. 1.3 om bakgrunnen for språkrådsvedtaket i 2000 og brevet frå departementet, vedlegg 1.)

Målet med denne utgreiinga er difor å grunngje framlegga til ei revidert norm for nynorsk skriftmål der det ikkje er skilt mellom ein trong læreboknormal (hovudformer) og ei vid rettskriving (som omfattar både hovudformer og klammeformer/sideformer). Normeringsspørsmålet blir sett inn i både ein normeringsteoretisk, historisk, sosial og pedagogisk samanheng. Det er naturleg i samband med ei så omfattande endring som det her er tale om: ei full gjennomgåing av heile nynorsknorma. Sjølv om omfanget av dei konkrete endringane ikkje er så stort, er det her lagt vekt på å sjå på heilskapen i norma og ikkje berre enkeltdrag. Departementet har også lagt vekt på at den norma ein no kjem fram til, bør kunna gjelda i lang tid framover. Dermed kan denne revisjonen samanliknast med dei større normendringane i 1901, 1917, 1938 og 1959. Det gjer det også rimeleg med ei utgreiing som grunngjev endringane for både samtid og framtid.

Det skal elles presiserast at denne utgreiinga om nynorsknorma ikkje tek opp spørsmålet om ordtilfanganget.

### 1.1.2 Arbeidet med utgreiinga

Styret i Språkrådet sette i 2001 ned denne referansegruppa til å førebu saka: Jan Terje Faarlund, Oddrun Grønvik, Eilov Runnestø, Helge Sandøy, Kåre Skadberg, Olav Veka og Lars S. Vikør. Sandøy har vore leiar for gruppa, og skrivegruppa var Faarlund, Runnestø og Sandøy.

Styret planla framdrifta i drøftingane slik at nynorskseksjonen på rådsmøtet i 2002 skulle ta stilling til spørsmålet om Språkrådet skulle gå inn for å ta bort hierarkiet i norma, altså skiljet mellom læreboknormal og rettskriving. Deretter skulle referansegruppa eventuelt arbeida vidare med eitt eller fleire detaljerte framlegg til ei norm utan skilje (dvs. "korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kan takast bort også i nynorsk," som det står i brevet frå departementet).

Referansegruppa kom til at det neppe var mogleg for nynorskseksjonen både å diskutera igjennom dei prinsipielle spørsmåla og å gjera vedtak alt på rådsmøtet i febru-

ar 2002. Saka var så viktig at det var rett å ha ein ekstra ”modningsperiode”. Difor drøfta nynorskseksjonen spørsmålet nokså ope på februarmøtet, men ville venta til eit ekstra seksjonsmøte 13. mai 2002 med å gjera endelige prinsippvedtak. Etter det vedtaket arbeidde referansegruppa vidare med eit detaljert framlegg til norm, og det framlegget skal leggjast fram for nynorskseksjonen på rådsmøtet i 2003.

Etter søknad frå Språkrådet løyvde departementet i 2001 midlar til å få gjennomført fem punktgranskingar knytte til utvalde spørsmål i denne saka. Åse Wetås og Aud Søyland tok på seg å laga desse granskingane, som vart leverte i oktober 2001. Nedanfor under pkt. 1.4 blir konklusjonane i desse granskingane refererte. Sjølve rapportane frå granskingane kan medlemmene i Norsk språkråd få tilsendt frå sekretariatet. Derifrå kan ein også få tilsendt rapporten sekretariatet i Språkrådet laga i 1999 (TALE99), bygd på ei gransking av kor utbreidde visse språkdrag er i norsk talemål.

Sakspapiret som referansegruppa la fram til seksjonsmøtet 13. mai, svarar stort sett til kapittel 1 i denne utgreiinga. Men det inneholdt også framlegga til vedtak som måtte gjerast på det møtet. Det var først sett opp eit fellesframlegg til allmenne prinsipp for normeringa og til kva for klammeformer som kan gå inn som jamstilte former i ei rettskriving utan hierarki. Deretter kom to tilleggsframlegg om punkt som referansegruppa var delt i synet på. Framlegg A (frå Helge Sandøy og Lars S. Vikør) inneheld nokre normeringsprinsipp og deretter 28 rettskrivingskategoriar som det skulle bli valfridom i (jamfør vedlegg 6). Framlegg B (frå Jan Terje Faarlund, Oddrun Grønvik, Eilov Runnestø, Kåre Skadberg og Olav Veka) inneheldt eit par andre normeringsprinsipp og så 4 rettskrivingskategoriar det skulle bli valfridom i. (I vedlegg 3 står dette framlegget i oppdatert form.) Det følgde også med eit oversyn over kva valfridom som ville bli borte frå rettskrivinga som følgje av dei to framlegga. I tillegg til desse to framlegga kom det eitt frå Johan Myking om å halda på det rettskrivingshierarkiet ein har i nynorsk i dag, jf. vedlegg 4.

Dette var ei oppfølging av tanken på rådsmøtet i februar om at seksjonsmøtet i mai skulle velja mellom to ”pakkar” for omfanget av valfridom, og det valet skulle så bli retningslinja for detaljarbeidet i referansegruppa fram til oktober (dvs. kap. 2 i denne utgreiinga). Målet var at ei samla utgreiing skulle liggja føre og gå ut på høyring i oktober 2002.

Møtet i nynorskseksjonen 13. mai 2002 drøfta sakspapiret frå referansegruppa og gjekk inn på enkeltpunkta i både fellesframlegget og dei to framlegga A og B. Fleirtalet i seksjonen (10 mot 8 røyster) gjekk inn for ei ”mellomløysing”, dvs. at ein bygde på framlegg A, men tok ut ein del av dei kategoriane som det der var føreslått valfridom i. Det endelige vedtaket om kategoriar ein skal ha valfridom i, altså fellesframlegget med delar av A (vedteke med 16 mot 2 røyster), er framstilt samla under ”Resultatet av vedtaka” i vedlegg 2.

Arbeidet vidare i referansegruppa har så bygd på vedtaket i seksjonen frå 13. mai. Ein tanke heilt frå starten har vore at nynorskseksjonen skal vera med på å setja

rammene for utgreiingsarbeidet, for å greia ut fullstendige alternative løysingar ville vera ei umogleg oppgåve. Dei to seksjonsmøta i 2002 gav gruppa avgrensa mandat, og denne utgreiinga prøver å gje ei fagleg framstilling av kvart av dei aktuelle punkta som gjeld valfridom som skal gå inn i ei eventuell ny norm (kapittel 2), og valfridom som eventuelt vil gå ut or norma (kapittel 3). For kvart punkt legg me òg fram ei vurdering med utgangspunkt i dei allmenne retningslinjene for normeringsarbeidet. Kapittel 4 skal visa i kortform kva følgjene av normframleggelsen blir. Kapittel 5 er eit samandrag av framlegga i kapitla 2 og 3 med essensen i grunngjevingane, men utan dei faglege drøftingane.

I referansegruppa har me ikkje hatt avrøystingar. Når nemninga "mindretal" blir brukt i utgreiinga, viser det til mindretalet på seksjonsmøtet 13.5.02.

Ei utgreiingsgruppe kunne sjølv sagt ha ynskt seg betre tid for å arbeida grundigare. Alle spørsmåla kunne undersøkjast nærare, og ein kunne ha beskrive og drøfta dei endå meir detaljert enn det som er gjort her. Å laga nye undersøkingar kunne ikkje bli aktuelt, for slikt tek svært lang tid. Difor har me mått ty til det som alt er tilgjengeleg. Oppgåva vår har vore å henta fram – innanfor den tidsramma me hadde til rådvelde – dei tilgjengelege opplysningane som me meiner er viktige for å kunna ta avgjerd, og å setja dei inn i ei framstilling for seksjonen.

Jan Terje Faarlund melde i mai ifrå om at han trekte seg ut or referansegruppa fordi han såg det slik at seksjonsvedtaket braut med den kursem han meinte Språkrådet staka opp for normeringsarbeidet i 1997: å få ned talet på valfrie former i læreboknormalen. Styret oppnemnde så i september i staden hans Åsmund Forfang.

Utanom den opphavlege skrivegruppa har også dei andre skrive noko tekst til utgreiinga. Alle har levert materiale, vore med i drøftingane, skrive merknader til mellombels versjonar og lese korrektur på den endelege versjonen. Runnestø og Sandøy har hatt ansvaret for sluttredaksjonen.

## 1.2 Normomgrepet

### 1.2.1 Fastsett og internalisert norm

Det *me* skal føreslå i denne utgreiinga, er ei offisiell skriftnorm. Det er eit regelsett for korleis ein skal skriva nynorsk. Eit slikt regelsett som er føreskrive i klårt formulerte reglar som ein kan visa til, blir kalla ei *fastsett* (eller *preskriptiv/føreskriven*) *norm*. I mange samanhengar finst det definerte sanksjonar for å bryta slike normer. Normer som Språkrådet har vedteke, blir oftast nemnde som døme på slike normer, men preskripsjonar finst også i svært mange avisar og forlag, og dessutan som "husnormer" i departement og fylkesadministrasjon.

Sjølv om den fastsette norma tillet visse former, er det ikkje opplagt at ein skribent tek dei i bruk. Skribentar som skriv *ei visa, soli, noen, mye, so, gaid* osv., vil nok gjerne ha ei kjensle av eller eit medvit om at i alle fall ein del lesarar kjem til å

leggja merke til – kanskje stussa over – desse skrivemåtane. Det kan gjera at skribenten vel å ikkje bruka nett desse formene i den teksten. Det han då gjer, er å føya seg etter det ein kallar *dei internaliserte* (eller *operative*) *normene*. Internaliserte normer er eit sosialt fenomen som ikkje er representert av klårt formulerte reglar. (Poenget med dette skiljet mellom to normtypar går igjen i mykje normeringslitteratur, men nemningane skifter ein del. Jamfør Nils Kristian Sundby 1974, Kjell Ivar Vannebo 1980, Ingemund Gullvåg 1991, Helge Dyvik 1993, Lars S. Vikør 1994 og Endre Brunstad 2000.)

Det er ikkje noko absolutt skilje mellom dei to omgrepa som gjer at ein kan kategorisera noko som klårt det eine eller det andre. Likevel er dette skiljet mellom fastsette normer og internaliserte normer viktig for å forstå kva som skjer i den språklege praksisen, og kva samanheng dei språkpolitiske vedtaka står i. Det ser me best når me prøver å forstå normene som resultat av ein stadig prosess, som me skal prøva å gje ei sosiolingvistisk framstilling av nedanfor.

### **1.2.2 Normdanning som prosess**

Internaliserte normer blir oppfatta som kollektive mønster for åferd. Ordet 'kollektiv' viser til at me ser for oss normene som noko overindividuelt og noko som samstundes høyrer til ei sosial eining.

Mønsteret for åferd kan me sjølvsagt tolka ut frå åferda. Men når me skal beskriva dei kollektive mønstra, er ikkje frekvensmåling og statistikk over ytringane og handlingane dei rette metodane å bruka. Talet på repeterte handlingar verkar nok inn på kva me oppfattar som mønster, men det avgjer ikkje heilt og fullt kva me oppfattar som norma. Teoretisk kan ein altså tenkja seg at fleirtalet av handlingar vik av frå norma. Det er kanskje lettare å sjå dette når me tenkjer oss til kva normene representerer hjå enkeltindividet, som altså ber, formidlar og praktiserer normene som del av kollektivet. I den grad normer kan seiast å eksistera, eksisterer dei i enkeltindividet, sjølv om dei alltid er knytte til den individuelle førestellinga om eit kollektiv. Me kan då omformulera slik: *Normene er ei tru hos individet om kva kollektivet ventar av det.* Normene er då ei kollektiv tru. Normene eksisterer ikkje i seg sjølv i kollektivet, dei eksisterer i førestellingane og fantasien åt individet.

Normene endrar seg med tida, og dessutan finst det ulike normer i ulike samfunn. Normene må difor vera produkt av noko anna i ein normdanningsprosess. Normene (eller førestellingane om forventningar) byggjer individet opp på grunnlag av fleire typar data frå samfunnet. Som sosiale vesen er me alltid svært observerande og tolkande, for me er avhengige av aksept i samfunnet. Difor er me svært vare for kva som kan vera normer, og prøver å justera trua vår om dei kollektive forventningane. Såleis er me med i ein konstant prosess der me tolkar inndata frå omgjevnadene våre.

Me kan stilla opp nokre *ytre faktorar* som verkar inn på den individuelle normdanningsprosessen:

1 Me må nok rekna med at me har ei førestelling om kva som er vanleg. Det vil

seia at *frekvens* i bruken betyr noko, og for skriftmålet betyr det noko kor ofte me ser dei ymse formene i det me les.

2 Kunnskapar om (autoriserte) fastsette normer. Desse normene stiller i praksis krav til at brukarane aktivt leitar etter dei i ordbøker, og normene må ofte forståast frå ei generell eller abstrakt beskriving. Det avgrensar nok den direkte spreiingskrafta av slike normer.

3 Ettersom normene handlar om forventningar andre har, kan ein tenkja seg at dei observasjonane me gjer av *korleis andre reagerer*, er noko av dei viktigaste dataa me bruker i denne normdanningsprosessen. Me registrerer altså positive og negative reaksjonar på visse handlingar og tolkar ut mønster. Her kan me ta med heilt konkrete sanksjonar, som f.eks. blir formidla i skuleverket gjennom raude strekar, karakterar og kommentarar frå lærarane.

Celia Berg (1999) fann f.eks. at det var ei utbreidd haldning hjå elevane at lærarane pressa dei til å skriva på ein måte som ikkje var i samsvar med det språksynet dei sjølve hadde, slik at valfridomen ikkje var reell. Kari Størerdal (1994) fortel som erfaring frå rettingsarbeid i skulen at "den som held seg med sideformer, tar ein farleg sjanse til eksamen", fordi rettarane sjølve ikkje kjenner sideformene (Størerdal 1994, jf. Omdal 2000 og Åse Wetås 2001c s. 3).

4 I språksamfunnet finst det utbreidde haldninga til språk som ikkje går på rett og gale som under punkt 3, men som gjeld verdiar og assosiasjonar. Desse haldningane går inn i *stereotypiar* og viser korleis språket er eit kulturelt objekt. (Slikt kan også kallast *ideologiar* om språk.)

5 Når me ser på normer som forventningar hjå andre, og at normdanninga er ein prosess der me prøver å tolka oss fram til desse forventningane, er det ikkje slik at alle desse andre i kollektivet tel like mykje når me tolkar. *Statusen og rolla åt dei andre personane* betyr noko. Me registrerer tydelegare og legg meir vekt på reaksjonar og kommentarar frå visse personar enn frå andre.


6 Ytringar, reaksjonar og kommentarar kan også bli ulikt sorterte og vekta alt etter kva *situasjon* (kontekst) dei oppstår i. Det er me som søker og leitande menneske vare for, somme situasjonar er viktigare for oss enn andre, og me legg situasjonsvariabelen inn i tolkinga vår.

Etter dette kan ein seia at dei normene ein ynskjer å tilpassa seg eller markera seg ut frå, ikkje er eit produkt der alle medlemmer er likeverdige. Normdanninga er ein prosess der nokon påverkar meir enn andre, der somme er sterke og andre føyelege, somme er premissleverandørar, medan andre er mottakarar, somme har makt, andre ikkje. Dermed blir danning av språknormer ein sosial prosess med konkrete aktørar eller agentar.

### **1.2.3 Normagentar**

I prinsippet er alle medlemmene i kollektivet aktørar ved at me både tek imot inndata –

som me tolkar normene ut frå – og bruker språket og dermed leverer det som blir inn-data i andre sin tolkingsprosess. Men i praksis har samfunnsmedlemmene ulik innverknad som normagentar. Det kan me få fram i ein enkel modell, som me her skal bruka på den ytre faktoren frekvens, men han kan òg tilpassast dei andre påverknadsfaktorane.



Pilene antydar kven som påverkar kven. Difor får avisene og forlaga så mange piler ut. Lesarane og elevane har fåe sjansar til å påverka. Dei største tekstopusentane i Noreg er avisene, først og fremst NTB og Aftenposten. Aftenposten åleine har kanskje 400 000 lesarar kvar dag. Skriftformene i denne avisene og i meldingane frå dette byrået står dermed sterkt i minnet å folk pga. frekvensen. Dei påverkar altså det språkbrukarane leitar etter som det vanlege. Men også statusen å avsendaren verkar inn på tolkinga, og då kan det bety noko at denne avisene er akseptert som seriøs av det offentlege Noreg, osv. Og om NTB veit me at det jamt over er påliteleg, osv.

Me kan tenkja oss eitt ledd vidare. Byråkratane i departementa f.eks. les Aftenposten ved frukostbordet om morgonen, og skriv etterpå rundskriv som går ut til kontor i heile Noreg. Då har normalbyråkraten ubevisst tolka normene frå Aftenposten og praktiserer dei vidare i sine eigne brev. Dette skjer ubevisst. Ettersom det er i pressa byråkratane risikerer å finna kommentarar til og kritikk av seg sjølve, får språket i visse avisar ein viktig status. Ein førekommst av ei ordform i subkulturavisa Natt & Dag veg neppe like tungt hos byråkraten som ein førekommst i Aftenposten.

Slik kan me seia at normene i avisene får preg av å vera internaliserte normer for byråkratane og andre lesargrupper. Ubevisst søker dei etter forventa åferd og etablerer si tru om norma.

I avisene skjer det på ein annan måte, for her er det *fastsette normer* som rår. Mange avisar har sin eigen språkkomite eller utpeikte personar som bestemmer normene, og det fører til at enkeltvedtak gjorde av éin eller nokre få personar får stor innverknad på store delar av folket. Først er vedtaka *fastsette* normer i avisene, og så er

det stor sjanse for at dei blir internaliserte normer i dei andre ledda i normeringssirkelen.

På denne måten kan ein halda fram med å konkretisera ut frå sirkelen. Det ein oppdagar, er at fleire instansar har *fastsette* normer som styrer språkbruken pga. ideo-logi, og dei har gode strategiske posisjonar i normeringssirkelen. Denne språkbruken fastsett av svært få personar blir i neste omgang inndata for tolkingar hjå dei mange som leitar etter normer i internaliseringsprosessen. Slik kan fastsette normer i fleire av ledda i sirkelen påverka dei internaliserte normene i det samla kollektivet. I dette kollektivet er Språkrådet berre ein av mange agentar, og det er nokså usynleg i den samla tekstuverda. Språkrådet har mest gjennomslagskraft i lærebøker og offentlege dokument.

Den modellen som er skissert ovanfor, er tydelegast for bokmålet, som har ein dominerande plass i samfunnet. Men for nynorsk har nok dei større regionavisene som Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Sunnmørsposten ein liknande funksjon.

Denne gjennomgåinga kunne utvidast til ei konkretisering med detaljar frå forlag, skule og Språkrådet, men poenget skulle ha kome fram: Den skriftlege praksisen målt i frekvens er ikkje noko demokratisk uttrykk for ein folkevilje. Storparten av belegga for frekvensmålingane er resultat av fastsette normer hos relativt få personar. Dermed er frekvensoversikter meir ein illustrasjon på korleis normstyringa fungerer i samfunnet. Men samstundes er det slik at me ofte ikkje har betre data enn frekvensar å vise til, så denne drøftinga skal difor understreka kor viktig det er å vera kritisk. Ein bør vera varsam med å gjera eit *er* i ei beskriving om til eit *bør* eller *skal* i norma.

Språkrådet blir mest assosiert med offentleg normering, og der skjer pre-kripsjonen gjennom open diskusjon, saksførebuing med offentleg innsyn i sakspapir og vedtak på rådsmøte med pressedekning. Me kan kalla denne normeringsprosessen for *open normfastsetjing*. Normeringsprosessen i avisar, forlag og departement med eigne husnormer går føre seg skjult og utan faglege saksutgreiingar – det er *tildekt normfastsetjing*.

#### **1.2.4 Normer, lojalitet og identitet**

Framstillinga ovanfor galdt produksjonen av data for den individuelle normdanninga. Men tolkingsprosessen er ikkje berre slik at ein dyttar data inn og får dei avkoda normene ut. Mykje av åferda vår er intensjonal og målretta. Me har altså eit ynske med handlingane våre, også med korleis me formar språket.

Det er altså òg ein subjektiv faktor i internaliseringsprosessen. Det kan me illustrera med nokre granskinger frå skriftspråkskollektivet:

Det har vore gjennomført nokre granskinger av haldningane elevar har til skriftmål og til sin eigen skriftpraksis. Det som går att, er at elevane er opptekne av kva reaksjonar lesaren, og for dei oftast læraren, har på det dei skriv. Dei er *instrumentelt* opptekne, som det blir kalla, altså opptekne av kva dei kan oppnå med å skriva slik eller slik.

Roy Johansen (1998) undersøkte korleis elevar i Øyestad i Aust-Agder skreiv,

og spurde dei ut på ymse måtar. Når han spurde kvifor dei ikkje skreiv talemålsnært bokmål, dvs. brukte former som *heime*, *tru*, *gjømme*, *sjøl*, *sein* osv., var eit typisk svar: "Det hadde vært bra om vi fikk skrive sånn", men det er "ikke helt lurt på norsktentamen".

Svara er vel ikkje så overraskande, for kven ynskjer å skriva slik at bokstaveringa skal få læraren eller sensoren til å reagera negativt og f.eks. oppfatta skribenten som uteoretisk? Dermed kjem sjølve språkforma til å avspeglia det som har vorte kalla ein 'ynskt identitet'. Skribentane prøver gjennom skriftforma å gje eit bilet av seg sjølve. I sosiolingvistikken er ein i dag oppteken av at talehandlingar er identitetshandlingar ("acts of identity"). Me kan godt utvida perspektivet og seia at skrivehandlingar òg er identitetshandlingar.

Det viser seg at bokmåls- og nynorskbrukarar har nokså ulike overordna ideal om korleis eit skriftspråk skal sjå ut. Det kan tyda på at desse brukarane har eit noko ulikt forhold til skriftspråket, at dei tilfredsstiller ulike behov ved den skriftforma dei vel. For eksempel er nynorsktanhengjarar ikkje så sterkt opptekne av argumenta om at skriftspråket skal vera 'nøytralt' eller at "ein bør bruka dei orda og bøyingsformene som er lettast å forstå i heile landet". Ut frå den siste problemstillinga fekk Bente Selback dette resultatet i ei gransking frå 2001:

*Kor einige informantane er i utsegna om at språket skal vera lett å forstå i heile landet*

(i %)

	Negativ til nynorsk	Nøytral til nynorsk	Positiv til nynorsk	Sum
Heilt einig	41,5	23,1	0,0	31,3
Litt einig	23,4	38,5	37,0	27,6
Usikker	20,2	7,7	25,9	20,1
Litt ueinig	11,7	7,7	22,2	13,4
Heilt ueinig	3,2	23,1	14,8	7,5
Sum	100,0	100,0	100,0	100,0
N=	94	13	27	134

(Selback 2001: 181.)

Overraskande i denne tabellen er dei høge tala for dei som er ueinige i påstanden, og særleg når ein kjenner den generelle tendensen til at informantar ved slike spørsmål helst gjev positive svar. Det kostar nemleg meir å visa at ein er ueinig i noko – og særleg noko som er formulert så positivt som i denne påstanden. Me ser her at blant nynorsktanhengjarane er heile 37 % direkte ueinige (dvs. litt + heilt ueinig), og ingen heilt einig. Hjå dei som er negative til nynorsk, er dei heilt einige absolutt største gruppa. Dei som er nøytrale til nynorsk, legg seg meir midt på skalaen.

Det er ikkje urimeleg å sjå dette resultatet i samanheng med ein språksituasjon der bokmålet representerer det dominante og mest sjølvsagde i landet, medan nynorsken

er det markerte eller spesielle språket. Dei som er positive til nynorsk, er ikkje like villige til å tilpassa seg det nøytrale og dominante – sjølvsagt. Målforma dei har valt, er uttrykk for motstand mot ei viss tilpassing. Det kan tolkast slik at nynorsk- og bokmålsbrukarar har ulike formål med skriftspråket sitt. Ei granskning av kor einige informantane er i utsegna "Vi bør møta den same måten å skriva/bøya ord på i alt vi les", får eit resultat som følgjer heilt det same mønsteret som me såg i tabellen ovanfor. Oppslutninga om ein einskapleg standard følgjer tydeleg språksympatiane; nynorsktihengjarar er mykje opnare for variasjon i skriftbiletet.

Celia Berg har studert haldningar hos elevar til skriftmålet, og ho summerer opp slik:

BM-informantane og NN-informantane ser ut til å ha ulike språksyn til grunn for bruken av skriftspråka sine. For BM-informantane kan det verka som språket utelukkande er eit kommunikasjonsmiddel. Dei fleste av desse informantane meiner dei ikkje kan karakterisera skriftspråket sitt som "personleg", ettersom det er skulelært og elles samsvarer mykje med bokmålsnormalen som dominerer i media og elles i språksamfunnet. [...] For [NN-informantane] ser skriftspråket ut til å vera meir individuelt prega og viktig, anten dei skriv talemålsnært, konservativt eller moderne/radikalt. Det kan sjå ut som skriftspråket deira har utvikla seg på grunnlag av eigne val og ønske for korleis det skal sjå ut. (Berg 1999:73f.)

Tale og skrifthandlingar er identitetshandlingar ("acts of identity"), som det heiter i sosiolingvistikken. Gjennom identitetshandlingane kan ein ynskja å framheva regional lojalitet, men òg andre verdiar, f.eks. noko moderne og urbant, noko internasjonalt eller eventuelt noko tradisjonelt. Skribentane prøver gjennom skriftforma både å gje eit bilet av seg sjølve og å appellera til eller vekkja interesse hjå leسارar med bestemte identitetar.

Formålet med denne drøftinga av ymse normteoretiske omgrep er at ein skal kunna setja normeringsarbeidet å Språkrådet inn i ein sosial samanheng der ein ser korleis skriftspråket er meir enn eit kommunikasjonsmiddel. Det gjeld for kvar enkelt språkbrukar, og det gjeld kollektivet. Nedanfor i punkt 1.4 skal me framstilla situasjonen for ymse grupper av språkbrukarar. Desse situasjonane kan me tolka inn i den rolla dei spelar i normkollektivet.

Språkrådet rår ikkje åleine over dei kollektive språknormene, men det Språkrådet fastset som rammer for nynorsk rettskriving, kan både påverka og motverka andre normeringsagentar i samfunnet. For nynorsken er nok det tydelegare enn for bokmålet. Det gjer det òg rettkome å ha eit overordna kulturpolitisk perspektiv på retninga i den normdanningsprosessen ein påverkar.

### 1.3 Den historiske utviklinga av nynorsken i norm og praksis (1901–2002)

Nynorsk har hatt fem offisielle rettskrivingsnormalar, vedteke i 1901, 1910, 1917, 1938 og 1959. I 1996 tok Språkrådet opp arbeidet med ei ny reform, som førte fram til eit vedtak om ein ny normal i 2000 (jf. vedlegg 7). Dette vedtaket vart ikkje sett i verk; i staden fekk Språkrådet saka tilbake frå Kulturdepartementet med spørsmål om ei omvurdering av visse sider ved vedtaket (sjå pkt. 1.1). (Heretter blir difor årsmøtevedtaket frå 2000 omtala som 'framlegg'.) Her gjev me eit stutt historisk oversyn over utviklinga frå første rettskrivingsvedtaket i 1901 til og med dette brevet frå departementet og over proposisjonen om å ta ut tilnærningsparagrafen i *lov om Norsk språkråd* i 2002.

#### 1901–1917

Den første offisielle nynorsknormalen vart sett i verk av Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1901. Fram til då hadde det funnest fleire uoffisielle normalar, med Aasen-normalen som den mest autoritative, men han vart ikkje allment følgd i alle detaljar. Det var då landsmålet gjorde sin innmarsj i skulen, at ei offisiell normering vart nødvendig, med tanke på lærebøker og sjølve opplæringa av elevane. Dei første nynorske skulekrinsane kom frå 1890 av, og det var i gang arbeid for å gjera nynorsk til eit obligatorisk fag på lærarskulen (gjennomført i 1902).

For å førebu denne situasjonen sette departementet i 1898 ned ei tremannsnemnd til å forma ut ein normal. Nemnda kløyvde seg: Fleirtalet (R. Flo og A. Garborg) la fram den såkalla midlandsnormalen, som bygde på talemålet i Vest-Telemark, folkevisepråket. Mindretalet (M. Hægstad) baserte seg på Aasens normal, men godtok nokre forenklingar i formverket (m.a. fjerning av stum nøytrums-t i sterkt perfektum partisipp og adjektiv på *-en*, og forenkling av fortidsbøyninga av a-verb, der både preteritum og perfektum partisipp fekk *-a*). Dette vart kalla Hægstad-normalen, og nemnda samla seg om å tilrå den som offisiell normal med midlandsnormalen som tillaten sideform, dvs. tillaten for elevar med tanke på dei delane av landet der denne normalen låg næraast talemålet. Dette vart gjennomført av departementet. Med dette var systemet med ein hovudnormal og ein tillaten normal med lågare grad alt gjennomført – men vel å merka ingen valfridom per ord og formkategori – berre mellom to komplette normalar.

Det er ikkje undersøkt kor mykje midlandsnormalen kom i bruk i skulen (i litteraturen fekk han ein viss posisjon), men Hægstad-normalen vart i alle fall den mest utbreidde. Likevel var den faktiske nynorskbruken stadig lite einsarta, og mange ynskte stadig ei liberalisering. I 1910 vart nokre kategoriar gjorde valfrie, bl.a. bruken av *-r-* i bestemt form fleirtal hankjønn og hokjønn (*hestarne* > *hestane*, *gentorne* > *gentone*).

## 1917–1938

I 1917 kom så den første store rettskrivingsendringa som omfatta begge målformene. Systemet der var slik at eit sett obligatoriske endringar til saman utgjorde grunnstamma i den nye rettskrivinga; dessutan vart det innført ei lang rekke valfrie endringar som la normalen langt meir opp mot austlandsdialektane og dermed ofte òg mot bokmålet. Både *a*-målet, *e*-infinitiven, *-er* i presens av sterke verb, *-as* i -st-verba, *j*-lause former, monoftongformer i ein del ord, pluss ganske mange austlandske/bokmålsnære former i enkeltord kom inn på denne måten. Også her var meiningsa at denne radikale normalen skulle fungera som ein heilskap, slik at elevane, eller rettare skulekrinsane, hadde valet mellom ein tradisjonell ("obligatorisk") normal, og ein radikal – men ikkje valfridom innanfor dei to normalane. Likevel er det tvilsamt om det vart praktisert slik. I ordlistene er ikkje dei to normalane førte opp kvar for seg, men integrerte i éi liste, der klammene alt var i bruk for dei "valfrie" formene.

Dei tradisjonelle formene dominerte endå ei stund i nynorskbruken, men dei radikale, særleg *a*-formene, kom inn i normalen og styrkte seg gradvis, både i skulekrinsar, særleg på Sunnmøre først, og i litteraturen med forfattarar som Duun og andre. I trettiåra var mangfaldet, med stor variasjon i formvalet, ganske klårt i litteraturen, truleg mindre i meir regulerte teksttypar. Trettiåra var òg tiåret for den første store intern-nynorske målstriden, som krinsa rundt førebuingane til 1938-rettskrivinga, og resultata ho førte med seg. Det ser ut til at den tradisjonelle varianten basert på *i*-mål fungerte som "umarkert" eller prototypisk nynorsk, medan ulike "motnormer" baserte på *a*-former og elles tilpassa ulike dialektgrunnlag ikkje var så lite utbreidde.

## 1938–1959

I 1938 vart *a*-målet gjort til hovudform og *i*-målet til sideform, og samstundes ekspanderte nynorsken for siste gong kraftig i skulekrinsane. Det var med denne reforma at systemet med ein læreboknormal (med intern valfridom på enkeltpunkt) og ei rekke klammeformer som skulle vera valfrie kvar for seg, vart innført. Etter krigen hadde 1938-rettskrivinga langt på veg sigra, i den forstand at ho vart gjennomført av dei fleste sentrale nynorske tekstprodusentane. Den tradisjonalistiske *i*-målsfløya var stadig sterkt på Vestlandet, men utgjorde no ein opposisjon som heldt ein hard strid gåande i mange år, men utan å greia å ekspandera og trengja *a*-målet tilbake. Femtiåra var altså ei tid med eit sterkt polarisert nynorsk språksamfunn, samstundes som det no var stor valfridom også per ord og per formkategori, så særleg *a*-målet var kløyvd i meir eller mindre individuelle variantar.

Ser me meir konkret på sentrale formkategoriar, kan me merka oss at kløyvd infinitiv var jamstilt med *a*-infinitiv, medan infinitiv på *-e* var sideform. Tanken bak var at den kløyvde infinitiven skulle kunna fungera som "kompromiss" mellom dei andre, jf. at han vart gjord til klammeform også i bokmål i 1938. Kløyvd infinitiv vart også

nytta ein del av folk som ville gje austlandsfarge til språket, men *-a* har nok dominert i bruken. Sameleis vart *-i* gjord til hovudform i supinum av sterke verb og den tradisjonelle e-endinga degradert til sideform, også dette fordi ein tenkte seg at *-i* (*vori, funni*) hadde større tilnærmingspotensial, sidan denne endinga dominerte særleg på Austlandet. I ”umarkert” nynorsk frå denne tida verkar det òg som at desse i-formene dominerte.

I 1952 vart Norsk språknemnd skipa, med det føremålet å ”arbeida for tilnærming mellom målformene på norsk folkemåls grunn”. Språknemnda fekk i oppdrag å utarbeida ein læreboknormal for begge målformene. Resultatet av det vart utgreiinga *Framlegg til læreboknormal 1957*.

### **1959–1996**

I 1959 kom så den neste reforma etter vedtak i Stortinget, den nye læreboknormalen. I røynda var det ei ny rettskriving, sidan heile systemet vart revidert, ikkje berre læreboknormalen. Ho bygde på *Framlegg 1957*, men vart noko justert etter eit hardt ordskifte. Reforma nærma nynorsken endå meir til austlandsdialektane og bokmålet, og utvida dessutan valfridomen ganske kraftig. Denne reforma var òg kontroversiell, men vart likevel etter få år godteken som eit brukande grunnlag for nynorsk skriftmål, og i-målet vart svekt og marginalisert. Utover i seksti- og syttiåra skjedde det ei konsolidering av nynorsken kring ei midtlinje innanfor læreboknormalen, medan det framleis, også innanfor normalen, var mogleg å markera seg i tradisjonell eller radikal lei gjennom formvalet sitt, særleg for dei som også gjorde bruk av sideformene. Såleis oppstod det ein situasjon med ein prototypisk midtlinjenynorsk borene oppe av sentrale tekstopusentar som Det Norske Samlaget og Dag og Tid, attåt ulike særvariantar knytte til tradisjonalistar, dialektforkjemparar og samnorskfolk. Skal me karakterisera denne midtlinjenynorsken, slik han m.a. viser seg i *Nynorsk frekvensordbok* frå åra rundt 1980, må det bli noko slikt som ein ”moderat tradisjonell læreboknormal-nynorsk”. Det vil seia at ein nyttar hovudformer og unngår klammeformer, og at ein ved valfrie hovudformer helst vel den mest tradisjonelle. Eit unntak frå dette er infinitiven, der endinga *-e* no ekspanderte så kraftig at ho vart meir og meir umarkert og nøytral. A-infinitiv vart etter kvart til ei markørform for tradisjonalistar og ei regional form for Sør-Westlandet. Kløyvd infinitiv, som no var redusert til sideform, har òg vorte ei rein markørform, og likeins supinumforma på *-i*, jamvel om den framleis er jamstilt med *-e*.

I 1972 vart Språknemnda avløyst av Norsk språkråd, som hadde ein sterkt svekt tilnærningsparagraf: Rådet skulle ”støtte opp om utviklingstendenser som fører målformene nærmere sammen”. I syttiåra og seinare har det vore gjort meir avgrensa endringar i nynorsknormalen av Språkrådet, der den valfrie avreguleringa av samsvarbøyninga av perfektum partisipp tidleg på åttitalet (1981) var mest omstridd. Endringane har med få unntak gått ut på å auka valfridomen, både i retning av å ta inn utbreidde talemålsformer, mange av dei felles med bokmål (i syttiåra) og i retning av å ta inn att

tidlegare utestengde tradisjonelle former (åtti- og nittiåra). Døme kan vera klammeforma på -a i ubunden form av svake hokjønnord (*ei visa*; 1983), jamstillinga av *me* og *vi* (1983), jamstillinga av -de- og -te-ending i e-verb med stammeutlyden -r (*førde, styrde* ved sida av *førte, styrte*; 1986) og ”nyopptaket” av klammeformene *so, urd, skard* attåt hovudformene *så, ur, skar* (1995).

I målrørsla har det skjedd ei dreiling frå eit ”talemålssyn” med vekt på valfridom til eit meir tradisjonalistisk syn – med mange nyansar i begge leier. Såleis finn me ein meir tradisjonell nynorsk i målideologiske tekstar no enn i syttiåra. Men den ikkje-ideologiske eller prototypiske nynorsken ser ut til å ha gått i ei anna lei. Her verkar det som det har skjedd ei konsolidering etter dei linjene me skisserte ovanfor: ein moderat tradisjonell læreboknynorsk – med visse variasjonar, ikkje minst regionalt, men klårt mindre enn før. Den dominerande nynorsken kan sjå ut til å ha fått ei ganske fast form, med ein regulert variasjon på visse symbolsk viktige punkt og ganske einsarta formval elles. Av dei nye formene Språkrådet har tillate, har *me* klart styrkt seg, og -de-formene i verb på -r- har òg kome ein del i bruk, medan a-forma i ubunde eintal svakt hokjønn berre har vorte ei ideologisk markeringssform.

## 1996–2002

I 1996 tok fagnemnda i Språkrådet opp til nyvurdering både bokmåls- og nynorskrettskrivinga, særleg med tanke på å gjennomgå valfridomen. Nynorskseksjonen i rådet vedtok på møtet sitt i 1997 desse prinsippa for ein revisjon av nynorskrettskrivinga:

- 1 Nynorsknorma skal ha ein trond læreboknormal, men ei rettskriving med stor valfridom.
- 2 Det skal ikkje vere valfridom innanfor læreboknormalen utanom på dei mest sentrale punkta der det både er skrifttradisjon for valfridom og svært god talemålsdekning for to hovudformer.
- 3 Hovudgrunnlaget for val av lærebokformer skal vere den nynorske skrifttradisjonen. Ein skal leggje vekt på utbreiinga i målføra og den indre bygnaden i skriftmålet.
- 4 Innanfor rettskrivinga kan ein opne for utbreidde talemålsformer. Eit minstekrav til nye former i rettskrivinga er at dei representerer det dominerande dialektsystemet i minst ein av dei fire landsdelane (dvs. Austlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg).
- 5 Normeringsvedtak skal i størst mogleg grad gjelde klassar av ord eller former. Ved endringar i rettskrivinga skal ein unngå å skiple grunnleggjande systemdrag i skriftmålet.

På årsmøtet i 2000 vart dette tilleggspunktet vedteke:

- 6 Ein skal ikkje ta ut or rettskrivinga former som dominerer i dialektsystemet i minst éin av dei fire landsdelane.

I åra etter 1997 gjekk fagnemnda igjennom heile rettskrivinga og la for rådsmøtet i 2000 fram eit framlegg som bygde på desse prinsippa. Mange jamstilte former i læreboknormalen vart no føreslått ”degraderte” til sideformer. Nokre former og formgrupper som no er klammeformer, vart det føreslått å fjerna (t.d. [-er] i presens av sterke verb, som i [finner], [kjemer]). Rådet godkjende dei fleste av framlegga, og justerte fagnemndframlegga på nokre punkt. Resultatet var ein normal med færre hovudformer og fleire sideformer enn før. (Resultatet av rådsmøtevedtaka er heretter kalla 2000-framleggget, jf. vedlegg 7. Jamfør under 1.6 om forholdet mellom den gjeldande rettskrivinga og 2000-framleggget.)

Kulturdepartementet, som hadde den endelege makta til å godkjenna vedtaket og setja det i verk, valde likevel å be om ei nærmere utgreiing av visse sider ved vedtaket i eit brev datert 5.12.2000, jf. vedlegg 1. Først og fremst ynskte departementet å få greidd ut om og korleis systemet med klammeformer kunne opphevest. Bakgrunnen var at bokmålsseksjonen alt hadde gjort eit slikt vedtak for si målform.

Språkrådet tok difor i 2001 opp att arbeidet med ei nyvurdering av normalen, med tanke på dei spørsmåla departementet hadde stilt i brevet sitt. Denne utgreiinga er eit ledd i dette arbeidet. Me viser til innleiinga når det gjeld den vidare saksgangen.

I 2002 har departementet varsla at tilnærningsparagrafen i *lov om Norsk språkråd* (§ 1b) bør opphevest (sjå ovanfor). Departementet har i St.meld. nr. 9 (2001–2002) gjeve uttrykk for at ”den såkalla tilnærmlingslinja i forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk”, og den føreslalte endringa blir truleg vedteken av Stortinget. Det blir ei formalisering av ei omlegging som i praksis for lengst er gjennomført. Først og fremst for bokmålet, men også på nynorsksida har tilnærming til den andre målforma vore eit ikkje-argument frå 1970-åra av. Dei endringane som har vore gjorde i nynorsknormalen etter 1972, har alle vore grunngjevne ut frå tilhøvet til talemålet (målføra) og skrifttradisjonen i nynorsk.

## 1.4 Valfridom

### 1.4.1 Ideologisk

Ulike skriftspråk er meir eller mindre ortofone. I somme språk, t.d. finsk og italiensk, er samhøvet mellom språklyd og skriftteikn relativt tett, slik at dei som lærer å skriva språket, berre treng læra seg prinsippa for dette samhøvet, og dessutan sjølv sagt tilhøvet mellom sin eigen dialekt og standardspråket som ligg til grunn for skriftspråket. På den motsette ytterkanten finn me språk som engelsk og irsk, der språkbrukarane lyt læra skrivemåten av så å seia kvart ord for seg. Di nærmere denne ytterkanten eit skriftspråk ligg, di viktigare blir det med ei fast norm som mönster. Norsk ligg ein stad mellom desse to ytterpunktene, kanskje nærmare eit ortofont system enn det idiosynkratiske engelske systemet. Når ein ser eit norsk ord skrive, kan ein nesten alltid utleia korleis det blir uttala. Men det motsette er ikkje alltid tilfellet. Ut frå uttalen i ein eller annan

dialekt er det ikkje gjeve korleis ordet skal skrivast.

Nynorsk skriftspråk er ikkje basert på ei fast talemålsnorm, men som me såg i førre kapittel, har talemålet vist att i stadig større valfridom innanfor dei offisielle skriftnormalane på 1900-talet. Norma har heile tida balansert mellom to prinsipp: folke- måls- og einskapsprinsippet. *Folkemålsprinsippet* har språkleg fridom eller valfridom som sentralt omgrep. Dialektmangfaldet skal få koma til orde, bokstaveleg tala, for med stor valfridom i skriftnormalen kan ein skriva nær opp til talemålet sitt, og dermed meistra skriftspråket lettare. Dette pedagogiske momentet har alltid vorte understreka i normeringsdebatten. Nynorskbrukaren skal få overføra ”hjartespråket” til skrift. Valfridomen gjev høve til nyansering og til å variera skriftformene etter stilkjensla til den einskilde. Det inneber identifikasjon, sjølvkjensla blir styrkt, uttrykksbehovet stimulert. Dette har vore sett på som noko særskilt og verdfullt ved nynorsken. For skuleborn som får så mykje bokmål inn frå alle medium, kan det letta skrivinga å ”skriva som dei snakkar”. Forsøk med lese- og skriveopplæring knytt til elevtalemålet har ført til at borna sjølve analyserer sitt eige talemål meir presist, og i den samanhengen er talemålsnære skriftspråksformer ein føremon. Forfattarar og til dels journalistar utnyttar den faktiske variasjonen for å gje språket sitt ein regional og til dels personleg farge, det same har folk som ikkje må følgja læreboknormalen, høve til.

Arbeidet for valfrie former har likevel ikkje berre hatt som mål å koma dialekt- område og dialektformer i møte. Under reformstrevet på 1900-talet var det også klår politikk å samordna bokmål og nynorsk innanfor ei tilnærningslinje. Det førte til at dobbel-/tilnærningsformene auka (i begge målformer). I læreboknormalen frå 1959 er samnorsk tanken sterkt framme. Men i realiteten var denne ideologien forlaten lenge før 2000.

Bak *einskapsprinsippet* står også eit pedagogisk omsyn, ynsket om ei einskapleg norm, dvs. ei norm som bør vera enkel, klår og helst ha unntakslause rettskrivingsreglar, vera lett å læra og bli brukt på same måten av flest mogleg brukarar. Her er altså prinsippet at ved å redusera valfridomen gjer ein nynorsken enklare å bruka. – ”ein fast og fylgjestreng skrivemaate, ein som kann spara skulen, so mykje som råd er, for det skjeple og hefte det er, i vissa for nynæmingen, aa sjaa eitt og det same skrive snart paa ein maate og snart paa ein annan” (*Framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne*, tillegg til Universitets- og skuleannalar 1899). Det er dei visuelle førebileta som fremjar skriveopplæringa, og når ein les, blir skriftbileta prenta inn. Sidan nynorsk viser så mykje mindre att i skrift enn bokmål, er det då avgjerande at nynorskbrukaren ikkje møter mange ulike normvarietetar. Det krevst stor innsikt i eige språk å vita kva ein skal velja. Systemet med stor valfridom er komplisert og vanskeleg, ein kan bli usikker, må stadig slå opp i ordlista og får ikkje utvikla eit snøgt, automatisert skriftspråk. Elevar hevdar at ordlister og ordbøker er innvikla å bruka på grunn av forkortingar, teikn og kodar, og for mange innfløkte allmenne reglar som står i innleiinga i ordlistene, og ikkje i sjølve den alfabetiske lista. Mangfaldet hemmar i staden for å frigjera. For dei som har nynorsk som sidemål, kan valfridomen verka overveldande. Med lite av både skriftleg

og munnleg nynorsk i oppvekstmiljøet har dei ikkje stort grunnlag for å velja.

#### **1.4.2 Ulike brukargrupper og brukarynske**

I 2001 gjorde Åse Wetås ein del punktgranskingar på oppdrag frå Språkrådet. Målet var å finna ut kor utbreidd valfridomen er i ymse publisert og upublisert nynorskmaterialer, korleis rettepraksisen er i m.a. skule, forlag og avisredaksjon, og korleis brukarane stiller seg til nynorsknorma. Wetås byggjer òg på tidlegare undersøkingar.

For elevar i ein læringsituasjon er den typen valfridom som aukar lyd–skriftkorrespondansen, eit gode (Wiggen 1992 og Hoel 1995). Berg (1999) peiker på at nynorskelevar meir enn bokmålselevar gjev uttrykk for at skriftspråket deira skal vera individuelt prega. Same undersøkinga ser ut til å slå fast at elevane ikkje får brukt valfridomen, fordi dei ikkje får undervisning i han, eller dei får ei lærarstyrt ”norm”. I ei anna undersøking frå Larvik (Holm 1999) kjem det fram at sidemåslærarane der uttrykkjer motvilje mot den vide rettskrivinga i nynorsk, samstundes som dei vedgår at dei manglar kunnskap om innhaldet i norma. Motsett er eit fleirtal av ei lærargruppe Kulbrandstad (1996) har undersøkt, positivt til den vide rettskrivinga. Ei undersøking frå 1997 (Vollan) dreg fram at lærarane ikkje får den jamlege og grundige informasjonen om rettskrivingsendringar som dei ynskjer, fordi skulane ikkje har råd til nye ordbøker så ofte som det trengst.

Ei felles standardspråksnorm er viktigare for journalistar enn for andre brukargrupper, viser undersøkinga av Roksvold i 1999, men tv- og radiojournalistar ynskjer i sterkare grad valfridom enn andre journalistgrupper. Eit fleirtal av lærebokforfattarar og forlagsredaktørar ynskjer å velja former som ligg ”midt på” (Mosling 1998).

Selback (2001) konkluderer med at over halvparten av respondentane i hennar undersøking av om lag 160 ”vanlege språkbrukarar”, er negative til valfridomen. Dette gjeld den samla gruppa av brukarar av begge målformene. Avgrensar ein utvalet til respondentane som er positive til nynorsk derimot, ser dei ut til å setja pris på mangfoldet (Selback 2001). Dei er òg opptekne av at språket har ein identitetsfunksjon, og det er truleg med og forklarer aksepten av variasjon innanfor nynorsknorma. Når det gjeld variantvalet, var informantane hennar (16–89 år) mest avvisande til dei *konservative* nynorskformene. Andre undersøkingar viser at mange språkbrukarar ynskjer å skriva ”nøytralt”.

Rødningen (1999) er derimot inne på at stor normvariasjon gjer brukarane usikre, og talmaterialet hans (2000) viser at éin av fire som byter til bokmål hovudmål, gjer det fordi dei har problem med rettskrivinga i nynorsk. Den same grunngjevinga for å skifta frå nynorsk til bokmål gjeld 60 % av elevane i Årtuns undersøking fyrst i 1980-åra.

### 1.4.3 Korleis er den faktiske variasjonen?

I *Rettskriving hos nynorskforfattarar* (1995) undersøkte Lars S. Vikør i kor stor grad valfridomen i rettskrivinga hadde vorte utnytta hjå 29 nynorskforfattarar, fordelt på tre tiår: 1930-åra, 1950-åra og 1970-åra. Han peikte m.a. på at i-målet vart borte frå hans tekstkorpus frå og med 1950-åra. Pronomenformene som hadde vist stor variasjon hjå trettiårsforfattarane, var meir einsarta blant dei seinare generasjonane. Variasjonen i infinitivsendingane heldt seg. Vikør registrerte ein tendens til konsolidering av formbruken innanfor bøyings- og lydverket. Han omtalar substantiv og verb med sideform utan *j* (bygge, sette, tenke osv.): Om lag halvparten av forfattarane i den siste generasjonen (frå syttiåra) brukte hovudsakleg *j*-lause former, og dei stod også tidlegare sterkare enn mange andre sideformer.

Åse Wetås (2001) undersøkte dei same einskildorda og bøyingskategoriane som Vikør la til grunn, og funna hennar stemmer for det meste godt overeins med hans. Formbruken i *publiserte tekstar* på nynorsk viste samla sett meir einsretting enn mangfald. Heller ikkje avismateriala baud på større variasjon, for det viste seg å ikkje vera så vanleg at lokalavisene vel former som ligg nær den lokale dialekten. Medvite formval såg ut til å gjelda infinitivane og pronomenformene *me* og *vi*. Både i substantiv og verb var det ein heilt eintydig tendens til bruk av hovudformer. For verbformer utan *j*, [*ringe*], [*bygge*], var det noko større variasjon, jf. Vikør ovanfor, men hovudformene var også her i fleirtal. Når det galdt inkjekjønnsformene *auge*, *hjarte*, *øyre*, var det elles ein tendens til å blanda saman dei to bøyingsparadigma. Formbruken i *upubliserte tekstar* var jamt over mykje meir ueinsarta enn i det publiserte tekstmaterialet. Wetås fann ein god del fleire talemålsinnslag, arkaiske nynorskformer (i materiale frå eldre) og ulike andre former som ligg utanfor rettskrivinga. I tekstane skrivne av eldre menneske var sideforma på *-i*, [*kui*], av sterke hokjønnssord brukt, likeins langformer av verb (*late*) og kløyvd infinitiv. Desse formene var meir eller mindre fråverande i tekstane skrivne av barn og unge, som viste ein mest heilt eintydig bruk av hovudformer i bøyinga av hokjønnssubstantiva, og ein sterk tendens til bruk av *e*-infinitivar (sjølv om a-infinitiv òg fanst). Bokmålsinterferens fanst i begge teksttypane, særleg i det upubliserte stoffet. Undersøkingane viste større variasjon i lydverkdelen enn i formverkdelen, men tendensen til einsretting i formvalet galdt òg lydverket.

### 1.4.4 Korleis blir valfridomen formidla?

Mange undersøkingar viser at korkje elevar, lærarar eller andre har oversyn over den valfridomen som faktisk finst innanfor norma. Det viktigaste er her sjølvsagt den manglande kunnskapen hos lærarar. Elevar får ikkje den nødvendige rettleiinga om breidda som norma tilbyd. Andre undersøkingar viser òg til tilfelle der elevar som faktisk har lært seg kva dialektformer dei kan bruka, risikerer å få feil til eksamen fordi sensor ikkje kjenner alle sideformene. Dermed kan den mangelen på bruk av valfrie former som granskinga viser, rett og slett koma av at elevar ikkje "tør" nytta

valfridomen av omsyn til konsekvensane.

Fleire av undersøkingane som Wetås refererer, viser at kjennskap til valfridomen i mange høve heller blir underkjend enn formidla vidare. Haldningane blant lærarar er svært varierande i dei ulike undersøkingane, og i fråsegner frå norsklærarar i det heile. Mange lærarar er positive til valfridomen, men dei opplyser likevel at elevane har problem med han. Andre er negative og ser på valfridomen som ei ekstra bør i undervisninga. Lærarar som sjølv er usikre på korleis det totale rettskrivingsbiletet ser ut, vel å formidla ei trøng norm til elevane sine (Berg 1999c, Holm 1999). Nokre lærarar etablerer private normer ut frå sitt eige språksyn, og desse normene vidareformidlar dei både gjennom klasseromspraksisen sin og når dei rettar elevtekstar. Men somme av undersøkingane som er refererte i punktgranskningane, konkluderer med at både elevar og lærarar *ynskjer* ei homogen norm, og at dei fleste vel å halda seg innanfor dei trygge grensene i læreboknormalen.

Når det gjeld avisene, viser mange av redaktørane til at dei opnar for former som speglar den lokale dialekten. Samstundes insisterer dei fleste av dei på å halda på læreboknormalen som hovudmal for tekstproduksjonen. Wetås peiker på at dette kan verka som ein litt underleg strategi. Systemet med sideformer er nettopp med på å gje språkbrukargruppene høve til å velja dei formene som ligg nærmast talemålet, men dei aller fleste avisene vel altså å ikkje nytta dette.

#### **1.4.5 Kva typar skrivefeil finst?**

Største granskninga i Noreg av skrivefeil hos skoleelevar er gjord av Geirr Wiggen. I avhandlinga *Rettskrivings-studier II* (Oslo 1992) viser han at annakvart avvik frå rettskrivingsreglane hos barneskoleelevane har samsvar i talemålet, og at lydverk og formverk i talemålet pregar rettskrivingsfeila langt oppover i klassane. Berre sirkka 10 prosent av avvika frå rettskrivinga er reine bokmålsformer – dvs. avvik som ikkje samtidig har støtte i talemålet. Wiggens konklusjon etter å ha studert eit svært materiale frå skuleelevar frå Valdres og Gudbrandsdalen er at grammatikken i talemålet er grunnleggjande for korleis elevar tileignar seg skriftmålet. Det poenget finn også støtte i doktoravhandlinga åt Vebjørn Skjelfjord (1975), som viser at elevar som lærer å skriva og lesa, kontrollerer mot sin eigen artikulasjon.

I feila frå KAL-materialet (eksamenssvar frå 269 tiandeklassingar med nynorsk hovudmål våren 2000) fann Aud Søyland (2001) at det var vakling ved substantivbøyting etter kjønn, endringane samsvara ofte med bokmål. Likeins var det vakling mellom ulike bøyingsmønster av verb og inkonsekvens ved bøyting av enkelsubstansiv og enkeltverb. Det var tendens til forenkling av bøyningssystemet for både substantiv og verb, og sterkt og svak verbboying vart blanda. Ved feil i leksem var det to fellestrekk som galde både substantiv og verb: Den endra forma samsvara ofte med det tilsvarande bokmålsordet. Andre leksemfeil hadde ofte eit reink dialektgrunnlag – men dei var færre enn avvika i retning av bokmål.

I Søylands eige innsamla materiale er substantiv som får feil kjønn i eintal, ei

svært stor gruppe. Sterke verb med svak bøyning og omvendt er det også mange av, og ei stor gruppe e-verb blir bøygde som a-verb. Ho gjev elles omfattande døme på hybride ordformer (*befaring, bod, egenandel, gave, valg*), der leksemet svarar til bokmål, medan bøyninga følgjer nynorsksystemet.

Når det gjeld innslag av bokmålsord og bokmålssyntaks i nynorsktekstar, peiker Søyland på at det er vanskeleg å seia kva som eintydig er påverknad frå skriftspråket bokmål, og kva som er resultat av eit bokmålspåverka talemål. Somt er nok frå begge. Nynorskkrivande elevar på Austlandet er meir påverka av bokmål både i skrift og tale enn vestlandselevane. Austlandselevane er i utkanten av nynorskområdet og ser såleis mindre skriftleg nynorsk, og dialektane i austlandsområda er dessutan under sterkt press frå bokmål. Ein standardmal påverkar talemålet. Søyland har registrert feil med klar dialektbakgrunn som  *fing* (finger),  *hue* (hovud),  *kyra* (kua),  *ledar* (leiar),  *skjeve* (skive). Derimot er det truleg skriftbiletet frå bokmål som får nynorskelevar til å skriva  *foreldrene* og gje inkjekjønnsord ending i ubunden form fleirtal:  *dyrene, tingene, møtene*. I undersøkinga ”Kor godt meistrar kommande lærarar nynorsk?” finn Stauri (2001) mindre av talemålsinterferens enn av bokmålsinterferens, og talemålsinterferens-en gjeld eit lite utval ord, t.d. infinitiven  *sei* for  *sia*. Stauri meiner det er særleg grunn til å tro at dialektformer stikk fram i avviksmengda der dialekt og bokmål går i same lei, og i mindre grad der dialekten skil seg frå bokmål.

#### **1.4.6 Ulike perspektiv på valfridomen**

Når endringar i skriftnormalane anten har ført til større valfridom eller har redusert han, har den viktigaste grunngjevinga oftast vore omsynet til norskopplæringa i skulen. Den særnorske ordninga med hovud- og klammeformer har vore eit kompromiss mellom dei ulike vurderingane av valfridom. Elevane har vorte skjerma mot å møta altfor mange skriftbilete i lærebøkene. Ei form ein har sett mange gonger før, lettar lesinga. Mange vil påstå at dette er ei ideell ordning for eit ung manneske i fyrste lese- og skrivefasen. Samstundes har den vide rettskrivinga i årevis vore tilgjengeleg for elevane når dei sjølve skriv, og for vanlege språkbrukarar elles. Men materialet frå Wetås (2001d) syner at somme tykkjer formmangfaldet er for stort. I staden for at det opnar for bruk av individuelle og talemålsprega former, kjem det fram to tydelege tendensar for korleis folk opplever normer: Den eine er at valfridomen i den nynorske rettskrivinga ikkje blir utnytta, ikkje ein gong der slike former ville spegla dialekten betre enn hovudformene. Grunnen er såleis ikkje at nynorsken ikkje er dialektnær nok. Og det vanlegaste argumentet for nynorsk ved skolemålsrøystingar i utsette nynorskkrinsar, nemleg at nynorsken er det skriftmålet som passar best til talemålet på staden, får lite å seia i praksis, kanskje fordi lærarane ikkje formidlar innsikt i denne fridomen. Den andre tendensen er at brukarane er usikre på kva som er ”tillate”, og kva som er ”forbode” i nynorsk. Uvissa om rett og gale blir vidare ein grunn som folk gjev opp for å skifta til bokmål som hovudmål. Mange ser det som ein mangel ved nynorsk at han ikkje er etablert som eit fasttømra skriftspråk. Jamvel om den offisielle valfridomen er like stor i

bokmål, blir han ofte ikkje opplevd slik.

På den andre sida kan det vera ynskjeleg som skribent å få utnytta valfridomen i bøyingsformer og alternative skrivemåtar, der ein kan få fram ulike stillag, eventuelt signalisera språkpolitisk ståstad. Wetås' undersøkingar viser at dei som er mest positive til valfridomen, er profesjonelle språkbrukarar. Forfattarar ser det som eit høve til å utvikla ein personleg og særprega stil utan å gå ut over norma. Også andre språkmedvitne folk kan ynskja å utvikla sin personlege stil, eller å dyrka dialekten gjennom skriftspråket. For mange er valet av språkformer eit ynske om å visa regional tilknyting, ei markering av tilhørsle til staden der ein voks opp, eller eit ynske om å markera opposisjon til "det etablerte". Studiar med sosiologisk innfallsvinkel viser at nynorskbrukarar jamt over har andre kulturelle haldningars og verdiar enn bokmålsfolk. Mellom anna er dei meir opptekne av personleg prega språkbruk og mindre av at språket skal vera fullt standardisert og homogent. Valfridomen i rettskrivinga er såleis i samsvar med ein slik nynorskideologi; valfridomen er viktig ideologisk og symbolsk – sjølv om han ikkje blir utnytta så mykje som den vide rettskrivinga gjev høve til.

## 1.5 Hierarkiet i rettskrivinga

### 1.5.1 Ulike typar valfridom

Hittil har ein nynorskbrukar som ikkje er tilsett i offentleg teneste eller skriv lærebøker, kunna velja om han vil skriva innanfor læreboknormalen eller utnytta den vide rettskrivinga. Begge desse systema har valfridom: Læreboknormalen fører opp jamstilte hovudformer, og innanfor rettskrivinga kan ein velja mellom desse og alternative sideformer/klammeformer. På møtet 13.5.02 rådde fleirtalet i nynorskseksjonen i Språkrådet til at nynorsk går bort frå klammeformsystemet. Eit framlegg (frå Johan Myking) om å halda på systemet slik det er i dag, vart vraka, jf. vedlegg 4.

Valfridomen me no har innanfor nynorskrettskrivinga, gjeld i første omgang lydverket og bøyingsverket. Lydverket femner om valfrie vokalar (*leppa/lippe, skole/skule*), diftongar (*dauv/døv*) og konsonantar (*lynne/lynde, kjøk(k)en*), og her kan me òg ta med valfrie einskildord (*eigen(t)leg, spei(d)ar*) og suffiks (-*leg [-lig], -ig/-ug*). Under bøyingsverket finn ein valfridom innanfor ordklassane substantiv (*ei/ein/eit vis, stilker [stilkar]*), verb (*a-inf./e-inf. [kløyvd inf.], nådd/nått, tolde/tolte*), adjektiv (*lita [liti]*), pronomen (*henne/ho, obj.form*) og saman- og særskriving (*iallfall / i alle fall*).

Valfridomen går òg på ordtilfanget, som også i nynorsk i prinsippet skal vera ope. Likevel finst det ein del importord som stirr mot den nynorske tradisjonen for val og bruk av ord, og Norsk språkråd vedtok i 1999 retningslinjer for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordbøker og ordlister. Etter vedtak i styret i 1999 skal sekretariatet i Språkrådet godkjenna skuleordlister på grunnlag av desse retningslinjene.

### 1.5.2 Fordelar og ulempar med hierarki i rettskrivinga

Den tydelegaste delen med det hierarkiet me har i rettskrivinga i dag, er at det gjev eit godt høve til å påverka tendensen i språkendringsprosessen. Tolkar ein dette inn i modellen for normdanningsprosessen, kan ein seia at den offentlege språkpolitikken med ein liberal rettskrivingspolitikk gjev fridom for fleire normagentar til å innverka på det som blir inndata i prosessen, samstundes som han har god kontroll med ein viktig del av skriftbiletestimulia i prosessen, nemleg lærebøker og offentlege dokument. Dei sistnemnde teksttypane står så sterkt i nynorsksamfunnet at dei vil påverka tydeleg det som synest vera dominerande og nøytralt i skriftspråket. Normsystemet vårt med hierarki er altså eit godt instrument for å påverka skriftspråksutviklinga i ynskt retning.

Systemet med hierarki har *språkpolitisk sett* fungert som kompromiss mellom to motsette mål for nynorsknormaliseringa: a) ein nokså fast normal til bruk i formelle sjangrar som lærebøker og statstenesta og til bruk for dei som ynskjer eit klårt mønster å gå etter, og b) større valfridom for dei som ynskjer å skriva talemålsnært eller gje uttrykk for identitet og språkpolitisk haldning gjennom skriftspråket sitt, anten det er i tradisjonalistisk, modernistisk eller regional lei.

Departementet er i brevet sitt frå desember 2000 inne på at eit rettskrivingssystem med klammeformer kan vera ei form for *dobelkommunikasjon*. På den eine sida understrekar ein at språkbrukarane – utanom lærebokfattarar og folk i statsadministrasjonen – fritt kan bruka alle formene innanfor den vide rettskrivinga, medan ein på hi sida fokuserer sterkt på at visse former likevel har hovudformstatus og skal ha vidast bruksområde. Skiljet mellom hovudformer og klammeformer blir markert tydeleg i lærebøkene og i skuleordlistene, og det blir dermed gjort til ein viktig del av rettskrivingskunnskapen, sjølv om det eigentleg skal ha konsekvensar berre for ei avgrensa gruppe språkbrukarar. Det er heller ikkje ukjent at lærarar åtvarar mot å bruke klammeformer eller markerer på annan måte at dei ikkje er like akseptable. Dermed blir valfridomen ikkje reell trass i offentleg språkpolitikk, og hierarkiet skaper ei usikkerheit som har pedagogiske ulempar.

Systemet med hierarki er altså knytt til ynsket om stor valfridom, som igjen er knytt til *språkideologiske* oppfatningar, og difor har det hatt skiftande styrke. Utover i 1970-åra vart fordelane med valfridom og dialekt nært skriftmål sterkt framheva, og Språkrådet opna for nokre fleire former frametter i 1970- og 1980-åra. På slutten av 1900-talet svinga pendelen, og det har vorte vanlegare å understreka ulempene med stort formval i rettskrivinga. Det har f.eks. kome fram i vedtak i Språkrådet og m.a. no i brevet frå departementet frå 2000.

Det kan knapt påvisast at det er nokon *læringstekniske* ulempar med hierarki og valfridom for skuleelevarne, som skal kunna velja fritt til si personlege språkform. Det er så mange faktorar i språklæringa at det er vanskeleg å skilja ut denne eine faktoren. For elevar og vanlege språkbrukarar er det truleg valfridomen som er til eventuell fordel eller ulempa, ikkje sjølv organiseringsa av valfridomen.

For *dei meir "avanserte" brukarane*, dvs. dei som blir pålagde å følgja den tronge

norma, er eit system med klammeformer sjølvsagt meir krevjande. Systemet som heilskap kan verka uoversiktleg, og grensene mellom det "meir og mindre tillatne" kan synast vanskelege å forstå. Også for *dei som skal undervisa* i heile norma, kan det kjennast som ei tung oppgåve å meistra dei detaljane ein sjølv ikkje treng å kjenna til for si eiga personlege språkform. Men lærarane må uansett ha ei viss oversikt over valfridomen anten han er organisert i hierarki eller ei, og eit hierarki kunne ha den pedagogiske fordelen at det gjev høve til å oversjå visse detaljar i undervisninga, f.eks. klammeformer som ikkje høver for talemålet i den aktuelle regionen.

For nynorsken isolert er det vanskeleg å konkludera eintydig med at hierarkiet i seg sjølv gjev opplagde ulemper eller fordelar. Men når me no får ei bokmålsnorm utan klammesystem, kan det visa seg å bli ei *taktisk ulempe* for nynorsken å vera åleine om å ha eit klammeformsystem. Det kan bli oppfatta som ein ekstra abstraksjon som må læresta berre for denne eine målforma, og dermed fører systemet til ei taktisk ulempe i skulen. Ettersom nynorsken er eit mindretalsskriftmål, kan dette særdraget ved han bli knytt til ein stereotypi med negative assosiasjonar. Klammesystemet kan fungera som eit argument mot nynorsk, denne målforma er så vanskeleg pga. klammesystemet – utan at det blir påvist nokon slik samanheng.

På dette grunnlaget finn me det rettast å gjera framlegg om å ta bort klammesystemet i nynorsk, slik at alle godkjende former som heretter står i rettskrivinga, er jamstilte i bruk for alle – også i lærebøker og statsadministrasjon.

### 1.5.3 Husnormer

I punkt 1.2.3 er det nemnt at aviser, forlag og departement kan ha 'husnormer', dvs. ei privat eller intern norm som godkjenner berre éi form der den offisielle norma har val. Argumentasjonen for slike husnormer kan ymsa ein del, frå estetiske til marknadsøkonomiske og reint praktiske grunngjevingar.

Argumentet om at det er forvirrande å sjå ulike skriftformer i f.eks. same avisa, byggjer på eit språkpolitisk og kulturpolitisk ideal om homogenitet, like mykje som det alternativet synet om at det nettopp er ein rikdom med språkleg mangfald, byggjer på andre kulturpolitiske ideal. Det finst aviser i Noreg som praktiserer svært lita redaksjonell språkstyring, og det er vanskeleg å sjå at dei fungerer dårlegare språkleg enn "heilstandardiserte" aviser.

Dersom fleire skal samarbeida om tekstar, anten det er brev eller utgreiingar, er det svært tenleg å ha ei felles norm. Då er mange spørsmål løyste ein gong for alle. Dessutan er det nok slik at statstilsette, som skal bruka både bokmål og nynorsk etter reglane i mållova, ofte ikkje kjenner seg fullgodt heime i begge målformene og heller ikkje føler begge som sine personlege. I slike tilfelle vil mange sjå det som ein fordel å få ei "enkel oppskrift" dei skal følgja. I samband med indre opplæring i etatane har då sjølvsagt slike enkle husnormer også pedagogiske fordelar.

Me kan altså ikkje oversjå behovet for husnormer av slike grunnar. Men det bør

vera klårt kva for språkpolitiske fordelar og ulemper som husnormer har. Det er viktig å ta opp her ettersom graden av valfridom i norma kan påverka argumentasjonen om behovet for husnormer:

Husnormer overlet noko av makta over språkforma til ei gruppe enkeltpersonar, som då samla kan gje norma eit einsidig preg som ikkje er tiltenkt den offisielle og demokratiske språkpolitikken. (Jamfør beskrivinga under punktet om normer.) Også husnormer i det offentlege apparatet kan representera det departementet omtalar som dobbelkommunikasjon dersom dei seg imellom har eit svært homogent preg, fordi visse ordformer får status som meir gangbare enn andre blant dei prinsipielt jamstilte.

På den andre sida kan det i offisiell språkpolitikk leggjast føringar for korleis slike husnormer skal sjå ut. Det ville vera rimeleg at offentlege kontor formar ut husnormene sine slik at dei tek mest mogleg omsyn til kva som er dominerande i talemålet i verkeområdet for kontoret. Dermed ligg det eit demokratisk omsyn til grunn. I tillegg kan ein på den måten sikra at ein viss variasjon blir brukt, for fylkesadministrasjonane vil då kunna ha ulike husnormer, og dei igjen kan vika av frå husnormene i statsadministrasjonen. Det er nok også slik situasjonen dels er i dag. (Men med den avgrensa og nokså oversiktlege valfridomen som det er forslag om her, bør arbeidet med å laga husnormer vera sterkt forenkla. Men Språkrådet må f.eks. kunne hjelpa til med arbeidet.)

Ved at husnormer ikkje ligg føre i autoriserte ordlister for skule og allmente, og ved at dei har variasjon seg imellom, kan ein motverka det kritiske momentet ovanfor om at dei utviklar dobbelkommunikasjon om skriftnormene.

## 1.6 Retningslinjer

Arbeidet med dette revisjonsframlegget har bygd på dei generelle retningslinjene for normering av nynorsk som vart vedtekne i 1997 og 2000, jf. framstillinga i pkt. 1.3. Ettersom premissen om normhierarki no skal falla bort, er hovudinnhaldet i desse retningslinjene at ein skal ta omsyn til kva former som er i skriftleg bruk, til kva former som er utbreidde i målføra, til den indre bygnaden i skriftmålet, og til at endringar mest mogleg skal gjelda klassar av ord eller former. Under drøftingane på seksjonsmøta i februar og mai 2002 kom det også til uttrykk at ein måtte ta omsyn til at nynorsk-brukarane nyttar språkforma som uttrykk for ulike identitetar, og at færrest mogleg må leggja om språkvanane sine ved ei endring. Desse siste retningslinjene låg også til grunn for det framlegget som vart vedteke på maimøtet, og difor blir dei brukte i denne utgreiinga.

Det er ein fordel å byggja normeringsarbeidet på klårt formulerte retningslinjer, m.a. fordi språkpolitikken dermed blir meir gjennomsiktig, lettare å forstå og å akseptera. Dessutan blir det lettare i seinare drøftingar å argumentera både for og mot enkeltpunkt i norma, og det blir lettare å koma unna reint subjektive reaksjonar til enkeltdrag eller enkeltord.

Nynorskseksjonen gav i februar 2002 uttrykk for at 2000-framlegget skulle ligga i botnen av dei framlegga referansegruppa skulle utarbeida. Samtidig skal gruppa presentera eit framlegg til endring av *den gjeldande rettskrivinga*. Difor bør dette forholdet presiserast noko her. Etter 2000-framlegget har me no eit system med fire kategoriar:

- 1 Hovudformer etter den gjeldande rettskrivinga og etter 2000-framlegget. Desse kan vera anten eineformer, t.d. fleirtal av regelrette substantiv: *hestar, bygder*, eller jamstilte hovudformer, t.d. infinitiv: *kasta/kaste*.
- 2 Hovudformer etter gjeldande rettskriving, klammeformer etter 2000-framlegget, t.d. fleirtal *menner, feilar*.
- 3 Klammeformer etter den gjeldande rettskrivinga og etter 2000-framlegget, t.d. "regelrette" fleirtalsformer av substantiv: *elver, bekkar*.
- 4 Former som vart tekne ut i 2000-framlegget. Dei fleste er klammeformer etter gjeldande rettskriving, t.d. presens av sterke verb [*kjemer*], preteritum [*fikk*], [*gikk*]. Andre er hovudformer, t.d. preteritum *sagde*, komparativ *bakare, bortare*.

Det at gruppa skulle arbeida ut frå 2000-framlegget, vil seia at ho ikkje har gjort noko med formene av kategori 1. Ettersom premissen er at klammene skal bort, ville det einaste gruppa eventuelt kunne gjera med desse formene, vera å fjerne somme av dei jamstilte hovudformene. Men rådet har alt vedteke at desse jamstilte formene skal stå, og gruppa reknar det ikkje som korkje taktisk klokt eller politisk mogleg å føreslå at nokon av dei skal ut or rettskrivinga.

Av same grunn kjem det heller ikkje nye framlegg om formene av kategori 4. Rådet har vedteke å ta dei ut or rettskrivinga, og ettersom nynorskseksjonen no skal avgrensa norma noko, er det ingen grunn til å ta nokon av formene i kategori 4 inn att. Grunnen til at dei vart tekne ut, var at dei anten var svært lite brukte, eller at dei var typiske "tilnærningsformer".

Me står då att med kategoriane 2 og 3, det vil seia alt som er klammeformer etter 2000-framlegget. Sidan det altså er det som er utgangspunktet, er det ingen grunn til å skilja prinsipielt mellom desse to kategoriane.

Seksjonsmøtet 13.5.02 slutta seg til desse to *situasjonsbundne prinsippa* for arbeidet med nynorsknorma:

*A Den valfridomen i læreboknormalen som var resultatet av vedtaka på rådsmøtet i 2000, blir ståande som valfridom i den reviderte norma.*

*B Dei sideformene som rådsmøtet i 2000 gjekk inn for å avskaffa, blir ikkje vurderte på*

*nytt no.*

Desse to prinsippa er situasjonsbundne fordi dei gjeld arbeidet med denne utgreiinga. Prinsippa for nynorskrettskrivinga frå 1997 og 2000 er meinte som allmenne retningslinjer.

I framstillinga vidare i utgreiinga, f.eks. der me beskriv statusen i dag, tek me utgangspunkt i den gjeldande rettskrivinga. Det er den som eventuelt skal endrast. Men ettersom framlegget frå årsmøtet i 2000 gav premissar for førebuingsarbeidet, må me òg nemna det i drøftingane. Difor refererer me dei sideformene i gjeldande rettskriving (med få unnatak sideformer) som 2000-møtet gjekk inn for å avskaffa med ei stutt grunngjeving.

## 2 FRAMLEGG TIL VALFRIE FORMER

### 2.0 Disposisjon og kjelder

#### *Disposisjon*

Dei kategoriane som skal omtalast her, går fram av Vedlegg 2, punkt II, og dei byggjer såleis på vedtaket på møtet i nynorskseksjonen i Norsk språkråd 13.5.02 om kva kategoriari ein ynskte nynorsknorma skulle ha valfrie former i. Dei kategoriane det på same møtet var fleirtal for å sløyfa valfridom i, blir omtala i kapittel 3.

Dispositionen i utgreiingane nedanfor følgjer på lag den som har vore brukt i tidlegare utgreiingar om rettskrivingsendringar, særleg *Framlegg til læreboknormal 1957*. Kapittel 2 er delt opp i hovudgruppene lydverket, formverket og einskildord, som atter er delte opp i underpunkt. Kvart underpunkt representerer ein kategori det er formulert eit framlegg til. Dette framlegget svarar til vedtaka 13.5.02, men i eit par tilfelle har referansegruppa funne det naturleg å slå saman kategoriar frå maimøtet.

Under kvart punkt kjem det i tillegg til ei formulering av *framlegget* også ein omtale av *status i dag*, *normeringshistoria* og *tale- og skriftmålsbakgrunnen*. Omtalen munnar ut i ei *vurdering* og ein *konklusjon* som tek utgangspunkt i prinsippa for normeringa, jf. 1.3 og 1.6:

- a) *talemålsutbreiinga*
- b) *utbreiing i skriftleg bruk*
- c) *den indre bygnaden*
- d) om kategorien utgjer ei *ordgruppe* (ein klasse).

Dessutan vart det på seksjonsmøta i februar og mai 2002 understreka at ein også bør ta omsyn til dei mange ynska som finst om å skriva ein personleg, tradisjonell, moderne eller regional nynorsk. Eit slikt omsyn kan opna for at også mindre frekvente drag kan koma med i norma når ein ser at dei er viktige for grupper av nynorskbrukarar. Dette prinsippet tek også omsyn til det *læringstekniske* argumentet at brukaren skal kunna kjenna att talemålssærdrag i skriftspråksforma og dermed identifisera seg med språkforma. På dei same møta var det også ynske om at ein har som siktemål med arbeidet at flest mogleg nynorskbrukarar skal sleppa å måtta leggja om skrivevanane sine. Difor har me også teke med desse momenta under vurderinga:

- e) om kategorien representerer noko som blir brukt som *identitetsuttrykk*, og
- f) om framlegget innfører noko *nytt* jamført med rettskrivinga som gjeld i dag.

I dei tilfella der eitt av desse kriteria er rekna som irrelevant, blir det hoppa over i framstillinga.

Under *Status i dag* tek me utgangspunkt i det ordtilfanget som er kome med i *Nynorskordboka*. Når det gjeld utbreiinga i dialektane og i skriftleg bruk, er det som nemnt ovanfor problem med å ha heilt oppdaterte opplysningar. Kriteriet om den indre

bygnaden skal få fram om det er tale om eit grammatisk drag, og korleis det har plass innanfor ei beskriving av språkstrukturen, og korleis det i så fall går inn i språklege reglar. Spørsmålet om ordgruppe skal framheva fellesdrag eller tendensar til fellesdrag mellom ord som gjer at dei kan lett kjennast att av språkbrukarane.

Spørsmålet om identitetsuttrykk må omtalast meir på grunnlag av skjønn enn vurderingspunktene ovenfor. Her må referansegruppa byggja på den intuisjonen medlemmene har som aktive nynorskspråkbrukarar. Men interessant er det at det ikkje har vore vanskeleg å bli einig om karakteristikkane.

I ein normeringssamanheng skal ein sjølvsagt vera merksam på at moment som utbreiing i skriftleg bruk, stilverdi og høve til markering av identitet i ikkje liten grad er resultat av tidlegare normeringspolitikk, og dei kjem truleg til å bli det vidare òg. Dermed ligg det ein fare for sirkularitet i å bruka slike kriterium. Men me legg merke til at det ikkje alltid er slik at normeringspolitikken har styrt fullstendig; den språklege praksisen er eit visst korrektiv. Dessutan byggjer normeringa på andre omsyn som taletmålsutbreiing og indre bygnad.

Listene over ord nedanfor prøver me å gjera fullstendige, men oversiktlege. Difor kjem me til å gje berre éi grunnform av orda. Når det såleis står berre *[vyrde]* *vørde*, gjeld opplysningane og framleggget òg ord som *[vyrdsam]* *vørdsam*, *[vyrdeleg]* *vørdeleg*, *[vyrdnad]* *vørdnad*. I svært mange tilfelle har oppslagsforma av eit verb og eit substantiv same forma, slik at ei oppføring som f.eks. *[bylgje]* *bølgje* skal lesast som både verbet *[bylgje]* *bølgje* og substantivet *[bylgje]* *bølgje* f. Der det er unntak eller av andre grunnar trengst grammatiske merknader, set me til v. for verb, s. for substantiv (og ofte m. for hankjønnsord, f. for hokjønnsord og n. for inkjekjønnsord). Der berre ein sluttvokal skil substantiv og verb, kan me føra opp med parentes, f.eks. slik: *gløtt(e)* *[glytt(e)]*.

### Kjelder

Me vil her nemna noko av litteraturen og undersøkingane som det blir vist til nedanfor:

- a) Hausten 1999 gjennomførte Norsk språkråd ei språkgeografisk undersøking i samband med rettskrivingsarbeidet i nynorsk. Denne taletmålsundersøkinga blir omtala her som TALE99. Det vart utarbeidd ei spørjeliste for å få kartlagt utbreiinga av ein del ord- og bøyingsformer i dialektane. Spørjelista vart send til om lag 300 informantar, mellom anna til kontaktnettet Norsk målførearkiv bruker, og til medlemmene i Norsk språkråd. Det kom inn over 200 utfylte lister, og svarmaterialet vart systematisert av sekretariatet.

Ein veikskap ved undersøkinga er at ho ikkje har eit informantutval som er representativt for brukarane av norsk som morsmål. For å avgrensa arbeidet måtte ein bruka lett tilgjengelege adresselister, og dessutan var ein avhengig av å få motiverte språkinteresserte og språkreflekterte informantar for å sikra pålitelege svar – igjen for å avgrensa arbeidsmengda. Men materialet er inndelt geografisk, slik at ein kan korrigera noko av skeivskapen.

Gjennomsnittsalderen på informantane er 63 år, og 83 % er over 50 år. Jamført med andre grunnlagsopplysningar for dialektoversikter er dette eit relativt ungt materiale, for det finst ingen forskingskapasitet til å halda alle slike oversikter heilt à jour. TALE99 vil her tena både som supplement og viktig korrektiv til andre talemåloversikter som finst. Men det er svært viktig å vera klar over at sjølv TALE99 ikkje får med dei nyaste tendensane i talemålsutviklinga – der det kunne vera av interesse.

- b) I 2001 gjorde Åse Wetås fire punktgranskinger for Språkrådet. To av rapportane kartla språkleg variasjon i nynorske publikasjonar og i ikkje-publisert nynorsk.

I serien Norsk språkråds skrifter gav Lars S. Vikør i 1995 ut *Rettskriving hos nynorskforfattarar*. Det er ei undersøking av ortografi og morfembruk hjå 29 nynorsk-forfattarar, tilnærma likt fordelt på 1930-, 1950- og 1970-åra. For ein del av frekvensopplysningane har me brukt Per Vestbøstad: *Nynorsk frekvensordbok. Dei vanlegaste orda i skrifteleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar 1978–1984* (Bergen: Alma Mater 1989). Denne boka eit framifrå hjelpemiddel, ikkje minst på grunn av at ein her får frekvensar for bøyingsformer og skrivemåtar i tillegg til frekvensar for ordet samla (leksemet). Tekstutvalet er også godt og stort. Ulempa er at materialet har vorte sirkka 20 år gammalt, og bruksmønsteret kan ha forandra seg på den tida. Likevel er opplysningsane frå denne ordboka svært nyttige.

Trass i alle dei undersøkingane me har hatt tilgang til, manglar me mangstad fullgodt grunnlagsmateriale både om talemålet og om praksis i skriftmålet. Særleg gjeld det samtid og den nærmeste fortida. Tidsavgrensinga på arbeidet har gjort det uråd å undersøkja meir. Det vil alltid vera ynske om å ha fleire opplysningar, men me har måttta vurdera det mot kva som kan vera viktig for å vurdera dei alternative vedtaka.

## 2.1 Lydverket

### 2.1.1 Vokalar

#### 2.1.1.a Vokalane y/ø (typen *bylgje/bølgje*)

*Status i dag*

Innanfor nynorskrettskrivinga er det i dag 33 ord med avleiningar og samansetningar med desse orda som har valfri skrivemåte mellom y og ø. Dei er:

<i>byrd(e)/bør</i>	<i>lyfte [løfte]</i>	<i>sølje [sylgje]</i>
<i>bytte [bøtte]</i>	<i>lygn/løgn</i>	<i>sølv [sylv]</i>
<i>bølgje [bylgje]</i>	<i>lykkje/løkke (på eng)</i>	<i>sørgje [syrgje]</i>
<i>drynje [drønne]</i>	<i>mylnar/møllar</i>	<i>tynne/tønne f.</i>
<i>dynje [dønne]</i>	<i>mylne/mølle</i>	<i>tyrst/tørst</i>
<i>fyrst/først</i>	<i>nykel/nøkkel</i>	<i>tytte/tøtte</i>
<i>følgje [fylgje]</i>	<i>nykk [nøkk]</i>	<i>vørde [vyrde]</i>
<i>gløtt(e) [glytt(e)]</i>	<i>nyste [nøste]</i>	<i>yksen/øksen</i>
<i>grøppe [grypje]</i>	<i>stynje [stønne]</i>	<i>ynske/ønske</i>
<i>grøsse [grysje]</i>	<i>[stytte] støtte</i>	<i>ynskje/ønskje</i>
<i>hyrne/hjørne</i>	<i>sysken [søsken]</i>	
<i>kløppar [klyppar]</i>	<i>syster [søster]</i>	

*Framlegg*

Dei orda som i rettskrivinga i dag har valfridom mellom y og ø, får det også i den nye rettskrivinga. Det vil seia at dei noverande klammeformene får status som jamstilte former.

*Normhistorikk*

Nynorsk følgde først av eit nokså konsekvent etymologisk prinsipp og skreiv y for gammelnorsk kort y både framfor kort konsonant der vokalen var forlengd (*fyl, fyre, kyn*), og framfor lang konsonant eller konsonantsamband der vokalen hadde halde seg kort (*bytte, stykke, fylgje*).

Alt før 1917 hadde nynorsken innført skrivemåte med ø i visse ord med kort konsonant bak, dvs. ord som då har forlengd vokal i mange dialektar, t.d. *dør* og *spør*. Ved rettskrivningsreformene i 1917 og 1938 gjekk nynorsk vidare i denne leia, slik at skrivemåten ø for gammal kort y no er nokså gjennomført i utlyd (jf. *stø*) og framfor kort konsonant (jf. *føl*).

Både *Indstilling* 1917 og *Tilråding* 1935 prøvde å få til både betre samsvar med taletmålet i landet og tilnærming mellom målformene på dette området, og *Tilråding* 35 skriv at

det vanskelig kan skje på annen måte enn ved å gå videre på den veien en alt

har slått inn på: gi ø større råderum enn før. Det er nok så – som Indst. 1917 hevder – at det er uråd 'at finde noget ledende princip som ikke medfører en rekke undtagelser'. Men det er en ulempe som en får finne sig i, slik som forholdene nå engang er. (S. 16)

Endringane i 1938-rettskrivinga drøfta m.a. korleis vokalen er styrt av konsonanten bak og føreslo ein del overgangar til ø, særleg framfor *r*.

*Framlegg til læreboknormal* 1957 rår til at nynorsk går over til ø i dei fleste ord som er sams for begge måla, og der bokmål har ein fast skrifttradisjon med ø. Grunngjevinga er "for tilnærmingens skyld og til lette for skolen" (s. 17). "... skriftbildet fra bm. virker inn på dem som skriver nyno., og omvendt; dermed blir det ustøhet." (S. 16) Men framlegget ser på reguleringa av skrivemåten med *y* – ø som eit vanskeleg punkt, og peiker på at omsynet til ein systematisk skrivemåte ville kravd *y*. Og om ein såg nynorsk isolert, ville det ikkje vore grunn til endring.

Tendensen i utviklinga kan dermed illustrerast som i tabellen nedanfor der oppføringane viser kva endringar som kom, og ved kva rettskrivingsendring dei kom. (Blanke ruter vil altså seia at det ikkje skjedde nokon forandring ved den aktuelle rettskrivingsendringa.)

Aasen	<i>dyr</i>	<i>fyl n.</i>	<i>kyn</i>	<i>fylgja</i>	<i>syster</i>	<i>mylna</i>	<i>vyrda</i>
1901	<i>dør</i>						
1917		<i>føl</i>					
1938			<i>kjønn</i>	<i>fylgja/følgja</i>		<i>myrne/mølle</i>	<i>vør(d)a/vyrda</i>
1959				<i>følgja [fylgja]</i>	<i>syster [søster]</i>		<i>vør(d)a [vyrda]</i>
Framl. 2000							

### Talemålsgrunnlag

Orda som kjem inn i denne gruppa, hadde kort *y* i norrønt, og dei har fått skiftande utvikling i norske dialektar ved at ein overgang til ø følgjer ulike mønster. Hovudmønsteret i Trøndelag og Nord-Noreg er at den gamle korte *y*-en går over til ø i alle ord unntake der det kjem ein palatal (dvs. lyd med *j*-klang) rett etter, altså *høl* m., *bøtte* og *søster*, men *mykkje*, *fyllje* og *stykke*.

Elles i landet er utviklinga i stor grad avhengig av om *y*-en stod i kort eller langstaving i norrønt; på Vestlandet vil det i hovudsak svara til om *y*-en er forlengd eller halden kort (jf. *møkje* mot *bytte*), mens det i austlandske dialekter ofte samsvarar med om vokalen stod i einstavings- eller tostavingsord (jf. *føll* mot *bytte*). I ord som hadde fått forlengd vokal (eller vokalen stod i einstavingsord), er overgangen til ø-lyd meir utbreidd i målføra enn når *y* hadde halde seg kort, jf. *føl*, *høl* og *møkje* mot *bytte* og *syster*.

Meir komplisert er det med gammal *y* framfor lang konsonant eller konsonantgruppe i dialektane sørom Dovre. Uttalen er her mykje meir skiftande frå dialekt til dialekt og frå lydgruppe til lydgruppe; f.eks. står *y*-lyden sterkt framfor *s* +

konsonant (t.d. i *fyrst* – dvs. uttalt *fysst* – og *syster*), mens overgangen til  $\emptyset$  er større framfor *r* (t.d. i *mørk* og *føre*).

Nynorsksystemet har i hovudsak lagt seg på det felles grunnprinsippet som ein finn i vestlandsk og austlandsk (dvs. eit samsvar med norrøn stavingslengd), og i tillegg prøver det å fanga opp dei mest utbreidde sørnorske variasjonane, som ofte er styrt av konsonanten bak vokalen.

### *Skriftmålsgrunnlag*

I den nynorske litteraturen gleid  $\emptyset$  lett inn i dei orda som i 1917 og 1938 fekk denne skrivemåten obligatorisk. Forma *først* slo, etter innverknad frå *før* (eldre *fyr*), sterkt igjennom i nynorsk skriftmål etter 1938. Men i ord med valfri *y*/ $\emptyset$  elles gjekk det nokre tiår før  $\emptyset$  slo igjennom. I 1930-åra brukte forfattarar som Knut Gjengedal og Ragnvald Vaage formene med *y*, medan ein finn sterkest  $\emptyset$ -bruk hjå t.d. Olav Duun og Bjørn Rongen. Tarjei Vesaas skreiv t.d. *bøtte*, men *myrk* og *sylv*. 50-årsforfattarar som Aslaug Høydal og Johannes Heggland brukte berre *y*-formene, om ikkje  $\emptyset$ -forma var obligatorisk. Lars S. Vikørs undersøking *Rettskriving hos nynorskforfattarar* peiker på at  $\emptyset$ -formene gjev svært klåre utslag hjå undersøkte forfattarar i 70-åra. Dei skreiv alle *bølgje*, *følgje*, *før*, *føre*, *først* og *mørk*. Vikør skriv at dei einaste orda der *y*-formene er representerte, er dei der  $\emptyset$  er klammeform, altså ved *løfta* og *søster*.

Konklusjonen frå Wetås når det gjeld både publisert og upublisert materiale, er at formene med  $\emptyset$  dominerer, både når dei er hovudformer, når formene er jamstilte, og når dei er klammeformer. Formene *fyrst* og *fyrste* er likevel sterkt representert i tekstar som ikkje er gjevne ut.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Utgreiinga er svært skiftande for desse orda. Jamt over står nok  $\emptyset$ -en sterkest, men *y* er også brukt i mange ord i så mange dialektar sør om Trøndelag at det er rimeleg han får plass i nynorsknorma.

b) *Skriftleg bruk*.  $\emptyset$ -en dominerer i nyare nynorsk, men i somme ord står likevel *y*-en sterkt.

c) *Den indre bygnaden* blir ikkje påverka av denne valfridomen.

d) *Ordgruppe*. Desse orda har ikkje andre språklege fellesdrag enn at me er vane med å sjå dei med begge vokalane. Det er nok litt skiftande frekvens av *y*- og  $\emptyset$ -former i desse orda, men me finn det likevel naturleg å sjå på dei som ei samla gruppe, dvs. å ha valfridom også i dei mindre frekvente orda. Å endra berre enkeltord i gruppa vil neppe gjera restgruppa lettare attkjenneleg.

e) *Som identitetsuttrykk*. I dag dominerer nok  $\emptyset$ -formene så sterkt at dei nærmar seg ein

normalstatus. Men y-formene er opplagt viktige for mange som ynskjer å markera anten sin eigen dialekt eller ei tradisjonell målform. Det gjeld nok frekvente ord som *fyrst*, *fylgje* og *sysken*.

*f) Nytt?* Hovuddraget er at språkbrukarane kan halda på dei formene dei har vore vane med å brukta. (Men normframlegget i 2000 avskaffa *styrd* til *støl/stør*, og det vil me halda fast på.)

### Konklusjon

Både talemåls- og skriftmålstradisjonen talar for at ei gruppe ord får valfri skrivemåte med *y* og *ø* i stammen. At nokre av dei aktuelle orda er tydelege identitetsmarkørar, talar også for det.

### 2.1.1.b Diftongar – monoftongar (*au/ø, au/o og øy/ø*)

#### Status i dag

I dag har me denne valfridomen i nynorsk ordna etter type alternativ og etter kva konsonant som følgjer etter vokalen:

	<i>au/ø</i>	<i>au/o</i>	<i>øy/ø</i>	
Føre <i>m</i>	<i>draum [drøm]</i>	<i>flaum [flom]</i>	<i>fløyme [flømme]</i>	
	<i>straum [strøm]</i>	<i>flaume [flomme]</i>	<i>drøyme [drømme]</i>	
		<i>taum [tom]</i>	<i>gløyme [glømme]</i>	
			<i>gløymen [glømmen]</i>	
			<i>gløymske [glømske]</i>	
			<i>gløymsk(en) [glømsk(en)]</i>	
			<i>gløymsle [glømsle]</i>	
			<i>gøyme [gjømme]</i>	
			<i>gøymsle [gjømsle]</i>	
Føre <i>st</i>	<i>raust/røst n. (takrygg)</i>		<i>trøyst/trøst f.</i>	
	<i>rauste/røste v. (byggja tak)</i>		<i>trøyste/trøste v.</i>	
Føre <i>sk</i>	<i>trausk/trøsk m. (frosk)</i>			
Føre <i>r</i>			<i>køyre/kjøre v.</i>	
			<i>høyre/høre v.</i>	
			<i>øyr/ør f. (sandbanke)</i>	
			<i>øyre/øre v. (om elv)</i>	

		<i>møyr/mør</i> adj.	
		<i>røyr/rør</i> f. el. n.	
		<i>skøyr/skjør</i> adj.	
		<i>øyre [øre]</i> n. (lekamsdel)	
Føre andre	<i>baune/bønne</i> f.	<i>smau/smog</i> n. (trong gate)	<i>døy [dø]</i> v.
lydar	<i>daud/død</i> adj.	<i>tau/tog</i> n. (reip)	<i>lønsk/løynsk</i> adj.
	<i>daude/død</i> m.	<i>trau/trog</i> n. (trefat)	<i>strø/strøye</i> v.
	<i>dauv/døv</i> adj.	<i>jau/jo</i>	<i>strø/strøy</i> n. (sagflis)
	<i>laugste/løgste</i> v. (skulda nokon for å lyga)		
	<i>lauk/løk</i>		
	<i>laup/løp</i>		<i>trøtt/trøytt</i> adj.
	<i>laupar/løpar</i>		<i>tø/tøy</i> m. (mildver)
	<i>naud/nød</i>		<i>tø/tøye</i> v. (bråne)
			<i>ty/tøy</i> n.

Desse orda er også valfrie alternativ: *kong [kaun]* m. (svull) og *rogn* f. eller m. [*raun*] m. (tre). Historisk er desse ordformene skylde kvarandre (formene med *au* er eldst), men dei er no så ulike pga. endra konsonantisme at me meiner det er rettast å rekna dei som ulike ord.

### Framlegg

Dei orda som i dag har valfridom mellom diftong og monoftong i rettskrivinga, får det også i den nye rettskrivinga.

### Normhistorikk

Indstilling 1917 drøfta at monoftongar er utbreidde i dialektane når visse konsonantar (*l*, *m*, *r*) eller konsonantgrupper følgjer etter diftongen. Innstillinga gjorde framlegg om at nynorsk skulle ta omsyn til dette ved å ta opp former med einskildvokal av slike tillatne bokmålsord ved sida av diftongformene. Såleis kom då former som *øst*, *drøm*, *høst*, *nød*, *strøm*, *rør*, *røst*, *trøtt*, *øre* og verb som *drømme*, *gjømme*, *glømme*, *strømme*, *høra* og *kjøra* inn med 1917-rettskrivinga. I 1934 føreslo Rettskrivningsnemnda at ein del av dei tillatne monoftongformene kunne takast vekk fordi dei hadde vist lita gjennomslagskraft. Valfridomen i diftong-/monoftongformer skrumpa såleis kraftig inn etter 1938. Ny rettskriving 1938 fører opp desse formene: *daud/død*, *daude/død* m., *kaup/kjøp* n., *raust [røst]* n., *raun/rogn*, *høyre [høre]*, *køyre [kjøre]*, *trøyst [trøst]*, *trøytt [trøtt]*. Formene *øst*, *høst* og *søm* vart no fjerna, mens *økt*, *øre* (mynten), *søle* og *sølete/sølut* vart eineformer. (Øykt, øyre, søyle og søylut gjekk altså ut.)

Med læreboknormalen frå 1959 kom monoftongformer inn att som klammeformer: [*drøm*], [*flok*], [*løk*], [*strøm*], [*tom*] (*taum*), eller som hovudformer

*kong* [kaun] og *rogn* [raun], og *kaup* vart berre tillate i tydinga “godt kjøp”. Jamstilte hovudformer vart no *dauv/døv*, *naud/nød*, *raust/røst* n. Mengda av klammeformer på -ø auka: *[drømme]*, *[dø]*, *[flømme]*, *[gjømme]*, *[glømme]*, *[strømme]* og *[øre]*. Grunngjevinga i Framlegget var at formene med -ø- kunne vera samformer i bokmål og nynorsk. Men diftongformene *[trøytt]*, *[trøytte]* og *[trøytne]* fekk klammeformstatus. Det var “i folkemålet [...] sterkt flertall for formen *trøtt*, som vil bli en naturlig samlingsform”. Framlegget meinte at også forma *trøyst* stod “svakt i dialektene” og tilrådde difor jamstilling for monoftongforma. 1959-normalen fekk desse jamstilte hovudformene: *høre/høyre*, *kjøre/køyre*, *mør/møyr* adj., *rør/røyr*, *røst/røyst*, *røste/røyste*, *skjør/skøyr* adj., *strø/strøye* ved sida av *strå*, *trøst/trøyst*, *trøste/trøyste*, *ør/øyr*. Samstundes vart *[trøytt]* klammeform og *trøtt* hovudform, men dei to formene vart jamstilte att i 1981.

I 2000 føreslo fagnemnda at klammeformene skulle takast ut or rettskrivinga, men årsmøtet avviste det.

Dei historiske endringane i nynorsknorma kan illustrerast slik:

Aasen	aust	draum	flaum	naud	drøyma	røyr	trøyst	høyra
1901								
1917	aust/øst	draum/ drøm		naud/nød	drøyma/ drømma	røyr/rør	trøyst/ trøst	høyra/ høra
1938	aust	draum			drøyma		trøyst [trøst]	høyra [høra]
1959		draum [drøm]	flaum [flom]		drøyma [drømma]	røyr/rør	trøyst/ trøst	høyra/ høra
Framlegg 2000								

Største omlegginga skjedde altså i 1917, etter den tid har det kome nokre avgrensingar og reguleringar.

### Talemålsgrunnlag

Hovudmønsteret er at diftongane dominerer i vestlandsk og i midlandsma. Elles står monoftongane sterkt. Men også her finst det ein del variasjon som er avhengig av konsonanten bak vokalen: Framfor *r* er *øy* monoftongert også på delar av Vestlandet. I austnorsk er det særleg framfor *m* at monoftongeringa er sterkt.

Det er dette mønsteret som avspeglar seg i resultata frå TALE99, som undersøkte om folk seier *flaum* eller *flom*, *draum* eller *drøm* og *gøyme* eller *gjømme*. Monoftongformene var brukte av 46,5 %, medan 34,5 % brukte diftongformene med lang vokal. 13 % brukte diftong i to ord og monoftong i eitt eller omvendt, og 6 % nemnde fleire former eller mangla form i ein kategori. Området Akershus, Oslo, Vestfold og Østfold brukte konsekvent monoftongformene, det gjorde òg om lag 90 % av informantane frå Hedmark, Troms og Finnmark. Diftongformene var brukte av 89 %

av informantane frå Rogaland og av 58–83 % frå Møre og Romsdal og sørover kysten til Vest-Agder. Informantar frå Aust-Agder, Telemark, Buskerud, Oppland og Sør-Trøndelag kom i den gruppa som brukte diftong i to ord og monoftong i eitt, eller omvendt.

Elles kan det finnast variasjon i enkeltord, som når f.eks. *løk* står svært sterkt på Vestlandet. TALE99 undersøkte utbreiinga av formene *naud/nød*. Der seier 47 % av informantane at dei seier *nød*, 45,5 % bruker *naud*, og 12 informantar vekslar. Av dei som seier *naud*, kom 65–75 % frå Telemark, Aust-Agder og oppetter langs vestlandskysten til og med Møre og Romsdal. I Buskerud og Sør-Trøndelag er det om lag jamm fordeling mellom formene, medan *nød* dominerer med vel 50 % i Oppland fylke. På Austlandet elles og nordover frå Nord-Trøndelag bruker 75 % av dei spurde *nød*.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Med ein del frekvente ord som reknegrundlag viser *Nynorsk frekvensordbok* at diftongen *øy* er brukt i 83 % mot *ø* i 17 % av tilfella i materialet frå 1978 til 1984.

Lars S. Vikør har i granskingsa si av rettskrivinga hjå ti forfattarar frå 1970-åra funne at dei alle bruker formene *aust* og *haust*. Ni har dessutan valt *draum* og åtte *straum*, berre ein *drøm* og *strøm*. Ni bruker *øy* i orda *drøyme*, *gøyme*, *gløyme*, *høyre*, *strøyme* og *øyre*, og *trøyst* er brukt av åtte. Ni skriv *røyst*. Dei monoftongformene som har fått best gjennomslag, er *kjøra* og *trøtt*, 3–4 av forfattarane bruker desse formene. Bruken av monoftongformer har elles ikkje auka om me går attende og samanliknar med 30- og 50-årsforfattarskapane Vikør undersøkte.

Åse Wetås har i det avismaterialet ho har granska, funne at diftongforma *au* står sterkt jamfört med former med monoftongen *ø*. I dei upubliserte tekstane ser derimot tendensen ut til å gå i favør av monoftongbruken, men det samla talet på treff er lite. Når det gjeld vokal-/diftongskiftet *øy/ø*, dominerer både i desse og dei publiserte tekstane formene med *øy*. Wetås nemner at i Bondebladet er det ein tydeleg tendens til å bruka monftongar, men det blir ikkje systematisk gjennomført, mellom anna finst der mange døme på *drøyym-* der det skal vera *draum-*.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Det er tydeleg at både former med monoftong og former med diftong står sterkt i talemålet, og det må ein ta omsyn til om nynorsknorma skal kjennast naturleg i store delar av landet.

b) *Skriftleg bruk*. I den skriftlege bruken står diftongane mykje sterkare enn i talemålet, og det er truleg utslag av den vestlandske dominansen i skriftleg nynorsk. Men bruken av monoftongformer er likevel så høg – altså nærare 20 % kring 1980 – at det ville vera markert å fjerne dei or nynorsknorma.

c) *Den indre bygnaden.* Den indre bygnaden i språket er ikkje påverka av desse formalternativa.

d) *Ordgruppe.* Desse orda har sterkeare preg av gruppe enn mange andre med alternative former, for så mange har eit språkleg fellesdrag utanom diftongen/monoftongen, nemleg at monoftongen/diftongen står framfor *m*, *r*, *st* eller *st*. I tillegg er skiftet mellom diftong og monoftong eit meir gjennomgåande dialektksilje i landet slik at medvit om dette som systemdrag og særkjenn truleg er sterkeare enn for ein del andre drag, som f.eks. skiftet *y* – *ø*, som viser mindre systematikk i samtidsspråket.

Skiftet *au*–*o* og *øy*–*ø* skil seg ut ved å gjelda for berre to ordstammar. Me føreslår at det lite frekvente *[tom]* går ut, men at det frekvente *flaum*/[*flom*] får halda på alternativa pga. den store geografiske utbreiinga av begge formene. Ettersom formene [*flom*] – [*flomme*] dekkjer stordelen av monoftongområdet, er det mindre bruk for forma [*flømme*], som heller ikkje står i noko systematisk forhold til eit substantiv *\*fløm*, slik f.eks. [*drømm*] står til [*drøm*]. Difor kan også [*flømme*] gå ut.

e) *Som identitetsuttrykk.* Ettersom dette så markert representerer eit dialektksilje, vil nok brukarane føle alternativa som markørar. For det meste er det her tale om regionale drag, men skiftet *øy* – *ø* kan ofte òg avspeglar eit skilje mellom sentrum og bygder.

f) *Nytt?* Denne valfridomen har altså vore lenge i nynorsk. Det nye no er at bruksområdet kan bli større for dei 16 formene som før var klammeformer.

### *Konklusjon*

Desse alternative formene med monoftong/diftong står sterkt nok i nynorsk skriftpraksis til at ein kan seia ei omlegging måtte reknast som ei markert endring av norma. I talemålet står også både monoftong og diftong så sterkt at det er rett å ta med begge.

Mindretalsframlegget frå seksjonsmøtet 13.5.02 gjekk inn for at klammeformene med monoftong skulle strykast, jf. vedlegg 3.

## 2.1.2 Konsonantar

### 2.1.2.a Ord med enkel eller dobbel *m* (typen *gamal/gammal*, *kome/komme*, *fridomen/fridommen*)

#### *Status i dag*

Nokså mange ord har valfridom mellom enkel og dobbel *m*. (På grunn av den ortografiske regelen om ikkje å ha dobbel *m* i utlyd, kjem dette fram berre i bøygde former i somme ord.) Desse orda (og avleiingar og samansetningar med dei) har valfridom i læreboknormalen i dag:

*brame/bramme* (sjå godt ut, skryta)  
*brudgom–brudgomen/brudgommen*  
*-døme/-dømme* (t.d. *bispedøm(m)e*)  
*fremje/fremme*  
*hamar/hammar*  
*home/homme* (få hest til å ryggja)  
*kiming/kimming* (synsrand)

*kome/komme*  
*leme/lemme* (partera)  
*lem–lemen/lemmen* (kroppsdel)  
*lom–lomen/lommen*  
*medlem–medlemen/medlemmen*  
*søme/sømme*  
*temje [temme]*

Ord med suffikset *-dom* får også valfri enkel eller dobbel *m* i bøygde former:  
*fridomen/fridommen, kristendomen/kristendommen.*

Ein del ord har enkel konsonant som klammeform:

<i>dom – dommen [domen]</i>	<i>plomme [plome]</i>	<i>skumme [skume]</i>
<i>dommar [domar]</i>	<i>ram – [rame] adj.</i>	<i>stam – stamme [stame]</i>
<i>dommedag [domedag]</i>	<i>ramme [rame] (vera</i>	<i>adj.</i>
<i>dømme [døme] v.</i>	<i>ram i smaken)</i>	
<i>gammal [gamal]</i>	<i>ramme [råme] (setja</i>	<i>stamme [stame]</i>
<i>kram – krammet</i>	<i>ramme på)</i>	<i>stram – stramme</i>
<i>[kramet] n.</i>	<i>rom – rommet [romet]</i>	<i>[strame] adj.</i>
<i>kram - kramme [krame]</i>	<i>n.</i>	<i>sommar [sumar]</i>
<i>adj.</i>	<i>romme [rome]</i>	<i>somme [sume]</i>
<i>kummar [kumar]</i>	<i>rømme [røme]</i>	<i>tam – tamme [tame]</i>
<i>lam – lamme [lame]</i>	<i>rømme [rjome]</i>	<i>adj.</i>
<i>adj.</i>	<i>skum – skummet</i>	<i>temje [temme]</i>
<i>lamme [lame] (gjera</i>	<i>[skumet] n. (laga</i>	<i>tom – tomme [tome]</i>
<i>lam)</i>	<i>skum)</i>	<i>tømme [tøme]</i>

### Framlegg

Desse orda og bøyingsformene skal ha valfridom mellom enkel og dobbel *m* innanfor den nye rettskrivinga: *brudgom* – *brudgomen/brudgommen*, *-døme/-dømme*, *hamar* /*hammar*, *kome/komme*, *leme/lemme* (partera), *lem* – *lemen/lemmen* (kroppsdel), *lom* – *lomen/lommen*, *medlem* – *medlemen/medlemmen*, *sommar/sumar*, *somme/sume*, *søme* /*sømme*, *temje/temme*. (29 av formene ovanfor under *Status* går dermed ut, jf. kap. 3.)

Det står ikkje i vedtaket, men me går altså inn for å omvurdera 2000-framlegget om *-dom* m1 el *-dommen* *-dommar* > *-dom* m1 el [-*dommen* *-dommar*] (jf. konklusjonen).

### Normhistorikk

I landsmålet rådde stort sett enkel *m* til 1917; då kom dobbel *m* inn i ein del ord. Enkel *m* var hovudform og *mm* klammeform fram til 1959, då vart det snudd tvert om for ein del ord, som vist ovanfor der begge skrivemåtane vart jamstilte i læreboknormalen. Denne oppvurderinga av dobbelkonsonantar gav svært tydelege utslag i mengda av oppføringar i ordblistene.

Skrivemåten med dobbel *m* i suffikset *-dom* som kom inn i 1917, vart då kalla "valfri form" og difor sett i klammer. I 1938 gjekk forma med *mm* ut att, medan Framlegget i 1957 har jamstilte former med enkel eller dobbel *m* i suffikset i bøyingsformer av ord som *ungdom*, *rikdom*, *fridom*.

Årsmøtet i 2000 gjekk inn for å setja endå fleire av formene med enkel *m* i klammer, nemleg [*brame*, *brudgomen*, *hamar*, *home*, *kiming*, *lemen*, *leme*, *lomen*, *søme*].

### Talemålsgrunnlag

Hovudmønsteret for enkel og dobbel konsonant (eller lang og kort vokal framfor) er at

vestlandsk jannast held på enkel konsonant. Men ved *m* gjeld ikkje dette, for her er konsonanten svært ofte forlengd også i vestlandske dialektar. Dermed kan ein sei at dobbel *m* er det dominerande mønsteret i norsk talemål. Men her er nokre variasjonar frå ord til ord.

Talemålsundersøkinga som Norsk språkråd fekk utført i 1999, viser at forma *komma/ komme* var brukt av 74 % av dei spurde. Forma med kort vokal var brukt av meir enn 20 % i åtte fylke. Av dei sa 66 % av dei spurde i Rogaland *koma/kome*, i Buskerud og Telemark gjorde 55 % det, og i Oppland var talet 52 %.

Ettersom suffikset *-dom* i dei fleste orda står trykklett, blir ikkje lengda på vokalen (og konsonanten) fonologisk relevant og dermed heller ikkje vokallengda slik at ein har heilt klår kjensle av enkel eller dobbel *m*, som f.eks. i *fridom*. Lengda blir derimot tydeleg i trestavingsord som *kristendom*. Me har fåe opplysningar om utbreiinga av dei ymse formene, men kan rekna med at der uttalen av suffikset har *å*, er vokalen kort; der uttalen er med *o*, kan han vera både kort og lang.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Forfattarar frå 70-åra brukte hovudformene med dobbel *m*, viser Vikørs undersøking, bortsett frå ved *koma*, halvparten hadde valt den forma, som var jamstilt med *komma* etter 1959. 50-årsforfattarane brukte også hovudformene, men dei var då med enkel *m*, og bruken av dei tradisjonelle formene er òg framherskande i det undersøkte materialet frå 30-åra. Åtte av forfattarane brukte då *gamal*, ni *koma* og åtte *tome*. Forma med dobbel konsonant som var mest utbreidd i dette materialet, var *sommar*, som fem av 30-årsforfattarane hadde valt.

I lokalavisene Wetås undersøkte, var det dobbelt så mange førekommstar av [gammal] som *gammal*. Same tendensen er det i søk på *gammal-* [gammal-] som førsteleddet i samansetjingar. Formene *koma* og *kome* er også mykje meir frekvente enn dei tilsvarande med dobbel konsonant. Det same viser søk i Bergens Tidende og i nynorske aviser i Norsk tekstarkiv. I det upubliserte materialet er det ingen tydeleg tendens, der finn Wetås *gammal* brukta sju og [gammal] seks gonger.

Berre *rjomegraut* (1) / *rømmegraut* (8) og *skume* (0) / *skumme* (2) er registrerte i *Nynorsk frekvensordbok*.

Med utgangspunkt i eit lite materiale for typen *-domen/-dommen* er det mogleg å slå fast at begge skrivemåtane tydeleg finst, men at enkel *m* dominerer.

#### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Dialektgrunnlaget er klårt sterkest for skrivemåtar med *mm*, men *m* har òg bra grunnlag. Talemålsutbreiinga for dei to skrivemåtane av suffikset *-dom* er uviss.

b) *Skriftleg bruk*. I skrift er tendensen til å bruka enkel konsonant nokså sterkt.

c) *Den indre bygnaden.* Den indre bygnaden i språket blir ikkje skipla av eventuelle endringar på dette punktet, for det er uansett ein del ord med obligatorisk dobbel *m* (f.eks. *lammet*) eller med obligatorisk enkel *m* (f.eks. *same*).

d) *Ordgruppe.* Desse orda har ingen andre gjennomgåande eigenskap enn nettopp alternativ skrivemåte av *m*. Det er såleis ikkje tale om ei tydeleg gruppe som ein kan bestemme orda i ut frå andre attkjennelege særdrag. Men at me har alternative skrivemåtar i mange ord med nett denne konsonanten, er nok velkjent, slik at språkbrukarane er opne for denne variasjonen. Men pga. at orda ikkje har tydeleg gruppestatus, er det her relevant å leggja vekt på prinsippet om frekvens, jf. prinsipp 4 under punkt 1.6.

Skrivemåten *-domen/-dommen* er her avgrensa til dette eine suffikset, og såleis er det ei svært klår ordgruppe, dessutan er ordgruppa med dette suffikset nokså frekvent.

e) *Som identitetsuttrykk.* Enkel *m* blir nok oppfatta som ei markering av tradisjonell stil i somme ord, f.eks. *sumar* og *sume*. Elles er dei fleste variantane nokså nøytrale og ikkje typiske identitetsuttrykk.

Skrivemåten *-domen* eller *-dommen* her er kanskje ikkje brukt som noka markering av regionalitet eller modernitet. Men den som ynskjer å markera tradisjonalitet, vil neppe bruka *mm*.

f) *Nytt?* Her blir det nokre endringar jamført med rettskrivinga i dag ved at gruppa av valfrie ord blir redusert, og at 29 enkeltformer blir tekne ut or norma. Men ettersom dei 29 orda er lite frekvente, skulle dei praktiske konsekvensane vera reduserte.

### *Konklusjon*

På møtet 13.5.02 vedtok seksjonen at lite frekvente former med enkel *m* skulle gå ut or norma.

Utbreiinga i både talemålet og skriftmålet talar for at ein held oppe ein viss valfridom her. Å "rydda opp" for å laga eit heilt enkelt system, har også vist seg å vera svært vanskeleg, for tendensane er så ulike frå ord til ord. Det einaste som kan gjerast for ikkje å "overdriva" valfridomen, er å ta ut valfrie former i svært lite frekvente ord, ettersom gruppa ikkje har andre felles særmerke enn denne *m*-en. Dei orda me då står att med i framlegget til kva ord som skal ha valfrie skrivemåtar, er slike me meiner er nokså frekvente og/eller viktige som identitets- og stilmarkørar. Jamfør elles punkt 3.3.1.

Mindretalsframlegget frå 13.5.02 gjekk inn for at formene med enkel *m* gjekk ut, jf. vedlegg 3.

Det er parallelitten med valfridomen *m/mm* i enkeltord som gjer det naturleg å la den også omfatta suffikset *-dom*. I 2000 gjekk årsmøtet inn for å setja skrivemåten med *mm* i klammer, men det er truleg ikkje rett å sløyfa han frå norma. Han er trass alt så

vanleg i både skrift og tale at ei slik endring for mange ville kjennast som pålegg om ein ny og uvand skrivemåte.

### 2.1.2.b *n/nn, t/tt og k/kk i gamle kortstava ord (typen ven/venn, skot/skott, lok/lok)*

#### *Status i dag*

Gjeldande rettskriving har desse valfrie formene med den nemnde sluttkonsonantmen i stammen:

<i>n/nn</i>	<i>t/tt</i>	<i>k/kk</i>
<i>dane/danne</i>	<i>lut/lott</i>	<i>møk/møkk</i>
<i>drøn/drønn</i>	<i>[net] nett</i>	<i>lok/lok</i>
<i>lining/linning</i>	<i>[not] nøtt (og nate-/nøtte-)</i>	<i>kjøken/kjøkken</i>
<i>løn/lønn</i>	<i>skot/skott n.</i>	<i>fok/fokk</i>
<i>mon/monn</i>	<i>brot/brott</i>	<i>lek/lekk</i>
<i>skjøn/skjønn</i>	<i>kjøt/kjøtt</i>	<i>rok/rokk</i>
<i>støn/stønn</i>	<i>skut/skott m.</i>	
<i>ven/venn</i>	<i>[kot] kott</i>	
<i>venje [venne]</i>	<i>vit/vett</i>	
	<i>vitug/vettug</i>	
	<i>krøter/krøtter</i>	
	<i>skit/skitt</i>	
	<i>skiten/skitten</i>	
	<i>setje - set [sette - sett]</i>	
	<i>sitje - sit - sat [sitte - sitt - satt]</i>	
	<i>set [sett] (det å setja, noko som er sett)</i>	

#### *Framlegg*

Valfridomen blir halden ved lag i desse tre gruppene (gamle kortstava ord med stammeutlyd på *n/nn, t/tt og k/kk*) med unntak av *sett* og *let* (farge), jf. 3.3.1. Det vil seia at *net, not, kot, sette og sitte* blir jamstilte former.

#### *Normhistorikk*

Dette er gammelnorske ord med kort rotvokal og kort endekonsonant. Det tidlege landsmålet følgde her dei norrøne formene med enkelskriving av konsonanten. Dei fleste valfrie formene med dobbelkonsonant kom inn i nynorsk ved rettskrivingsreforma i 1917. *Tilråding om ny rettskriving* 1934 nemner at dobbelformene med enkel-/dobel-konsonant i utlyd har eit så sterkt språkhistorisk og språkgeografisk grunnlag at det

ikkje er tilrådeleg å tvinga fram obligatoriske former. “Det er etter vårt skjønn ingenting annet å gjøre enn å la utviklingen gå sin gang og la tiden avgjøre spørsmålet.” *Nett, nøtt, og kott* har vore obligatoriske hovudformer sidan 1959, og *kjøk(k)en* fekk då valfridom.

Aasen	<i>skot</i>	<i>kot</i>	<i>lìt</i>	<i>lok</i>	<i>vìn</i>
1901			<i>lit</i>		<i>ven</i>
1917	<i>skot/skott</i>	<i>kot/kott</i>	<i>let/lett</i>	<i>lok/lokk</i>	<i>ven/venn</i>
1938					
1959					
2000			<i>let</i>		

### Talemålsgrunnlag

Desse tre ordgruppene hører med til ei gruppe einstavingsord som hadde kort staving i stamma, dvs. at både vokalen og konsonanten bak var korte. Hovudmønsteret for utviklinga i desse orda er at vestlandsk og midlandske (utanom Gudbrandsdalen) har forlengt vokalen, medan resten av landet har fått forlengt konsonanten.

### Skriftmålsgrunnlag

I materialet som Vikør såg på (Vikør 1995), var *løn* noko meir brukt enn *lønn*, *venn* mykje meir enn *ven*. Formene med enkel -t er føretrekte, 10 bruker *brot* og 5 *skot*, ingen valde *brott* og *skott*. Derimot er *kjøtt-* brukt i to samansetningar, medan *kjøt* finst hjå sju av forfattarane. Vikør finn at seks skriv *kjøkken*, fire *kjøken*. Samanliknar me med formbruken hjå utvalde forfattarar i 30- og 50-åra, ser me at formene med enkel konsonant har halde seg. Det klare unntaket er forma *venn*, som 8 av dei 10 forfattarane frå 1970-åra brukte.

### Vurdering

a) *Talemålsutbreiinga*. I talemålet står formene med kort vokal (som altså svarar til dobbel konsonant i skrift) som dei dominerande i landet.

b) *Skriftleg bruk*. Somme ord har fått dominans av dobbelkonsonant i skriftleg nynorsk, men oftast står alternativa med éin konsonant sterkest.

c) *Den indre bygnaden*. Språkbygnaden blir ikkje skipa av endringar i valfridomen i desse orda.

d) *Ordgruppe*. Desse orda har ikkje noko svært eintydig språkleg fellesdrag utover nettopp dette med valfridomen i enkel-/dobbelskriving av den aktuelle konsonanten. I tillegg kan ikkje vokalane *a*, *æ* og *å* stå i desse orda. (Etter den etymologiske systematikken skulle heller ikkje *i* ha stått her, men *vit* og *kvik* har fått halda på *i-en*.)

For språkbrukaren er desse orda neppe noka gruppe ut frå anna enn kjennskap til

at dei har utbreidd variasjon i både tale og skrift i norsk. I normeringshistoria har det òg vore vanskeleg å regulera orda i samla grupper, og det har ikkje vore heilt klåre mønster for kva dobbelskrivingar som har vore tillatne, for kva ord som har vore jamstilte former, og kva skrivemåtar som har vore klammeformer.

e) *Som identitetsuttrykk.* Dei som vil markera lojalitet til tradisjonell nynorsk, vil nok konsekvent halda på skrivemåtar med enkel konsonant i desse gruppene. I markert moderne nynorsk finn ein nok temmeleg gjennomført dobbelskriving av *n* og truleg ein del dobbelskriving av *t*.

f) *Nytt?* Dette framlegget stryk forma *set*, som er eit lite brukt ord. Elles kan etablerte skriveauar leva vidare. Når ein tek bort klammeformstatusen, vil tre ordformer få større bruksområde.

### *Konklusjon*

Utbreiinga for både enkel- og dobbelkonsonant er så stor i både tale og skrift at det er rimeleg å halda på valfridomen. Gjennomslaget for den eine eller den andre forma skiftar mykje frå ord til ord, men me har ikkje funne at det gjev grunnlag for å gå igjennom orda på nytt med tanke på å redusera valfridomen. Å gå berre etter frekvensen i skrift her ville ikkje ha gjeve noko mønster som var til hjelp. Men ved å halda på valfridomen i heile gruppene kan flest mogleg orientera seg ut frå talemålet sitt.

Ordet *set* [*sett*] (det å setja, noko som er sett) ligg i tyding så nær ordet *sett* (som berre finst i forma med *tt*) at det kan vere vanskeleg å skilja dei (*sett*: byggjesett; på sett og vis). Når uttalen *sett* er utbreidd, dei to orda heng etymologisk saman, og ordet *set* [*sett*] er svært lite frekvent, er det god grunn til å slå dei saman og rekna dei som eitt ord i ordbökene. Då er det òg rimeleg å la *sett* vere eineforma.

### **2.1.2.c. Former med og utan *j* etter *g* og *k* (typen *tenkje/tenke, bryggje/brygge*)**

#### *Status i dag*

Etter gjeldande rettskriving finn ein valfrie skrivemåtar med og utan *j* i desse verba og svake hokjønnssorda:

Verb: *brengje, bryggje, byggje, bleggje, deggje, dengje, dyngje, eggje, flengje, glyggje, hengje, hyggje, klengje, kneggje, leggje, lengje, liggle, mengje, nyggje, ryggje, skjeggje, skyggje, sleggje, slengje, styggje, tryggje, tyggje, bleikje, brikje, bøkje, bøykje, eikje, flikje, føykje, hykje, kikje, klyngje, krøkje, kveikje, likjast, mykje, møykje, rikje, røykje, skräckje, sleikje, slikje, smeikje, snikje, spekje, sprikje, spækje, spøkje, steikje, sòkje, veikje, vikje, benkje blenkje enkje, krenkje, lenkje, skjenkje, tenkje, blekkje, dekkje, flekkje, klekkje, klykkje, kløkkje,*

*knekkje, kvekkje, lekkje, nykkje, rekkje, (v)rengje, ringje, rykkje, sengje, skjekkje, skjekkje, skrykkje, sløkkje, sprekkje, sprekke, stekkje, stengje, strekkje, stykkje, støkkje, svekkje, svengje, søkkje, tekke, trekke, trengje, strengje, trykkje, tykkje, vekkje, rykkje (og partisippet -veggja [-vegga])*

Svake hokjønnsord: *briegje, bryggje, dengje, fengje, flengje, hengje, hyggje, klengje, klyngje, krykkje (staven), lengje, (v)rengje, ringje, slengje, slyngje, vengje, tyggje, enkje, rekkje, sleggje, lykkje, drykkje, skjøkje, skrikje, sløkje*

I dei fleste av desse tilfella er forma utan *-j-* klammeform, men i nokre tilfelle er det tale om jamstilte hovudformer, som t.d. i: *enkje/enke* v. (jamre), *ryggje/rygge* v.

### *Framlegg*

Former som i dag har valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på eine sida og *g* og *k* på hi sida, skal også ha det i den nye rettskrivinga.

### *Normhistorikk*

Skrivemåte med eller utan *j* etter *g* og *k* framfor endingsvokal har alltid vore eit vanskeleg spørsmål i nynorsk. I *Prøver af Landsmaalet* (1853) skreiv Ivar Aasen om dette:

I Endestavelserne har jeg her kun skrevet *gj* og *kj* i de Tilfælde, hvor det allernødvendigst må uttales, saasom Vegjer, tenkjer. Men det vilde være ønskeligt, at det også maatte blive saaledes uttalt i flere Tilfælde, f. Ex. Rike, Merke, myket o.s.v. Da imidlertid ingen bestemt Regel i dette Tilfælde kan uddrages af Dialekterne, maa enhver læse Ordene saaledes som han er vant til at uttale dem.

I ordboka frå 1873 bruker Aasen noko skiftande praksis, men i 1917 vart det gjennomført ein meir konsekvent skrivemåte utan *j* i inkjekjønnsord på *-e* (*Ynske* > *Ynske*), adjektiv på *-en* (*brikjen* > *briken*) og vidare i fleirtal av hankjønnsord (typen *sekker, vegger, venger*). Men framfor *-a* i bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord kunne ein skriva *j*, slik at ein kunne få bøyninga *merke/merkja*. Ny rettskriving 1938 gjennomførte som klammeformer *j*-bortfall føre *-ing* og tok opp skrivemåten *-gg-* som klammeform, t.d. *bryggje* [*brygge*], men *j*-en kunne ikkje takast bort etter *k*, slik at ein kunne skrive *bygga*, men måtte skrive *tenkja*. Derimot skulle ein no skriva både *bygging* og *tenking*.

Palatalyden har heile tida fått stå fast i visse lydsamband. I *-lgj-, -rgj-* og vokal + *gj* kan *j* såleis ikkje sløyfast (*følgje, sorgje, lægje*), og for verb gjeld det òg *-skj-* (*ønske*). (-*sk* i substantiv derimot står utan *j*, som i *eit ønske* og slik hovudmørnsteret er for inkjekjønnsord, medan inkjekjønnsordet *følgje* har obligatorisk *j*).

Deiorda som har valfridom i dag, er i all hovudsak ord som i norrønt hadde *gj* eller *kj*, jf. *hengja* og *bryggja*. Dette er ordformer som i norrønt hadde endevokalen *-a*

bak *g* eller *k*. I substantiva gjeld dette berre svake hokjønnsord, som *bryggje/brygge*, som har same ordstamma gjennom heile bøyninga:

*bryggje – bryggja – bryggjer – bryggjene*  
*[brygge] – [brygga] – [brygger] – [bryggene]*

Substantiv som i ein del dialektar har skifte mellom palatal og ikkje-palatal uttale, som f.eks. *vegg – veggjer*, har ikkje vore aktuelle i denne samanhengen etter 1917. Dette er ordformer som i norrønt hadde endingsvokalen *-i* etter *g* eller *k*.

I verba har ein følgjt eit litt anna system ved at presens på *-er* har *j* der infinitiven har *j*, det same gjeld avleiningar med *-ar*, *-ende*, *-ande* og bindevokalen *-e-*, medan partisipp av sterke verb og verbalsubstantiv på *-ing* ikkje får *j* (altså: *tenkje – tenkjer*, men *tenking* og *liggje – lege – ligging*). Dei aktuelle verba kan delast i tre grupper: Sterke som kan ha *-j-* i infinitiv: *liggje* (men ikkje f.eks. i partisippet *lege*), nokre e-verb som kan ha *-j-* i infinitiv og presens: *tenkje – tenkjer* (som skifter då med *j*-lause former framfor konsonantendingane i preteritum og partisipp: *tenkte – tenkt*), og nokre a-verb, som har *j-en* i alle bøyingsformene: *knleggje – kneggjar – kneggja – kneggja*.

Unntaka frå dette er altså ord med *lgj*, *rgj* og *skj*, som nemnt ovanfor.

Den historiske utviklinga i nynorsk kan illustrerast slik:

Aasen	<i>snik(j)en</i> adj.	<i>veggjer</i>	<i>yrk(j)e</i>	<i>fylgje</i> n.	<i>bryggja</i> f.	<i>byggja</i>	<i>byggjer</i>	<i>byggjing</i>	<i>lege</i> pts.
1901									
1917	<i>sniken</i>	<i>vegger</i>	<i>yrke</i>	<i>fylge</i>					
1938				<i>fylgje</i> <i>[følgje]</i>	<i>bryggje</i> <i>[brygge]</i>	<i>byggja</i> <i>[bygga]</i>	<i>byggjer</i> <i>[bygger]</i>	<i>byggjing</i>	
1959				<i>følgje</i> <i>[fylgje]</i>					
Framlegg 2000									

### Talemålsgrunnlag

Kva former som har såkalla palatal (eller mjuk) uttale av *g* og *k* i mange av dei norske dialektane, forstår ein lettast om ein tek utgangspunkt i norrønt. Det gjeld anten ordformer som der hadde endingsvokalen *i* etter *g-en* og *k-en* (f.eks. *bokin* for 'boka', *hengir* for 'hengjer'), eller om ordformer som i norrønt har skrivemåte med *j* etter *g* og *k* (f.eks. *bryggja* og *hengja*) pga. at det i urnordisk hadde stått ein *i* bak *g-en* og *k-en*. Sjølv om *i-en* har vorte endra til andre vokalar i dei fleste dialektane, har palataluttalet halde seg opp til vår tid i svært mange dialektar i dei formene som hadde endingsvokalen *i* i norrønt, som f.eks. uttalen *bokja* for *boka*.

Området som har hatt palatallyd, har vore svært stort. Mest av palatal uttale

(“mjuk”, med *j*) er det i vestlandsmåla og i målføra i Agder (utanom kystbygdene), i Indre Telemark og i fjelldalane austpå, vidare i Trøndelag og Nord-Noreg. Minst av palatal uttale er det i flatbygdene på Austlandet, særleg frå Romerike og sørover, og i ei stripe langs kysten. Bymåla har lite av palatal uttale. Uttalen skifter elles mykje i ulike lyd- og ordgrupper, i mange tilfelle går den palatale uttalen over store delar av det sør austlandske området, t.d. i ord som *stykke* (*stykkjy*), *nykel* (*nykjyl*), *krykkje*, *kyrkje*, *øskje*. I *bikkje* er palatal uttale allmenn. Langt utanfor det vanlege området for palatalisering går likeins adverbet *ikkje*. Og på grunn av lydutviklinga i konsonantsambanda *lg* og *rg* (jf. austlandsk *elg* > *alj* og *arg* > *arj*) blir ord som *bølgje*, *følgje*, *svelgje* og *sørgje* uttala med *j* over store delar av landet.

Gjennom 1900-talet har bruken av palatallyd framfor endingsvokal minka svært mykje, og ei årsak har truleg vore at eit skifte mellom palatal og ikkje-palatal uttale i same ordet gjev ein meir innvikla grammatikk som er vanskeleg å halda oppe i lite stabile samfunn. Det viser seg i tendensar til å halda på palataluttale lenger i ordgrupper som har denne uttalen i alle eller fleire bøyingsformer (*bryggje*-typen), enn i ordgrupper med palatal i berre éi bøyingsform (f.eks. *marka*).

Men også i typane der *j*-en står i fleire bøyingsformer, har palatalen hatt ein sterk tendens til å vika, slik at mange dialektar ikkje lenger har *gj*-lyd framfor ending (altså typen *bryggje*), og *kj*-lyden står også berre i svært få ord. (*Bikkje* bruker vera eit unntak.) By- og sentrumsmål er og har vore særprega av ikkje-palatal framfor endingsvokal, forståeleg nok. (Formene *ikkje* og *mykje* skil seg ut ettersom *e*-en her ikkje er ending.)

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Landsmålet og nynorsken har altså frå første tid vore prega av noko ustøe i markeringa av palatal uttale. Det har golde både for norma og i skriftleg praksis. I 30-åra finn Vikør (Vikør 1995) stor variasjon frå ord til ord hjå fleire av forfattarane, men hovudtendensen er ei femti-femti-fordeling for ord med og utan *j*. *J*-ane var obligatoriske i rettskrivinga før 1938. Likevel vart dei i hovudsak utelatne av halvparten av dei undersøkte forfattarane frå den tida. Fem av ni forfattarar brukte *j*-formene også i 50-åra, ein sløyfa *j*-en, og dei tre andre var inkonsekvente i bruken. Hjå 70-årsforfattarane er det ei klår todeling i å sløyfa og ikkje sløyfa *j*-ane.

Wetås har søkt på former med eller utan *j* i lokalaviser, og ho har funne at resultatet av søka er litt påfallande.

For dei fleste av verba står hovudformene med *j* sterkare enn klammeformene utan. Men dette ser ikkje ut til å gjelda tilhøvet mellom hovudformene *leggja/-e* (74 treff) og *byggja/-e* (75 treff), og dei tilhøyrande klammeformene [leggje] (54 treff) og [bygge] (75 treff). Her må det kommenterast både at frekvensen av klammeformene er overraskande høg, og at det berre er klammeformene med *-e* dette gjeld. For desse søka er det

også viktig å peika på at fordelinga i bruken av hovudformer og klammeformer er mykje jamnare enn fordelinga mellom hovud- og klammeformer innanfor andre kategoriar. (Wetås 2001a:8)

Søk i Bergens Tidende viser at hovudformene med *j* er mykje meir brukte, det same resultatet får Wetås ved å søkja på nynorske aviser i Norsk tekstarkiv. *Tenkj\** gav her 458 treff, *tenke* 115 og *tenka* 58 treff. I det upubliserte materialet er det vanskelegare å lesa nokon eintydig tendens ut av resultatet, skriv Wetås. I mange tekstar er det intern variasjon, men det ser ut til at formene med *j* er noko meir utbreidde.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga* for *j*-former minkar sterkt, og ettersom *j*-lause former forståeleg nok står sterkest i lokalsamfunn med liten stabilitet, kan ein rekna med at den utviklinga kjem til å halda fram.

b) *Skriftleg bruk* viser at begge alternativa er mykje i bruk, og bruken av *j*-lause former har auka i bruk.

c) *Den indre bygnaden* i språket blir ikkje skipa. Talet på bøyingsklassar er ikkje forskjellig i dei to alternative systema, for *j*-forma er ikkje knytt til nokon eigenskap ved bøyingsklassen (jf. *ei vogge*, *å smake* – *smaker* som aldri kan ha *j*). *J*-formene er såleis ein liten grammatisk komplikasjon. Begge dei valfrie systema svarar til dialektsystem.

Problemet ved dette draget når det gjeld indre bygnad, er nok meir at nynorsken ikkje har eit heilt konsekvent system for vekslinga mellom former med og utan *j*, jf. drøftinga ovanfor. Det har vore eit problem i alle normeringsfasane, og det er ikkje grunn til å prøva på noka strukturomlegging no. Fordelane med det gjeldande systemet i nynorsk er at dei grammatiske kategoriane *j*-former dukkar opp i, er så fåe og oversiktlege.

d) *Ordgruppe*. Orda med og utan *j* etter *k* og *g* utgjer store ordgrupper med ein felles lydleg eigenskap innanfor fåe bøyingsklassar og bøyingskategoriar, og dermed er eit viktig overordna krav ved revisjonen overhalde.

e) *Som identitetsuttrykk* spelar nok denne *j*-en ei rolle, for dei som ynskjer å bruka ei språkform som har tradisjonspreg, vil naturleg nok halda på *j*, ettersom han særpregar både dei eldste dialektstadien og var eit særdrag ved eldre nynorsk. På hi sida vil dei som legg vekt på å markera ein sentrumsidentitet, naturleg nok ikkje bruka så mange *j*-former, for sentrumsmåla har nettopp *j*-lause former som felles særdrag.

f) *Nytt?* Denne valfridomen innfører korkje nye former eller tek ut gamle former, slik at språkbrukarane kan halda på dei innovde språkvanane sine. Ei endring etter framleggget

her gjev dei fleste av dei *j*-lause ordformer vidare bruksområde. Ingen former blir tekne heilt ut av norma.

### *Konklusjon*

Utbreiinga i både talemålet og skriftmålet er så stor at nynorsknorma må ha plass til denne valfridomen. Det gjeld her ei nokså lettkjenneleg ordgruppe, slik at kompliseringa i norma ikkje svarar til det nokså høge talet (om lag 125) på enkeltord som valfridomen omfattar. I den personlege språkbruken verkar det også som skiljet mellom former med og utan *j* betyr mykje.

Mindretalsframleggget frå 13.5.02 er usamd i denne konklusjonen, jf. vedlegg 3.

## 2.2 Formverket

### 2.2.1 Substantiv

#### 2.2.1.a Valfritt genus (typen *ein/ei klasse, ein/ei pakning*)

##### *Status i dag*

Nokså mange ord har valfritt genus, og alle slike alternativ står innanfor læreboknormalen.

##### *Framlegg*

Dei substantiva som har valfritt genus i gjeldande rettskriving, får halda på det, med unntak av *trast/trost* som får obligatorisk hankjønn mot før valfritt ho-/hankjønn.

For å få betre indre systematikk og betre samsvar med talemålet gjekk årsmøtet i 2000 inn for at reglane nedanfor skal gjelda for ord med *ing-* og *ning-*suffiksa, og me fører det vidare som framlegget her:

- 1 Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnssuffiks.
- 2 Verbalsubstantiv med *-(n)ing* er hokjønnsord utan unntak (t.d. *utbygging, forvalt(n)ing*).
- 3 Nemningar på personar og dyr på *-(n)ing* er hokjønnsord (t.d. *sørlanding, villstyring, flyktning, slektning*) unntake når det biologiske kjønnet tilseier hokjønn (t.d. *dronning, kjerring*).
- 4 Desse orda med suffikset *-ning* er valfritt hokjønns- eller hankjønnsord: *anretning, binding* (ski-), *festning, fletning* (flettverk), *forlegning* (militær-), *frysning, halvning* (halvpart), *klovning* (kløyvd stokk), *kokning* (porsjon kokt på ein gong), *krysning, legning, linning, lysning* (i skogen), *løysning* (oppløyst stoff), *munning, pakning, pasning, rivning, sikring* (elektrisk), *spenning* (= vidjering), *steikning, stikning*. (Av denne bolken har i dag desse orda berre hankjønn: *fletning, forlegning, frysning, halvning, klovning, kokning, lysning, munning, rivning, spenning, steikning, stikning*. *Festning* er no obligatorisk hokjønnsord, dei andre er alt valfrie.)
- 5 Desse orda med suffikset *-ing* eller utgang på *-ning* (ikkje suffikset *-ning*) er hankjønnsord: *allmenning, botning* (blindtarm el. fjerde magen på dyr), *bygning, doning* (kjøretøy), *dønning, gjødning, grunning* (= grunne), *honning, kledning, klinning* (brød el. lefse), *-kroning* (t.d. femkroning), *krusning, ladning, leidning, penning, presenning, renning* (= rotskot), *terning, tinning, våning, -øring* (t.d. femøring). (Her er endring berre for *doning*, som no er valfritt hokjønn eller hankjønn.)

### *Normhistorikk*

Somme substantiv kan ha jamstilte skriftformer med to, nokre har jamvel med tre genus. Grunnane til denne valfridomen er at ein del genusovergangar har så stor utbreiing at dei har fått feste i skriftspråket. Dessutan er mange importord tekne inn med skiftande genus i dialektane og dermed i skriftmålet.

Det blir nemnt i Framlegg (1957) at mange ord som har hatt skiftande kjønn, skulle kunna greia seg med eitt, det som er dominerande i målføra. Men i andre ord er det såpass sterkt dialektgrunnlag for meir enn eitt kjønn at dei bør vera tillatne med skiftande genus.

Dei fleste genusvala står mellom hokjønn og hankjønn. Dei normeringsvedtaka som Språkrådet har gjort i substantiv etter 1959, har ført til at særleg gruppa med valfri hankjønns- og inkjekjønnsbøyning har vakse. Ord for nokre kjemiske sambindingar og ymse nemningar for musikkuttrykk har kome i denne gruppa, dessutan ein god del verbalabstrakt og ord for ting med same form som stamma i verba, t.d. *hark, glis, nys*.

I 2000 gjekk årsmøtet inn for at *trast/trost* skal vera obligatorisk hankjønnsord.

Av dei ordgruppene som har valda litt problem, er ord laga med suffiksa *-ing* og *-ning*. Aasen let svært mange *ning*-ord vera hokjønnsord (f.eks. *ei bygning* og *ei ladning*), men ordlistene på 1900-talet gjorde desse substantiva meir og meir til hankjønnsord. Største omlegginga skjedde med nyutgåva frå 1931 av *Norsk grammatikk* ved Leiv Heggstad, som òg får følgjer for normeringa i 1938. Heggstad knyter både *ning*-suffikset og hankjønn til konkret tyding, medan Aasen lét tendensen til konkret tyding liggja i suffikset *-ning* uavhengig av kjønnet. Frå 1938 vart altså tendensen til hankjønn i desse orda forsterka i nynorsk, og dermed oppstod ein del avvik frå både talemålet og praktisert nynorsk.

Språkrådet prøvde å regulera dette tydelegare med vedtak i 1987. Fagnemnda arbeidde med saka att i 1997 og prøvde då både å få til betre samsvar med genusbruken i talemålet og å etablira ordgrupper etter innhaldet, slik som i framlegget ovanfor, der sistepunktet (5) blir ein restkategori jamført med gruppene ovanfor. I 1999 gjekk fagnemnda litt tilbake på systematiseringa og flytte *bygning, gjødning, kledning, krusning, ladning, leidning* ut frå gruppe 4 og over til unntaksgruppa med den grunngjevinga at utbreiinga av hokjønn i skriftleg bruk ikkje var stor nok til å gjera ei endring. Rådsmøtet i 2000 gjekk så inn for denne siste versjonen av reglane, som me no tek opp att her.

### *Talemålsgrunnlag*

Det finst visse geografiske mønster for utbreiinga av genus i ein del ord. Ord på *-ing* og *-ning* har sterkt tendens til å vera hokjønnsord i nordvestlandsk, trøndersk og nordnorsk (jf. *ei bygning, ei gjødning*), men også Vest-Agder og Østfold er to mindre sentrum for hokjønn i slike ord. I Hordaland står derimot hankjønn sterkt i ord med desse suffiksa.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Vi har ikkje undersøkt frekvensen av dei ymse genusalternativa i nynorske tekstar.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Talemålet har godt grunnlag for alternative genus.

b) *Skriftleg bruk*. Me kjenner ikkje godt nok til variasjonsmönstera her.

c) *Den indre bygnaden*. Strukturen i språket er ikkje påverka av mindre skiftingar i genus på enkeltord. Men freistnaden på regulering av suffiks og genus som kom med Heggstads grammatikk i 1934, handla om å skapa ein struktur, men han var ikkje i godt samsvar med talemålet. Den vidareutviklinga i reglane som kom i 1987 og 2000, er ein freistnad på både å få betre samsvar med talemålet og å få tydelegare indre struktur.

d) *Ordgruppe*. Det finst visse tendensar til at innhaldet i orda verkar inn på kva kjønn orda har. For hovudmassen av ord med valfritt genus, er det vanskeleg å peika på slikt, og dei orda utgjer difor inga naturleg ordgruppe med uavhengige kjennemerke. Derimot utgjer ord laga med *-ing* og *-ning* ei naturleg gruppe, og dei har i tillegg til sjølve suffikset visse semantiske fellesdrag.

e) *Som identitetsuttrykk*. Genuset på orda blir neppe brukt som identitetsuttrykk eller regional markering.

f) *Nytt?* Dei foreslårte reglane gjev nokre fåe endringar i norma, men ettersom dei er knytte til reglar, skulle det vera enkelt å formidla desse endringane.

### *Konklusjon*

Me finn det ikkje rett å koma med andre endringar i valfridomen for genus enn den som gjeld avleiingar med *-ing* og *-ning*. Det ville i tilfellet ha kravd eit mykje større grunnlagsarbeid med å undersøkja utbreiing og frekvens enn det me kan utføra no. Men endå viktigare er det at me heller ikkje er overtydde om at den valfridomen som no finst, er noka ulempe, for her må språkbrukarane i stor grad byggja på talemålskjensla si så lenge det ikkje er mogleg å forklara avvik med tydelege generaliseringar. Ordtilfanget må av den grunn behandlast annleis enn strukturdrag i formverk og lydverk.

### 2.2.1.b Hankjønnsord med -ar/-er i fleirtal (typen *benkar/benker*, *bunadar/bunader*, *sofaar/sofaer*)

#### *Status i dag*

Ei undergruppe av hankjønnsorda har hovudform med -er i fleirtal og klammeform med -ar. Dei fleste endar på konsonant + -g, -gg, -ng, -nk og -kk:

<i>bekk</i>	<i>serk</i>
<i>belg</i>	<i>skjeng</i> (brei stripe)
<i>benk</i>	<i>skjenk</i>
<i>dreng</i>	<i>sleng</i>
<i>drikk/drykk</i>	<i>stegg</i>
<i>flekk</i>	<i>stilk</i>
<i>gong</i>	<i>sting</i>
<i>hegg</i>	<i>streng</i>
<i>klegg</i>	<i>svelg</i>
<i>legg</i>	<i>veik</i> (i lys)
<i>nekk</i> (reinskalv)	<i>vegg</i>
<i>rygg</i>	<i>veng</i>
<i>rykk</i>	
<i>sekk</i>	

Ord som ikkje har slike særdrag, men som høyrer til denne gruppa, er:

<i>brest</i>	<i>lut</i>
<i>byl/bøl</i> (vindkast)	<i>mon(n)</i>
<i>egd</i>	<i>rett</i> (matrett)
<i>gjest</i>	<i>sau</i>
<i>gris</i>	<i>sed</i>
<i>kvist</i>	<i>stad</i>
<i>led</i>	<i>styl</i> (nedste delen av strå)
<i>lem</i>	<i>ven(n)</i>
<i>lest</i> (gammalt rommål)	<i>vev</i>
<i>let(t)</i> (farge)	<i>øyk</i> (hest)
<i>lott</i>	

Ord som sluttar på trykklett -a, og ord som er laga med suffikset -nad, høyrer også til denne underklassen: *bunader* [*bunadar*], *søknader* [*søknadar*], *sofaer* [*sofaer*], *fuksiaer* [*fuksiaar*].

#### *Framlegg*

Hankjønnsord av desse typane, som alt har valfridom etter rettskrivinga i dag, får halda på valfri -ar/-er-bøyning i fleirtal også i den nye rettskrivinga.

## *Normhistorikk*

Ei gruppe hankjønnsord har hatt *-er* og *-ene* (t.d. *bekker*, *gjester*) som hovudform i fleirtal og [-ar] – [-ane] som tillaten klammeform. Dette er ord som i norrønt høyrd til bøyingsgruppa kalla *i*-stammer, og Aasen tok dei inn som eigen bøyingsklasse i landsmålet med endingane *-er* og *-ene*. Dei hadde i tillegg valfritt *-ir* – *-ine* frå 1901 til 1917. I 1938 vart klammeformer på [-ar] – [-ane] tekne inn: [bekkar] – [bekkane], for somme ord kom desse endingane inn alt i 1917. Det kom så inga endring med 1959-rettskrivinga.

Det har vore nokre endringar i kva ord som skulle følgja denne underklassen, og tendensen har vore at rettskrivinga har flytt ord til hovudklassen med obligatorisk *-ar* og *-ane*. Det har skjedd med f.eks. *gris*, som seinare vart flytt tilbake att til *er*-klassen.

Hankjønnsord på *-a* hadde obligatorisk fleirtalsbøyning med *-er* og *-ene* frå 1920, og orda på *-nad* fekk obligatorisk *-er* og *-ene* i 1959. Slik var det i dei to ordgruppene fram til 1995 då Språkrådet vedtok å la dei få vanleg hankjønnsbøyning som klammeform.

Aasen nemner ikkje at desse orda skal ha *-er*-bøyning, korkje i *Det norske Folkesprogs Grammatik* eller i *Norsk Grammatik*. I *Norsk Ordbog* fører han opp t.d. *Kostnad*, *Bunad* og *Maanad* som normale maskuline ord, dvs. at han ikkje gjev opp noko særskild fleirtalsform, slik han gjer med *-er*-klasseorda (t.d. *Saud* m. (Fl. *Sauder*)). Det må tyda på at han ville ha

*-ar*-bøyning for desse substantiva. Sjølv skreiv Aasen t.d. *Maanadar*. M. Nygaards *Kortfattet Fremstilling af det norske Landsmaals Grammatik* (1867) seier spesielt at *-er*-klassen omfattar ordrøter på éi staving (s. 15), det vil då seia at ord på *-nad* ikkje er med. Marius Hægstad gjev i *Norsk Maallæra* (1879, 1886, 1898) ei liste over medlemmene av *-er*-klassen, og *-nad*-orda er ikkje med. Også i *Hjelpebok i norsk rettskriving* av Lars Eskeland (1895) er *-nad*-orda oppførte som vanlege *-ar*-klasseord.

Første tilfellet av at *-nad*-orda får *-er*-bøyning er i 3. utgåva av *Norsk formlæra* av Lars Eskeland i 1897 (Bondevik 1992:202). I første- og andreutgåvene er det ikkje nemnt noko spesielt for desse orda. Alle utgåvene seinare av denne boka held på dette. Men i *Norsk Rettskrivingsordbok* frå 1906 fører han opp "maanad, ein", altså markering for vanleg hankjønnsord. Det er kanskje oppføringa i *Norsk formlæra* som også er grunnen til at innstillinga frå 1899 nemner heller indirekte tanken om at *-nad*-orda kan ha *-ir* eller *-er* i fleirtal:

I det gamle maal hadde desse ord fleirtalsendingi *-ir*, i bygdemaali no, for so vidt dei er brukte i fleirtal, er det helst med endingi *-a(r)*, *maanadane* eller *maanarane*, eller avstutta, som *ein maane* – *two maanar*. Men anten ein her vil bruka *-ar*, *-ir*, eller *-er*, so vert det likevel ugreidt i skrift utan denne *d'en* eller ein annan medljod. (Hægstad, Garborg og Flo 1899: *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne*, s. 71)

Dette er henta frå ein diskusjon om ein skal skriva stum *d*, og det kom ikkje noko direkte framlegg om -er-bøyning av -nad-orda i den første offisielle landsmålsrettskrivinga frå 1901. Etter *Landsmåls-ordlista* til Matias Skard (1901, 1903) skal -nad-ord bøyast med -ar i fleirtal (i ordboka hans frå 1920 er -er-bøyning obligatorisk), og -ar vart brukt i bibelomsetjingane fram til 1908 (Bondevik 1985:135f. og 200f.), då innførte Hognestad -er i -nad-orda.

I tida frametter var det mykje uklårt om normeringsstoda for desse orda. Ordlistene var langt frå eintydige når det galdt bøyinga, og før 1936 nemnde ingen av rettskrivningsnemndene denne ordgruppa. Då vart det sagt i *Tilleggstilråding* (s. 8):

I samsvar med de endringer vi har gjort framlegg om i ‘Tilråding’ bør det være tillatt å bruke fleirtall på -ar i nno. i slike ord som *gjest*. Unnatak fra regelen at hankjønnsord i nno. skal el. kan ha fleirtall på -ar blir da bare ord på -nad, som får -er (månader).

Men uklårt blir det framleis. *Ny rettskriving. Nynorsk* (1938) skriv berre dette om unntak for hankjønnsord: “[Hankjønnsord av typen *gjest*, *kvist*, *sau*, *legg*, *rykk* kan i fleirtal ha -ar.]” Slår ein opp på *månad* i ordlista der, står ingenting avmerkt om bøyinga. Ein må såleis rekna med at det skal ha vanleg -ar-bøyning, for *lem* og *mon* er nemleg markerte med fleirtalsendinga -er. I rettleiinga til *Nynorsk ordliste* (Breidsvoll og Liestøl) 1954 blir det derimot opplyst at ord på -nad skal bøyast med -er. Det same går fram av *Norsklære. Nynorsk med bokmålstillegg* av Johs.A. Dale frå same året.

Korkje i *Framlegg til læreboknormal* 1957 eller i *Ny læreboknormal* 1959 er det sagt noko om bøyinga for -nad-orda, og ordlista til læreboknormalen fører opp *månad* som om det hadde tradisjonell hankjønnsbøyning. Men ordlistene etter 1959 byggjer tydelegvis på det *Tilleggstilråding* (jf. ovanfor) slo fast, for der går dei fleste -nad-substantiva med obligatorisk -er i fleirtal.

Når det gjeld framandord som sluttar på -a, ser det ut til at dei har hatt ei meir eintydig oppføring i ordlistene frametter enn det -nad-orda har hatt. I alle fall frå 1920 har bøyingsmønsteret i dei ordlistene me har kunna kontrollert, hatt obligatorisk fleirtal på -er. Her kan det nok ha verka inn at somme tykkjer det kling betre med *ae* enn med *aa*, og dessutan var skrivemåten *aa* svært problematisk på den tida ein framleis var i ein overgangsfase frå den generelle skrivmåten *aa* til å.

I 1995 drøfta fagnemnda i Språkrådet om substantiv på -a og -nad burde få klammeformer i fleirtal på [-ar] og [-ane]. Framlegget fall, men på rådsmøtet 18.1.96 la ei gruppe fram det same forslaget for nynorskseksjonen, og no vart det vedteke. Innvendinga mot å innføra som klammeform den bøyingsvarianten som finst i talemåla, var at regelen for bøyning av substantiv på -nad og -a både var lett å læra og lett å bruka.

Aasen	Veggjer	Griser	Sofaar	Bunadar
-------	---------	--------	--------	---------

1901	<i>veggjer/veggjir</i>	<i>griser/grisir</i>		
1917	<i>vegger</i>	<i>griser/grisar</i>		
Skard 1920			<i>sofaer</i>	
1938	<i>vegger [veggar]</i>	<i>grisar</i>		
Hellevik 1959				<i>bunader</i>
1995			<i>sofaer [sofaar]</i>	<i>bunader [bunadar]</i>
Framlegg 2000				

### Talemålsgrunnlag

Er-klassen i hankjønn har halde seg nokså godt i svært mange norske dialektar opp til våre dagar. Men det har òg vore vanleg at ord av denne klassen har kunna hatt både *-er* og *-ar* hos same språkbrukarane. Hjå yngre i dag på Vestlandet ser det ut til at denne bøyingsklassen går fullstendig opp i *ar*-klassen. Og det same har skjedd tidlegare i dialektane i Trøndelag og i Nord-Noreg.

Når det gjeld fleirtalsendinga i ord på *-nad* og *-a*, er det vanskeleg å finna dialektar som har endinga *-er* i desse substantiva (dersom dialekten skil mellom *-er* og *-ar* i endigar). Alle dialektar lèt tydelegvis desse orda gå etter hovudmørnsteret, altså *ar*-klassen. (Somstad får ein rettnok kontraksjon av dei to trykklette *a*-ane: *fleire kostnar* (Vest-Telemark).)

Det vanlege i målførelitteraturen er at den maskuline *er*-klassen blir spesielt nemnd, men at *-nad*-ord ikkje er kommenterte, heller ikkje tekne med som eksempel under *er*-klassen. Det kan ein tolka slik at *nad*-orda går som vanlege maskuline ord med *ar*-bøyning. Slik er det t.d. i sunnmørsgrammatikken å Aasen, i vossagrammatikken å Heggstad(1932), i oversynet å Hannaas over setesdalsmålet (1919), i skildringa å Beito av valdresmålet (1958), og i boka åt Ølmheim om målet i Sogn og Fjordane (1983). Venås (1977) har derimot nemnt spesielt at hallingmålet har fleirtalsformer på *-naa* (s. 81). Dei dialektane ein mest skulle venta ei arkaisk bøyning i, har altså fleirtal på *-a(r)*.

### Skriftmålsgrunnlag

Bruken er ikkje systematisk undersøkt. Men i eit ord som *månad* viser frekvensordboka 5 tilfelle av *ar*-ending og 22 av *er*-ending. Det var frå eit materiale kring 1980, då *-er*-forma var obligatorisk.

### Vurdering

- a) *Talemålsutbreiinga*. I yngre dialektar er *ar*-bøyning dominerande, og i ord på *-nad* og *-a* kan me rekna denne endinga som gjennomført.
- b) *Skriftleg bruk* er ikkje undersøkt.
- c) *Den indre bygnaden*. Denne underklassen med *-er* og *-ene* kompliserer strukturen i nynorsk. Rettnok er orda med utgang på *k* eller *g* ei nokså klår undergruppe som kan

føreseia nokså godt at orda kan ha denne bøyninga, men som me såg, har mange av orda ikkje dette særdraget (jf. *gris*, *kvist*). Mange dialektar har gått over til ein enklare struktur utan denne underklassen.

Bøyninga frå før 1996 der ord på *-nad* og *-a* ikkje hadde sideformer på *-ar* og *-ane*, gav rettskrivingssystemet endå ein underklasse, som heller ikkje hadde grunnlag i norsk talemål. Endringa då med å slå *nad-* og *a*-substantiva saman med *bekker*-typen var ei forenkling av systemet. Rettnok var ein regel om substantiv på *-nad* og *-a* enkel, men regelen var likevel unødvendig og eit reitt skriftmålsfenomen.

*d) Ordgruppe.* Ein del av orda skil seg ut med kort vokal og utgang på *k* og *g* og utgjer såleis ei bra avgrensa gruppe, men dette gjeld ikkje alle medlemmene i underklassen.

*e) Som identitetsuttrykk.* Dei som legg vekt på å skriva tradisjonell nynorsk, held seg til *er*-bøyninga, men etter kvart har *ar*-bøyninga vorte nokså vanleg og nøytral. Men samstundes er vel neppe *er*-bøyninga ikkje-moderne.

*f) Nytt?* Her er ingenting nytt anna enn at 45 ordformer får utvida bruksområdet noko.

### Konklusjon

Talemålsutbreiinga og endå meir talemålsendringane talar her sterkt for at ein må opna for bøyning etter det dominerande hankjønnsmönsteret, altså med *-ar* og *-ane*. Bruken i skrift viser òg at denne bøyningstypen står så sterkt at nynorsken ikkje kan gå attende på valfridomen her. Bøyningar med *-ar* og *-ane* representerer dessutan ein enklare struktur.

Sidan normtradisjonen dei siste generasjonane berre har godteke former på *-er* og *-ene*, bør ein ikkje fjerna det bøyingsmönsteret frå nynorskrettskrivinga. Men som me har sett ovanfor, er nynorsknorma på dette punktet i strid med talemålsgrunnlaget. Fleirtalsbøyninga på

*[-ar]* og *[-ane]* for hankjønnsord på *-a* og *-nad*, som vart vedteken i 1995, bør difor vidareførast. Det skaper også ein pedagogisk lettare at ein ikkje har obligatoriske unntaksreglar.

Mindretalsframleggget frå 13.5.02 gjekk inn for at orda med utgang på *-a* og suffikset *-nad* blir skilte ut som ein eigen underklasse med obligatorisk *-er* og *-ene*.

### 2.2.1.c Hokjønnsord med *-er/-ar* i fleirtal (typen *reimar/reimer*)

#### Status i dag

Desse hokjønnsorda har i dag hovudform i fleirtal på *-ar* og *-ane*, og klammeform på *[-er]* og *[-ene]*:

<i>brik</i>	<i>kleiv</i>	<i>røyr</i> (lyske)
-------------	--------------	---------------------

<i>dys</i>	<i>kvern</i>	<i>røys</i>
<i>elv</i>	<i>lever</i>	<i>sild</i>
<i>erm</i>	<i>merr</i>	<i>spik</i>
<i>fit</i>	<i>mjødm</i>	<i>seter</i>
<i>gimmer/gimber</i>	<i>myr</i>	<i>vik</i>
<i>gyger</i>	<i>møy</i>	<i>øks</i>
<i>helg</i>	<i>never</i>	<i>ørn</i>
<i>hei</i>	<i>onder</i> (ski med skinn)	<i>øy</i>
<i>herd</i>	<i>reim</i>	<i>øyr</i>
<i>hes</i>	<i>rim</i> (fjøl)	<i>år</i> (blodår, år i båt)
<i>il</i>	<i>rip</i> (båtrip)	
	<i>røy</i>	

### Framlegg

Hokjønnsord av denne typen får valfri *-er/-ar (-jar)*-bøyning i fleirtal.

### Normhistorikk

Språket vårt har frå gammalt hatt ein underklasse av hokjønnsord som har hatt *-ar* og *-ane* i fleirtal, dvs. som ein parallel til underklassen med *er*-bøyninga i hankjønn. Det tok Aasen omsyn til i landsmålet. Ein del av desse orda (t.d. *eng*, *grind*, *seter*) fekk frå 1917 valfritt *-ar (-jar)* eller *-er*, og frå 1938 fekk denne gruppa obligatorisk *-er* og gjekk såleis inn i hovudmønsteret for hokjønn, medan ei anna gruppe (t.d. *elv*, *erm*, *helg*) heldt på valfridomen vidare. Hokjønnsorda avleidde med *-(n)ing* har det aldri vore aktuelt å ta inn *-er* i, f.eks. *vinklingar – vinklingane* og *festningar – festningane*. Dermed vart den eine gamle underklassen delt i to rettskrivingsteknisk: a) obligatorisk *-ar* og *-ane*, og b) val mellom *-ar/-ane* og *[-er]/[-ene]*.

I nynorsk stod det etter 1938 att ei gruppe på rundt 30 ord som hadde hovudform på *-ar (-jar)* i fleirtal og klammeform på *[-er]*. Dette vart halde ved lag i 1959, jf. under *Status i dag. Tilråding om ny rettskrivning* frå 1938 skreiv m.a.:

For dem som ikke har disse formene i talemålet sitt, vil det være en stor lette å få lov til å böie dem som regelrette sterke hunkj.ord, slik at f.eks. *øks* kan få samme end. i flt. som *sag.* (S. 38)

Utviklinga i nynorsknorma her kan visast slik:

Aasen	<i>Sinar</i>	<i>Myrar</i>	<i>Dronningar</i>
1901			
1917	<i>senar/sener</i>		<i>dronningar</i>
1938	<i>sener</i>	<i>myrar [myrer]</i>	

1959			
Framlegg 2000			

### Talemålsgrunnlag

Det vanlege er at *ing*-klassen har ar-bøyning i dei norske dialektane som skil mellom *-ar* og *-er* i fleirtal. (Visse unntak finst, som f.eks. i Nord-Gudbrandsdalen der slike ord får *-o* i fleirtal.) Dei andre orda, som nynorsk altså har valfritt *-er/-ar* i, er det meir variasjon i, og ein finn mange overgangar til *er*-klassen. Men hovudinntrykket er at *ar*-klassen i hokjønn er meir stabil enn *er*-klassen i hankjønn.

*Framlegg til læreboknormal* 1957 hadde registrert fleirtalsendinga med *-a* i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Stader der *-a* elles var registrert, er Kvikne i Hedmark, Hol og Ål i Buskerud, Mo, Seljord og Vinje i Telemark, Valle i Aust-Agder, Beiarn i Nordland og elles skifter det mellom *-a* og *-e* mange andre stader i landet.

Kva ord som er aktuelle i denne klassen, varierer nokså mykje, truleg meir enn for *er*-klassen i hankjønn.

### Skriftmålsgrunnlag

Den tradisjonelle forma i nynorsk litteratur er *-ar* (*-jar*), og vokalen *-a* i endinga er den mest utbreidde i dei stroka av landet der nynorsk er opplæringsmålet.

### Vurdering

a) *Talemålsutbreiinga*. Det er godt talemålsgrunnlag for å halda på begge endingane i denne klassen.

b) *Skriftleg bruk* er ikkje undersøkt.

c) *Den indre bygnaden*. Hokjønnsord med *ar*-bøyning i fleirtal representerer ei komplisering i bøyingsverket. Men denne strukturen er i svært godt samsvar med norsk talemål.

d) *Ordgruppe*. Orda som høyrer til denne klassen, har ikkje andre felles eigenskapar, og dermed er dei inga klår ordgruppe.

e) *Som identitetsuttrykk*. Bøyingsvariantane her er neppe brukte som markeringar av nokon identitet eller noko stildrag.

f) *Nytt?* Her vil framlegget ikkje representera anna nytt enn at sirkca 30 ordformer blir tillatne på eit større bruksområde.

### Konklusjon

Nynorsk praksis og norsk talemål gjer det rimeleg å halda på valfridomen i denne bøyingsklassen. Å ta ut klammeformene ville ha ført til ei komplisering av nynorsknorma, for mange måtte då "pugga" kva ord som må ha hankjønnsbøyning i fleirtal. Kva ord som går inn i denne gruppa, er lite sjølvsagt, og samsvaret med kvar enkelt dialekt er ikkje heilt godt. Systemet med valfridomen slik han er i dag, representerer ein pedagogisk lette. Alle hokjønnsord unntekne dei på -(n)ing kan altså følgja hovudmønsteret med -er i fleirtal.

### **2.2.1.d -a/-i i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord (typen *soli, taki*)**

#### *Status i dag*

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord har -a som hovudform og [-i] som klammeform.

#### *Framlegg*

Valfridomen i desse bøyingskategoriane skal haldast ved lag. (Derimot føreslår me å ta ut fleirtalsformene på [-or] og [-one], sjølv om dei normhistorisk ofte har vorte behandla saman med i-formene, sjå pkt. 3.2.1.b)

#### *Normhistorikk*

I 1917 vart bøyingssuffikset i sterke hokjønnsord -a jamstilt med -i. Men dei fleste skulebøkene heldt på den tradisjonelle i-forma. Dei fleste nynorskskulane på Austlandet, i Trøndelag og i Nordland tok i undervisninga opp a-forma, medan skular vest og sør i landet for det meste heldt på i-forma – dels fordi ho samsvara med målføret, dels fordi det var tradisjon for å bruka denne forma. 1934-tilrådinga peikte på at a-forma hadde vunne stor plass i nynorsk litteratur. Ein grunn kunne vera at a-endinga står sterkest i dialektane, ein annan at hokjønnsformer på -a etter kvart hadde fått plass i bokmålet. Rettskrivningsnemnda heldt fram at a-endinga var den einaste hokjønnsendinga som kunne bli sams for dei to målformene, og rådde difor til å gjera ho til eineform i nynorsk. Dette framlegget vekte mykje motstand og kritikk, og i *Ny rettskriving* 1938 er i-ending oppført som klammeform, med høve for elevane til å bruka ho i dei skriftlege arbeida sine.

*Framlegg til læreboknormal* 1957 skriv at i praksis fekk dette høvet til å nytta klammeforma ikkje stort å seja. Mange aviser brukte rett nok framleis i-mål, men i den nynorske litteraturen sette 1938-rettskrivinga sterkt fart i overgangen til a-form. Framlegget ville halda på ordninga frå 1938 pga. omsynet til dialektane og til samarbeidet med bokmål om tilnærming, og

... dertil kommer at litteraturen nå i stor monn har gått over til a-artikkelen, og at skolebøkene siden 1938 bare har hatt -a.

Det kan derfor ikke være tale om å gjøre forandring i det forholdet at


-a er eneste lærebokform.

[...] Det må være rimelig at den adgangen som rettskrivningen av 1938 gav på dette punkt [til å bruka i-former "i skriftlige arbeider i skolen"], inntil videre blir holdt oppe. (S. 85–86)

Aasen	<i>Soli</i>	<i>Taki</i>
1901		
1917	<i>sola/soli</i>	<i>taka/taki</i>
1938	<i>sola [soli]</i>	<i>taka [taki]</i>
1959		
Framlegg 2000		

### Talemålsgrunnlag

Det finst fleire måtar å definera "i-målet" på. Dei to mest aktuelle er: a) at språket har ei ending i bunden form eintal av sterke hokjønnsord som er *i* eller ligg nær *i*, eller b) at språket har eit skilje i endingane i bunden form eintal hokjønn mellom to endingar (= delt hokjønnsbøyning). Den delte hokjønnsbøyninga står nokså sterkt i norske dialektar: delvis på Vestlandet og Austlandet, litt i Nord-Noreg (jamfør kartet). Men udelt hokjønnsbøyning dominerer, nemleg på stordelen av Austlandet, stordelen av Vestlandet og i det aller meste av Nord-Noreg.



Dialektane i det skraverte området har delt hokjønnsbøyning i eintal

Bydialektane i områda med delt

hokjønnsbøyning har a-mål (med unntak av Bergen som har felleskjønn). Elles er området med den delte hokjønnsbøyninga svært stabilt, og har vore det i lang tid. Gjennom dei siste par hundreåra har

ein lite område av Midthordland gått over til sunnhordlandssystemet med udelt hokjønnsbøyning, og på 1900-talet er området i Nordland med delt hokjønnsbøyning skrumpa noko inn.

Bruker ein den første definisjonen av i-målet, blir området ein god del indre. Endingane *-i*, *-e* og *-ei* er brukte i Sogn, Setesdalen, Vest-Telemark, Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen, og ein litt opnare e-lyd er brukt i Hardanger og på Voss. I dette området er det t.d. vanleg å normera stadnamna til i-mål. I Nordhordland er endinga *-æ*,

og her har ein no gått bort frå å normera til i-former pga. reaksjonar på at i-endingane ikkje kjendest som uttrykk for det lokale talemålet. I andre dialektområde med *æ*-ending, f.eks. Romsdal, Nordmøre, Helgeland og Rana, har stadnamna aldri vorte normerte til i-mål. Det skjer heller ikkje der den sterke endinga er *-a*.

### *Skriftmålsgrunnlag*

I *skrift* står i-formene svært svakt. Av *Nynorsk frekvensordbok* går det fram at i-ending finst i 1,3 % i dei aktuelle bøyingsformene, og endinga *-a* står då i resten, dvs. i 98,7 %. (Dette er utrekna på grunnlag av opplysninga for dei nokså frekvente orda *bok*, *hand*, *sak*, *sol* og *tid*.)

Me finn *-a* i bunden form eintal sterkt hokjønn og bunden form fleirtal inkjekjønn hjå sju av dei ti 30-årsforfattarane som Vikør presenterer i *Rettskriving hos nynorskforfattarar*. Dei ni undersøkte forfattarane frå 50-åra og dei ti frå 70-åra bruker alle *a-ending*. Av *Framlegg til læreboknormal 1957* går det fram at ein stikkprøve teken i så å seia all skjønnlitteratur som kom ut på nynorsk i 1955 (19 verk), viser at *a*-artikkelen i hokjønn er gjennomført. Det blir nemnt at Tarjei Vesaas har gått over til *a*-form, sjølv om målføregrunnlaget hans ligg nærmast *i*-form, og Johannes Heggland, som lenge brukte *i*-ending, gjekk over til *-a* frå og med romanen *Gard* frå 1951.

### *Vurdering*

- a) *Talemålsutbreiinga* er nokså stor for i-formene, særleg i tydinga delt hokjønnsbøyning.
- b) *Skriftleg bruk*. Den skriftlege bruken av i-formene er i dag svært liten.
- c) *Den indre bygnaden*. Det er her tale om eit sentralt strukturelt skilje i det nynorske bøyingsverket. Som me har sett, gjeld det delt eller udelt bøyning i eintal av hokjønnsorda, men òg om ei samsvarande endinga i bunden form fleirtal i inkjekjønn. Dessutan er det slik at dialektar som skil mellom hokjønn og hankjønn i adjektiv av typen *open*, bruker endinga frå sterkt hokjønn her, altså f.eks. *boki er opi*, *boka er opa*. (Det siste samsvaret har ikkje vore godkjent i nynorsk.)
- c) *Ordgruppe*. I-formene gjer det aktuelt å bruka skiljet mellom sterke og svake hokjønnsord, og såleis skil ein altså ut ei eiga gruppe ord. Dei sterke hokjønnsorda, som altså kan ha både *-a* og *-i* i bestemt form, har fleire drag felles utanom den aktuelle endinga: Dei endar ikkje på trykklett vokal i oppslagsforma (dvs. ubunden form eintal) med unntak av *mamma*, *diva* og nokre andre. Oftast er stamma på ei staving. Dei får einstavings tonelag/tonem 1 i bestemt form eintal, som ein gjerne skriv slik: *'sola*, mot *'visa*, som altså har tonem 2. Såleis er det ikkje vanskeleg å skilja ut orda som høyrer til i denne gruppa.
- e) *Som identitetsuttrykk*. I-målet er sterkest markøren for det "klassiske nynorske", og

for somme er det nok også ein regional markør. Sjølv der f.eks. avisene bruker a-mål, kjem nok i-målet fram når ein skal ha artiklar som skal appellera til eller visa til den lokale kulturen.

*f) Nytt?* Framlegget innfører ikkje noko nytt, anna enn at i-målet no kan få eit større bruksområde.

### *Konklusjon*

Prosenttala ovanfor viser at i-formene står svært svakt i nynorsken i dag trass i talemålsgrunnlaget. Det er nok dels eit resultat av at rettskrivingspolitikken sette i-formene i klammer og gjorde det dermed etter kvart til eit stilmerke for klassisk eller tradisjonalistisk nynorsk. Lokalt blir det litt brukt, men sjølv i område med i-målsdialektar dominerer a-bøyninga i skriftleg tilfang. Det gjer at i-målet truleg ikkje fungerer så sterkt som regionalmerke lenger; og det er nok ein konsekvens nettopp av at forma ikkje er godkjend i læreboknormalen. Mest er i-målet avgrensa til tradisjonsmarkering. Det siste kan vera grunn god nok til å opna for dette språkdraget i rettskrivinga vidare framover. I-målet vil nok alltid ha svært avgrensa oppslutning, men ein bør respektera det som markør innanfor ein romsleg nynorsk. Ikkje uviktig er det at svært mange stadnamn står i bestemt form eintal, og dermed er i-endinga aktuell i svært mange namn så lenge nynorsknorma aksepterer i-målet. (Stadnamnlova knyter skrivemåtane av dei lokale formene til rettskrivinga.) Nynorsken bør ta vare på sambandet med slike viktige lokale identitetsuttrykk.

Mindretalsframlegget frå 13.5.02 gjekk inn for å ta i-formene ut or nynorsknorma.

## **2.2.1.e Bøyingane i *auga*-klassen**

### *Status i dag*

Dei tre orda *auge*, *hjarte*, *øyre* kan etter gjeldande rettskriving følgja to bøyingsmønster:

e – et – e – a (*auge* – *auget* – *auge* – *auga*)  
a – a – o – o (*auga* – *augo* – *augo* – *augo*)

Det første bøyingsmønsteret er det vanlege inkjekjønnsmønsteret.

### *Framlegg*

Orda i denne klassen skal halda på valfridomen med å kunna bøyast både etter den vanlege inkjekjønnsbøyninga og etter den spesielle bøyninga nemnd ovanfor.

### *Normhistorikk*

Ei lita gruppe inkjekjønnsord har frå gammalt hatt ei særboying, gjerne kalla svak (eller

linn) inkjekjønnsbøyning. Hos Aasen (1864) gjaldt det desse orda: *auga, øyra, nyra, hjarta, okla, noda, nysta, eista*. Seinare vart også *hyrna* rekna hit, medan Aasen reknar det som hokjønnsord. Etter kvart er fleire av orda flytte ut av denne spesialgruppa og over til anten den vanlege inkjekjønnsbøyninga (*node, nyste [nøste]*) eller til valfri ho- eller vanleg inkjekjønnsbøyning (*eiste, nyre, okle*), slik at gruppa etter 1959 har hatt berre dei tre: *auga, hjarta, øyra*.

Den gamle bøyninga var *-a - -a - -o - -o*. Den vanlege inkjekjønnsbøyninga, altså *-e - -et - -e - -a*, kunne brukast på denne gruppa etter rettskrivinga i 1917, og orda *auga, nysta* og *øyra* er i *Nynorsk ordbok* av Matias Skard i 1920 førte opp som klammeformer. 1935-tilrådinga argumenterte for at det dialektgeografisk ikkje var tvil om at det er fleirtalsformene *auger – augene* som går vidast ut over landet: “de fins i nord og sør, i øst og vest, i “høgnorske” mål likeså vel som i “flatnorske”. Det må da være god grunn til å gi dem rum i skriftmålet òg, ...”. Men 1938-rettskrivinga jamstilte dei to bøyingsmønstra for dei svake inkjekjønnsorda. *Framlegg til læreboknormal 1957* tala for ei forenkling: Dei svakt bøygde orda skulle koma inn under hovudregelen for bøyning av inkjekjønnsord, og mønsteret som hittil hadde vore klammeform, *-e - -et - -e - -a*, skulle såleis heretter vera eineform i lærebøkene. Det gamle bøyningssystemet skulle frå no av få klammeformstatus. Men også 1959-normalen jamstilte dei to bøyingsmønstera for *auga, hjarta* og *øyra*. *Nyste [nøste]* kom derimot frå då av i gruppa med sterke inkjekjønnsord.

Nynorskseksjonen i Norsk språkråd gjekk på rådsmøtet i 2000 inn for at bøyninga *-a - -a - -o - -o* av *auga, hjarta* og *øyra* skulle ha klammeformstatus.

Endringane i bøyning (her illustrert med bunden form eintal og fleirtal) har vore slik:

Aasen	<i>Auga</i>	<i>Augo</i>	<i>Nysta</i>	<i>Nysto</i>
1901				
1917	<i>auga/auget</i>	<i>augo/auga</i>	<i>nysta/nystet</i>	<i>nysto/nysta</i>
1938				
1959			<i>nystet</i>	<i>nysta</i>
Framlegg 2000	<i>auget [auga]</i>	<i>auga [augo]</i>		

### Talemålsgrunnlag

Den klassiske bøyninga for denne gruppa møter me i fleire område, først og fremst midlandsmåla og Indre Agder. På Vestlandet finst ho på Voss og i Sunnfjord og Nordfjord og litt i Sogn. I trøndersk er ho også belagt frå nokre enkeltbygder på Nordmøre (Aure) og i Trøndelag (Oppdal, Snillfjorden, Steinkjer og Stjørdalen). Men det dominerande mønsteret er at desse orda har gått inn i den vanlege inkjekjønnsbøyninga, der orda framleis er inkjekjønnsord. Overgang til hokjønn går også vidt.

### Skriftmålsgrunnlag

Vikør konkluderer i *Rettskriving hos nynorskforfattarar* med at denne bøyingsstypen, som omfattar så få, men frekvente ord, har vore problematisk å handtera for dei 30-årsforfattarane som ikkje har stått heilt rotfaste i tradisjonen – “i talemålet dei fleste stader er han då òg på veg ut som eigen kategori, og den utviklinga må vel ha vore godt i gang alt i trettiåra og tidlegare”. Skiftingane er store, og fleire av forfattarane vaklar. Femtiårsforfattarane derimot plasserer han klårt i tre grupper: Fire av dei følgjer det tradisjonelle mønsteret *auga – auga – augo – augo* fullt ut. To følgjer så nokolunde det nye systemet *auge – auget – auge – auga*, medan dei to siste fell i ei mellomgruppe med kvar sitt individuelle mønster. Det kan sjå ut til at formbruken er støare i denne forfattargenerasjonen enn i den førre, og at det tradisjonelle systemet er styrkt.

Hjå fem av forfattarane frå 70-åra finn me tre klårt skilde bøyingsmønster. Fløgstad og Heie følgjer det tradisjonelle mønsteret, Brodal og Hoem det “moderne” med *-e – -et – -e – -a* og Forfang vel eit meir “radikalt” (etter Vikør) mønster med *-e – -et – -er – -ene*. Hovland og Sagen nyttar òg langt på veg det siste systemet. Hjå dei andre forfattarane er det meir inkonsekvens i bøyingsmønsteret.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Sjølv om desse tre orda blir bøygde for det meste som eit vanleg inkjekjønnsord, står den tradisjonelle bøytinga med *-a – -a – -o – -o* så sterkt at ho fortener plass i nynorsknorma.

b) *Skriftleg bruk*. I skriftleg bruk er det tydeleg meir jamvekt mellom dei to bøyingsmåtane.

c) *Den indre bygnaden*. Dei tre orda representerer eit eige ekstra bøyingsmønster, som er enkelt, men som har det særdraget at det ikkje skil mellom ubunden og bunden form. Dessutan er det einaste staden i bøyingsverket at ein har endinga *-o*.

d) *Ordgruppe*. Desse orda har ikkje anna felles enn at dei gjeld kroppsdelar.

e) *Som identitetsuttrykk*. I tradisjonell nynorsk er den "klassiske" bøytinga eit viktig særdrag. Den vanlege inkjekjønnsbøytinga fungerer nok i dag som heller nøytral.

f) *Nytt?* Jamført med den gjeldande rettskrivinga er det ikkje noko nytt i dette framleggget.

### *Konklusjon*

Her er både utbreiinga i talemålet og i skriftmålet så sterkt at det er argument godt nok til at begge bøytingane må få stå vidare i nynorsknorma. At den eine bøyingsmåten tydeleg er viktig for ei gruppe nynorskbrukarar, tel òg med.

## 2.2.2 Adjektiv

### 2.2.2.a Adjektiv på *-en* i oppslagsforma kan ha *-en/-i* i hokjønn og *-e/-ent* i inkjekjønn (typen *open/opi – ope/open*, *kristen/kristi – kriste/kristent*)

#### *Status i dag*

Alle adjektiv på *-en* skal i dag bøyast med endingane *-en [-i]* i hokjønn og *-e/-i [-ent]* i inkjekjønn. Dette gjeld ikkje perfektum partisipp av sterke verb.

#### *Framlegg*

Adjektiv på *-en* skal framleis ha valfridom mellom *-en* og *-i* i hokjønn og *-e* og *-ent* i inkjekjønn. (Derimot går *-i* i *inkjekjønn* ut, sjå pkt. 3.2.2.a.)

Desse to adjektiva får denne bøyinga:

*liten – lita/liti – lite – små(e)*

*eigen – eiga/eigi – eige – eigne*

#### *Normhistorikk*

Normeringsproblema her har først og fremst golde inkjekjønnsforma, for ei undergruppe av desse adjektiva har i mange dialektar fått ei eiga form på *-ent*. Oftast er dette adjektiv avleidde av substantiv (jf. *ullen*), eller nokså nye adjektiv, som f.eks. *gebrokken*, som då får inkjekjønnsforma *gebrokkent*, mens *open* har forma *ope*. Men ein del ord er også eldre, og Aasen behandler dette i *Norsk Grammatik* § 185 Anm. og skriv der

imidlertid findes dog også i norgle Fjeldbygder (Hall., Vald.) en afvigende Form med "ent" eller "int", især i Adj., som dannes af et Substantiv, f. Ex. sandint (dvs. sandigt), vassint (vandagtigt). Jf. Linint (Lintøi), Ullint (Uldtøi).

Spørsmålet har dermed vore både om forma *-ent* i inkjekjønn skal godkjennast, og om kor mange adjektiv som skal eller kan følgja denne undergruppa.

Når det gjeld hokjønnsforma, har normeringsspørsmålet gått på både om ein skal kunna skilja mellom hokjønn og hankjønn, og kva ending ein skal ha dersom ein vil eller skal skilja. Alternativet til *-i* som fleire gonger har vore diskutert, er *-a*.

Adjektiv på *-en* hadde også etter 1917 hovudform i hokjønn på *-i* med *-en* som klammeform. 1938-rettskrivinga gjorde *-i*-forma til klammeform (*open/[opi]*), og 1959-normalen førte dette mønsteret vidare.

I inkjekjønn fekk adjektiv på *-en* i 1901 endinga *-e* (*ope, dove*) i inkjekjønn ved at inkjekjønns-*t-en* då vart stroken i adjektiv og sterke partisipp. 1938-rettskrivinga førte opp valfri *-e/-i*, og *-ent* kom inn som klammeform. I 1959 vart dette systemet ført vidare. Det vart då vurdert om *[-ent]*-forma skulle bli hovudform, men tanken på tre

lærebokformer heldt nemnda attende frå å gjennomføra det.

I 1983 vart det vedteke at adjektiv på *-en* som er danna til eller avleidde av partisipp, skal bøyast utan klammeform på [-ent] i inkjekjønn. Dette galdt samansetjingar som *kjærkom(m)en*, *velkom(m)en*, *innefrosen*, *halveten*, *makketen*, *småeten*, *åleten*, *lefftengen*, *hardfengen*, *giftfengen*, *einslungen*, *mangslungen*, og dei usamansette *fengen* og *eten* i tydinga ‘som et mykje’.

I 1985 fekk adjektiv som *gebrokken* og *gedigen* regelrett inkjekjønnsbøyning (-e/-i [-ent]), dei hadde fram til 1985 hatt ymse oppføringer i ordlistene; Hellevik hadde i sine ordlister obligatorisk *ent*-form i inkjekjønn. Før 1959 har me ikkje funne det oppført i ordlister.

Endringane i denne adjektivbøyninga har vore slik:

Aasen	<i>opi</i> f.	<i>ope</i> n.	<i>kristet</i> n.	<i>halvetet</i> n.
1901		<i>ope</i>	<i>kriste</i>	<i>halvlete</i>
1917	<i>opi</i> [open]			
1938	<i>open</i> [opi]	<i>ope/opi</i> [opent]	<i>kriste/kristi</i> [kristent]	<i>halvete/halveti</i> [halvetent]
1959			<i>kriste/kristi</i> [kristent] <i>gebrokkent</i>	
1983				<i>halvete/halveti</i>
1985			<i>kriste/kristi</i> [kristent] <i>gebrokke/gebrokki</i> [gebrokkent]	
Framlegg 2000				

### Talemålsgrunnlag

Inkjekjønnsendinga med *-e* (*ope*) står sterkt på Vestlandet, dels Austlandet; *opi* finst dels på Austlandet og i Trøndelag, mens *opent* er vanleg på Austlandet, dels på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg. Det geografiske biletet av dette hovudmønsteret er altså litt “kaotisk”. TALE99 bad folk om opplysningar om kva talemålsform dei ville ha hatt på adjektivet i “eit ope hus”. *Opent* var valt av 44,5 % av informantane, 43 % ville hatt forma *ope* og 3 % ville hatt *opi*. (6,5 % ville brukta forma *oppe/oppri*. Det blir nemnt at det er ei eldre form i Trøndelag, Oppland, Hedmark og Akershus.) Informantane frå Hordaland og Sogn og Fjordane har alle *ope*-forma, medan 89 % av informantane frå Rogaland og 94 % frå Møre og Romsdal vil ha den same forma. Like avgjorde i valet av *opent* er informantar frå Østfold, Vestfold, Troms og Finnmark. Også dei spurde frå Nordland, Oslo, Akershus, Buskerud og Nord-Trøndelag står opp om denne forma (54–89 %). Informantane frå dei to Agder-fylka har ei nokolunde lik fordeling på *ope* og *opent*. Dei fleste bymål har endinga *-ent*.

Informantane skulle vidare gje opplysning om kva for inkjekjønnsform dei ville bruka av adjektiva *guffen* og *gebrokken*, dvs. i adjektiv som ofte høyrer til den spesielle undergruppa. 60 % ville ha endinga *-ent* i begge, medan 14 % meinte dei sa *guffe*, men *gebrokkent*. Éin informant ville ha *guffent* og *gebrokke*. Berre 3,5 % ville ha endinga *-e* i begge. Mange sa at dei ikkje nytta desse orda og difor ikkje hadde opplysningar om bruken. Når det gjeld den geografiske utbreiinga, ville informantane frå fylka Akershus, Oslo, Vestfold, Østfold, Hedmark, Buskerud, Troms og Finnmark berre ha endinga med *-ent*. Tal frå andre fylke viser at 81 % av informantane frå Møre og Romsdal, 50 % frå Sogn og Fjordane og om lag 30 % frå Sør-Trøndelag, Oppland og Rogaland ville brukt formene *guffe* og *gebrokkent*. Undersøkinga nemner elles at *guffe* og *gebrokke* er rapportert på Vestlandet.

I hokjønn er det først og fremst vestlandsk og midlandsk som har eiga ending, men på Sør-Vestlandet er det tydeleg tendens i dag til at forma fell saman med hankjønnsforma på *-en*. Der hokjønnet har eiga form, følgjer ho endinga i sterke hokjønnssubstantiv, altså *boko ligg ope*, *boki ligg opi*, *boka ligg opa*, osv.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Av *Nynorsk frekvensordbok* går det fram at adjektivet *ope* viser denne fordelinga på former i inkjekjønn: *ope* 80,6 %, *opi* 1,6 %, *opent* 17,7 %.

Hjå dei undersøkte 30-årsforfattarane dominerer inkjekjønnsforma på *-e*, ho var då òg eineform i rettskrivinga den gongen. Åsmund Sveen brukte *-in* i grunnforma og *-i* i inkjekjønnsforma. Det finst eitt belegg på formene *kristent* (Sigurd Kvåle), *nakent* (Tarjei Vesaas) og *åpent* (Lars Berg), samstundes som Vesaas brukte *nake*, *ope* og *vake*, og det var to belegg på *åpe* hjå Berg. Sjølv om *-ent*-forma var tillaten som klammeform for dei ni 50-årsforfattarane, fann Vikør berre eitt døme på den forma, *nakent* (hjå Vegard Vigerust, som dessutan har *ope*). Først hjå dei ti forfattarane i 70-åra viser klammeformene på *-ent* seg for fullt. Brodal, Forfang, Hoem, Obrestad og Solheim ser ut til å føretrekkja *opent/åpent*, medan Sande og Sagen har einskildinnslag av *-ent*-former. Ingen av dei undersøkte forfattarane frå 50- og 70-åra brukte inkjekjønnsform på *-i*.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Det er klårt at utbreiinga av *-ent* i inkjekjønn står nokså sterkt jamsides *-e*, medan *-i* har mykje mindre plass. Særgruppa med f.eks. *ullen* har eit dominerande mønster med *-ent*.

b) *Skriftleg bruk*. I skriftmålet har *-ent* fått stor plass i den seinare tida sjølv om forma har hatt berre klammeformstatus.

c) *Den indre bygnaden*. Tendensen er at adjektiv på *-en* tek til å føya seg etter hovudmønsteret for adjektiv, nemleg at *-en* blir rekna inn i ordstamma. Så er det inga

ending i hankjønn og hokjønn, *-t* i inkjekjønn og *-e* i fleirtal (med bortfall av den trykklette vokalen i stamma, slik som i substantiv, jf. *sykkel – syklar*). Det har skjedd tidleg med avleiringar til substantiv, seinare med andre *-en*-adjektiv, og me kan illustrera tilmåtinga til hovudmønsteret slik:

- a) *stor*      *stort*      *store* (vanlege adjektiv)
- b) *kristen*    *kristent*    *kristne* (substantiv-avleiringar)
- c) *open*       *opent*       *opne* (tradisjonelle *-en*-adjektiv)

Ved å la norma ha valfridom mellom *-e* og *-ent* i inkjekjønn i alle *-en*-adjektiva unngår ein å oppretta ein ekstra bøyingsklasse. Å fordela orda i *-en*-klassen på to klassar (dvs. b og c) ville òg bydd på ein del problem, for grensegangen ville ikkje vera lett gjennomsiktig. Det gjev altså enklaste beskrivinga å la b og c vera éin klasse i norma. Men kvar enkelt språkbrukar kan bruka valfridomen slik at han eller ho kan praktisera eit system med ein, to eller tre klassar.

*d) Ordgruppe.* *-en*-adjektiva har eit klårt kriterium, men oppdelinga av denne gruppa i to undergrupper, som altså er aktuelt for svært mange dialektar, er neppe heilt opplagd, sjølv om ein historisk kan peika på tendensen til at *ullen*-typen er avleiringar av substantiv.

*e) Som identitetsuttrykk.* Hokjønnsformene med *-i* blir i dag oppfatta som markering av klassisk nynorsk. *-i*-forma i inkjekjønn er truleg meir ei regional markering. Former som *opent* blir kanskje oppfatta som moderne eller 'urban' nynorsk; i alle fall unngår dei som markerer seg med tradisjonell stil, å bruka slike *-ent*-former. Nøytrale i ein slik samanheng i dag er *-en* i hokjønn og *-e* i inkjekjønn.

*f) Nytt?* I framlegget innfører me ikkje noko nytt, men *ent*-formene kan no brukast på eit større område.

### Konklusjon

I inkjekjønn er endinga *-e* den tradisjonelle, og den naturlege i mange vanlege adjektiv på *-en*. Men denne bøyingen ser ikkje ut til å vera produktiv lenger i stordelen av landet, slik at nye ord som kjem inn i nynorsk, ser ut til å få *-ent*, som hittil har hatt klammeformstatus. Denne forma står svært sterkt i talemålet. Forma er også ei god systemtilpassing ved at inkjekjønns-*t*-en blir lagd til oppslagsforma av adjektivet. For ein del av adjektiva på *-en* er former med *-t* nærast einerådande (jf. *kristen*, *gebrokken* osv.), og difor bør dette systemet bli tillate. Enklast er det då å tillata begge formene i inkjekjønn i desse to adjektivtypane, den tradisjonelle (*open – ope/opi [opent]*) og den nyare (*guffen – guffe/guffi/guffent*) i den same bøyingsklassen.

Vi reknar det som enklast å halda på systemet med at adjektiv klårt avleidde av

eller samansette med sterke partisipp følgjer bøyninga for partisippa, som vil seia at dei ikkje kan ha *-ent*-forma i inkjekjønn.

Forma med *-i* i hokjønn er ein del av i-målet og følgjer det. At forma med *-a* ikkje er tillaten i norma, er systemavvik ut frå eit stort dialektområde, og det gjer at slike former dukkar opp av og til i skrift. Men me har likevel ikkje funne det ynskjeleg å innføra ei heilt ny form i norma; det har også vore konklusjonen ved tidlegare drøftingar.

Desse to adjektiva får denne bøyninga:

liten – lita/liti – lite – små(e)

eigen – eiga/eigi – eige – eigne

## 2.2.3 Pronomen

### 2.2.3.a *me/vi* i subjektform

#### *Status i dag*

*Me* og *vi* er i dag jamstilte hovudformer.

#### *Framlegg*

Valfridomen mellom personleg pronomen 1. pers. eintal *me* og *vi* blir halden ved lag.

#### *Normhistorikk*

Ivar Aasen fører i grammatikken 1864 opp *me* (*vi*), og gjer kort greie for bruken av *me*, *mid*, *mi*, *mø*, *vi* og *oss* i målføra. I ordboka står begge formene, men forklaringar om utbreiing osv. står under *me*. Ved *vi* står berre tilvising til *me*.

Landsmålsordlistene førte opp både *me* og *vi*, slik t.d. Hægstad 1879: "me (elder vi)", og ved rettskrivingsendringane for landsmål i 1901 vart begge formene oppførte som jamstilte. Tiltrådinga frå 1935 føreslo å ta *me* heilt ut or rettskrivinga og gjera *vi* til obligatorisk form:

Når én av disse formene skal oppgis, kan det ikke være tvilsomt at det er *me* som bør vike. Og dersom det først er klart at det er *vi* som vil komme til å vinne i det lange løp, er det lite gagn i å holde oppe en klammeform enda et tiår eller to. Her òg vil det da bli fullt samsvar mellom nno. og bm. i et vanlig og viktig ord. (S. 46)

I *Tilleggstilråding* 1936 er *me* og *vi* oppførte som valfrie former (s. 10), og var då tenkte å "være like gode, slik at ikke somme av dem skal settes i en klasse for sig og gi grunnlag for en særskilt 'læreboknormal'". (*Tilråding* 1935:4) Men *me* fekk klammeformstatus etter 1938, og 1957-framlegget føreslo inga endring i det.

Spørsmålet om *me* skulle gjerast til jamstilt form i nynorsk var oppe til drøfting i Språkrådet i 1976 etter at det var laga ei utgreiing om saka. Men det vart vedteke å ikkje gjera nok a endring. I 1983 kom derimot *me* attende som jamstilt hovudform.

### Talemålsgrunnlag



Skravert område har *me* i 1. person fleirtal

I målføra i dag er former med *m* vanlege i midlandsmåla og på Sør- og Vestlandet, jf. *me* (på Sør-Vestlandet, i Telemark, Numedal, Hallingdal og Sør-Trøndelag), *mi* (Sunnmøre, Sogn, delar av Agder, står sterkt i m.a. bymåla der), *mid* (Sunnmøre). Alle desse formene har truleg opphav i gammelnorsk total *mit*.

Forma *vi* eller *ve* finst på Austlandet, i Fjordane (Vestlandet), i mykje av Trøndelag og i Nord-Noreg. Forma *ve* finst helst i delar av Hedmark og i delar av Østfold. Nordlege delar av Gudbrandsdalen og eit tilgrensande område nord og vest for Dovre har forma *oss* som subjekt- og objektform.

Omvelting i næringslivet og stor folketilflytting har gjeve nytt "mål" med m.a. pronomenet *vi* på industristader som Høyanger, Odda og Tyssedal (men ikkje Årdal). Elles er det døme på generasjonsskilnad i bruken av *me/vi*: "Yngre Os-mål har *vi*" (Helge Omdal i brev til Språkrådet 9.2.76, og "i Øygards-måla i ytre Nordhordland her *vi* spreidd seg noko og har trengt undan *me*. Det same har ein døme på frå strok kring industristad/tettbygd/by med forma *vi*." (Gunnvor Rundhovde i brev til Språkrådet 3.5.74) Arnold Dalen skriv i *Trøndermål* (s. 30): "I nedre Orkdalen og Meråker blir *mi* meir og meir erstatta av *vi*, som er den vanlege form av pronomenet i Nord-Trøndelag og elles i fosenmåla og i bygdene rundt Trondheim." *Vi* rår i "det høgre talemålet" i fleire byar og tettstader som elles har *me*, slik er det i Stavanger og Haugesund (Helge Omdal 1967:98, 99).

### Skriftmålsgrunnlag

Brukarane av den såkalla midlandsnormalen skrev *me*. Ettersom landsmålsforfattarane på 1800- og i førstninga av 1900-talet brukte *me*, vart denne forma ei merkeform for landsmålet, og ho var einerådande i heile det nittande hundreåret i så å seia alt som vart skrive på Aasen-normalen.

Går *me* fram til rettskrivningsundersøkinga hjå nynorskforfattarane, har seks av dei ti 30-årsforfattarane valt *vi*. Vikør peiker på at tre av dei (Kvåle, Mælandsmo og Rongen) har *me* i talemålet, "så *vi* ser ut til å ha vore ekspråklig i skriftspråket alt på

denne tida, før *me* vart degradert til klammeform". (Vikør 1995:21) I 1950-åra valde seks *vi*, to *me*, og ein vaklar, men har mest *me*. Alle dei ti forfattarane frå 70-åra har valt *vi*, men Obrestad og Sagen bruker begge delar, mest *vi*. Vikør forklarer vekslinga med at *vi* er den umarkerte forma, medan *me* er meir eit stilmiddel og dermed markert i språket til forfattarane (s. 53).

Nynorsk presse varierer, sjølv om *vi* dominerer. I 1969 gjorde Norsk leksikografisk institutt ei delundersøking for å få inntrykk av skrift- og bøyingsformer i dagsaviser og lokalblad. Om *me/vi* heiter det:

Pronomenforma [*me*] synest vera den klammeforma som hevdar seg best i dagens nynorske avismål. [...] Her er altså eit tilfelle der talemålsgrunnlaget synest slå relativt sterkt igjennom trass i at forma er degradert frå hovudform til klammeform. At stillinga som hovudform likevel har styrkt bruken av *vi*, ser me for det fyrste av den nokså gjennomførte bruken i *vi*-distrikt, men også av den gjennomførte eller vanlege bruken i fleire av dei blada som dekkjer *me*-distrikt, t.d. blad og aviser som *Sogningen*, *Sogn Dagblad*, *Hordaland Folkeblad*, *Bergens Arbeiderblad*, *Ryfylke*. Det same gjeld for blad med vidare spreiing som *Norsk Tidend*, *Dag og Tid* og dagbladet *Dagen*. (Hellevik 1973)

Som nemnt var *me* klammeform frå 1938 til 1983, og likevel hevda forma seg i denne tida og i ettertida. Grunnen kunne vera at ho er mykje utbreidd og at mange skuleelevar i *me*-strok brukte denne forma i skrift. At ho også har vist att ein del i aviser og blad, kan koma av at lokalavisene bruker *me* for å framheva tilknyting til og solidaritet med lokalmiljøet.

#### *Vurdering*

- a) *Talemålsutbreiinga*. Formene *vi* og *me* står begge så sterkt at det rettferdiggjer plass i norma for begge.
- b) *Skriftleg bruk*. Bruken i skrift er nokså stor for begge formene.
- c) *Den indre bygnaden*. Denne valfridomen verkar ikkje inn på språkstrukturen.
- d) *Ordgruppe*. Gjeld ikkje noka ordgruppe.
- e) *Som identitetsuttrykk*. Det er tydeleg at bruken av dei alternative formene i dette pronomenet har vorte tillagt sterkt markering av regional identitet. Det ser ein ikkje minst av den store bruksprosenten for *me* sjølv etter at dette pronomenet så lenge hadde klammeformstatus. Forma *me* har nok ein ekstrafunksjon som markering av tradisjonell nynorsk, slik at somme med talemålsgrunnlag for *vi* bruker forma *me* i skrift.

f) *Nytt?* Jamført med den gjeldande norma er det ingenting nytt i dette framlegget.

### *Konklusjon*

Bruken både i skrift og tale og den sterke identitetsmarkeringa som blir lagd i dette pronomenet, tilseier at nynorsknorma held på både *vi* og *me*.

## **2.2.3.b *ho/henne* i objektform**

### *Status i dag*

Både *ho* og *henne* kan i dag brukast som objektform.

### *Framlegg*

Valfridomen mellom personleg pronomen 3. pers. eintal hokjønn objektform *ho* og *henne* blir halden ved lag.

Det skal framleis vera valfridom mellom dei to formene i objektforma.

### *Normhistorikk*

Som objektform kom *ho* inn i landsmålet i 1917.

### *Talemålsgrunnlag*

Nokre stader har ein objektforma *hena*, *hæna* (Telemark) og *hæ* (Setesdal), andre stader er formene *hinnje* eller '*ne*', *hena* eller '*na*'. Desse formene skriv seg dels frå ei gammal akkusativform *hana*, dels frå den norrøne dativforma *henni*. På Sentral-Austlandet kan ein høyra forma *hänner*, som går attende på ei genitivsform, i både subjekt- og objektfunksjonen, men mangstad med den særfunksjonen å vera framhevande pronomen.

Å skilja mellom ei subjektform og ei objektform i dette pronomenet er mest utbreidd på Vestlandet og Austlandet og i Nord-Noreg. I dialektområde med dativ fell akkusativforma saman med nominativsforma *ho*, medan det er dativforma som skil seg ut, f.eks. i *henna*.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Det har ikkje vorte skikkeleg granska.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Talemålet har stor utbreiing av både eit skilje mellom subjekt- og objektform og av eit samanfall.

b) *Skriftleg bruk*. Begge systema er i bruk. Elles uklårt omfang.

c) *Den indre bygnaden.* Skriftspråket skil mellom subjekt- og objektform berre i nokre personlege pronomen. Det systemet står fastast i 1. og 2. person. I tredjepersonspronomena er det i store delar av landet ingen skilnad, korkje i eintal eller fleirtal. (Grammatisk heng dette saman med likskapen med substantiva, som også representerer "tredjeperson").)

Den distinksjonen som ligg i formskiljet her, er av og til nyttig for å tydeleggjera innhaldet i ei setning. Men eit obligatorisk skilje representerer for mange språkbrukarar ein grammatisk distinksjon dei ikkje har talemålsintuisjon for, og det gjer grammatikken meir komplisert å læra.

d) *Ordgruppe.* Gjeld ikkje ordgruppe.

e) *Som identitetsuttrykk.* Formvala her er neppe relevante som identitetsuttrykk.

f) *Nytt?* Framlegget innfører ikkje noko nytt jamført med den gjeldande norma.

#### *Konklusjon*

Me tilrår at objektforma *ho* blir verande valfri form ved sida av *henne*, både pga. utbreiinga i skrift og tale av begge systema, og fordi systemet med skilje representerer ei sterkt komplisering for dei som har talemål utan skilje.

### **2.2.3.c *han/honom* i objektform**

#### *Status i dag*

*Han* og *honom* er jamstilte hovudformer.

#### *Framlegg*

Valfridomen mellom personleg pronomen 3. pers. eintal hankjønn objektform *han* og *honom* blir halden ved lag.

#### *Normhistorikk*

Aasen (1864) gjer merksam på dei mange formene av pronomenet og kjem til at "Bøiningen bekvemmest" kan stillast opp med *han* i subjektform og *honom* i objektform. *Han* (av nominativ- og akkusativforma *hann* i gammelnorsk) vart jamstilt med *honom* i objektform i 1917. *Tilråding om ny rettskrivning* 1935 rådde til at *honom* skulle gå ut:

Vel er dette en form som ikke er lite utbredt i dialektene, til og med i østnorsk; men den har vist merkelig liten evne til å hevde sig i skrift, og synes i det hele også å gjøre sig mindre og mindre gjeldende tid for tid. (S. 46)

Eigentleg var framlegget å ta ut *honom* i nynorsk og *ham* i bokmål, slik at begge målformene skulle få *han* som einaste objektform. Rettskrivinga frå 1938 følgde ikkje tilrådinga på dette punktet, og *honom* har vore jamstilt form fram til i dag.

#### *Talemålsgrunnlag*

*Framlegg til læreboknormal* 1957 peiker på at mange norske dialektar skil mellom subjekt- og objektform av dette pronomenet. “Hanom, honom og forskjellige former av disse ord er vidt utbredt.” (S. 92) *Han* er utbreidd i Nord-Noreg, elles finn ein dels *han* og dels *honom* i dei andre landsdelane.

Utbreiinga av skiljet *han* – *honom* er annleis enn *ho* – *henne*, og det kjem av at mange dialektsystem har utgangspunkt i det norrøne nominativ-akkusativskiljet, der ein altså hadde *hann* – *hann* mot *hon* – *hana*.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Forma *honom* er svært lite bruk i skrift. Ettersom det ikkje er gjort systematiske granskingar av korleis bruken av objektforma er, kan lite seiast eksakt. Men ei jamføring med hokjønnspromomena i *Nynorsk frekvensordbok* viser at *honom* står svakt som objektform: 99,6 % *han* og 0,4 % *honom* mot 81,4 % *ho* og 18,6 % *henne*.

#### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Utbreiinga av forma *honom* er ikkje svært stor, og ho minkar fort der dativsystemet går ut or bruk.

b) *Skriftleg bruk*. Bruken av *honom* er forsvinnande liten.

c) *Den indre bygnaden*. Jamfør under førre punktet om *ho*–*henne*.

d) *Ordgruppe*. Her er det ikkje tale om ordgruppe.

e) *Som identitetsuttrykk*. Forma *honom* er ei svært tydeleg markering av tradisjonell stil.

f) *Nytt?* Framlegget representerer ikkje noko nytt ut frå gjeldande norm.

#### *Konklusjon*

Talemåls- og skriftmålsbruken er ikkje sterke argument for å halda på forma *honom*, skriftmålsbruken talar kanskje for det motsette. Men me legg her avgjerande vekt på det grammatiske systemet: Når me opnar for eit kasusskilje i hokjønnspromomenet, bør det også kunne brukast i hankjønn. Det er då òg talemålsgrunnlag for å behandla dei to promomena likt.

### 2.2.3.d *nokon/noen*

#### *Status i dag*

I rettskrivinga i dag er formene

*nokon – noka – noko – nokre* hovudformer, og som klammeformer finst  
[*noen – noen – noe – noen*] og hokjønnsforma [*nokor*].

I fleirtal kan ein også bruka *nokon* når pronomenet ikkje viser til nokon talaren ikkje veit om (jf. nærmere omtale nedanfor).

#### *Framlegg*

Dei noverande hovudformene i læreboknormalen, *nokon – noka – noko – nokre*, og dei noverande sideformene [*noen – noen – noe – noen*] blir jamstilte former i rettskrivinga. Hokjønnsforma [*nokor*] går ut av rettskrivinga, jf pkt 3.2.3.d.

#### *Normhistorikk*

Det ubundne pronomenet *nokon – noka/nokor – noko – nokre* var eineform fram til 1938. Tiltrådinga frå 1935 gjorde då framlegg om å innføra denne valfridomen: *nokon/noen – noka/nokor – noko/noe – nokre/noen*. Grunngjevinga for dei *k*-lause formene var at dei hadde sterkt støtte i “de vikske, opplandske og trøndiske bygdemål, foruten i de fleste bymål” (s. 47). Desse nye formene (+ hokjønnsforma *noa*) fekk klammeformstatus i *Ny rettskriving 38*, som dei har hatt det til i dag. Etter 1959-normalen gjekk hokjønnsforma *noa* ut, og bøyingsmønsteret vart [*noen – noen – noe – noen*]. Bøyninga av tradisjonsformene (med *k*) vart endra slik at hokjønnsforma [*nokor*] vart klammeform. I tillegg skulle *nokon* også kunna brukast i fleirtal (særleg i spørsmål og nekting, jf. omtalen under *Talemålsgrunnlag*).

#### *Talemålsgrunnlag*

Kort oppsummert kan talemålsgrunnlaget skisserast slik: *Nokon* er brukt på Vestlandet og dels i Nord-Noreg og på Austlandet. *Noen* finn me på Austlandet og i Trøndelag, dels i Nord-Noreg. *Noka* (f.) finst brukt både på Vestlandet og i Nord-Noreg, *nokor* på Vestlandet og Austlandet. Elles finst i Trøndelag og i Nord-Noreg inkjekjønnsforma *nåkka* ofte saman med forma *noen* elles.

Me tek med ein del av oversikta som *Framlegg til læreboknormal 1957* har om utbreiinga av *nokon/noen*:

*no(e)n/når/nåen*: Formene utan konsonant (*no(e)n*) er vanlege på Austlandet utanom midlandsk. I Aust-Agder har bymål slike former, i bygdene møtest former med og utan *k* i Gjerstad og Vegårdshesi, men langs kysten blir formene utan *k* brukte. Konsonanten manglar òg i byane og kystbygdene i Vest-Agder. Nokre bygder i Romsdal og på Nordmøre har gjeve opp former utan midtkonsonant (men former med *kk* finst ved sida). I Trøndelag er former utan *k* eller *g* det vanlege, unntake somme stader i inkjekjønn og fleirtal. I Nord-Noreg blir forma *når* brukt i skifte med former

som har *g* eller *k*.

*nugun/någå/någen*: Former med *g* finst i Nord-Gudbrandsdalen. I indre bygder av Agder, i Rogaland sørfrå opp til midt i Ryfylke finst òg *g*-former i samanheng med den allmenne overgangen frå *k* til *g* etter vokal. – I fleirtal er *g* noko meir utbreidd enn i eintal.

*nok(k)en/nok(k)on*: Slike former er i bruk i Valdres (- Begnadalen), til dels i Ådal, Hallingdal med Eggedal og Sigdal, Numedal nord for Flesberg, i Øvre Telemark, i ein del indre bygder i Agder. I Rogaland er formene med *k* i bruk frå midt i Ryfylke der dei “harde” konsonantane byrjar, og former med *k* er så i bruk i bymål og bygdemål oppover heile Vestlandet til og med Romsdal. I Trøndelag ser det ut til at *k*-former berre finst i inkjekjønn. I Nordland er *k(k)* vanleg, men former utan konsonant eller med *g* finst i fleire bygder. Det same skal visst gjelda for Troms og Finnmark.

Fleirtalspronomenet *nokre* skal brukast når talaren har visse personar, dyr eller ting i tankane, medan ein elles bruker *nokon* (jf. Hellevik 1971:80). På den måten får dei to setningane i kvart par nedanfor ulikt innhald:

I a Kom det nokre målkvinne på møtet i går?

I b Kom det nokon målkvinne på møtet i går?

II a Kjem det nokre turistar frå Tyskland i dag, kan du opplysa om ekstraturen i morgen.

II b Kjem det nokon turistar frå Tyskland i dag, kan du opplysa om ekstraturen i morgen.

I setning I a og II a siktar den som spør, til visse målkvinne og turistar som han har i tankane. I I b og II b er det heilt ope om det finst aktuelle målkvinne og turistar, dvs. at spørsmål I a går like mykje på om det faktisk kom nokon som var målkvinne. Og vilkåret i II b gjeld såleis om det i det heile teke kjem turistar frå Tyskland.

Dette skiljet er nok lite gjennomført i dialektane no, og på Vestlandet ser forma *nokon* ut til å vera den vanlege fleirtalsforma i begge tydingane.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

I forfattarskapane frå 30-åra fanst dette pronomenet i mange variantar; attåt *noe*-formene også døme som *noke* og *noken*. Slutninga Vikør trekkjer, er at eit relativt einskapleg tradisjonelt mønster (*nokon*, *noka*, *noko*, *nokre*) held seg hjå om lag halvparten av dei ti, medan dei andre finn ulike tilpassingar til skiftingane i talemålet. Dei ni forfattarane frå 50-åra er ikkje representerte med anna enn hovudformene, og hovudvekta ligg òg på dei tradisjonelle formene hjå 70-årsforfattarane. Her har berre éin av dei ti valt bøyingsformene av *noen* (Øivind H. Solheim), og Rolf Sagen har brukt *noken* i hankjønn.

Ifølgje Wetås (Wetås 2001a) har forma *nokon* i fleirtal vorte nokså utbreidd i

nynorsk skriftmål der nynorsken krev *nokre*. Det kjem nok dels av at språkbrukarane manglar skiljet *nokon* – *nokre* i talemålet sitt, og dels av at dei i talemålet har forma *noen*, som ikkje har noko slikt semantisk skilje som vist ovanfor.

Frekvensane som *Nynorsk frekvensordbok* viser frå materiale kring 1980, er slik: Pronomenet *nokon* med formvariantar er brukt i 98,7 %, *noen/noe* 1,3 %. I hokjønn av *nokon* er *noka* brukt i 83 % og [nokor] 17 %.

#### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Talemålet gjev grunnlag for begge formene.

b) *Skriftleg bruk*. Grunnlaget for *noen* er dårlig i skriftleg nynorsk.

c) *Den indre bygnaden*. Dei to alternative pronomena har ulik struktur ved at dei viser ulike motsetningar. *Nokon* har tre genusformer i eintal, og eit svært spesielt innhalds-skilje i fleirtal (som omtala ovanfor). Dette er opplagt mykje meir innvikla enn det systemet svært mange nynorskbrukarar har i talemålsgrunnlaget sitt. Systemet med *noen* har berre skilt ut éi inkjekjønnsform.

e) *Som identitetsuttrykk*. Pronomenet *nokon* har den mest nøytrale statusen i nynorsk, mens *noen* fungerer som ei sterk markering av det moderne, kanskje òg det urbane. Forma *nokor* markerer tydeleg det tradisjonelle.

f) *Nytt?* Framlegget stryk ei av hokjønnsformene or norma. (Jf. pkt. 3.2.3.d.)

#### *Konklusjon*

Skriftmålsfrekvensen for *noen* er så låg at han ikkje gjev argument for plass i norma. Men talemålsgrunnlaget er nokså sterkt for denne forma. Dessutan har dette pronomenet ein tydeleg funksjon som identitetsmarkør, som kan vera viktig pga. at det er nokså frekvent i tekstar. Ein 'urban nynorsk' blir vanskelegare å skriva utan dette pronomenet.

Dessutan må det takast med at pronomenet *nokon* har formdistinksjonar som viser seg å vera vanskelege å praktisera for mange nynorskbrukarar. For mange vil *noen* opplagt vera lettare å bruka. Alternativet med å endra formdistinksjonane for *nokon* (t.d. til *nokon* – *nokon* – *noko* – *nokon*) vil truleg verke forvirrande, for det tradisjonelle systemet (*nokon* – *noka* – *noko* – *nokre*) må uansett også vera ein del av nynorsknorma.

Mindretalsframlegget frå 13.5.02 vil her ta ut formene *noen* og *noe*.

## 2.2.4 Verb

## 2.2.4.a Infinitivsending på -a eller -e eller kløyvd infinitiv

### *Status i dag*

I nynorsk i dag er a-infinitiv og e-infinitiv valfrie innanfor læreboknormalen, og kløyvd infinitiv er klammeform.

### *Framlegg*

Innanfor nynorskrettskrivinga skal ein kunna bruka *e*-infinitiv, *a*-infinitiv eller kløyvd infinitiv. Bruker ein kløyvd infinitiv, kan endinga *-a* brukast i dei verba som er markerte eller lista opp spesielt i ordlistene, eller ein kan følgja dialekten sin.

### *Normhistorikk*

Midlandsnormalen fekk ein slag klammeformstatus i 1901, og dermed fekk kløyvd infinitiv det òg som del av den normalen (*Framlegg til læreboknormal* 1957). Grunnregelen for kløyvd infinitiv er at verb med opphavleg kort rotstaving endar på *-a*, og verb med opphavleg lang rotstaving har endinga *-e*. 1917-rettskrivinga inneheldt eigentleg berre *-a* og *-e* i infinitiv, men eit rundskriv i 1919 kunngjorde at kløyvd infinitiv skulle vera tillaten i skriftlege elevarbeid (Jahr 1992). 1938-rettskrivinga førte med seg jamstilling for *a*-infinitiv og *kløyvd* infinitiv, og *Ny rettskriving* 1938 legg til: “[I skriftlege arbeid i skulen kan og nyttast inf. på *-e* i alle verb: *fare, kaste*.]”.

*Framlegg til læreboknormal* 1957 seier:

Meir enn halve folket bruker kløyvd infinitiv, men for den praktiske gjennomføringa i skriftmålet spelar det ei rolle at målføra viser mange avvik frå hovudregelen, og såleis er innbyrdes ulike i detaljane. [...] Resten av folket gjennomfører same ending i inf. utan omsyn til om verbet er opphavleg langstava eller kortstava. Her har då *e*-inf. (*kaste, lese*) eit større folketal bak seg enn *a*-inf. (*kasta, lesa*). For dei som inga ending har (å *kast*, å *les*), skulle det reint systematisk vera det same anten skriftmålet gjennomfører inf. på *-a* el på *-e*; i praksis fører vel likevel bokmåltradisjonen med seg at det kjennest mest naturleg med *-e*.

Den systematiske samanhengen mellom målføra og det nynorske skriftmålet har vorti veikare enn før på dette punktet i og med at dei fleste målføra anten har typen ei *klokka/veka* – å *kasta/lesa* (a-mål), eller ei *klokke/veke* – å *kaste/lese* (e-mål), eller òg fylgjer jamvekt-regelen både i linne hokjønnsord og i infinitiv. Det skulle difor vera rimeleg at skriftmålet gjennomførde inf. av typen *kaste/lese* parallelt med ei *klokke/veke*. Men her spelar skrifttradisjonen inn, og i det nynorske skriftmålet er det eit faktum at desse kategoriane ikkje har fylgst åt. E-ending har slege tidlegare og sterkare igjennom i linne hokjønnsord enn i infinitiv. (Også m.o.t. jamvekt-mål er det elles brot på denne systematiske samanhengen; kløyvd inf. er

mykje brukt i skriftmålet utan at det har fått, eller kunne få, konsekvensar for linne hokjønnsord.)

Men også e-infinitiv er mykje brukt i nynorsk skriftmål, trass i at forma ikkje er godkjend i lærebøker. Ved rettskrivingsdrøftingane som gjekk føre 1938-rettskrivinga, var det sterkt på tale å gjennomføre kløyvd inf. som einaste lærebokform i nynorsk (samstundes som bm. også gav rom for denne forma). Men for di dei praktiske vanskane med ei slik delt inf.ending var store, vart ikkje dette gjort. Også etter 1938 har det vist seg at få lærebøker har nytta kløyvd infinitiv, og i lesebøkene har kløyvd inf. i originallitteraturen i stor mon vorti overførd til *a*-infinitiv.

Læreboknormalen 1959 gjennomførte difor *a*- eller *e*-infinitiv som lærebok-/hovudformer, og kløyvd infinitiv vart gjord til klammeform.

Dette kan oppsummerast slik:

Aasen	-a
1901	-a/[kløyvd inf.]
1917(-19)	-a/-e/[kløyvd inf.]
1938	-a/kløyvd inf./[-e]
1959	-a/-e/[kløyvd inf.]
Framlegg 2000	

### Talemålsgrunnlag



Kløyvd infinitiv i skravert område.

I målføra er *kløyvd infinitiv* nytta over heile Austlandet (så nær som i ein liten del av Østfold og Vestfold), Telemark (bortsett frå den sørvestre delen), Nordmøre og Trøndelag, og dessutan Målselv og Bardu i Troms. *A-infinitiv* er brukt i storparten av Vest-Agder, i Rogaland, Hordaland og Sogn (bortsett frå den ytre delen) og i bygder på Helgeland. *E-infinitiv* er brukt i den sørlegaste delen av Østfold, i Larvik og i den søre og sørvestre delen av Telemark, vidare i Aust-Agder og delar av Vest-Agder, Bergen, Ytre Sogn, Sunn- og Nordfjord, Sunnmøre

og Romsdal og mest heile Troms og Finnmark. Ein god del folk i byane bruker dessutan *e*-infinitiv etter påverknad frå skriftspråket, i strid med den opphavlege dialekten på staden. Nokre bygder i Nord-Noreg, Lofoten, Salten, har *inga* ending i infinitiv.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Vikør peiker på (Vikør 1995) at infinitivsending på *-a* var den mest dominante endinga i nynorsk i 30-åra, og at det difor er overraskande at berre to av dei ti forfattarskapane han har undersøkt, bruker *a*-infinitiv. "Her kan vi sjå kor urepresentativ ei slik forfattargruppe kan vere for heile språkbrukargruppa," skriv Vikør. Han trur det er talemålsområdet som er årsak til at *e-endinga* står så sterkt, sidan *-e*-infinitiv først kom inn med 1917-rettskrivinga, og desse ti forfattarane på andre måtar skriv nokså tradisjonelt. Fem av dei bruker *-e*-infinitiv, tre *kløyvd* infinitiv. Etter 1938 var *-e*-infinitiv klammeform, og *kløyvd* infinitiv jamstilt hovudform. Fire undersøkte 50-årsforfattarar nytta då *-a*-infinitiv, to brukte den *kløyvde* forma, og tre gjorde seg nytte av *-e*-infinitiven. (Nokre av 50-årsforfattarane gav ut bøkene sine etter at den nye læreboknormalen var kommet.)

Etter 1959-normalen har *-a*- og *-e*-infinitiv vore hovudformer. Fire av 70-årsforfattarane valde *-e*: Edvard Hoem og Rolf Sagen, som har det i talemålet, og Ragnar Hovland og Tor Obrestad, som har *-a* i talemålet. Dei andre følgjer talemålet sitt: Fløgstad, Heie og Solheim med *-a*, og Brodal og Forfang med *kløyvd* infinitiv som då var vorten klammeform. Vikør peiker på at alle infinitivtypane er endå meir likeleg fordelt enn før.

På grunnlag av *Nynorsk frekvensordbok* er det mogleg å berekna at i materialet frå kring 1980 var *e*-infinitiv gjennomført i 53,1 % av tekstane, *a*-infinitiv i 30,1 % og *kløyvd* infinitiv i 16,8 % (Sandøy 1999:215).

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga.* Talemålsgrunnlaget er nokså stort for alle dei tre endingssystema.

b) *Skriftleg bruk.* Det er godt grunnlag for alle tre systema.

c) *Den indre bygnaden.* Kløyvd infinitiv er ikkje noko levande system i den forstand at ein ut frå stavingslengda i moderne norsk kan slutta kva endinga skal vera. (Slik er det framleis berre i Midt- og Nord-Gudbrandsdalen.) Det gjer at alle nye verb som kjem inn i såkalla jamvektsdialektar, får *-e*-infinitiv. At ein del verb har endinga *-a*, er såleis ein rest frå eit tidlegare fungerande system. Dei listene eller markeringane som ordlistene har over verb med *a*-ending etter *kløyvd* infinitiv, byggjer nesten heilt ut på kva ord som hadde kort rotstaving i norrønt.

På grunn av at *kløyvd* infinitiv berre er ein rest av eit eldre system, har ein del

verb gått over frå *a*-ending til den vanlege *e*-endinga i somme dialektar (eller den endingslause forma i trøndersk). (Jamfør at trøndersk har lik behandling av *å tæL* og *å kast*, medan *å telja* høyrer til verba med *a*-ending etter den kløyvde infinitiven.)

I andre dialektar har somme verb gått over til å få *a*-ending, f.eks. heiter det mangstad på Austlandet *å finja*, *drekka* og *kunja* (*å finne*, *drikke*, *kunne*). Berre *kunna* av desse er kome inn i listene over verb med *-a* innanfor kløyvd infinitiv. (Dei modale hjelpeverba *skulla* og *vilja* hadde såkalla kort staving i norrønt og hadde såleis "historisk rett" på plass der.)

Slike overgangar til *-a* og til *-e* er det som rettskrivinga i dag har opna for ved at ein i nynorsk kan bruka endingane i samsvar med dialekten sin så lenge ein har eit system med kløyvd infinitiv – og det vil seia at ein i hovudsak har ei fordeling som i dei nemnde listene.

Det systemet nynorsken har for kløyvd infinitiv nærmar seg altså eit fritt val av *-e* og *-a*, men dette valet gjeld ikkje heilt ut. Avgrensingane i det, som er beskrivne ovanfor, kan framstilla i ein tabell der me viser fem typar for tillaten fordeling av infinitivsendingar (= I, II, III, IV og VI) saman med ein som ikkje er tillaten (= V). Det siste er systemet med endingsblanding (= V), som det ikkje er dialektgrunnlag for.

		Verb med ny ending	Verb på lista for <i>a</i> -ending	
I. E-infinitiv	<i>kaste</i>	<i>finne</i>	<i>telje</i>	<i>vere</i>
II. Kløyvd infinitiv – godkjend i nynorsk	<i>kaste</i>	<i>finne</i>	<i>telje</i>	<i>vera</i>
III. Kløyvd infinitiv – godkjend i nynorsk	<i>kaste</i>	<i>finne</i>	<i>telja</i>	<i>vera</i>
IV. Kløyvd infinitiv – godkjend i nynorsk	<i>kaste</i>	<i>finna</i>	<i>telja</i>	<i>vera</i>
V. Endingsblanding – ikkje godkjend i nynorsk	* <i>kaste</i>	* <i>finna</i>	* <i>telja</i>	* <i>vere</i>
VI. A-infinitiv	<i>kasta</i>	<i>finna</i>	<i>telja</i>	<i>vera</i>

e) *Som identitetsuttrykk.* Valet av infinitivsending markerer nokså tydeleg regional identitet. Jamvel om somme frå kløyvd infinitivsområde bruker *-e*-infinitiv i skriftleg nynorsk, er det likevel mange som legg stor vekt på å bruka den dialektnære kløyvde infinitiven.

f) *Nytt?* Framlegget vil ikkje føra til at nokon treng endra språkvanane sine. Men kløyvd infinitiv kan få større bruksområde. Dessutan vil ikkje krav om konsekvens vera noko krav for å skriva rett.

### Konklusjon

Både utbreiing i tale og skrift og funksjonen som identitetsmarkør talar for at alle dei tre endingssistema må med i den nye norma.

Systemet for tillaten bruk av kløyvd infinitiv er nokså innvikla, og det gjer rettearbeit vanskeleg, for ein må først tolka av teksten kva system forfattaren har

intensjon om å bruka. Det enklaste kunne ha vore å godta fri infinitivsending og så rekna med at dei fleste kjem til å følgja dialektsystemet sitt. (Ei anna endring der ein sløyfa eit tradisjonelt konsekvenskrav, er alt gjennomført: Ein kan velja mellom *verte*-former og *bli*-former utan krav til noko konsekvent system.) Referansegruppa har likevel ikkje vilja gå inn for eit system med slik fri infinitivsending fordi det kan føra til ei endingsblanding utan normtradisjon både i talemål og skriftmål, som t.d. *kasta* saman med *vere*. Difor går me inn for å føra vidare dei tre hovudsistema nynorsken har hatt på 1900-talet. (Dette framlegget vik dermed av frå vedtaket på seksjonsmøtet i mai.)

Mindretallet går imot å tillata kløyvd infinitiv, jf. vedlegg 3.

#### **2.2.4.b Kort- og langformer i infinitiv og utlydande -d i preteritum av sterke verb (typen *gje/gjeve, gni/gnide – gneid*)**

##### *Status i dag*

Nynorsk har i dag kort- og langformer som jamstilte hovudformer i ei lang rekke verb: *be(de), bla(de), blø(de), by(de), dra(ge), fly(ge), flø(de), fø(de), gjø(de), gla(de), gle(de), gli(de), glø(de), gni(de), grø(de), ha(ve), kle(de), kvi(de), la(de), la(te), li(de), lø(de), ri(de), rå(de), ska(de), skri(de), spa(de), sva(de), ste(de), træ(de), svi(de), skli(de), stri(de), ta(ke), tre(de), va(de), vri(de)*.

##### *Framlegg*

Nynorskrettskrivinga held på valfridomen mellom kort- og langformer i infinitiv som gjeld i dag, med unntak av *trede* og *[bjode]* som går ut i samsvar med 2000-framlegget (jf. pkt. 3.2.4.i og 3.2.4.j).

##### *Normhistorikk*

Matias Skard fører opp valfrie infinitivsformer av t.d. *ha* og *hava*, *gli* og *glida*, *gle* og *gleda* i *Nynorsk ordbok* frå 1924. Elles kom kortformer som *[dra]*, *[la]* og *[ta]* inn som klammeformer med 1917-rettskrivinga. *Tilråding om ny rettskrivning* 1935 peikte på at sidan bokmål hadde gjennomført kortformene *ha* og *ta*, måtte også nynorsk kunna gjera det i aktiv, og tilrådinga føreslo “å gjera dei stutte infinitivsformene av verb som *be(da), bla(da), fø(da)* obligatoriske, til liks med substantiv som (ein) *bre(de)*.” Tilrådinga føreslo vidare at kortformene av t.d. *draga* og *lata* (når *lata* blir brukt som hjelpeverb) skulle bli obligatoriske. Men 1938-rettskrivinga gjekk inn for valfridom i kort- og langformer i infinitiv av verb som *dra(ga), la(ta), ta(ka)*.

2000-framlegget føreslo å fjerne formene *[bjode]* og *trede*.

##### *Talemålsgrunnlag*

I TALE99 vart informantane spurde om dei ville seia *gli* eller *glide*. 87 % stilte seg bak kortforma, 7 % valde *glide* og 3,5 % hevda at dei brukte begge formene. 33 % av informantane frå Agder-fylka og 25 % frå Hordaland valde langforma, elles var det

berre få frå vestlandsfylka og frå Buskerud og Telemark som brukte dei. Mykje same utfallet gav spørsmålet om bruken av *by* og *byde*. 88,5 % sa *by*, 3 % *byde* (heimehøyrande i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), *bjode* er brukt av 1 %. 7 % har dessutan nemnt at dei vekslar mellom to eller fleire alternativ. For dei spurde frå Buskeud, Telemark og Sør-Trøndelag som fører opp *byde*, er aldri det den einaste forma, berre eit alternativ attåt *by*. Infinitivane *ta/take* vart òg undersøkte. 86,5 % brukte kortforma, 8 % den lange, og 5,5 % oppgav at dei bruker begge. Dei fylka der langforma var mest representert (med meir enn 20 %), var Telemark, Aust-Agder og Hordaland.

### *Skriftmålsgrunnlag*

I forfattarskapane frå 1930-åra som Vikør undersøkte, fann han at ni av forfattarane brukte kortformene, berre Ragnvald Vaage heldt stort sett på langformer. Hjå dei ni undersøkte 50-årsforfattarane brukte åtte kortformer, her var det Aslaug Høydal som heldt på langformene (i *lata* får ho følgje av Heggland). Dei ti forfattarane frå 70-åra brukte alle kortformene.

Vikør kallar innføringa av kortform i mange av desse verba for ei vellukka reform (*Rettskriving hos nynorskforfattarar* 1995).

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Kortformene dominerer i talemålet, og talemålsgrunnlaget for langformene er så svakt at det ikkje gjev godt grunnlag for plass i norma.

b) *Skriftleg bruk*. Langformene i skriftleg bruk står litt sterkare enn i talemålet.

c) *Den indre bygnaden*. I nynorsk heng langformene saman med presensform utan *-r* og kortformene saman med presensformer med *-r*, altså slik:

glide – glid  
gli – glir

Siste bøyninga viser at verbet blir bøygda i presens etter *nå*-klassen, som altså følgjer ein regel om at verb som endar på trykktung vokal i infinitiv, får endinga *-r*. (For *gni(de)*, *skli(de)*, *stri(de)*, og *vri(de)* gjeld "nå-bøyninga" òg preteritum, altså *gnidde* osv., og dermed kan dei bøyast heilt ut etter *nå*-klassen.)

I mange dialektar held ein på presens utan *-r* i desse verba, slik at dei utgjer sin eigen klasse skild frå *nå*-klassen. Ein kan formulera det slik at dersom ein har forma *gli* i presens, kan ein slutta seg til at ho kan skrivast med *d*, og at infinitiven kan ha langform i skriftmålet. Dette er eit litt abstrakt samsvar når det gjeld sjølvve formene, likevel viser det eit visst samsvar i klasseinndeling mellom ein del dialektar og eit skriftmål med langformer i infinitiv. I dei aktuelle verba som er svake, blir likevel samsvaret dårlegare, for dei skal ha tostavingsform i presens i nynorsk dersom dei har

langform i infinitiv:

glede – gleder, gle – gler

I dei verba som har ein annan konsonant enn *d* i den valfrie sluttstavinga, kjem konsonanten inn att i andre former av ordet, både i preteritum, perfektum partisipp, presens partisipp og nomen agentis-avleiringar, f.eks. *tok*, *teke*, *takande*, *mottakar*, *flygar*, *flygande*, *havande*, *innehavar* osv.

*d) Ordgruppe.* Lydforma på desse orda gjev ein peikepinn om særdrag og dvs. om bøyingsmåte.

*e) Som identitetsuttrykk.* Langformene i infinitiv har fått funksjon som særdrag for tradisjonell eller klassisk nynorsk. Dessutan høyrer nokre av langformene heime i høgtidleg stil.

*f) Nytt?* Her blir ikkje innført noko nytt i norma, anna enn at [*bjode*] og *trede* går ut.

### Konklusjon

Grunnlaget for langformer er svakt i talemålet til å gje dei rettkomen plass i norma. Men i skriftmålet er nok bruken stor nok til å forsvara ein plass i norma. Me kan også seia at (det litt abstrakte) systemsamsvaret med mange dialektar (jf. ovanfor) gjev støtte for at langformene får ha plass i norma, og ettersom nokre av verba er mykje brukte i høgtidleg stil i langform, talar det for at typen får halda på den tradisjonelle plassen.

Utlydande *-d* i preteritumsformene av sterke verb i denne gruppa burde vera valfritt ut frå systematikken i språket, altså slik at *glide* går saman med *gleid*, og *gli* går saman med *glei*. Denne valfridomen gjekk ut med 2000-framleggget, og etter prinsipp *I b* i vedtaket frå 13.5.02 skal det ikkje takast opp att til vurdering her.

### 2.2.4.c *Gje(ve) – gi, gange – gå og stande – stå blir sette opp som skilde verb*

#### Status i dag

*Gje(ve)* og *gi* er begge godtekne i norma, og dei blir første opp som variantar av same verbet.

Infinitivane [*gange*] og [*stande*] er sette opp som klammeform av *gå* og *stå*.

#### Framlegg

Desse verbformene skal i nynorskrettskrivinga reknast som ulike verb med separat oppføring: *gje(ve)*, *gi*, *gange*, *gå*, *stande*, *stå*.

#### Normhistorikk

[*Gi*] med presensforma [*gir*] kom inn som ny form i 1917 og vart klammeform til *gjeva*. Kortforma *gje* vart godkjend i 1938, då kom òg perfektum partisipp *gjevi* og [*gitt*] inn i

norma. Frå 1959 vart infinitivane *gi* og *gje(ve)*, presensformene *gjев* og *gir* og perfektum partisippa *gjeve*, *gjevi* og *gitt* jamstilte hovudformer. I 1981 vart det vedteke at svake partisipp av sterke verb som hittil hadde vore ubøyelige, kunne brukast ubøygde eller få vanleg samsvarbøyning i læreboknormalen. Det førte til at partisippforma *gitt* fekk tilført han- og hokjønnsforma *gidd* og fleirtalsforma *gidde*.

*Gange* og *stande* hadde fram til 1938-reforma denne bøyingen:

*gange/gå – gjeng/går – gjekk [gikk] – gjenge/gått*  
*stande/stå – stend/står – stod – stade*

Etter 1938 hadde ordlistene den merknaden til oppføringane *gange – gjeng* og *stande – stend* at dette var former som var tillatne i poetisk stil. Dette vart endra frå 1981 av. I årsmeldinga for Norsk språkråd frå det året står:

“Opplysningen “poetisk” om ordene *gange*, *stande* [...] i ordlister utgår.

Ordene får denne oppføringen:

[*gange – gjeng – gjekk – gjenge*]  
[*stande – stend – sto(d) – stade*]  
[...]

### Talemålsgrunnlag

Talemålsgrunnlaget for tostavingsformene er svært svakt, men det er ikkje undersøkt nøyaktig.

### Skriftmålsgrunnlag

Fire av 30-årsforfattarane (Vikør 1995) brukte bøyinga *gi – gir – gitt*, ei brukte *gi – gjev – gjeve*. Vikør nemner at dette neppe er representativt for språkbruken i tida. Vaage, som også elles valde langformene, hadde *gjeva*. Fire hadde valt kortforma *gje*. Tre av dei ni forfattarane frå 50-åra brukte *gi*, og langforma *gjeva* finn me berre hjå Høydal. I 1970-åra er det tre valfrie hovudformer å velja mellom, *gi/gje/gjeva*. Hjå dei undersøkte forfattarane frå desse åra dominerer *gi* (brukt av åtte–ni av forfattarane) over *gje*, langforma er ikkje brukt.

Ingen av dei undersøkte forfattarane frå 30-åra har brukt formene *gange* og *gjeng*, partisippforma *gjenge* er nytta av éin. Desse formene var jamstilte hovudformer på den tida. Det var også *stande – stend – stade*, men av dei var berre *stade* brukt, av tre av forfattarane. Etter 1938 fører ordlistene opp at desse verba er tillatne i poetisk stil. Ingen av dei undersøkte 50-årsforfattarane har brukt nokon av dei, og dei vart heller ikkje funne hjå forfattarane frå 70-åra.

### Vurdering

a) Talemålsutbreiinga. Talemålsgrunnlaget er godt for begge formene av *gi* og *gav*. Dei

andre formene (*gange* osv., *stande* osv.) har lita utbreiing i talemålet i dag, men dei står likevel fast somstad.

b) *Skriftleg bruk.* Både *gi* og *gje* blir brukte i skrift så mykje at det talar for plass i norma. Dei andre formene (*gange* osv., *stande* osv.) er lite brukte.

c) *Den indre bygnaden.* På grunn av forskjellen i rotvokalisme står ikkje den eine forma i noko systemforhold til den andre. Det gjeld *gi/gje(ve)*, *gå/gange*, *stå/stande*. Kortformene er "halvsterke" og følgjer det normale mønsteret for kortverb i presens og partisipp (med *-r* og *-tt*), langformene er vanlege sterke verb.

e) *Som identitetsuttrykk.* Både *gi* og *gje* er nokså nøytrale, mens *gjeve* høyrer heime i nynorsk som er markert tradisjonell. Det gjeld endå sterkare *gange* osv., *stande* osv. Men dei siste formene er òg brukte i sterkt lokalfarga skriftspråk.

f) *Nytt?* Framlegget er reint teknisk og det fører ikkje til noka normendring.

### *Konklusjon*

Det er enklast å framstilla desse "parformene" av verba kvar for seg og uavhengig av kvarandre i ordbøker/ordlister, og framlegget er difor reint teknisk. Historisk har dei parallele formene med kvarandre å gjera, men det er ikkje noko systematisk i samtidsspråket som bind verba saman, berre fellesskapen i innhald. Dermed kan me sjå på dei som to ulike, men synonyme verb. Ein kan òg tenkja seg at ein kan bruka begge dei synonyme formene i same teksten der ein vil utnytta skilnaden i stil mellom dei.

## **2.2.4.d *Stod, bad, drog og gav* blir eineformer**

(Punktet er teke inn her pga. at det er nemnt spesielt i brevet frå departementet frå 5.12.00.)

### *Status i dag*

Formene *bad*, *drog* og *gav* er i dag eineformer, medan *stod* har klammeform utan slutt-konsonanten, dvs. [sto].

### *Framlegg*

Preteritumsformene *bad*, *drog* og *gav* skal halda fram med å vera eineformer i nynorsk-rettskrivinga. Preteritumsforma *stod* blir eineform. Forma *sto* fell bort.

### *Normhistorikk*

Grunnarbeidet med å jamna ut skilnaden mellom bokmål og nynorsk i skrivemåten av stum *d* vart gjort til 1917-rettskrivinga. *Tilråding om ny rettskrivning* 1935 går vidare i

dette utjamningsarbeidet. Det blir peikt på at *d* mellom vokalar eller i utlyd etter vokal og diftong er eit vanskeleg punkt.

[...] i mange stutte rotord og verb i infinitiv er det naturleg å stryke *d*, men i mange avleidingar og samansetningar er det bruk for han, anten av di han høyrest i uttalen, eller av di han er nyttig for forståing og samanheng. Snart å skriva *d* og snart å stryka han, synest då samanhengslaust og upedagogisk. (S. 28–29)

Trass i at 1917-rettskrivinga hadde gjort ein del former med *-d* til hovudformer (*breid, breida, greid* osv.), viste formene utan *d* “stor evne til å hevda seg i bokheimen; dei tykkjест hava framtida for seg.” (Tilråding, s. 29) Nemnda rådde no til å innføra eineformer av ein god del ord utan *d*, mellom anna *brei, grei, reiskap*. Korkje *stod* eller *bad* vart omtala der, men revisjonsnemnda i 1937 føreslo av “praktiskpedagogiske” grunnar å stryka *d* i preteritum *sto*. Her kunne ein jamføra bøyingsmönsteret *står – sto – stått* med *slår – slo – slått*. Dette vart likevel ikkje gjennomført i *Ny rettskriving* 1938, forma [*sto*] kom med, men som klammeform.

*Framlegg til læreboknormal 1957* peiker på at *bad, drog, gav* og *stod* har skrifttradisjon i begge mål, dei er gamle samformer, både norske og nordiske:

For nyno. er det ikkje lett å gå over til formene *ba, ga, dro*. Det skulle ikkje vera noko i vegen for å halda oppe ei fortidsform med *d* enda om ein i infinitiv og presens har kortform. Som nemnt kjem konsonanten inn att i mange avleiningar. Det kan òg nemnast at sv. som kortform til *bedja* har *be*, til *giva*: *ge*, til *draga*: *dra*, men fortid berre *bad, gav, drog*. (S. 58)

Framlegget argumenterer vidare med at då bokmål i 1938 fekk *dro* som jamstilt form med *drog*, var det eit brot med tradisjonen i bokmål og førte til ulikskap mellom bokmål og nynorsk. Det var heller ikkje teke omsyn til at *drog* er ei utbreidd form i by- og bygdemåla, og at *g-en* for nynorsk sin del kjem att i former som *dragast, dragande, dregen*.

I 1938 jamstilte bokmål *ga* med *gav*, som til dess hadde vore samform i måla. Nynorsk slo ikkje følgje, ikkje minst av omsynt til at *v-en* kjem att i andre bøyingsformer som *gjeve, gev, gevande, gjeving og tilgjeving, utgjeving* osv. Framlegg (1957) peikte på at dette bokmålsvedtaket var brot på samsvar, ikkje berre med nynorsk, men òg med svensk og dansk. Derimot meinte nemnda bak læreboknormalen at

det kan vera forsvarleg å stryke *d'en* i *stod* for di det no ikkje er *d* i noko av måla i infinitiv og partisipp; *sto* er òg den einaste av desse fortidsformene der det er tillati å sløyfe konsonanten i nyno. (S. 58)

Det går fram av Framlegget at 9 medlemmer røysta for *sto* og *stod* som jamstilte former

medan 19 ville ha *sto* som hovudform. Trass i dette vart oppføringa i preteritum *stod*/[*sto*] både i bokmål og nynorsk etter *Ny læreboknormal* 1959.

Korkje *bad*, *drog* eller *gav* har hatt klammeformer utan konsonant, [*sto*] har som nemnt vore det sidan 1938. Bokmålsseksjonen har vedteke å jamstilla *bad*, *drog*, *gav* og *stod* med dei tilsvarende preteritumsformene utan konsonant til slutt, og departementet har i brevet sitt frå 5.12.00 bede nynorskseksjonen om å vurdera det same for nynorsk.

Ei samla referansegruppe stod bak framlegget på møtet i nynorskseksjonen 13.5.02 om å la formene med konsonant til slutt vera eineformer, og seksjonen stødde samrøystes opp om framlegget.

### *Talemålsgrunnlag*

Det er ikkje vanleg å uttala *d*-en i *bad* og *stod*. På Sør-Austlandet og Sørlandet især blir *drog* uttala utan *g*, men *g*-lyden er vanleg elles i landet. *Ga* er den vanlegaste talemålsforma over heile landet, men *gav* finst i ein del bygder, til dels skiftande med *ga*.

### *Skriftmålsgrunnlag*

I alle dei ti 30-årsforfattarskapane (Vikør 1995) er forma *stod* skiven med *-d*. I 50-åra har Ulstein og Vigerust *sto*. Den siste vaklar mellom *sto/stod*, og *sto* er sporadisk brukt av to til. Hauge og Vigerust brukte dessutan forma *ga*. Hjå 70-årsforfattarane har dei *-d*-lause formene teke seg opp, halvparten bruker her *sto*, som var sideform på den tida. Sagen og Solheim gjer det, dei bruker òg forma *ga*. Den forma nyttar Obrestad òg.

*Nynorsk frekvensordbok* (1978–84) viser denne fordelinga i bruken: *stod* 84 %, *gav* 81 %, *bad* 77 % og formene utan sluttkonsonant: *sto* 16 %, *ga* 19 %, *ba* 23 %.

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Det vanlegaste er former utan sluttkonsonant.

b) *Skriftleg bruk*. Formene med sluttkonsonant dominerer.

c) *Den indre bygnaden*. Sluttkonsonanten som ein skriv i preteritum, står gjerne i andre former av verbet. Det kan vera i langformer i infinitiv (jf. *gjeve*, *bede*) eller perfektum partisipp (*gjeve*, *bede*), eller også i kortforma *bedt*. Dessutan høyrer konsonanten til i presens partisipp og i nomen agentis-lagingar: *givande*, *givar*, *bedarlag* osv. Dermed kan ein seia at den "stumme" konsonanten har eit systemgrunnlag. For *stod* er det ikkje slik i verbet *stå*, men så lenge ein også har verbet *stande*, er det rimeleg at den likelydande preteritumsforma av *stå* og *stande* blir skiven likeins. Eit tilleggsmoment er at "stum" *d* er så vanleg i rettskrivinga vår, at det ikkje er noko spesielt framandt over *d*-ar ein ikkje uttalar.

e) *Som identitetsuttrykk*. Om ein skriv *stod* eller *sto*, blir det neppe oppfatta som uttrykk

for nokon regional identitet. Det fungerer heller ikkje som markering av 'det moderne' å skriva utan sluttkonsonanten, men derimot vil tradisjonalistar halda konsekvent på *stod*.

f) *Nytt?* Klammeforma [*sto*] går ut av norma.

### *Konklusjon*

Formene med konsonant er godt innarbeidde i nynorsk. For *bad* og *gav* gjeld det at konsonanten kjem fram i andre bøyingsformer. Forma *stod* heng saman med *stande*, som det no er framlegg om å gjera til eige verb i ordbøkene (jf. punktet 2.2.4.c). Dette er godt innarbeidde skrivemåtar som det er systemdekning for, og dermed liten grunn til å endra. Det er heller ikkje sterke grunnar for å halda på klammeforma [*sto*]. Me ser heller ikkje nokon større grunn til samordning med bokmålet på dette punktet enn elles i norma.

### **2.2.4.e Sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv sluttar på trykktung vokal (typen *dra – drege/dratt*)**

#### *Status i dag*

Dei sterke verba nedanfor med valfri kort- og lang-form i infinitiv har i dag både sterk og svak form i presens og perfektum partisipp, dvs. at dei er former utan og med *-r* i presens og ein- eller tostavingsform i perfektum partisipp:

Infinitiv kortform – langform	Presens svak – sterk form	Perfektum partisipp svak <i>-dd</i> / svak <i>-dt</i> – sterk form
<i>gli – glide</i>	<i>glir – glid</i>	<i>glidd/glidt – glide</i>
<i>li – lide</i>	<i>lir – lid</i>	<i>lidd/lidt – lide</i>
<i>ri – ride</i>	<i>rir – rid</i>	<i>ridd/ridt – ride</i>
<i>skri – skride</i>	<i>skrir – skrid</i>	<i>skridd/skridt – skride</i>
<i>svi – svide</i>	<i>svir – svid</i>	<i>svidd/svidt – svide</i>
<i>gni – gnide</i>	<i>gnir – gnid</i>	<i>gnidd/gnidt – gnide</i>
<i>skli – sklide</i>	<i>sklir – sklid</i>	<i>sklidd/sklidt – sklide</i>
<i>stri – stride</i>	<i>strir – strid</i>	<i>stridd/stridt – stride</i>
<i>vri – vride</i>	<i>vrir – vrid</i>	<i>vridd/vridt – vride</i>
<i>be – bede</i>	<i>ber – bed</i>	<i>bedd/bedt – bede</i>
<i>by – byde</i>	<i>byr – byd</i>	<i>bydd/bydt – bode</i>
<i>dra – drage</i>	<i>dreg – [drar]</i>	<i>[dradd, dratt] – drege</i>
<i>fly – flyge</i>	<i>flyg – flyr</i>	<i>– floge</i>
<i>la – late</i>	<i>let – [lar]</i>	<i>[latt] – late</i>
<i>ta – take</i>	<i>tek – [tar]</i>	<i>teke – [tatt]</i>

#### *Framlegg*

Sterke verb på utlydande trykktung vokal kan ha svakt presens og svakt perfektum partisipp ved sida av dei sterke formene.

#### *Normhistorikk*

Kortformene i infinitiv med svakt presens som *dra – drar* og *ta – tar* kom inn som klammeformer med 1917-rettskrivinga. *Lar* som hjelpeverb var jamstilt form, og ein kunne velja frå ordboka mellom presenskortformene *byr* (av *by*), *glir* (av *gli*) og *gler* (av *gle*) t.d., som var jamstilte med langformene. Perfektum partisippformene [*dradd*], [*dratt*], [*latt*] og [*tatt*] kom inn i 1959, og i 1981 kom [*ladd*] og [*tadd*] med i norma som hankjønns-/hokjønnsform ved samsvarbøyning. Fleirtalsformene [*ladde*] og [*tadde*] vart òg godkjende då.

#### *Talemålsgrunnlag*

Sterkt partisipp finst delvis på Vestlandet og i Trøndelag, svakt partisipp er einerådande i Nord-Noreg og på stordelen av Austlandet, også vanleg på Vestlandet og i Trøndelag. I Språkrådet si talemålsundersøking (1999) gjev 56 % av informantane opp at dei bruker forma *glidd*, medan 7 % bruker *glide* og 17 % *glede*. Partisippforma *glitt* blir brukt av 5 %, og 5,5 % står bak *glii*, *gliddi*.

Det er i Oslo, Akershus, Østfold, Vestfold og dei tre nordlegaste fylka at forma *glidd* dominerer, der er ho så å seia einerådande. Frå 55 til 64 % av informantane i dei andre austlandsfylka pluss Aust-Agder (64 %), Møre og Romsdal (55 %) og Trøndelags-fylka (64 %) stiller seg òg bak denne forma. *Glede/glide* er brukt av nær 70 % av informantane frå Sogn og Fjordane og 45 % av dei frå Hordaland. Knappe 90 % av dei spurde frå Rogaland sa *glede*, det gjorde òg 63 % frå Vest-Agder.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

I den undersøkte forfattargruppa i 30-åra (Vikør 1995) har éin forfattar teke i bruk formene *drar*, *dradd* (ikkje tillatne då), *lar* og *tar*, medan dei er to (Engvald Bakkan og Lars Berg) som skriv *tatt*. Dei svake perfektum partisippa vart ikkje tillatne i nynorsk (sideformstatus) før i 1959. Hjå 50-årsforfattarane er det Halldor Holsvik som bruker *drar*, *tar* og *tatt*, Vegard Vigerust vekslar mellom *tar* og *tek*, og Ragnar Ulstein og Alfred Hauge mellom *drar* og *dreg*. Hauge er elles åleine om forma *dratt*. Hjå 70-årsforfattarane tek dei svake bøyingsformene til å visa seg meir. Det er fem som bruker *drar*, ein vekslar mellom *drar/ dreg*, fire forfattarar vel forma *tar*, ein vekslar mellom *tar* og *tek*, og tre bruker *lar*. Partisippforma *tatt* er teken i bruk av tre.

I denne partisipptypen finn me i *Nynorsk frekvensordbok* at dei sterke partisippa blir brukte i 45,5 % av tilfella, dei svake i 54,4 %.

#### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Samla for heile landet dominerer dei svake partisippa, og dei er tydeleg på frammarsj.

b) *Skriftleg bruk.* Dei to partisipptypane er brukte om lag like mykje i skrift.

c) *Den indre bygnaden.* Frå norrøn tid har det vore ein sterk tendens i språket vårt til at sterke verb som blir innkorta til éi staving i infinitiv, får svak form med -r i presens og -tt i perfektum partisipp. Det starta med verbet *sjá*, og seinare har stadig fleire verb og fleire dialektar slutta seg til. Somme dialektar får -dd i partisipp av mange slike verb; det er etter mønster frå verbtypar som *nå* og *gle*.

Framlegget representerer altså eit enkelt og produktiv mønster i norsk.

d) *Ordgruppe.* Ordgruppa det her er tale om, har eit eintydig lydleg særdrag samtidig som orda her altså får fellesdrag i bøyninga.

e) *Som identitetsuttrykk.* Mange av dei svake partisippa (f.eks. *tatt*, *dratt*) blir nok oppfatta som 'moderne nynorsk', men neppe *svidd*-typen.

f) *Nytt?* Framlegget fører ikkje til nokon ny valfridom, og heller ikkje til at former blir strokne or norma.

### *Konklusjon*

Både talemålet og skriftmålet gjev godt grunnlag for valfridomen. For systematikken sin del bør ein behandla alle desse verba på éi staving i infinitiv mest mogleg som samla gruppe med alternativ bøying i presens og preteritum. Det kan gje gode pedagogiske reglar.

Mindretallet går inn for obligatorisk sterke partisipp, jf. vedlegg 3.

### **2.2.4.f Valfri inkjekjønnsform i perfektum partisipp av verb på -0, -d, -g og -v (typen *nådd/nått*, *arbeidt/arbeidd*, *bygd/bygt*, *levd/levt*)**

#### *Status i dag*

Det er valfridom mellom *t* og *d* i endinga her i læreboknormalen i dag.

#### *Framlegg*

Nynorskrettskrivinga skal framleis ha valfri inkjekjønnsform i perfektum partisipp av verb på -0, -d, -g og -v (typen *nådd/nått*, *arbeidt/arbeidd*, *bygd/bygt*, *levd/levt*).

#### *Normhistorikk*

Svake verb med obligatorisk -(d)de i preteritum hadde valfri partisipp -(d)d/-(t)t i 1917. *Tilråding om ny rettskrivning* 1935 rådde til at *nådd* vart oppført som normalform for det verbet, og viste til at Hans Ross allereie for ein mannsalder sidan skreiv at denne bøyingsforma såg ut til å vilja breia seg lenger sør- og vestetter slik som ho før hadde lagt under seg "de østlandske mål, de nordenfjelske mål og bymålene, og er blitt helt

enerådende i bokmål.” Dessutan brukte nynorskforfattarar som Duun, Krokann og Koht desse formene. Tiltrådinga rådde like eins til at partisippformene *bygd* og *levd* vart valde som normalformer. Ny *rettskriving* 1938 førte då heller ikkje opp valfridom i partisipp av desse verba, men ordlistene som kom ut etter 1938, viste dobbelform i partisipp i nøytrum som tidlegare: *nådd* el. *nått*, *trudd* eller *trutt*. Og Beito skriv (1970:286) at inkjekjønnsformene i partisippet (supinum) vart tillatne i 1917 og jamstilte hovudformer i 1938. Ved neste rettskrivingsreform peikte *Framlegg til læreboknormal* 1957 på at den dialektgeografiske fordelinga som desse partisippformene hadde (sjå nedanfor), måtte føra til at nynorsk heldt oppe valfridomen, altså t.d. har *nådd* eller *nått*, *vågd* eller *vågt* og *levd* eller *levt*.

### Talemålsgrunnlag

Perfektum partisipp (nøytrum) av verb med utgang på *-d*, *-g* og *-v* endar stort sett på *-t* i midlandsområdet (unnateke Dovre), i Ryfylke, Hordaland, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Endinga *-d* dominerer på Austlandet (unnateke midlandsområdet og noko av flatbygdmåla) og Sørlandet, er einerådande i Romsdal, Trøndelag og i Nord-Noreg, medan begge er brukte på Jæren.

Meir detaljert kan den dialektgeografiske fordelinga beskrivast slik for nøytrumsforma/supinumsforma for verb av typen *nå*:

*-dd* (former som *nådd*, *trudd*): Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark fylke, Ringerike og dei søraustlege bygdene i Buskerud, Vestfold, dei ytre bygdene i Telemark og Agder; vidare i Bergen, Romsdal, Nordmøre, Trøndelag og Nord-Noreg. Gransking har synt at forma *nådd* i dag er ekspansiv. (Venås 1974, s. 285) Innanfor *dd*-området i Sør-Noreg vil likevel kortformer av sterke verb enda på *-tt*: *blitt*, *tatt* osv., medan Nord-Noreg har *-dd* også her.

*-tt*: i heile Oppland fylke (minus dei øvste bygdene i Gudbrandsdalen), i Hallingdal, Øvre Numedal og Øvre Telemark, i dei indre bygdene i Agder, heile Vestlandet frå og med Rogaland til og med Sunnmøre. *Framlegg til læreboknormal* 1957 viser til at partisippformene av typen *vågd/vågt*, *levd/levt* på den tid hadde om lag same utbreiing som *nådd/nått*. (S. 107)

### Skriftmålsgrunnlag

Forfattarane frå 30-åra (Vikør 1995) fordele seg slik at fire brukte *-t(t)*, (*bygt*, *levt*, *nått*, *trutt*), ein var konsekvent i *-d(d)*-bruken, og dei fem andre valde ulike kombinasjonar av *d(d)* og *t(t)*, mellom anna det mönsteret at *-t* vart brukt etter konsonant og *-dd* etter vokal. I 50-åra valde fem av forfattarane *-d(d)*, to valde *-t(t)*, og to veksla mellom *-d* og *-t*, jamfør mönsteret frå 30-årsforfattarane. I sju av forfattarskapane frå 70-åra finn ein supinumsformer på *-d(d)*, ingen har brukt *-t(t)*-endinga, medan tre bruker både *-d* og *-t*.

### Vurdering

a) *Talemålsutbreiinga*. Formene på *-d* dominerer.

b) *Skriftleg bruk.* Begge formene er mykje brukte.

c) *Den indre bygnaden.* Dette representerer to ulike system som i lengre tid har vore godkjende innanfor nynorsknorma. Typologisk og historisk representerer *d*-formene ein overgang til eit system med mindre klår adjektivisk bøyning, dvs. samsvarbøyning, av svake partisipp.

d) *Ordgruppe.* Gruppa viser til stammeutgangen, som altså er gruppekjennemerket.

e) *Som identitetsuttrykk.* Klassisk nynorsk held nok på *-t*-endinga, men elles har er *-d*-endinga vorte nokså "nøytral" i dag.

f) *Nytt?* Denne valfridomen har nynorsken hatt i lang tid.

#### *Konklusjon*

I målføra er *-d* nokså dominerande, men det er òg godt grunnlag for *-t*. Det er skriftradicjon for begge formene. Ei endring her ville truleg skapa mange problem for språkbrukarane som er vane med å kunna følgja dialektsystemet sitt.

### **2.2.4.g Valfri a-bøyning, e-bøyning og blanda bøyning i verb med tidlegare val mellom e- og a-bøyning (typen *brukar/bruker-bruka/brukte*)**

#### *Status i dag*

I læreboknormalen kan ein i dag velja mellom e-bøyning og a-bøyning av ein del verb. Som klammeform (men nemnt berre i føreordet i ordlistene), dvs. utanfor verkeområdet til læreboknormalen, har ein i desse verba kunna bruka såkalla blanda bøyning, dvs. bøyingsmønsteret *brukar – brukte*.

#### *Framlegg*

I verb som ein fører opp med både a- og e-bøyning i ordlistene, treng ein ikkje konsekvent halda seg til den eine eller andre bøyingsmåten i alle bøyingsformene av same verbet.

#### *Normhistorikk*

1917-innstillinga skreiv at landsmålet burde godkjenna valfri bøyning av alle verb av denne typen med stamme som endar på éin konsonant:

Verb som på denne måten skifter ut *-a* i pret. med *-te*, bør også skifte ut *-ar* i pres. med *-er*, enda om det er så at "i nutid er bøyningen med *-er* ikke gjennomført i disse verber i de bygdemaal som har fått *-te(-de)* i fortid. (Indst. 1917, s. 67)

I *Tilråding om ny rettskriving* 1935 blir det peikt på at fortidsendinga *-te* i svake verb vinn meir og meir fram i begge målformene. På grunnlag av denne utviklinga føreslår nemnda å gjera *-te* obligatorisk i verb som *ake*, *bake*, *bruke*, *knuse*, *koke*, *like*, *rope*, *rose*, *ruse*, *skape*, *smake*, *stole* og *tine*. Men *Tilleggstilråding om ny rettskrivning* 1936 legg til at i så fall må endinga *-ar* likevel vera tillaten i presens av desse verba, då denne endinga “synes å stå mye sterkere i mange bygdemål enn *-er*”. (S. 11) Det vart valfritt preteritum ved verb som *bruka/brukte*, *koka/kokte*, *skapa/skapte*.

*Ny læreboknormal* 1959 skriv om verb med bryting mellom a- og e-klassen:

Frå 1938 har vi hatt ei gruppe linne verb som i preteritum kunne ha skifte mellom -a og -de/-te og tilsvarande -a eller -d/-t i preteritum partisipp, men i presens skulle desse verba alltid ha -ar. Denne blanda bøyninga går no ut. Dei verba som kan bøyast både etter a-klassa og e-klassa, får no anten a-bøyning eller e-bøyning fullt ut, t.d.      *baka – bakar – baka – baka* eller  
*baka – baker – bakte – bakt*

[...]

I skulen bør elevar ikkje få feil om dei nyttar blanda bøyning i samsvar med talemålet sitt.

Fagnemnda har fleire gonger drøfta denne bøyningstypen utan å koma til semje om noka ny løysing.

#### Talemålsgrunnlag

Eit spørsmål som informantane i talemålsundersøkinga frå 1999 (TALE99) vart bedne om å svara på, galdt samsvaret mellom presens- og supinumforma av verba som kan bøyast både som a- og e-verb. Utgangspunktet var verbet *bruka*. Når ein held utanfor dei informantane som ikkje skil mellom *er*- og *ar*-endingar i det heile i presens, blir prosentfordelinga mellom dei ymse bøyingsmåtane slik:

e-bøyning ( <i>er – te</i> ):	12 %
a-bøyning ( <i>ar-a</i> ):	25 %
blanda bøyning I ( <i>ar-te</i> ):	60 %
blanda bøyning II ( <i>er-a</i> ):	3 %

Ikkje uventa er det full oppslutning om e-bøyninga i Oslo, Akershus, Hedmark, og vel 90 % i Nord-Trøndelag, Troms og Finnmark står dette formvalet<sup>1</sup>. Dette er fylke der alle eller dei fleste dialektane ikkje har motsetning mellom *-er* og *-ar* i presens. Over halvparten av informantane frå Aust- og Vest-Agder, Buskerud, Oppland og Sør-

<sup>1</sup> Rapporten har den merknaden at om ein tek vakk dei informantane som ikkje “kan” ha *-ar* i presens, blir det til dømes ingen informantar att i Oslo, Akershus, Hedmark, Nord-Trøndelag og Aust-Agder.

Trøndelag oppgjev også rein e-bøyning, noko som heng saman igjen med at mange av dialektane i desse fylka ikkje har motsetning mellom *-er* og *-ar* i presens.

I Sogn og Fjordane derimot bruker alle informantane den blanda bøyninga, altså typen *brukar – brukt*, og i Rogaland og Hordaland bruker høvesvis 67 % og 90 % dette bøyingsmønsteret. Elles er denne bøyninga brukt av 45 % i Møre og Romsdal, 39 % i Oppland, 36 % i Buskerud, og av nokre enkeltinformantar spreidde på Agder, Telemark og Nord-Noreg.

Rein a-bøyning dominerer i Telemark med 70 %, i Møre og Romsdal med 55 %, og det står med 30 % i Aust-Agder.

### *Skriftmålsgrunnlag*

I nynorsk skriftpraksis dominerer den blanda bøyninga; ho utgjer om lag 65 %. Rein e-bøyning av dei same verba er på 25 %, medan rein a-bøyning berre har 10 %. (Denne utrekninga er gjord på grunnlag av opplysninga om 10 verb frå "den blanda klassen" jamførte med frekvensane for den generelle tempusfordelinga av verbformer.)

Rein a- eller e-bøyning, dei to bøyingsmåtane som læreboknormalen godtek, utgjer berre små mindretal i skriftpraksisen (sjå ovanfor). Skriftmålsstatistikken viser altså at folk kombinerer i stor grad etter mønsteret *brukar – brukte*, dvs. etter talemålet, og trass i læreboknormalen. Dei som tek konsekvensen av avgrensinga i læreboknormalen, vel nok ofte systemet *bruker – brukte*. (Jamfør at det har dårligare talemålsdekning enn skriftprosenten på 25 skulle tyda på.)

### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Blanda bøyning står sterkest i talemålet.

b) *Skriftleg bruk*. Her står òg blanda bøyning svært sterkt, og ei rimeleg tolking er at folk følgjer dialektsystemet sitt utan å tenkja på krava i læreboknormalen.

c) *Den indre bygnaden*. I dei aktuelle verba har nynorsken i praksis tre bøyingsmåtar, som kvar (i alle fall to) har støtte i talemålet. Blanda bøyning er systematisk nok, trass i namnet. Den pedagogiske regelen om samsvar mellom *-er* i presens og *-de/-te* i preteritum kan vera nyttig nettopp som pedagogisk regel, men han er altså ikkje i samsvar med det dominante mønsteret i tale og skrift.

d) *Ordgruppe*. Orda som er aktuelle her, er ofta slike som har lang stammevokal med ein konsonant etter. Men ikkje alle verb med dette særdraget følgjer denne klassen.

e) *Som identitetsuttrykk*. Dette draget er nok under "språkmedvitet" hjå mange språkbrukarar; dei fleste følgjer talemålet sitt, og legg ikkje meir i korkje det eine eller andre systemet.

f) *Nytt?* Denne omlegginga kjem ikkje til å endra noko for skrivepraksisen åt folk flest. Men blanda bøyning kan få større bruksområde, og e-bøyninga kjem truleg til å bli mindre frekvent.

### *Konklusjon*

Både skriftmål og talemål talar for at ein må godta blanda bøyning. Å stryka e-bøyning av desse verba ville både innføra noko nytt for dei som har vant seg til å brukha, og endå viktigare: Den pedagogiske regelen om samsvar i vokal mellom presens og preteritum kan ikkje lenger brukast. Det talar for at ein må opna for alle tre bøyingssystema.

Ei oppføring av tre bøyingsmønster i ordlistene er lite pedagogisk. Enklare er det å presisera gjennom vedtak at ein ikkje treng følgje anten det eine eller andre av dei to bøyingsmønstra. Dermed opnar ein for det mest utbreidde systemet, nemleg blanda bøyning (*brukar – brukte*). Me får altså ei norm som er i samsvar med dominerande praksis. Å fjerna blanda bøyning frå norma ville vera språkpolitisk svært uheldig for nynorsken, og det ville nok i praksis vera temmeleg uråd å få brukarane til å innretta vanane sine etter ei slik innsnevring.

#### **2.2.4.h Verb med preteritum på -de eller -te (typen *tolde/tolte, kjende/kjente, førde/førte*)**

##### *Status i dag*

Dei fleste verba med e-bøyning og stammeutgang på -l, -ld, -m, -n(n), -nd, -ng, -r og -rd har i dag valfridom mellom -de og -te, men normstatusen åt dei to endingane skifter noko:

	<i>l</i>	<i>ld</i>	<i>m</i>	<i>n</i>
-de [-te]	<i>siglde [siglte] neglde [neglte] dvalde [dvalte] dulde [dulte]</i>	<i>meldte [melde] elde(st) [eldte(st)] mylde/[mylte] sælde/[sælte]</i>	<i>drøymde [drøymte] dømde [dømte] fløymde [fløymte] glumde [glumte] gløymde [gløymte]</i>	<i>kjende [kjente] dunde [dunte] runde [runte] skrunde [skrunte]</i>
-de/-te	<i>tolde/tolte</i>		<i>limde/limte bestemde/bestemte</i>	
-te [-te]	<i>kvilte</i>		<i>[drømte] [flømte] [gjømte] [strømte]</i>	

	<i>nd</i>	<i>-ng-</i>	<i>r</i>	<i>rd</i>
--	-----------	-------------	----------	-----------

<i>-de</i> [-(d)te]	<i>hende [hendte]</i>	<i>ringde [ringte]</i> <i>blengde</i> [blengte] <i>dengde</i> [dengte] <i>fengde [fengte],</i>	<i>torde [torte]</i> <i>høynde [høyerte]</i> <i>køynde [køyerte]</i> <i>barde [barte]</i>	<i>gyrde [gyrdte]</i> <i>herde [herdte]</i> <i>vørde [vørzte]</i>
<i>-de/-te</i>			<i>firde/firte</i> <i>flirde/flirte</i> <i>førde/førte</i> <i>hørde/hørte</i>	
<i>-te</i>			Aller verb på <i>-ere</i>	

I tillegg til døma i tabellen gjeld valfridomen også desse verba:

*-de [-te]:*

ved -l-: *fortalte [fortalte], hylde [hylte], kylde [kylte], mulde [multe], selde [selte], skilde [skilte], skylde [skylte], talde [talte], valde [valte], ulde [ulte], ylide [ylte]*

ved -m-: *fremde [fremte], gløymde [gløymte], gramde [gramte], gremde [gremte], grumde [grumte], lamde [lamte], samde [samte], skremde [skræmde] [skræmte], strøymde [strøymte], sumde [sumte], tamde [tamte], timde [timte], vemdest [vemtest], ylmdes [ylmtest], umde [umte].*

ved -n-: *bunde [bunte], drunde [drunte], stunde [stunte], tande [tante], vande [vante].*

ved -ngj-: *flengete [flengete], hengde [hengte], klengde [klengte], krengde [krengte], kyngde [kyngte], lengde [lengte], mengde [mengte], rengde [rengte], ringde [ringte], slengde [slengte], slyngde [slyngte], sprengde [sprengte], stengde [stengte], svengde [svengte], trenge [trengete], tyngde [tyngte], vrenge [vrengete], yngde [yngte]*

ved -r-: *murde [murte], smurde [smurte], spurde [spurte], varde [varte], urde [urte]*

*-de/-te:*

ved -r-: *kjørde/kjørte, klarde/klarte, lærde/lærte, styrde/styrte, svarde/svarte*  
[-te]:

ved -m-: *[dønte, drønte, stønte, vante/vente, temte]*

### Framlegg

Verba ovanfor skal framleis ha valfridom mellom *-de* og *-te* i preteritum. Han skal dess-

utan gjelda *kvilde/kvilte*. (Formene *limde* og *bestemde* vart tekne ut i 2000-framlegget.)

### *Normhistorikk*

#### *Typane tolde/tolte og kjende/kjente:*

Det gjekk fram av rettleiinga for den nye rettskrivinga frå 1918 at ein kunne bruka *-de* eller *-te* i preteritum etter *l*, *n* og *r*: *brenna – brende/brente*, *kvila – kvilde/kvilte*, *føra – førde/førte*, og her er namnet “e-verb” nytta. Også etter *mm* var det valfridom: *stemma – stemde/stemte*. (Fortid *kvilte* vart likevel ikkje godkjent før i 1959.)

*Tilråding om ny rettskrivning* 1935 ville godkjenna preteritumsendinga på *-te* i dei verba av 2. og 3. klasse [må forklarast] som hittil berre hadde hatt endinga *-(d)e*, altså i typane *sendte* vsa. *sende*, *spurte* vsa. *spurde*, *skilte* vsa. *skilde* osv. Det vart peikt på at bøyingsformene med *-te* greip meir om seg, m.a. i litteraturen, for det andre ville bøyningsskjemaet bli lettare, og – det ville føra til fullt samsvar med bokmål. Nemnda meinte at dei same grunnane tala for å tillata former som t.d. *grøste*, *vente* (av *venja*) og *temte* (av *temja*). Resultatet i *Ny rettskriving* 1938 var at både *spurde* og *skilde* vart verande eineformer, men verb som *[meldte]* og *[sendte]* fekk klammeformsatus. Det fekk òg *[vente]* og *[temte]*.

*Framlegg til læreboknormal* 1957 peikte på at preteritum på *-te* nære på var gjennomført for e-verb som sluttar på *-l*. Berre to verb hadde no *-de*: *kvila – kvilde* og *tola – tolde*. For at det skulle bli ein sams bøyingsregel for alle e-verb med rotutlyd på *-l*, tilrådde framlegget preteritum på *-te* òg for desse verba. I *Ny læreboknormal* 1959 vart det då òg slått fast at alle verb frå *dømma*-klassen med rotutlyd på *-l* og *-r* skulle ha *-te* i preteritum (*kvilte, tolte, førte, lærte*). Unntaka var *høynde, køynde, gjorde, torde*.

I 1980-åra behandla fagnemnda fordelinga mellom *-te* og *-de* i preteritum. Det vart i 1986 gjort ei rad vedtak i denne saka. Eitt av vedtaka gjekk ut på at ein del verb frå telja-klassen med rotutlyd på *l*, *m*, *n* og *r* bortsett frå *burda* og *gjera* skulle ha preteritum på *-de* [*te*] (før hadde dei berre *-de*), av typen *smørje – smurde* [*smurte*] og *telje – talde* [*talte*].

Av verba med utgang på *-l* var det fram til 2000 berre *siglde/siglde* og *neglde* som hadde *-de* som hovudform og *-te*-klammeform. Vedtaka då endra ikkje på det, men verbet *tola* gjekk frå jamstilte preteritumsformer til *tolte* [*tolde*].

*Ny læreboknormal* 1959 gjorde det klårt at i *dømma*-klassen skal alle verb med rotutlyd på *-r* (og *-l*, sjå punktet ovanfor) ha *-te* i preteritum (*lærte*). *-de*-endingane vart ikkje eingong tillatne som sideformer. Unntak var formene *høynde, køynde, gjorde, torde*.

Som nemnt førte ei drøfting i Språkrådet først i 1980-åra fram til fleire vedtak i 1986 som galdt fordelinga av *-de* og *-te* i preteritum av e-verb. For verb med rotutlyd på *-r* frå *dømmaklassen* vart det no bestemt at dei skulle ha valfri *-de/-te* i preteritum (*spire – spirde/spirte*). Dette skulle òg gjelda *høre* og *kjøre*: *hørde/hørte* og *kjørde/kjørte*. For dei tilsvarande verba med diftong og verbet *tora* vart preteritumsformene *høynde* [*høypte*], *køynde* [*køypte*] og *torde* [*torte*]. Ei anna gruppe verb fekk alternativ a-bøyning

attåt e-bøyning med *-de/-te* i preteritum (*klara – klara/klarde/klarte*).

Etter vedtaka i 1986 var det berre få verb på *-r*-utlyd med e-bøyning att som ikkje hadde fått valfritt *-de* eller *-te* i preteritum, nemleg *høyre*, *køyre* og *tore*. Nynorskseksjonen gjekk på møtet 13.5.02 inn for valfridom også i desse verba.

Der det i dag er valfridom, er det noko uklårt mønster for kva status dei alternative formene har, i verb med utgang på *m* og *r*, som me såg i tabellen under *Status* ovanfor: Dels er det jamstilte hovudformer, som i *limde/limte* og *hørde/hørte*, og dels er det eine alternativet klammeform, som i *dømde [dømte]* og *høyrd [høyrt]*. (*Lime* har også a-bøyning.) Dette ikkje heilt oversiktlege mønsteret prøvde framleggjett frå 2000 å gjera klårare i fordelinga mellom hovudformer og klammeformer.

### Talemålsgrunnlaget

Spørjeundersøkinga som Språkrådet gjennomførte hausten 1999, viste at 47 % av dei spurde valde preteritum på *-te* av verb av *brenne*-typen (transitivt), 30,5 % ville ha *-de*-forma. (Det viste seg at 14,5 % hadde valt sterkt bøyning, altså *brant* som transitivt verb.) *Brende* vart vald av alle dei spurde frå Sogn og Fjordane, og av 55–75 % av informantane frå Hordaland, Rogaland, Oppland, Telemark og Buskerud. Alle dei spurde frå Sør- og Nord-Trøndelag ville ha forma *brente*, det ville òg 67–75 % frå Møre og Romsdal, Hedmark, Nordland, Troms og Finnmark.

Etter *l* er endinga *-te* mest einerådande eller fullstendig dominante i alle landsdelane. Endinga *-de* finst i nokre tilfelle på Austlandet, indre Agder og Vestlandet. Etter *m*, *nn*, *ng*, *ld* og *nd* står *-de* sterkt i midlandsmalet, og i dialektane i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre Elles dominerer *-te*.

Når det gjeld endinga etter *r*, kan ein i kortform seia at endinga *-te* dominerer i Ryfylke, Hordaland, Romsdal, Sør-Trøndelag og er einerådande i Nord-Noreg. Endinga *-de* rår i midlandsområdet, og står nokså sterkt i Nord-Trøndelag og på Helgeland, medan begge endingane blir brukte på Aust- og Sørlandet, Jæren, i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre.

### Skriftmålsgrunnlag

I åtte av dei undersøkte forfattarskapane (Vikør 1995) frå 30-åra dominerte *-de* i preteritum av e-verb.

Av forfattarane frå 50-åra har fem valt preteritum på *-de* og tre *-te*-endinga. Preteritum på *-te* var sideform etter 1938-rettskrivinga, men desse tre forfattarane kom vel å merka med bøkene sine etter 1959-rettskrivinga var offentleggjord. Etter 1959 var, som nemnt ovanfor, preteritum på *-te* i e-verb eineform, og ingen av 70-årsforfattarane gjennomførte preteritumsformer på *-de*. Fire veksle likevel mellom *-de* og *-te* frå verb til verb (Brodal, Fløgstad, Obrestad og Sande), dei andre valde *-te*-endinga.

Frekvensordboka viser at *-te* er nærmast einerådande etter *l* og *n* (med unntaket *kjende*), og same endinga dominerer etter *m*. Men etter *ld*, *nd* og *ng* dominerer *-de*. Ved utgang på *-r* er frekvensane jamnare fordelte på *-te* og *-de*.

### Vurdering

a) *Talemålsutbreiinga*. Endinga *-te* dominerer nok i norsk talemål i dei verba som er aktuelle i denne gruppa.

b) *Skriftleg bruk*. Generelt sett ser det her ut til at dei to variantane står jamsterkt.

c) *Den indre bygnaden*. Den indre bygnaden blir styrkt ved at ein får klårare og meir eins mønster. Det kan ein oppnå ved å opna for mest mogleg gjennomgåande val; det gjev ein pedagogisk lette.

d) *Ordgruppe*. Utgangskonsonantismen gjev dei aktuelle orda preg av å utgjera ei gruppe.

e) *Som identitetsuttrykk*. Endingane på *-te* i ein del av verba blir nok oppfatta som "moderne", men dette skiljet er neppe ein tydeleg markør.

f) *Nytt?* Jamført med rettskrivinga i dag blir valfridomen den same, men tidlegare klammeformer får no større bruksrom. Me opnar ikkje for valfridom ved dei verba med utgang på *-m* og *-r* som før berre hadde endinga *-te*, dvs. former som *drømte* og verba på *-ere*, jf. skjemaet under *Status i dag* ovanfor. Derimot føreslår me ny valfridom for *tolde/tolte* og *kvilde/kvilte*. Det er det einaste nye i spørsmålet om valfridom.

### Konklusjon

Det trengst litt ryddigare mønster for verbendingane i denne gruppa. Det kan me oppnå med dette framlegget, og det er godt talemåls- og skriftgrunnlag for å gjennomføra det. Mønsteret vist under *Status i dag* kan då forenklast til det nedanfor med klårt færre kategoriar å skilja mellom. (Av plassomsyn er det teke med berre eit par døme i kvar rute.)

	<i>l</i>	<i>ld</i>	<i>m</i>	<i>n</i>
<i>-de/-te</i>	<i>fortalte/fortalte</i> <i>tolde/tolte</i> <i>kvilde/kvilte</i>	<i>melde/meldte</i>	<i>drøymde/drøymte</i> <i>limde/limte</i> <i>bestemde/bestemte</i>	<i>kjende/kjente</i>
<i>-te</i>			<i>drømte</i>	

	<i>nd</i>	<i>ngj</i>	<i>r</i>	<i>rd</i>
<i>-de/-te</i>	<i>hende/hendte</i>	<i>ringde/ringte</i>	<i>torde/torte</i> <i>høynde/høynte</i> <i>førde/førte</i> <i>hørde/hørte</i>	<i>vørde/vørte</i>

-te			Alle verb på -ere	
-----	--	--	-------------------	--

Mindretalalet på seksjonsmøtet 13.5.02 går inn for å stryka forma på [-te] der ho er klammeform i dag, jf. vedlegg 3.

#### **2.2.4.i Sterke perfektum partisipp kan ha -en/-i i hokjønn (*skriven/skrivi*)**

*Status i dag*

I læreboknormalen skal sterke perfektum partisipp ha -en i dag, forma [-i] er klammeform.

*Framlegg*

Sterke perfektum partisipp skal framleis ha valfritt -en eller -i i hokjønn innanfor rettskrivinga.

*Normhistorikk*

Endinga -i her er ein del av i-målet, jamfør historikken under 2.2.1.d.

*Talemålsgrunnlag*

Jmfør under 2.2.1.d.

*Skriftmålsgrunnlag*

Jmfør under 2.2.1.d.

*Vurdering*

Vurderinga er her som under 2.2.1.d, dvs. at det hører til strukturen i i-målet å skriva t.d. *boki er skrivi*.

*Konklusjon*

Vi går inn får at i-målet skal ha ein plass i nynorsknorma, og då krev strukturen i målet at òg sterke partisipp skal kunna få den endinga. Jamfør elles 2.2.1.d.

Mindretsframlegget frå 13.5.02 gjekk inn for å ta i-formene ut or nynorsknorma.

#### **2.2.4.j Sterk og svak bøying av *eige***

*Status i dag*

Verbet *eige* har i dag svak bøying som klammeform: [*eigde - eigd/eigt*].

*Framlegg*

Verbet *eige* skal framleis kunna bøyast sterkt eller svakt i preteritum og perfektum partisipp, altså: *eige - eig - åtte - ått* eller *eige - eig - eigde - eigd/eigt*.

### *Normhistorikk*

Den svake bøyninga vart teken inn i nynorsk i 1977.

### *Talemålsgrunnlag*

Det er ikkje gjort nok granskning av dette grunnlaget.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Det er særleg i partisippet at den svake bøyninga står sterkt, t.d. i formuleringar som *Selskapet var eigd av NN* og *eit sjølveigd selskap*. Av frekvensordboka, som har eit materiale frå tida rett etter den svake bøyninga vart teken inn i norma, går det fram at preteritumsformene fordelte seg slik: *eigde* var funne 4 gonger mot *åtte* 27, medan det var 7 tilfelle av *eigd* og 3 av ått. Inntrykket er at denne svake bøyninga ikkje er vorten mindre brukt den seinare tida.

### *Vurdering og konklusjon*

Bruken av svak bøyning er nok så stor at det er rimeleg å godta den svake bøyninga jamsides den sterke av dette verbet.

## **2.2.4.k Samsvarbøyning av svake perfektum partisipp i predikativ stilling (typen *dei er kjende/kjent*)**

### *Status i dag*

Læreboknormalen krev i dag samsvarbøyning av både sterke og svake partisipp i predikativ stilling (dvs. etter *vere*, *verte* og *bli*). I rettskrivinga kan ein sløyfa samsvarbøyninga og bruka supinumforma (dvs. same forma som er brukt etter *ha*) i desse posisjonane.

### *Framlegg*

Svake perfektum partisipp i predikativ stilling kan anten ha samsvarbøyning eller stå i supinum:

*han er kjend / kjent*  
*dei er kjende / kjent*

Sterke perfektum partisipp skal ha obligatorisk samsvarbøyning i predikativ stilling.

### *Normhistorikk*

I 1981 vedtok Språkrådet reglar for eit system utan samsvarbøyning av perfektum partisipp. Det vart tillate i rettskrivinga, men ikkje etter læreboknormalen, å bruka ubøygd partisippform av svake eller av både svake og sterke verb i predikativ stilling

(dvs. etter *bli*, *verte*, *vere*). [Ordlyden vart noko endra i 1982, og me har gjeve att den siste versjonen.] Ubøyd partisipp i predikativ bruk skulle ha same form som supinum. Dessutan hadde nokre sterke verb hatt svake partisipp som hittil hadde vore ubøyelege, [*dradd*] [*dratt*], *fått*, *gitt*, *gått*, [*latt*], *slått*, *stått*, [*tatt*], og desse kunne no brukast ubøygde eller få vanleg samsvarbøyning i læreboknormalen.

I 1982 vart reglane som galdt sideformer med ubøygt partisipp, utvida til å gjelda uekte partisipp, dvs. adjektiv som er laga direkte av eller til partisipp, jf. t.d. *egga er nylagt* eller *egga er nylagde*, *fisken er nydregen/nydregi* eller *fisken er nydregen*.

#### *Talemålsgrunnlag:*

Samsvarbøyning var gjennomført i gammalnorsk og finst som uheilt system i mest alle målføre. (Skjekkeland 1977:115). Best gjennomført er samsvarbøyninga i dag i vestlandske og midlandske målføre, men i yngre mål vik ho der òg.

#### *Skriftmålsgrunnlag:*

Ei undersøking i ein del aviser i 1999 viste at bruken av samsvarbøyning av svake partisipp låg om lag jamt med ikkje-samsvarbøyning. Derimot var det heilt dominerande samsvarbøyning av sterke partisipp. (Sandøy 1999.)

#### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga.* Det dominerande mønsteret i norske dialektar er at ein ikkje har samsvarbøyning av svake partisipp. Samsvarbøyning av sterke partisipp står noko sterkare.

b) *Skriftleg bruk.* I skrift er det i dag vorte like vanleg å ikkje bøya svake partisipp som å bøya dei. Samsvarbøyning av sterke partisipp er derimot nesten fullstendig gjennomført.

c) *Den indre bygnaden.* Syntaktisk sett har nynorsk samsvarbøyning som før. Det systemet at ein ikkje treng samsvarbøya svake partisipp, kan beskrivast like presist med at ein i svake partisipp har same forma i alle kjønn og både eintal og fleirtal. Denne forma skal vera lik den ein har i supinum (dvs. etter hjelpeverbet *ha*).

Reglane for kva former det svake partisippet skal ha i dei ymse kategoriane dersom ein vil samsvarbøya dei, er nokså innfløkte for dei som ikkje har talemålsgrunnlag for dei. Bøyingsformene for dei sterke partisippa er derimot nokså enkle, og ein finn dei same att i bøyninga av adjektiv på *-en*, som står endå sterkare. Det gjer nok at samsvarbøyning av sterke partisipp ser ut til å vera gjennomført utan problem i nynorsk, også av dei som ikkje har talemålsgrunnlag for det.

e) *Som identitetsuttrykk.* Dei som ynskjer å skrive tradisjonell nynorsk, legg nok vekt

på å bruka tradisjonell samsvarbøying. Men så vanleg som ikkje-samsvarbøying av svake partisipp har vorte dei siste par tiåra, kan ein neppe seia at ho er nok sterkt markering no.

*f) Nytt?* Framlegget avviklar valfridomen i sterke partisipp, dei skal no ha obligatorisk samsvarbøying. Denne delen av valfridomen frå 1981 ser ikkje ut til å vera teken i bruk.

### *Konklusjon*

Samsvarbøyinga er etter kvart mykje mindre brukt i nynorsk ved svake partisipp, og ho er ein tydeleg komplikasjon i læringa for dei som ikkje har grunnlag for ho i talemålet sitt. Difor er det rimeleg å sløyfe det obligatoriske kravet om samsvarbøying av svake partisipp. Derimot viser skriftleg praksis at sterke partisipp korkje valdar store læringsproblem eller er på vikande front. Difor gjer me framlegg om at ho blir obligatorisk i den nye nynorsknorma.

## 2.2.5 Adverb

### 2.2.5.a Adverb med *a-/an-* framfor konsonant i retningsadverb/preposisjonar (typen *austafor/austanfor*)

#### *Status i dag*

Retningsadverba har valfritt *-a-* eller *-an-* i samansetningar unntake framfor sisteledd som byrjar på vokal, altså *utafor/utanfor*, *utapå/utanpå*, *utatil/utantil*, men *utanom*, *utanåt*. Når retningsadverbet er eit ord for ei himmelretning, skal affikset *-a-* brukast framfor konsonant og *-an-* framfor vokal, men likevel slik at det er val framfor *-til*, altså: *austafor*, *austapå*, men *austanetter* og *austanom*, og så *austatil/austantil*.

#### *Framlegg*

Føreledd av typen *astan-* kan nyttast framfor vokal og konsonant. Framfor konsonant kan typen *asta-* (utan utlydande *-n*) også brukast.

#### *Normhistorikk*

Valfridomen ved ord for himmelretningane gjeld berre framfor *-til* (*austatil/austantil*). Framfor konsonant elles skal *n-en* falla (*austafor*, *austapå*). Framfor vokal står *n-en* eller suffikset blir ikkje brukt (*astanom/austom*). Eineformene med *-a-* vart innførte i 1938 (både i samansetningar og i preposisjonane som *austa*, *norda* osv.).

Valfridomen i dei andre aktuelle orda (*ut-*, *ov-*, *inn-*) gjeld generelt framfor konsonant (*utafor/utanfor*, *utalands/utanlands*). Framfor vokal står *n-en*, eller suffikset blir ikkje brukt (*innanom/innom*, *ovanom/ovom*).

#### *Talemålsgrunnlag*

Dialektgrunnlaget for *-an-* er nokså lite, først og fremst sørvestlandsk. Resten av landet

har -a- eller -å-: *nordatil*, *heimafrå* osv. Av 164 informantar i TALE99 svara 82 % at dei bruker forma *nordafor*, 11,5 % seier *nordanfor*, og nokre få seier at dei blandar desse to eller sløyfer suffikset i *nordfør*. 150 informantar uttala seg vidare om *bortafor/bortanfor*. Her meinte 75 % at dei sa *bortafor*, 16,5 % sa *bortanfor* og nokre blanda eller sa *bortfør*. Av dei spurde svara 89 % frå Vest-Agder og 80 % frå Rogaland at dei brukte -an-suffikset, 50 % av svara frå Hordaland sa det same. 30 % av informantane frå Nordland meinte dei sa *nordafor* men *bortanfor*.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

I skrift blir -a- brukt i 21 % og -an- i 79 % av tilfella der det er valfridom (*austa(n)til*, *inna(n)for* osv.).

#### *Vurdering*

a) *Talemålsutbreiinga*. Talemålsgrunnlaget er best for -a-.

b) *Skriftleg bruk*. I skriftleg nynorsk står -an- sterkest.

c) *Den indre bygnaden*. Systemet i dag har jamt over valfridom mellom -a- og -an- der andreleddet byrjar på konsonant, men det er innført ei avgrensing som ikkje verkar heilt godt grunngjeven: Adverb med himmelretningane har ikkje valfridom i samansetningar der andre leddet byrjar på konsonant; slik valfridom kan ein likevel ha framfor -til. Ved å fjerna denne litt kompliserte avgrensinga på regelen kan systematikken bli styrkt og enklare å læra.

d) *Ordgruppe*. Både formelt og etter innhaldet er dette ord som tydeleg utgjer ei gruppe.

e) *Som identitetsuttrykk*. Formene med -an- framfor konsonant er "obligatoriske" for den som ynskjer å markera seg med ein tradisjonell nynorsk. Kan henda har formene med -a- eit tilsvarande "moderne" preg, men mest markerer dei nok ein medvitn talemålsnær nynorsk.

f) *Nytt?* Det kjem inn nokre nye valfrie former med denne reguleringa (t.d. *austanfor*), men elles blir valfridomen som før.

#### *Konklusjon*

Eit framlegg om å behandla *aust*-typen likt med *ut*-typen vil representera ei forenkling. Begge ordlagingsmåtane (-a- og -an-) står så sterkt i tale og skrift at det er urimeleg å ta ut den eine.

## 2.3 Einskildord

### *Status i dag*

Etter prinsipp A blir alle enkeltorda som etter 2000-framlegget skulle ha valfrie former innanfor læreboknormalen, også valfrie vidare. Me kan ikkje lista opp alle desse orda. Utgangspunktet her er dei orda som hadde ei valfri form som klammeform etter 2000-framlegget. (Etter den gjeldande rettskrivinga er det berre tale om mindre endringar sidan hovudtendensen i 2000-framlegget var å setja tidlegare hovudformer meir i klammer.) Det vil altså seia at former som *viljug/villig* ikkje blir nemnde her. Dei er jamstilte, og etter framlegget blir dei det vidare.

I rettskrivinga i dag står det 125 ord med valfrie former utanom dei ordgruppene som er nemnde ovanfor i kapittel 2. Dei blir ikkje lista opp alle, men dei er til saman orda som i punkt 2.3 blir føreslått verande i norma med valfridom, og dei som me i punkt 3.3 føreslar å stryka eine alternative skrivemåten av. Her skal me berre visa statusen åt dei ordformene som det er framlegg om å halda på valfridom i:

<i>g</i>	<i>a–e</i>	<i>o–u</i>	<i>o–å</i>	Andre
<i>stig [sti]</i> <i>true/truge</i> <i>trugsel/trussel</i>	<i>berr(e) [bar(e)]</i> <i>anten [enten]</i> <i>framand/</i> <i>fremmend</i> <i>hange/henge</i> <i>hjarte [hjerte]</i> <i>massing</i> <i>[messing]</i>	<i>mog(e)leg</i> <i>[muleg]</i> <i>sommar [sumar]</i> <i>somme [sume]</i>	<i>no [nå]</i> <i>så [so]</i>	<i>drysjø [dryssa]</i> <i>haldning/hold-</i> <i>ning</i> <i>mid-/midt-</i> <i>segle/sigle</i> <i>skunde [skynde]</i> <i>bilete [bilde]</i> <i>gjere [gjøre]</i> <i>kross [kors]</i> <i>mye/mykje</i> <i>sia/sidan</i> <i>verd/verdi</i> <i>idrett [idrott]</i>

### *Framlegg*

Dei enkeltorda som etter 2000-framlegget skulle ha valfrie former innanfor læreboknormalen, blir valfrie heretter òg, jf. prinsipp A punkt 1.6 s. 28.

### A: Tilleggsframlegg frå Åsmund Forfang, Helge Sandøy og Lars S. Vikør

Dei 26 orda nemnde ovanfor skal ha valfrie former i nynorsknorma, altså slik: *anten/enten*, *bar(e)/berr(e)*, *bilde/bilete*, *drysjø/drysse*, *framand/fremmend*, *gjere/gjøre*, *haldning/holdning*, *hange/henge*, *hjarte/hjerte*, *idrett/idrott*, *kopar/koppar*, *kors/kross*, *massing/messing*, *mog(e)leg/muleg*, *mid-/ midt-*, *mye/mykje*, *no/nå*, *segle/sigle*, *sia/sidan*, *skunde/skynde*, *so/så*, *sommar/sumar*, *somme/sume*, *sti/stig*, *true/truge*, *trugsel/trussel*, *verd/verdi*.

## B: Tilleggsframlegg frå Oddrun Grønvik, Eilov Runnestø, Kåre Skaberg og Olav Veka

Desse ni orda skal ha valfrie former i nynorsknorma: *drysje/drysse, massing/messing, segle/sigle, sommar/sumar, somme/sume, sti/stig, true/truge, trugsel/trussel, verd/verdi*.

Desse formene går dermed ut: *[bar(e)], [enten], [bilde], fremme, fremmend, [gjøre], holdning, hange, [hjerte], [idrott], [kors], [muleg], mid-, mye, [nå], sia, [skynde], [so]*. (Jf. pkt. 3.3.2.b og 3.3.2.c.)

### *Normhistorikk*

Her skal me ikkje gje heilt detaljert historikk for kvart ord, men berre nemna tidspunktet då mange av dei aktuelle formene kom inn i nynorsknorma. I 1917 vart desse tekne inn: *bare, bar, enten, [fremmend], [hjerte], messing, sommar, somme, nå, så, gjøre, [idrett], [kors], [sia]*. Ved neste store rettskrivingsreform, i 1938, kom *segle* og *mogleg* inn. Ved seinare endringar har så desse formene vorte godtekne: i 1977 *true, trussel, henge* og *holdning*, i 1981 *[sti]*, og i 1984 vart også *[muleg]* godteke.

### *Talemålsgrunnlag*

Her er det ikkje undersøkt systematisk korleis utbreiinga er av dei ymse formene.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Eit moment som har vore framme i rettskrivingsdrøftingane, er at ein lettare skal kunna opna for valfridom i ord med stor frekvens i språket enn i ord med liten frekvens. Frekvensane for bruken av dei ymse orda (samla for begge/alle formvariantane) er etter *Nynorsk frekvensordbok* svært høge for dei fleste av desse orda. Dei 1000 mest frekvente orda (dvs. uavhengig av ordform) i språket vårt – dvs. ord med frekvens over 80 i denne frekvensordboka. Det vil seia at desse orda er blant dei 1000 vanlegaste orda i norsk: *anten/enten, bar(e)/berr(e), bilde/bilete, framand/fremmend, gjere/gjøre, haldning/holdning, hjarte/hjerte, idrett/idrott, mog(e)leg/muleg, mye/mykje, no/nå, sia/sidan, so/så, sommar/sumar, somme/sume, true/truge, verd/verdi*. Desse må reknast for frekvente og til dels svært frekvente ord. Blant dei 5000 vanlegaste orda våre, og dermed nokså frekvente, finn me så *hange/henge, kors/kross, mid-/midt, segle/sigle, skunde/skynde, sti/stig* og *trugsel/trussel*.

Frekvensane for formene er derimot svært skiftande, og aller oftast dominerer dei tradisjonelle formene:

*anten* (115) + *anten-* (2) / *[enten]* (20)

*berr* (3) + *berrføtt* (6) / *[bar]* (12) + *barbeint* (2)

*berre* (1957) / *[bare]* (153)

*[bilde]* (48) + *bilde-* (4) / *bilete* (189) + *bilete-* (15)

*fremmend* (5) + *fremmend-* (2) / *framand* (72) + *framand-* (37)

*[gjøre]* (15) / *gjere* (1488) + *gjer-* (15)

*hange* (10) / *henge* (13)  
*holdning* (48) + *holdning-* (2) / *haldning* (74) + *haldning-* (7)  
*hjarte* (64) + *hjarte-* (26) / [hjerte] (10) + *hjerte-* (1)  
[iidrott] (3) + *idrotts-* (30) / *idrett* (47) + *idretts-* (om lag 255)  
[ikors] (30) + *kors-* (1) / *kross* (6) + *kross-* (3)  
*mid-* (0) / *midt-* (33)  
[muleg] (19) + *muleg-* (14) / [mulig] (6) / *mog(e)leg* (276) + *mog(e)leg-* (10)  
*mye* (47) / *mykje* (1228)  
*sia* (15) / *sidan* (658)  
[sumar] (18) + *sumar-* (6) / *sommar* (237) + *sommar-* (80)  
[sume] (20) / *somme* (102)  
*verde* (4) + *verde-* (2) / *verd* (13) + *verd-* (31) / *verdi* (91) + *verdi-* (10)

#### Vurdering

a) *Talemålsutbreiinga* er ukjend.

b) *Skriftleg bruk*. I desse orda er frekvenstilhøvet mellom formene nokså skiftande.

c) *Den indre bygnaden*. Det systematiske forholdet mellom substantivet *dryss* og verbforma *drysja* er ikkje heilt godt, og det talar for at ein framleis held på verbforma *drysse* (med e-bøyning) i tillegg til *drysje* (med ja-bøyning).

Ordforma *mid-* er svært lite brukt i dag, men ho lever godt i stadnamn. Det gjer at nynorsknorma bør omfatta også denne forma for betre å visa samanhengen mellom skriftnorma og stadnamna i nokså frekvente namn.

e) *Som identitetsuttrykk*. Dei aller fleste av desse orda har stilfunksjon eller markeringsfunksjon for brukarane. Typisk tradisjonalistiske former er *bilete*, *hange*, *idrott*, *skunde*, *stig*, *sumar*, *sume* og *verd*, medan former som *enten*, *bare*, *gjøre*, *kors*, *messing*, *muleg*, *mye*, *nå* og *skynde* av mange truleg blir opplevde som bymålsformer. Forma *bare* er dessutan tradisjonelt ei sterkt dialektmarkert form.

f) *Nytt?* Her blir det ikkje innført noko nytt i norma, men nokre klammeformer kan no få større bruksrom.

#### Konklusjon

Dei 26 orda ovanfor er valde ut fordi dei har alternative former som mange brukarar vil kjenna som viktige identitetsmarkørar. Dei aller fleste av desse orda er også svært frekvente, slik at dei tilfredsstiller prinsippet om kvar ein kan opna for valfridom.

Mindretallet frå 13.5.02 står valfridomen berre i ni av orda ovanfor, jf. framlegget og pkt. 3.3.2.b og 3.3.2.c.

### 3 FRAMLEGG OM FORMER SOM GÅR UT OR DEN GJELDANDE RETTSKRIVINGA

#### 3.1 Lydverket

##### 3.1 Dobbel eller enkel *m*

(Jamfør drøftinga under 2.1.2.a.)

###### *Framlegg*

Fellesframlegg:

Formene *brame*, *home*, *kiming*, *kumar*, *lame*, *rjome*, *råme*, *skume*, *stame* går ut or rettskrivinga.

#### 3.2 Formverket

##### 3.2.1 Substantiv

###### 3.2.1.a [-a] i ubunden form eintal av svake hokjønnsord

###### *Status i dag*

Svake hokjønnsord har endinga [-a] som klammeform i ubunden form eintal (ei *vise* [*visa*]).

###### *Framlegg*

Ubunden form eintal av svake hokjønnsord med [-a] går ut or rettskrivinga.

###### *Normhistorikk*

Frå 1917 hadde ubunden form eintal av svake hokjønnsord valfridom mellom endingane -*a* og -*e* (ei *visa* / ei *vise*). Ved 1938-rettskrivinga vart -*e* eineform, men me har ikkje kunna finna noko i førearbeida til 1938-rettskrivinga som grunngjev denne innstramminga. Heller ikkje i 1957-framlegget er denne språkkategorien omtala og drøfta. Men etter framlegg frå Norsk Måldyrkingslag kom -*a*-endinga inn att i nynorsknorma som klammeform i 1983.

###### *Talemålsgrunnlag*

I målføra skil ein mellom *e-mål*, *a-mål* og *e/a-mål*. Nemningane *a-* og *e-mål* går ikkje berre på infinitivsendingane, men gjeld også forma på svake hokjønnsord i ubunde eintal: ei *vise* / ei *visa*, ei *jente* / ei *jenta*. (Eit svakt hokjønnsord har meir enn éi staving og endar på trykklett vokal.) I *e-mål* endar både infinitiv og svake hokjønnsord i ubunde eintal på -*e*, *a-målet* får tilsvarande -*a*: å *kasta*, ei *jenta*. *A-målet* er utbreidd på Sør-Vestlandet, frå og med Indre Sogn til og med det meste av Vest-Agder. I *e/a-målet*

endar infinitiven på *-e*, medan dei svake hokjønnsorda har *-a* i ubunden form eintal. Dette finn me i Sør-Troms og delvis i Finnmark. Dessutan har nokre bygder heilt sør i landet dette draget. Endinga *-a* finn me såleis i både a-måls- og e/a-målsområdet.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Lars S. Vikørs undersøking *Rettskriving hos nynorskforfattarar* (1995) viser at berre Ragnvald Vaage av dei ti 1930-årsforfattarane bruker forma med *-a* i ubunde eintal av svake hokjønnsord. Går me til dei ni forfattarane frå 1950-åra, bruker alle *e*-endinga. Også i dei ti forfattarskapane frå 1970-åra er det *e*-forma som er vald i ubunde eintal. Interessant er det å leggja merke til at Åse Wetås har funne konsekvent bruk av klammeforma med *-a* i ein roman av Johannes Heggland frå 1981. I romanen frå 1955 som Vikør granska, brukte Heggland *e*-ending i ubunde eintal.

Ved tekstgjennomgang av Bergens Tidende fann Åse Wetås eitt svakt hokjønnsord i ubunden form eintal med *-a*, samstundes som det elektroniske søket gav 709 treff på bruken av hovudforma med *-e*. Søk i nynorske aviser i Norsk Tekstarkiv gav ikkje treff på klammeforma med *-a* i det heile. Heller ikkje i manuelt ekserpert avismateriale fann ho anna enn hovudforma.

I det upubliserte materialet Wetås granska, meinte ho å sjå at når det galdt delmaterialet av barne- og ungdomstekstar, var det ein mest eintydig bruk av hovudformer i bøyninga av hokjønnssubstantiva. I minneoppgåvematerialet, som er ei samling av sjølvbiografiske tekstar skrivne av eldre menneske over heile landet, såg Wetås på tekstar frå Telemark, Oppland og Nord-Trøndelag. Heller ikkje her fann ho anna enn hovudformene med *-e* av desse hokjønnsordna.

#### *Vurdering*

Omsyn til systemet i målføra kan tala for å halda på valfridom i ubunden form eintal av svake hokjønnsord. Endinga her svarar jamt over til endinga i infinitiv. Når *-a* er jamstilt form i infinitiv i skriftspråket, kan det tala for at same regelen bør gjelda for ubunde eintal svakt hokjønn på *-a*. Som me såg under ”Talemålsgrunnlag”, er dessutan endinga *-a* i ubunde svakt hokjønn meir utbreidd i talemåla enn *-a* i infinitiv.

Det er den manglande skriftspråksbruken som gjer det vanskeleg å forsvara at *a*-endinga skal kunna vera valfri. No treng ein ikkje undrast på at denne forma har vorte så fråverande i skrift, for etter 1938 var ho ikkje med i norma i det heile. På dei knappe tjue åra som har gått sidan forma kom inn att, har svært få teke ho i bruk.

Ei strukturell ulempe med *a*-endinga kan nemnast: Ho skil ikkje mellom ubunden og bunden form eintal, og det gjer t.d. denne setninga tvitydig: *No må du skriva visa om ho Kari*. Det er truleg dette samanfallet mellom ubunden og bunden form eintal som gjorde at *-a* i ubunden form i skrift fall bort nokså tidleg.

### *Konklusjon*

Ut frå den skriftspråkspraksisen me ser, er *-a*-forma i ubunde eintal av svake hokjønnsord etter innføringa av *[-a]* på ny så lite brukt at det er grunn til å ta ut or nynorsk-norma.

### **3.2.1.b [-or] og [-one] i fleirtal av svake hokjønnsord**

#### *Status i dag*

Hittil har svake hokjønnsord (sjå forklåring i punktet ovanfor) hatt klammeform på *[-or]* og *[-one]* (*[visor – visone]*) i fleirtal attåt vanleg hokjønnsbøyning.

#### *Framlegg*

Fleirtalsform av svake hokjønnsord på *[-or]* og *[-one]* fell ut or rettskrivinga.

#### *Normhistorikk*

I rettskrivinga frå 1917 (s. 12) står det: “[Linne hokynsord kann enda på *-er* i fleirtal: *viser* ved sida av *visor*]”. Men *-er/-ene*-formene hadde framgang, og i førearbeida til 1938-rettskrivinga (*Tilleggstilråding om ny rettskrivning*, s. 10) meinte Bergsgård at *-or* og *-one*-formene i svake hokjønnsord skulle kunna brukast i skuleslag som ikkje førebudde for offentleg teneste. Såleis førte 1938-rettskrivinga til at *-or-* og *-one*-formene vart klammeformer, og det har dei vore sidan. Måldyrkingslaget tok i 1982 (i eit framlegg som galde heile i-målskomplekset) opp at svake hokjønnsord burde få jamstilling mellom *-or-* og *-one-* og *-er-* og *-ene*-formene. Men dette vann ikkje fram i nynorskdelen av fagnemnda i Språkrådet.

#### *Talemålsgrunnlag*

I mange målføre har den opphavleg svake fleirtalsbøyninga i hokjønnsorda halde seg som ein eigen type, slik at det heiter *visu(r)*, *viso* eller *viså(r)*. Dette finn me først og fremst i fjellbygdene på Austlandet, i delar av Trøndelag, Sør-Helgeland, på Nordmøre, i Romsdal, delar av Voss og Indre Hardanger. Dialektgrunnlaget for *-or* og *-one* (*gator-gatone*) er ikkje heilt det same som for *-i* i bunde eintal av sterke hokjønnsord (jf. *soli*).

#### *Skriftmålsgrunnlag*

I skjønnlitteratur frå 1930-åra har både Hilleren, Vesaas og Vaage brukt *-or* og *-one* i fleirtal av dei svake hokjønnsorda. Dei andre sju forfattarane i Vikørs undersøking har valt dei nyinnførte klammeformene på *-er* frå 1917. Forfattarane frå 1950-åra går vidare i den leia, her er det berre Olav Berkaak (Sør-Trøndelag) som held på *-or* og *-one*. Når det gjeld dei ti forfattarane frå 1970-åra, er biletet heilt eintydig: Alle har teke i bruk *-er* og *-ene* i fleirtal av svake hokjønnsord.

Åse Wetås skriv i undersøkinga si av publisert materiale på nynorsk (Wetås 2001a:22):

Samtlege undersøkingar av substantivformer viser at det stort sett berre er hovud-formene som er i bruk. Eitt og anna innslag kan det vera av klammeformene, men det er heilt marginalt.

I det upubliserte materialet har ho funne same tendensen. I delmaterialet som gjeld barne- og ungdomstekstar, er det ein mest heilt eintydig bruk av hovudformer i bøyninga av hokjønnssubstantiva. I minneoppgåvematerialet (Wetås 2001b: 19) er klammeformene [-or, -one] i svake femininum heller ikkje så godt representerte. I materialet frå Telemark nyttar alle skrivarane hovudformene -er, -ene, med unntak av éin, som i eitt tilfelle skriv “tri vikur”. I materialet frå Oppland nyttar éin skrivar formene *gjentor* og *gjentone*. Åtte skrivarar nyttar konsekvent hovudformene.

#### *Vurdering*

Klammeformene av svake hokjønnsord på -or og -one er svært lite brukte, sjølv om dei alltid har vore tillatne skriftspråksformer. Dei som gjer seg nytte av dei, er ei lita gruppe språkmedvitne skribentar som vil halda mest mogleg på Aasen-normalen eller ein ”klassisk nynorsk”. Desse formene har svakare talemålsgrunnlag enn i-målet, som dei heller ikkje heng strukturelt saman med, og det finst nynorskbrukarar som skriv i-mål utan å bruke -or og -one i fleirtal. Sidan -or/-one-formene er så lite brukte, er det lite som talar for å halda på dei. Det er heller ikkje særleg aktuelt å bruka dei i stadnamn, slik at det argumentet me brukte for

-i-endinga i pkt. 2.2 , ikkje er aktuelt her.

#### *Konklusjon*

Det er liten grunn til å halda på endingane -or og -one i svake hokjønnsord i fleirtal.

### **3.2.1.c Fleirtalsformene *menner*, *feilar* – *feilane*, *sko* – *skoa*/*skoi*, *vemmer* – *vemmene*, *myser* – *mysene*, *lyser* – *lysene***

#### *Status i dag*

*ein mann* – *mannen* – *menn*/*menner* – *mennene*

*ein feil* – *feilen* – *feil*/*feilar* – *feila*/*feilane*

*ein sko* – *skoen* – *skor*/*sko* – *skorne*/*skoa*/*skoi*

*ei lus* – *lusa* – *lus*/*lyser* – *lusene*/*lysene*

*ei mus* – *musa* – *mus*/*myser* – *musene*/*mysene*

*ei vom* – *vomma* – *vommer*/*vemmer* – *vommene*/*vemmene*

### *Framlegg*

Desse fleirtalsformene går ut or rettskrivinga: *menner, feilar – feilane, sko – skoa/skoi, vemmer – vemmene, myser – mysene, lyser – lysene*

### *Normhistorikk*

#### *menner*

Den gamle forma i nynorsk er *menner*. Den kortare fleirtalsforma finn me først i Matias Skard *Nynorsk ordbok* 1920: *mann* m (fl *menn* el *menner*).

#### *feilar – feilane*

At hankjønnsordet *feil* kunne ha alternativ inkjekjønnsbøyning i fleirtal, kom først inn i Matias Skard *Nynorsk ordbok* 1945: *feil* m (fl *feil(ar)*)

Det Norske Samlaget *Nynorsk ordliste* 1947: *feil* en

Matias Skard *Nynorsk ordbok* 1954: *feil* m (fl *feil(ar)* bfl *feila(ane)*)

#### *sko – skoa/skoi*

Den tradisjonelle nynorskbøyninga har vore: *sko – skoen – skor – skorne*.

I 1977 vedtok Språkrådet dette bøyingsmønsteret: *sko – fl. sko – skoa el. skor – skorne*.

#### *vemmer – vemmene*

Bøyninga med vokalskifte frå *o* til *e* rådde i nynorsk fram til rundt 1960. Den valfrie regelrette fleirtalsforma *vommer* har kome inn i rettskrivinga mellom 1961 og 1965.

#### *myser – mysene* og *lyser – lysene*

*Mus* og *lus* kom inn som fleirtalsformer etter 1959-normalen og før 1963-utgåva av Helleviks nynorskordliste.

Alle orda ovanfor (og *møbel* nedanfor) vart behandla av fagnemnda og Språkrådet då arbeidet med revisjon av nynorsknorma tok til i 1997. I samsvar med mandatet frå nynorskseksjonen skulle fagnemnda få ned talet på valfrie former innanfor læreboknormalen. Dei formene me no gjer framlegg om å ta ut, vart gjorde til klammeformer i 2000-framlegget.

### *Talemålsgrunnlag*

I den språkgeografiske undersøkinga som Språkrådet fekk gjennomført hausten 1999, vart informantane spurde om bruken av fleirtalsformene av substantiva *mann* og *sko*.

Resultatet vart:

#### *Menn(er):*

40 % av informantane ville sagt *menn*, 37,5 % *menner*, og 11 % ville brukta forma *manna*.

### *Skorne/sko/skoene:*

44 % av dei spurde ville sagt *sko(e)n(e)*, 27 % *skoa/skoi*, 14,5 % *skorne*, 6,5 % *skonå* og 5 % *skonan*.

### *Myser og lyser*

Dessverre har me ikkje noka undersøking som viser utbreiinga av dei andre orda i talemåla. Når det gjeld *lyser* og *myser*, må ein nok kunna seia at dei frå gammalt av var utbreidde talemålsformer, men at dei er meir sjeldne i daglegtalen i dag. Derimot finst òg regelrett fleirtal med -*er* og utan vokalskifte (*muser*, *luser*).

### *Skriftmålsgrunnlag*

Forma *menn* er mest utbreidd i skrift, og slik er det òg med *lus* og *mus*. Det er vidare vanlegast å bøya *vom* som eit regelrett hokjønnsord. I *Nynorsk frekvensordbok* finn me desse opplysningane:

<i>feil</i> (117) / <i>feila</i> (3) / <i>feiler</i> (3)	<i>menn</i> (168)
<i>musene</i> (2) / <i>mysene</i> (1)	<i>skoa</i> (4) / <i>skor</i> (11) / <i>skorne</i> (6)
<i>vommene</i> (2)	

Av dei 117 belegga på *feil* kan sjølv sagt mange vera den ubundne forma i eintal, men me legg merke til at det er ingen døme på *feilane* i bunden form fleirtal. Når det gjeld *menner*, er ikkje den forma registrert. Utsлага for *mus/myser* og *skoa/skorne* er ikkje tydelege. Og berre eintalsforma av *lus* er oppført.

### *Vurdering*

Talemålsundersøkinga viser størst utbreiing for *menn* og *skorne*, men ho gjev òg god støtte for *menner* og *skoa*. I skrift er det derimot lite som talar for talemålsformene *menner*. Strukturelt følgjer fleirtalsforma *skor* hovudmønsteret for hankjønnsord på vokal, og difor bør den forma bli eineform. Me manglar gode opplysningar om talemålet, men bruken i skriftspråket er eintydig.

*Lus – lyser* var ved ein glepp ikkje behandla saman med dei tilsvarande formene *mus – myser* i 2000-framlegget. Me rettar opp ein opplagd inkonsekvens frå den tid og ser formene under eitt no.

### *Konklusjon*

Fleirtalsformene *menner*, *feilar – feilane*, *sko – skoa/skoi*, *vemmer – vemmene*, *myser – mysene*, *lyser – lysene* har såpass lita støtte i skrift- og talemål at me rår til å ta dei ut or norma.

### **3.2.1.d Fleirtalsformene *møbel – møbla/møbli***

### *Status i dag*

Ordet *møbel* har i nynorskrettskrivinga no både hankjønns- og inkjekjønnsbøyning i fleirtal: *møbel – møb(e)let – møbel/møblar – møbla/møbli/møblane*

### *Framlegg*

Fleirtalsformene *møbel – møbla/møbli* går ut, og dette bøyingsmønsteret blir eineform: *eit møbel – møbelet – møblar – møblane*

### *Normhistorikk*

Substantivet *møbel* var oppført som inkjekjønnsord i Matias Skard *Nynorsk ordbok* 1920 og 1945. I 1954-utgåva var alternativ hankjønnsbøyning i fleirtal komen med, medan Gerhard Haaland i *Norsk ordliste. Nynorsk* 1957 let *møbel* ha berre inkjekjønnsbøyning. I Samlaget si *Nynorsk ordliste* 1959 var oppføringa “**møbel** et, møblar”. I 1963-utgåva stod det klårare: “**møbel** et, fl -el, møblar”. Denne alternative fleirtalsbøyninga har sidan golde.

Det går ikkje fram av førearbeida til 1938-rettskrivinga eller 1959-normalen at bøyinga av *møbel* har vore omtala, heller ikkje er dette ordet teke med i lister over substantiv med skiftande kjønn eller oppført i dei to ordlistene som vart gjevne ut ved -reformene. Men me må vel rekna med at ordlisteforfattarane har registret hankjønnsbøyninga i fleirtal som så utbreidd at dei har teke desse formene med i oppføringa. Som oversikta ovanfor syner, har ordlistene gjeve ulike opplysningar.

Nynorskseksjonen av rådet vedtok på møtet 3.–4.2.2000 desse bøyingane:  
*eit møbel – møbelet – møblar [møbel] – møblane [møbla] [møbli]*

### *Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til. Talemålet har nok tidleg fått hankjønnsbøyning her. Somme stader er ordet òg hankjønnsord i eintal.

### *Skriftmålsgrunnlag*

*Nynorsk frekvensordbok*, som byggjer på dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar i tida 1978–84, har eitt belegg på *møbel* (ubunde eintal/fleirtal?), tre på *møblane*, tolv på *møblar* og to på *\*møbler*.

### *Vurdering*

Går me ut frå strukturen, er fleire *møbel* – alle *møbla [møbli]* dei systemrette formene. Språkbruken i skrift har mest heilt og fullt gått over til å gje ordet hankjønnsbøyning i fleirtal. Valfritt fleirtal som det har vore hittil, er inga god løysing dersom den eine forma så å seia ikkje er i bruk, trass i strukturargumentet. Éi løysing er sjølvsagt å ha gjennomført hankjønnsbøyning, men då vil det truleg bli gjort mange feil i eintalsbøyninga.

### *Konklusjon*

Omsynet til å få inn i norma eit bøyingsmønster som er i samsvar med skriftpraksisen hjå folk flest, gjer at me rår til ein type blanda bøying av dette substantivet med inkjekjønn i eintal og hankjønn i fleirtal.

#### **3.2.1.e *miler* (ubunden form fleirtal av *ei mil*)**

##### *Status i dag*

Substantivet *mil* har denne bøyinga: *ei mil – mila [mili] – mil/miler – milene*

##### *Framlegg*

Fleirtalsforma *miler* blir teken ut or rettskrivinga.

(Det vart vedteke å ta *miler* ut av norma med 2000-framlegget. Denne forma er difor berre omtala her og skal ikkje behandlast, jf. prinsipp *I b* i vedtaket frå møtet 13.5.02. Heretter skriv me ”(2000-framlegget)” i liknande tilfelle.)

Nytt bøyingsmønster: *ei mil – mila/mili – mil – milene*.

### **3.2.2 Adjektiv**

#### **3.2.2.a Inkjekjønn på -i i adjektiv av -en-typen**

##### *Status i dag*

Adjektiv på -en (*doven*) har hittil hatt valfri inkjekjønnsform på -e/-i og klammeforma [-ent] (*dove/dovi [dovent]*).

##### *Framlegg*

Inkjekjønnsforma på -i i adjektiv av typen *open* går ut or rettskrivinga.

##### *Normhistorikk*

Adjektiv på -en fekk i 1901 endinga -e i inkjekjønn. 1938-rettskrivinga førte opp valfri -e/-i-ending, og i tillegg kom -ent-forma inn som klammeform for adjektiv av -en-typen. Denne valfridomen har stått ved lag sidan.

##### *Talemålsgrunnlag*

(Jf. pkt. 2.2.2.a.)

##### *Skriftmålsgrunnlag*

(Jf. pkt. 2.2.2.a.)

Hjå dei undersøkte 1930-årsforfattarane dominerer inkjekjønnsforma på *-e*; ho var då òg eineform i rettskrivinga den gongen. Åsmund Sveen brukte *-in* i grunnforma og *-i* i inkjekjønnsforma. Ingen av dei undersøkte forfattarane frå 1950- og 1970-åra brukte inkjekjønnsform på *-i*.

#### *Vurdering*

Jamvel om *-i*-endinga i inkjekjønn har ei viss utbreiing i talemålet, er ho så lite brukt både i tale og skrift at det ikkje er grunnlag for å ordboksføra ho som jamstilt form.

#### *Konklusjon*

Me tilrår at inkjekjønnsforma på *-i* i adjektiv av *-en*-typen blir teken ut or norma, og at formene med *-e* og *-ent* blir ståande som valfrie. (Jamfør pkt. 2.3.2.)

### **3.2.2.b Adjektiv på *-lig***

#### *Status i dag*

Adjektiv på *-leg* har [-lig]-ending som klammeform (*farleg* [*farlig*]).

#### *Framlegg*

Adjektiv på *-leg* [-lig] skal ha forma på *-leg* som eineform. Den noverande klammeforma [-lig] går ut or rettskrivinga.

#### *Normhistorikk*

Den opphavlege vokalen i dette suffikset var *i*, men alt i gammalnorsk fanst både *i* og *e*. Suffikset *-leg* var eineform frå 1917 fram til 1959. I 1957 konkluderte *Framlegg til læreboknormal* med at det både historisk og dialektgeografisk var gode grunnar for å ta opp *-lig* som klammeform i nynorsk, og tilrådde det. Adjektiv på *-lig* har etter den tid hatt klammeformstatus.

#### *Talemålsgrunnlag*

I *Framlegg til læreboknormal* 1957 går det fram at *-i-* vart brukt i suffikset over Austlandet nordover til Lillehammer og vestover til Sigdal, vidare langs Sørlandskysten til Dalane, i Ryfylke, Bergen, delvis i Trøndelag og i Nordland nord for Rana. Nokre stader skifter dialekten mellom *e* og *i*. Fjellmåla austpå har *-e-*, slik òg i Indre Agder, ein stor del av Rogaland, på Vestlandet, delvis i Trøndelag og i Nordland til og med Rana. Nokre stader skifter dialekten mellom *e* og *i*. I *Framlegg* heiter det: "Det må vera over halvparten av folket som har *-i* i suffikset." (s. 77)

#### *Skriftleg bruk*

Oppslag i *Nynorsk frekvensordbok* på tilfeldige adjektiv på *-leg* gjev dette resultatet:

<i>dårleg</i> (287) / [dårlig] (8)	<i>farleg/*fårleg</i> (82/21) / [farlig]/*fali (3/2)
<i>fredeleg</i> (33) / [fredelig] (1)	<i>herleg</i> (5) / [herlig] (2)
<i>hygg(j)eleg</i> (36)	<i>livleg</i> (19) / [livlig] (2)
<i>lukkeleg el. lykkeleg</i> (27)	<i>merkeleg</i> (68) / [merkelig] (1)
<i>rimeleg</i> (122) / [rimelig](1)	<i>tidleg</i> (673) / [tidlig] (7)

Oppslaga under *mog(e)leg* og *mog(e)legheit* bør nemnast særskilt. Dette er svært frekvente ord med mange skrivemåtar:

<i>mog(e)leg</i> (276) [muleg] (25)	<i>mog(e)legheit</i> (10) / *muligheter (4) / *muligheter (13)
-------------------------------------	--

I undersøkinga *Rettsskriving hos nynorskforfattarar* fann Vikør at åtte av ti 1930-årsforfattarar brukte den tradisjonelle -leg-forma. I 1950-åra gjorde åtte av dei ni undersøkte også det (-lig-forma kom inn som klammeform i 1959, som nemnt ovanfor). I 1970-åra var det oppslutnad om -leg-forma frå alle ti forfattarane, med det unntaket at somme av dei brukte -lig i somme adjektiv, som Fløgstad i *mulig* og *mulighet*.

### Vurdering

Resultatet frå *Nynorsk frekvensordbok* er svært eintydig: -lig-forma er lite brukt. Det ser òg ut til at dei skjønnlitterære forfattarane frå 1900-talet har samla seg om hovudformene.

### Konklusjon

Om adjektiv på [-lig] er mykje brukt i talemålet, har det svært lite nedslag i skriftspråket. Me gjer difor framlegg om å ta denne forma ut or rettskrivinga.

### 3.2.2.c Adjektiv på -ut

#### Status i dag

Adjektiv kan etter den gjeldande rettskrivinga enda på -et, -ut eller -ete (*steinet/steinut/steinete*).

#### Framlegg

Adjektiv som i den noverande rettskrivinga har ending -ut/-et/-ete, skal ha endinga -ete som eineform.

(Det vart vedteke å ta adjektivsuffikset -et ut or norma med 2000-framlegget. Denne forma skal difor ikkje behandlast her, jf. prinsipp *I b* i vedtaket frå møtet 13.5.02, vedlegg 2.)

#### Normhistorikk

Det tradisjonelle suffikset i adjektiv av denne typen har vore -ut. Fram til 1959 var *det* hovudforma med [-et] som klammeform. Då fekk norma tre jamstilte former: -ut, -et og

-ete. I 2000 gjekk nynorskseksjonen inn for å ta -et-forma (*steinet*) heilt ut or rettskrivinga, og seksjonen gjekk på maimøtet i 2002 inn for at også forma på -ut (*steinut*) skal fjernast.

#### *Talemålsgrunnlag*

I målføra finst dels former med fullvokal (-ut, -ot, -åt, -at), dels former med redusert vokal (-et). Talemålsundersøkinga Språkrådet fekk gjort i 1999, viser at 47,5 % av dei spurde ville sagt *steinete/-ite*, 38,5 % ville brukt forma *steinut/-åt*, medan 11 % ville sagt *steinet*.

*Steinete/-ite*-forma, som er den mest dominerande i materialet, inkluderer òg den nordnorske varianten *steinat*, som er rapportert frå Nordland og nordetter. *Steinut/-åt* er ikkje brukt av informantane frå Akershus, Oslo, Østfold, Vestfold, Hedmark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Finnmark. Men forma er brukt i Vest-Agder (11 %), Aust-Agder (33 %), Buskerud/Telemark (67 %), Oppland (65 %), Møre og Romsdal (56 %), Sør-Trøndelag (81 %), Nord-Trøndelag (100 %), Nordland (82 %) og i Troms med 33 %.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Etter Nynorsk frekvensordbok har me registrert denne formbruken:

- flåsete* (3)
- kantete* (2)
- keitet* (1) / *keitete* (1)
- klosset* (1) / *klossete* (1) / *klossåt* (2)
- rotete* (5)
- rutete* (3)
- støvete* (2)
- tøvet* (1)

Slike ord er lite frekvente i tekstar, men inntrykket er at -ete-forma er nokså utbreidd. Den klårt tradisjonelle forma er -ut.

#### *Vurdering*

Adjektivsuffikset -et (*steinet*) gjekk altså ut etter framlegget og drøftinga på seksjonsmøtet i 2000. Her viser me til prinsipp 1b som vart vedteke av nynorskseksjonen 13.5.02: "Dei sideformene som rådsmøtet i 2000 vedtok å avskaffa, blir ikkje vurderte på nytt no." Sjølv om -et-forma ikkje var sideform, bør det same prinsippet gjelda. Grunnen til at det står "sideformer" i vedtaket, er at det var mest slike former som gjekk ut.

Når det gjeld suffikset *-ut*, kan me ikkje byggja på noka skriftleg undersøking, men talemålsbelegg talar eintydig for at *-ete*-suffikset har det beste grunnlaget. Når ein skal skjera ned på valfridomen, er det naturleg at *-ete* blir det rådande i norma.

### *Konklusjon*

Sjølv om *-ut*-forma er den tradisjonelle, vil me her leggja vekt på kva som er mest brukt i tale og skrift i dag. Me rår difor til at adjektivsuffikset *-ete* blir eineform.

## 3.2.3 Pronomen

### 3.2.3.a Eigeforma [*hennes*] av personleg pronomen

#### *Status i dag*

Til eigeforma *hennar* har me i dag klammeforma [*hennes*].

#### *Framlegg*

Eigedomspronomen i 3. pers. eintal hokjønn [*hennes*] går ut or rettskrivinga. (2000-framlegget)

#### *Normhistorikk*

Eigeforma *hennar* er den gamle i nynorsk. *Tilleggstilråding for ny rettskrivning* 1936 (s. 10) tek med *hennes* som jamstilt hovudform og vedgår at nemnda “har her gått langt for å få sams former i disse vanlige og viktige ord. [pronomen]”. Det vart då òg til at *hennes* måtte nøya seg med klammeformstatus etter *Ny rettskriving* 1938. Men *Framlegg til læreboknormal* 1957 peikte derimot på at sidan formene med *-s* (*hinnes*, *hennas* osv.) stod så sterkt i folkemålet, var det rimeleg å jamstilla *hennes* med *hennar*. I 1985 vart [*hennes*] gjord til klammeform att. Årsaka var at forma var lite å finna i tekstar som følgde læreboknormalen, m.a. lærebøker for grunnskulen og den vidaregåande skulen.

#### *Talemålsgrunnlag*

Ut frå talemålsundersøkinga 1999 ville 59 % av dei spurde sagt *hennes/hinnas*, 30,5 % ville brukt *henna(r)/hinna*, og *hennær* var talemålsforma for 3,5 %. Fordelinga mellom *hennar* og *hennes* hjå dei spurde ser slik ut etter denne undersøkinga:

Rogaland	<i>hennar</i> 11 %	<i>hennes</i> 89 %
Hordaland	<i>hennar</i> 70 %	<i>hennes</i> 30 %
Nord-Trøndelag	<i>hennar</i> 30 %	<i>hennes</i> 70 %
Sør-Trøndelag	<i>hennar</i> 64 %	<i>hennes</i> 36 %
Oppland	<i>hennar</i> 57 %	<i>hennes</i> 43 %
Buskerud	<i>hennar</i> 25 %	<i>hennes</i> 75 %

Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane var heilt dominert av *henna(r)/hinna*, medan Nord-Noreg og Akershus, Oslo, Østfold, Vestfold og Hedmark har berre forma *hennes/hinnas*. 56 % av dei spurde frå Telemark, 72 % frå Vest-Agder og 36 % frå Aust-Agder nytta òg desse formene.

#### *Skriftleg bruk*

Wetås skriv at hovudforma *hennar* er heilt dominerande i det publiserte materialet som er undersøkt. Og det er eintydig at hovudforma er vald også i det upubliserte materialet. Stader der Wetås har funne *hennes*, også *hennas*, er i elevtekstar. I brev frå barn og ungdom til Norsk Barneblad har ho funne to innslag av *hennes* og i e-postar til bladet eitt av *hennar*. Wetås nemner at det er interessant at *hennes*, som har så låg bruksfrekvens i det undersøkte materialet elles, finst her. I minneoppgåvematerialet, som er ei samling av sjølvbiografiske tekstar skrivne av eldre menneske over heile landet, såg Wetås på tekstar frå Telemark, Oppland og Nord-Trøndelag. Her inneheldt éin av tekstane frå Nord-Trøndelag forma *hennes*, tre frå Oppland hadde *hennar*.

Dei ti forfattarskapane frå 1930-åra Lars S. Vikør undersøkte, fordelte seg jamt: fem med *hennes* og dei andre fem med *hennar*. I 1950-åra skrev sju forfattarar *hennar* og to *hennes*. *Hennar* vinn deretter terreng, for blant dei ti 1970-årsforfattarane var det ni som valde den forma.

#### *Vurdering*

*Hennes* dominerer i talemålet, og det talar for at forma skulle få halda på plassen sin i norma. Men utanom ein periode midt på 1900-talet har ikkje denne forma slått gjennom i skriftspråket.

#### *Konklusjon*

Ut frå at forma er så lite brukt i skrift, rår me til å ta ho ut or rettskrivinga.

### **3.2.3.b Eigeforma [*deires*] av personleg pronomen**

#### *Status i dag*

I dag har eigeforma *deira* klammeforma [*deires*].

#### *Framlegg*

Eigedomspronomen 3. pers. fleirtal [*deires*] går ut or rettskrivinga. (2000-framleggget)

#### *Normhistorikk*

Med *Ny rettskriving* 1938 kom eigeforma [*deires*] inn i nynorsknorma som klammeform til *deira*. Det har ho vore sidan den tid. I 1985 vart Språkrådet bede om også å godkjenna *deres* som klammeform, men det vart avvist i fagnemnda.

#### *Talemålsgrunnlag*

I talemålsundersøkinga frå 1999 skulle informantane opplysa om kva slag eigeform dei ville ha brukt i setninga "Her er bilen *deira*". Fordelinga på ulike talemålsformer vart slik: *deires/deres* (47,5 %), *deira* (29,5 %), *demses*, *demme(r)s* (13 %), *doms*, *dems* (10,5 %), *deises* (2 %), *deirans* og *dies* (1 % kvar).

*Deira* blir i rapporten omtala som vestlandsforma, brukt av 83 % av dei spurde frå Sogn og Fjordane, av 72 % frå Møre og Romsdal og av 54–56 % frå Hordaland og Rogaland. *Deires* er den mest frekvente forma i materialet, blir det sagt, men her må det presiserast at *deires* og *deres* er slått saman, jamfør avsnittet ovanfor, og dei to formene kunne med fordel vore sett opp mot kvarandre. Men *deres/deires* er, saman med *demses*, *demme(r)s*, *doms* og *dems*, den dominerande austlands- og nordnoregsforma, går det fram av undersøkinga. Saman med nokre tilfelle av *deira*, *dies* og *deises* dominerer forma *deires/deres* også på Sørlandet.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

I dei ti skjønnlitterære verka frå 1930-åra som Vikør undersøkte, fann han sju forfattarar som skreiv hovudforma *deira*, medan "tre ikkje-vestlendingar [...] skil seg ut: Berg (*deres*), Mælandsmo (*deires*) og Sveen (*dørøs*)". Dei ni forfattarane frå 1950-åra valde alle forma *deira*. Av dei ti 1970-årsforfattarane valde Forfang skrivemåten *deires*.

I Wetås' undersøking av publisert tekstmateriale er det eintydig at hovudforma *deira* dominerer. Forma [*deires*] var ikkje å finna korkje i nynorskavisar, lokalavisar, *Bondebladet*, *Bergens Tidende* eller i NOU-materialet. Søk i lokalavisar på \**deiras*, som fanst i det upubliserte materialet, var også resultatlaust, samstundes som det var 77 tilslag på hovudforma. Heller ikkje i det upubliserte materialet var [*deires*] å finna. Der var elles fordelinga slik: I elevtekstar frå 10. klasse: *deira* (5), \**deiras* (3) og \**dems* (1). I e-postbrev til Norsk Barneblad: \**deiras* (som Wetås nemner som døme på talemålsinterferens) (1). I tekstar frå ein eventyrkonkurranse for barn mellom 10 og 13 år er *deira* funne brukt to stader, slik òg på nettstaden Skrivebua, eit tilbod for barn og unge mellom 10 og 20 år. I minneoppgåvematerialet har fem skribentar brukta *deira*, heller ikkje her er klammeforma brukt.

*Nynorsk frekvensordbok* har 235 belegg på *deira*, ingen på [*deires*].

#### *Vurdering*

Ut frå talemålsmaterialet er *deires* (eig. *deres/deires*, jf. "Talemålsgrunnlag" ovanfor) den mest frekvente forma. Men ser ein på den geografiske fordelinga, er *deires* (*deres/deires*) mest utbreidd i område der nynorsk ikkje står sterkt. I skriftleg bruk er

forma [*deires*] lite representert. For dei som bruker ho, er ho nok eit typisk identitetsuttrykk.

### *Konklusjon*

Forma *deires* er så lite brukt i skrift og i talemålet i nynorske kjerneområde at me rår til å ta ho ut or norma.

### **3.2.3.c Det ubundne pronomenet [*annen*]**

#### *Status i dag*

Hankjønnsforma av det ubundne pronomenet *annan* har [*annen*] som klammeform.

#### *Framlegg*

Det ubundne pronomenet [*annen*] går ut or norma. (2000-framlegget)

#### *Normhistorikk*

Først i *Framlegg til læreboknormal* 1957 vart forma *annen* teken inn i nynorsk. Framlegget gjekk gjennom utbreiinga av dei ulike talemålsformene og vurderte slik:

Den sterke overvekt i dialektene for former som må normaliseres til *annen*, gjør at vi vil foreslå denne formen sidestilt med *annan* i nyno.

*Annan* og *annen* vart jamstilte, men i 1985 behandla Språkrådet eit framlegg om å ta *annen* ut or rettskrivinga. Det vart ikkje gjort, men [*annen*] fekk klammeformstatus. På rådsmøtet i 2000 vart det vedteke å ta denne klammeforma ut or norma.

#### *Talemålsgrunnlag*

Informantane i TALE99 skulle ta stilling til kva talemålsvariant dei ville bruka av det ubundne pronomenet *annan* i setninga ”Dei måtte til sist kjøpa ein annan”. Utfallet av det vart: *annen* (61 %), *anna* (17,5 %), *annan* (15,5 %), *ann* (1,5 %), *onnor* (1 %).

Forma *annan* er mest utbreidd i Trøndelag (90 % av dei spurde i Nord-Trøndelag valde den) og Møre og Romsdal. *Annen*, *aan* dominerer i det meste av Sør-Noreg; i Oslo, Akershus, Østfold og Vestfold er det 100 % oppslutning om den forma. Men av dei spurde var det vidare 67 % av dei som kom frå Hedmark, Oppland, Buskerud, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder som også ville bruka den forma.,

#### *Skriftmålsgrunnlag*

*Nynorsk frekvensordbok* fører opp 306 belegg på *annan*, medan [*annen*] er funne i 11 tilfelle.

Åse Wetås fekk 66 treff på *annan* i lokalavisar, medan søk på [annen] ikkje gav resultat. *Bondebladet* hadde to døme på at klammeforma var brukt, ingen med hovudforma. Ut frå det publiserte materialet elles konkluderte Wetås med at [annen] er lite brukt. Når det gjeld dei upubliserte barne- og ungdomstekstane Wetås granska, meinte ho å sjå ein klår tendens til bruk av hovudformene av pronomenet *annan* (og *nokon*). I minneoppgåvane held skrivarane seg også stort sett til hovudformene av *annan* og *anna*.

To av dei undersøkte 1930-årsforfattarane (Vikør 1995), Sveen og Vesaas, skriv *annen*, som ikkje var noka skriftmålsform på den tida. I forfattarskapane frå 1950-åra er det Halldor Holsvik og Egil Sundland som bruker *annen*. *Annen* var komen inn i rettskrivinga som jamstilt form i 1959, men framleis valde berre to av ti 1970-årsforfattarar den forma.

#### *Vurdering*

Forma *annen* dominerer i talemålet. I skrift derimot ser det ikkje ut til at [annen] har særleg nedslag.

#### *Konklusjon*

Me rår til å ta [annen] ut or norma pga. at forma er så lite brukt i skrift.

### **3.2.3.d Dei ubundne pronomena [*onnor*] og [*nokor*]**

#### *Status i dag*

Hokjønnspronomena *anna* og *noka* har i dag klammeformene [*onnor*] og [*nokor*].

#### *Framlegg*

Klammeformene [*onnor*] og [*nokor*] går ut or rettskrivinga.

#### *Normhistorikk*

Den vanlege hokjønnsforma av pronomenet *nokon* var i gammalnorsk *nokkur*. I norske dialektar er dels den gamle forma på -r bevart, dels har pronomenet fått nye former som finst i adjektiv eller i andre pronomener, dels har hokjønnsforma falle saman med hankjønnsforma.

For pronomenet *annan* var hokjønnsforma *onnor*. Hokjønnsformene *anna* og *noka* kom inn i 1917-rettskrivinga og vart då jamstilte med *onnor* og *nokor*. Dette var uendra fram til 1959, då vart *onnor* og *nokor* gjorde til klammeformer, og den statusen har dei hatt sidan.

#### *Talemålsgrunnlag*

Frå *Framlegg til læreboknormal 1957* (s. 94) hentar me ei ikkje nett oppdatert oversikt over den geografiske utbreiinga av desse gamle hokjønnsformene på -r: Nord-Gudbrandsdalen (*nogor*), Valdres (*nokor*), Nordhordland (i ein del bygder, *nåker*),

Nordfjord (*nokor/noka*), Romsdal (*nåkker*), på Nordmøre og i Sør-Trøndelag finst *når*. Når det gjeld *onnor* (*årno*, *annor*, *ænnor* o.l.), finst denne forma ved sida av *an* i nokre bygder i Nord-Gudbrandsdalen, til dels i Numedal (vanleg er *a'en*), Vest-Telemark, Indre Agder (m.a. Setesdal), mange stader på Jæren, Sunnhordland (*ødnor* o.l.), Hardanger, Voss, Sogn, Nordfjord (*annå* el. *anna*), Sunnmøre, Romsdal, nokre bygder på Nordmøre og i Sør-Trøndelag (ved sida av andre former).

#### *Skriftmålsgrunnlag*

I det publiserte tekstmaterialet Åse Wetås har undersøkt, er hovudformene heilt dominerande. ”Klammeforma [*onnor*] ser ut til å vera den mest marginale her, [...] Klammeforma [*nokor*] er også tilnærma fråverande.” Søk i nynorske aviser i Norsk Tekstarkiv gav éin førekomst av *nokor*, mot 58 av *noka*. Elektroniske søk i lokalaviser, Bondebladet og Bergens Tidende gav ingen treff på *nokor*, medan klammeforma *onnor* var brukt i fire tilfelle. Når det gjeld det upubliserte tekstmaterialet, meiner Wetås å sjå nokre hovudtendensar i delmateriala av barne- og ungdomstekst. Det var m.a. ein klår tendens til bruk av hovudformene *nokon* og *annan*. Klammeformene *nokor* og *onnor* var ikkje nytta i det heile. I minneoppgåvematerialet som er nemnt i punktet ovanfor, fann ho eitt belegg på *onnor* frå Oppland og eitt på *onnorleis* frå Telemark. Skrivarane frå Nord-Trøndelag brukte berre hovudforma *anna*.

Etter Lars S. Vikørs undersøking er hokjønnsforma *onnor* brukt av fire forfattarar frå 1930-åra, berre éin bruker forma *nokor*. I 1950-årsforfattarskapane finst *onnor* hjå ein, *medan* ein vekslar mellom *anna* og *onnor*. Ingen av dei skriv *nokor*, og både *onnor* og *nokor* er heilt fråverande hjå forfattarar i 1970-åra.

#### *Vurdering*

Forma [*nokor*] står nokså svakt i dialektane. I skriftspråket har ho etter kvart vorte trengd ut av *noka*. Det skulle ikkje vera nokon grunn til å halda på denne forma i rettskrivinga lenger. Det same kan seiast om [*onnor*], som mest aldri er å sjå i skrift lenger. Her har *anna* teke heilt over som hokjønnsform.

#### *Konklusjon*

Me rår til at hokjønnsformene [*onnor*] og [*nokor*] går ut or rettskrivinga.

### 3.2.3.e Det peikande pronomenet *sjølv* i fleirtal

#### *Status i dag*

I dag kan ein bruka både *sjølv* og *sjølve* som fleirtalsform.

### Framlegg

Fleirtalsforma av det peikande pronomenet *sjølv* skal vere *sjølve*. Fleirtalsforma *sjølv* går ut..  
(2000-framlegget)

### Normhistorikk


Denne forma blir først nemnd under "Pronomen" i *Ny læreboknormal* 1959, der det står at *sjølv* kan vera ubøygd i fleirtal. På rådsmøtet i 2000 gjekk nynorskseksjonen inn for å ta den jamstilte fleirtalsforma ut or norma.

### Talemålsgrunnlag

Resultatet frå talemålsundersøkinga TALE99 er at fleirtalsforma *sjølv* er brukt av 56,5 % av informantane, medan 39,5 % rapporterer at dei seier *sjølve*. 7 % fører opp at dei bruker *sjæl*, *sjel*. I Sogn og Fjordane dominerer forma *sjølve* klårt, i Oppland og Hedmark litt mindre klårt. I alle dei andre områda dominerer *sjølv*, også frå Sør-Trøndelag og nordetter. Men sidan Trøndelag og Nord-Noreg har apokope, kan forma *sjølv* der like gjerne stå for *sjølve*. Det er informantar frå Oslo, Østfold, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland som seier dei bruker *sjæl* og *sjel*.

### Skriftmålsgrunnlag

Me har ikkje noka undersøking som viser bruken av *sjølv* i fleirtal, og frekvensordboka er ikkje til hjelp i eit slikt tilfelle. Men inntrykket er at begge fleirtalsformene er i bruk.



I skravert område tostava presensformer:  
*kjeme(r)*, *bite(r)*

(Kart etter Kjell Venås: *Sterke verb i norske målføre*, 1967.)

### Vurdering

Ut frå talemålsundersøkinga er det nok grunnlag for å halda på fleirtalsforma *sjølv*, og som nemnt kan me ikkje påvisa kor utbreidd ho er i skrift. Når ein premiss for arbeidet er å snevra inn valfridomen noko, kan det her vera grunnlag for å prioritera ei form som er "systemrett". Det ser ikkje ut til at desse formene blir brukte som identitesmarkørar.

### Konklusjon

Me vil her leggja vekt på argumentet om indre bygnad, og gjer difor framlegg om at *sjølv* går ut og *sjølve* blir obligatorisk i fleirtal. Jamfør elles *Framlegg* ovanfor.

### 3.2.4 Verb

#### 3.2.4.a Presens på [-er] av sterke verb

##### *Status i dag*

Presens av sterke verb kan i dag ha klammeform på [-er]: *bit* [*biter*], *kjem* [*kjemer*].

##### *Framlegg*

Klammeform av presens av sterke verb på [-er] går ut or rettskrivinga. (2000-framlegg)

##### *Normhistorikk*

Presens på [-er] av sterke verb kom inn som klammeform i 1917-rettskrivinga og har hatt den statusen sidan den tid. Nynorskseksjonen gjekk på møtet i 2000 inn for å ta formene med [-er] ut or rettskrivinga.

##### *Talemålsgrunnlag*

Tostavingsformer som *biter* og *kjemer* i presens av sterke verb er gjennomført på nesten heile Vestlandet og dessutan i Ytre Agder, Sør-Austlandet og mykje av Telemark. Kring Oslofjorden manglar vokalskiftet frå infinitiv til presens, og det gjeld meir og meir langs kysten til Hordaland.

##### *Skriftleg bruk*

Ingen av dei 29 forfattarane som er representerte med skjønnlitteratur i 1930-, 1950- og 1970-åra i Vikørs undersøking, brukte [-er] i presens av sterke verb. Av frekvensordboka går det fram at [-er]-former er brukte i berre 0,4 % av dei aktuelle tilfella.

##### *Vurdering*

Desse formene står svært sterkt i talemålet, men er borte frå skriftmålet.

##### *Konklusjon*

På grunn av at tostavingsformene av sterke verb ikkje er tekne i bruk i skrift, rår me til å ta presensforma på [-er] ut or norma.

#### 3.2.4.b Supinum av sterke verb på -i

##### *Status i dag*

Perfektum partisipp av sterke verb på -i er jamstilte med partisippforma på -e (*gråte/gråti*).

### *Framlegg*

Supinum (inkjekjønnsforma av perfektum partisipp) av sterke verb skal enda på *-e*. Supinum på *-i* går ut or rettskrivinga.

### *Normhistorikk*

Frå 1917 hadde sterke verb perfektum partisipp på *-e*. Spørsmålet om å ta opp supinum med *-i* i begge mål vart drøfta i *Tilleggstilråding om ny rettskrivning* 1936 (s. 11):


Heller ikke på dette punkt kunde vi i ”Tilråding” peike på noen farbar vei til utjamning av skilnaden mellom bm. og nno. Nno. har her kjønn- og tallbøyning (boka vart skiven, brevet vart skrive, bøkene vart skrivne), mens bm. har ubøydd part. på utlyds-t, som ofte er stum.

Spørsmålet har vært framme i ordskiftet om rettskrivningsframlegget. Samtidig er det reist sterke krav om adgang til å nytte de austlandske part.former på *-i* (skrivi, brøti). Nemnda har drøftet spørsmålet på nytt, men har ikke kunnet samle sig om et enstemmig framlegg. Bergsgård, Iversen og Koht foreslår at part.formene på *-i* blir tillatt i begge mål.

Knut Liestøl, som sat i revisjonsnemnda 1937, sette opp supinum på *-i* som einaste lærebokform i nynorsk. Han grunngav det m.a. med at det var viktig med samarbeid mellom måla på dette punktet. Dessutan meinte han det trongst ein slag kompensasjon med *-i*-ending i nynorsk sidan *-i*-endinga i bunden form eintal hokjønn og bunden form fleirtal inkjekjønn no fekk klammeformstatus. Iversen og Krogsrud, som òg var med i revisjonsnemnda 1937, gjekk imot Liestøl på dette punktet. Dei meinte det ikkje var nokon annan grunn til å endra supinumformene i nynorsk enn omsynet til samarbeidet med bokmål. Og etter ”grundige overveielser” var dei komne til at bokmål på den tida ikkje burde ta opp supinumformer på *-i*. –Departementet følgde likevel Liestøl og fastsette i 1938-rettskrivinga perfektum partisipp av sterke verb på *-i* som hovudform i nynorsk. Den gamle forma med *-e* vart klammeform.

*Framlegg til læreboknormal* 1957 peikte på at når *-i*-supinum no kom inn som klammeform i bokmål, var det ikkje tilrådeleg å gje opp den forma i nynorsk og gå attende til *-e*. Dermed jamstilte 1959-normalen supinum på *-e* og *-i* av sterke verb i nynorsk. Den valfridomen har nynorskbrukararhatt sidan. I 2000 gjekk nynorskseksjonen inn for å gjera supinum på *-i* til klammeform.

### *Talemålsgrunnlag*



Sterke partisipp på *-i* i skravert området.  
(Kart etter Kjell Venås: : *Sterke verb i norske målføre*, 1967.)

supinum på *-i*. Såleis er *-i*-ending gjennomført i dei aller fleste bøkene som Det norske Samlaget har gjevi ut etter 1938. Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Inge Krokann og Halvdan Koht nyttar no denne forma. I Norsk allkunnebok skifter *-i* og *-e* med artikkel-forfattarane, like eins i "Syn og Segn". I lærebøker og i det aller meste av lesebok-stoffet på nynorsk er det etter 1938 gjennomført supinum på *-i*. I bm.-litteratur er *i*-supinum brukt berre i dialektreplikkar og anna sterkt målføremerkta framstelling.

Dei forfattarskapane som Lars Vikør undersøkte frå 1930-åra, har stor overvekt av perfektum partisipp på *-e*, ni av ti har brukt det, som då var hovudforma. Med *-i*-forma som hovudform etter 1938 vart likevel supinum på *-e* føretrekt av åtte av dei ni 1950-årsforfattarane, berre Aslaug Høydal valde *-i*-forma. Vikør kallar resultatet frapperande, og peiker på at om Høydal følgjer talemålet sitt, så har det tydelegvis ikkje spela nokar rolle for forfattarar som Vigerust og Berkaak, som også ut frå dialektane sine kunne ha grunnlag for å velja *-i*. Valfridomen mellom *-e* og *-i* etter 1959 har ikkje hatt så mykje å

Perfektum partisipp på *-i* finn ein i talemåla i eit søraustleg område (Grenland – Indre Østfold til Trysil), Setesdal og Vest-Telemark, mykje av Trøndelag (ikkje i søraust) og sør på Helgeland. I eit område i Nord-Trøndelag har ein både *-i* og *-e* etter eit system som heng saman med konsonantismen i rota. Eit midlandsk område har vokalharmonisk skifte med *i* etter *i* i rota og *e* etter andre vokalar: *biti,驱ri, men brøte, fare*. Resten av landet (Vestlandet, Nord-Noreg og andre stader) har utlydsvokalen *-e*.

#### *Skriftleg bruk*

Av *Framlegg til læreboknormal 1957* (s. 109–110) går det fram at perfektum partisipp på *-e* er det som har vore mest brukt i nynorsk presse og litteratur etter 1938:

Vestnorske og nordnorske forfattarar nyttar jamt over den forma, det same gjer

Vestlands-blada. Alt i alt er det likevel ikkje så få bøker som har gjennomført

seia, kan ein få inntrykk av, for dei ti forfattarane frå denne tida valde alle perfektum partisipp på *-e* av sterke verb.

Når det gjeld delmateriala av barne- og ungdomstekst i det upubliserte tekstmaterialet Åse Wetås har undersøkt, er det ein eintydig tendens til bruk av *-e* i supinum av sterke verb.

*Nynorsk frekvensordbok* viser at *-i*-former har ein bruksprosent på berre 1,3.

#### *Vurdering*

Me har sett at supinum på *-e* står sterkt i skriftleg bruk, uavhengig av om forma har vore hovud-, side- eller jamstilt form. Talemålsgrunnlaget for *-i* er derimot ikkje heilt lite.

#### *Konklusjon*

Vårt framlegg blir å ta bort perfektum partisipp av sterke verb på *-i* frå norma sidan forma nesten ikkje er brukt i skrift.

### **3.2.4.c Refleksivformer på *-s***

#### *Status i dag*

Verb som endar på *-st*, har denne bøyninga:

*minnast* [*minnas*] – *minnest* [*minnes*] – *mintest* [*mintes*] – *minst* [*mins*]

#### *Framlegg*

Refleksive verb som etter noverande rettskriving har klammeformer på *[-s]*, får endinga *-st* som eineform. Klammeforma *[-s]* går ut or rettskrivinga.

#### *Normhistorikk*

I reglane som den departementale rettskrivingskomiteen laga om landsmål i 1918, står det: "[Refleksivformi kann enda på *s* ved sida av *st*: *finnast, finst – finnas, finns; slåsst – slåss.*]" (s. 14) I 1938-rettskrivinga heiter det: "Refleksiv infinitiv endar på *-ast* *[-as]*." Etter den tid har refleksivformer på *[-s]* vore klammeformer.

#### *Talemålsgrunnlag*

Refleksivforma *-st* er først og fremst eit vestlandsk og til dels eit midlandsdrag. Forma er òg litt brukt i trøndersk. Nordafjells og på resten av Austlandet dominerer *-s*.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Åse Wetås skriv om det publiserte materialet ho har granska, at det òg for bruken av passiv og refleksivformer er ein tydeleg tendens til einsretting i formvalet: Det er hovudformene som blir valde. I det upubliserte materialet fann ho derimot at tendensen

til val av *-st* i refleksiv og passiv ikkje var så eintydig. Her fanst det tvert om ein god del innslag av passiv- og refleksivformer med *[-s]*.

I 1930-åra brukte fem av dei forfattarane Vikør omtalar i undersøkinga si, passiv-/refleksivformer på *-ast*, to brukte *[-as]*, ein *[-es]* og ein kløyvd (*[-as/-es]*). Alle dei ni 1950-årsforfattarane brukte *-ast*-forma, og det same gjorde dei ti 1970-årsforfattarane.

### *Vurdering*

I talemåla er former med *-s* svært mykje brukte, i skrift er desse formene sjeldan å sjå.

### *Konklusjon*

Klammeforma på *[-s]* har altså vore tillaten i skrift sidan 1938 utan å slå gjennom. Me rår til å ta denne forma ut or normalen.

## **3.2.4.d Enkeltformer i bøyninga: [fær – fenge], [slær], [slæst]**

### *Status i dag*

I dag har desse verba denne bøyninga:

*få – fär [fær] – fekk [fikk] – fått [fenge]/[fengi]  
slå – slår [slær] – slo – slått/slege/slegi  
slåst – slåst [slæst] – slost – slåst/slegest/slegist*

### *Framlegg*

For verba *få*, *slå* og *slåst* går sideformene *[fær]* – *[fenge]*, *[slær]* og *[slæst]* ut or norma.

Me gjer merksam på at det ikkje vart drøfta på møtet 13.5.02 å ta *[slæst]* ut or norma, så det har me eigentleg ikkje noko vedtak om. Men me tek det ut som ein konsekvens av at *[slær]* blir fjerna.

### *Normhistorikk*

#### *[fær] [fenge]*

Etter 1917 kom dei svake presens- og perfektum partisipp-formene *får* og *fått* inn jamsides med *fær* og *fenge*. Etter 1938-rettskrivinga var både *fær* og *fenge* borte frå ordlistene, og om *fengi* står det i Skards *Nynorsk ordbok* frå 1945 at det kan brukast “i poesi”. Presensforma *fær* kom først inn att i rettskrivinga, og då som klammeform, etter eit vedtak i Språkrådet i 1983.

#### *[slær]*

Formene *[slår]* og *[slått]* kom inn i rettskrivinga i 1917, men då som klammeformer til *slær* og *slege*. *Tilleggstilråding om ny rettskrivning* 1936 (s. 10) rådde til at *slær* vart klammeform i nynorsk, men *Ny rettskriving* 1938 jamstilte *slær* med *slår*. Med *Ny læreboknormal* 1959 fekk *[slær]* klammeformstatus, og det har forma hatt sidan den tid.

[*slæst*]

Norsk ordbok frå 1920 har denne bøyinga: *slåst – slæst [slåst] – stlost – slegest*. Etter 1938 var presensformene *slæst/slåst* jamstilte, medan 1959-normalen gjorde [*slæst*] til klammeform.

### *Talemålsgrunnlag*

Me har inga talemålsundersøking å visa til her.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Vikør har i undersøkinga si funne at av forfattarane frå 1930-åra er det berre Vesaas som bruker formene *fær – fenge*. Han skriv dessutan *slær*, som også Gjengedal, Sveen og til dels Hilleren gjer. Så minkar det på bruken av desse formene; berre Høydal av 1950-årsforfattarane skriv *fenge*, og bruker det nokså inkonsekvent. Og ingen av forfattarane frå 1970-åra bruker desse verbformene lenger.

*Nynorsk frekvensordbok*, som byggjer på dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar i tida 1978–84, har 14 belegg på *fær* (1424 på *får*), medan *fenge* ikkje er undersøkt. Forma *slær* er funnen 8 gonger og \**sler* 5 (*slår* har 108 belegg). Frekvensordboka har 3 døme på [*slæst*] (18 på *slåst*).

### *Vurdering*

Formene [*fær*] – [*fenge*], [*slær*] og [*slæst*] har vore tilgjengelege som klammeformer utan at dei har vorte mykje brukte. Berre sporadisk ser me dei i skrift.

### *Konklusjon*

Me rår til at desse formene går ut or rettskrivingsnorma på grunn av liten bruk i skrift.

### **3.2.4.e Preteritumsformene *lagde* og *sagde***

#### *Status i dag*

Verba *seie* og *leggje* har i dag denne bøyinga:

*leggje – legg – la/lagde – lagt* og *seie – seier – sa/sagde – sagt*

#### *Framlegg*

For verba *leggja* og *seia* går preteritumsformene *lagde* og *sagde* ut or rettskrivinga. (2000-framleggget)

### *Normhistorikk*

Oppføringa for *seie* var i *Den nye rettskrivning II Landsmål* frå 1918 *segja* [*seia*] – *sa(gde)* – *sagt*. Verbet *leggje* var ikkje teke med der, men i *Landsmaalsordlista* til Matias Skard frå 1903 finn ein *leggja* – *legg* – *lagde/la* – *lagd*. Preteritumsformene *la/lagde* og *sa/sagde* har sidan vore jamstilte.

### *Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til.

### *Skriftmålsgrunnlag*

*Nynorsk frekvensordbok* har 1589 belegg på forma *sa*, ingen på *sagde*, 289 på *la*, ingen på *lagde*.

### *Vurdering/konklusjon*

Som nemnt gjekk 2000-framlegget inn for å ta ut forma *sagde*. At *lagde* ikkje vart teken med i same vedtaket, er ein opplagt mangel og blir retta opp no. Preteritum på *lagde* og *sagde* er så å seia heilt ute av bruk.

### **3.2.4.f Preteritumsformene *bestemde* og *limde***

#### *Status i dag*

Verba *bestemme* og *lime* har i dag denne bøyingsa:

*bestemme* – *bestemmer* – *bestemde/bestemte* – *bestemt* og *lime* – *limer* – *limde/limte* – *limt*.

(*Lime* har òg a-bøyning, men det held me utanfor her.)

#### *Framlegg*

For verba *bestemma* og *lima* går preteritumsformene på *-de* ut or rettskrivinga.  
(2000-framlegget)

### *Normhistorikk*

Eitt av dei mange fagnemndmøta som drøfta fordelinga av *-d-* og *-t-* i preteritum, supinum og perfektum partisipp, vart halde 3.6.86. Sakspapiret rådde då til å la *bestemme* og *lime* følgja hovudregelen for verb på *-m-*: *-de* som hovudform og *[-te]* som klammeform i preteritum. På rådsmøtet i 1987 gjorde Språkrådet dette vedtaket: ”Verb med stømnutgang på *m* skal framleis ha *-de* *[-te]* som hovudregel [...]. Unntak blir to verb som får valfritt *-de* eller *-te*: *bestemme* bestemde el. bestemte og *lime* limde el. limte el. lima. Desse to verba hadde før *-te* i preteritum (*lime* også *-a*).”

Då fagnemnda 18.3.98 vurderte m.a. desse to verba, gjekk to av medlemmene inn for preteritum på *-te* *[-de]*, éin ville ha *-de* *[-te]*. Eit framlegg på rådsmøtet i 2000 om å ta ut preteritumsformene [*bestemde*] og [*limde*] frå rettskrivinga fekk 12 røyster (av 18).

*Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til.

*Skriftmålsgrunnlag*

*Nynorsk frekvensordbok* har 30 døme på forma *bestemte*, ingen på *bestemde*, 1 på *limte*, ingen på *limde*.

*Vurdering/konklusjon*

Det kan synast inkonsekvent at desse to verba ikkje skal ha den valfridomen i preteritum som andre verb av denne typen får. Men i skrift har preteritum på *-te* vore heller einerådande for desse to.

**3.2.4.g Preteritumsformene [*fikk*] og [*gikk*]***Status i dag*

Verba *få* og *gå* har i dag denne bøyninga:

*få – får* [fær] – *fekk* [fikk] – *fått* [fenge] og *gå – går – gjekk* [gikk] – *gått*.

*Framlegg*

Sideformene i preteritum for *få* og *gå*, [fikk] og [gikk], går ut or rettskrivinga, slik at *fekk* og *gjekk* blir eineformer. (2000-framlegget)

(Jamfør elles pkt. 2.2.4.c, der *gange* har fått særskild oppføring, og 3.2.4.d, der [fær] og [fenge] er behandla.

*Normhistorikk*

[*Gikk*] kom inn som klammeform i 1917, [*fikk*] først i 1959.

*Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til.

*Skriftmålsgrunnlag*

I forfattarskapane Lars S. Vikør undersøkte frå 1930-åra, brukte to av ti forma *gikk*, medan ingen skreiv *fikk*. I 1950-åra var Halldor Holsvik (frå Syvde på Sunnmøre) åleine om å skriva *fikk* og *gikk*, medan ingen av dei undersøkte forfattarane frå 1970-åra brukte desse formene.

*Nynorsk frekvensordbok* har 1518 døme på forma *fekk*, 2 på *fikk*, 1320 på *gjekk*, 3 på *gikk*.

*Vurdering/konklusjon*

Desse formene har nok ei viss utbreiing i talemåla, men dei er så fråverande i skrift at me ser ingen grunn til å halda på dei innanfor norma.

### 3.2.4.h Verbformene [trær] – tro(d) – trede/tredi

#### *Status i dag*

Verbet *trå* 'gå, stige' har i dag denne bøyingen:  
*trå – trår [trær] – trådde/tro(d) – trådd/trått/trede/tredi.*

#### *Framlegg*

Dei sterke bøyingsformene til verbet *trå*: *[trær] – tro(d) – trede/tredi* går ut or rettskrivinga. Ny bøyning blir  
*trå – trår – trådde – trådd/trått.* (2000-framlegget)

#### *Normhistorikk*

Preteritumsforma av *trå* er *trådde* i 1918-landsmålsordlista, og etter 1938 er bøyingsmønsteret *trå – trår – trådde – trått*. Med 1959-normalen kom dei valfrie formene *tro(d)* i preteritum og *trådd* i perfektum partisipp. Klammeforma *[trær]* i presens kom i 1985, då kom også partisippforma *trede/tredi*.

#### *Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Nynorsk frekvensordbok har 1 døme på forma *trådde* og 1 på *\*trådte*.

#### *Vurdering/konklusjon*

Det er unødvendig med så mange alternative bøyingsformer for eit ord som er heller sjeldan brukt. Me rår til å halda på den svake (og tradisjonelle) bøyinga *trå – trår – trådde – trådd/trått*.

### 3.2.4.i Verbformene *trede* – *tred(er)* – *tro(d)* – *trede/tredi/tredt*

#### *Status i dag*

Verbet *tre(de)* ('trø', tre fram) har i dag denne bøyingen:  
*tre(de) – trer/tred – tro(d) – trede/tredi el. tre(de) – tre(de)r – tredde – tredd/tredt*

#### *Framlegg*

Bøyingsformene: *trede – tred(er) – tro(d) – trede/tredi/ tredt* går ut or rettskrivinga. Ny bøyning blir *tre – trer – tredde – tredd/trett.* (2000-framlegget)

#### *Normhistorikk*

1917 *treda – tred – trod – trode* (vsa. *trå – trådde*, i 1938 også *trø – trødde*)

1938 *treda – tred – trod – tradi*

1959 *tre(de) – tred/trer – tro(d) – trådd*

1985 *tre(de) – tred[er]/trer – tro(d)/trådde – trede/trådd/trådt*

1991 *tre(de) – tre(de)r/tred – tredde/tro(d) – tredd/tredt/trede/tredi*

#### *Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Nynorsk frekvensordbok har 4 døme på presensforma *trer*, 4 på *tredde* og 2 på *tredd*.

#### *Vurdering/konklusjon*

Det er unødvendig med så mange alternative bøyingsformer for eit ord som er heller sjeldan brukt. Me rår til å halda på den svake (og tradisjonelle) bøyninga *tre – trer – tredde – tredd/ trett*.

### **3.2.4.j Verbformene [*bjode*] – *byd(er)* – *bydde***

#### *Status i dag*

Verbet *by(de)/[bjode]* har i dag denne bøyninga:

*by(de)/[bjode] – by(de)r – bydde – bydd/bydt* el. *by(de)/[bjode] – byr/byd – baud – bode/bodi*

#### *Framlegg*

Bøyingsformene *[bjode] – byd(er) – bydde* går ut or rettskrivinga. Det sterke bøyingsmønsteret blir eineform: *by(de) – byr – baud – bode*. (2000-framlegget)

#### *Normhistorikk*

Formene *bjoda/by* hadde sterkt bøyning etter 1917-rettskrivinga. I 1959 vart *[bjode]* gjort til klammeform, *by/byde* vart jamstilte hovudformer og den svake bøyninga kom inn.

#### *Talemålsgrunnlag*

Her har me inga undersøking å visa til.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Nynorsk frekvensordbok har ingen døme på *[bjode]*, 21 på *by*, 21 på *byr*, 5 på *byd* og 6 på *bydd*.

#### *Vurdering/Konklusjon*

Forma *[bjode]* er så å seia aldri å sjå i skrift. 2000-framlegget hadde elles som mål å skjera ned på formmangfaldet, i dette tilfellet er det det sterke (og tradisjonelle) bøyingsmønsteret som blir verande att.

### **3.2.4.k [-d]-bortfall i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp**

### *Status i dag*

Verb med *-de* i preteritum har klammeform på [-d] i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp: har *kjent* [*kjend*], det er *kjent* [*kjend*].

### *Framlegg*

Svake verb med preteritum på *-de* skal ha supinum (= inkjekjønn av perfektum partisipp) på *-t*. Klammeforma i supinum på [-d] fell bort. Unntak er verb med *-dde*, *-gde* og *-vde* etter vokal, som framleis skal ha valfritt *-d* eller *-t* i supinum (typen *arbeidd/arbeidt, bygd/bygt, kravd/kravt*). (2000-fralegget)

### *Normhistorikk*

Dette vedtaket er attgjeve frå 1986-årsmeldinga frå Språkrådet:

3 Verb frå dømme- og telje-klassen på l, ld, m, n, nd, r og rd og preteritum på *-de* får tillaten sideform på *-d* i supinum og inkjekjønn eintal av perfektum partisipp, t.d. brende har brent [brend], torde – har tort [tord], burde – har burt [burd]. Unntak er gjorde – har gjort.

### *Vurdering/konklusjon*

Det samsvaret mellom preteritums- og partisippformene som Venås peiker på ovanfor, er å sjå til mindre viktig for skribentar i denne samanhengen.

## 3.2.5 Adverb

### 3.2.5.a Formene *attast, bakast, innarst, underst, yttarst, nørdre*

### *Status i dag*

I dag har desse adverba desse formene i komparativ og superlativ:

att	–	att(a)re	–	atta(r)st
bak	–	bak(a)re	–	baka(r)st
inn(e)	–	indre	–	in(nar)st
		ytre	–	yt(tar)st
under	–	undre	–	und(er)st
nord	–	nordre/nørdre	–	nørdst

### *Framlegg*

Komparativforma *nørdre* og superlativformene *attast, bakast, innarst, yttarst, underst* går ut or rettskrivinga.

### *Normhistorikk*

I *Landsmaalsordlista* til Matias Skard frå 1903 finn me formene *nørdre, inst* og *innarst, underst, ytst* og *yttarst*. I ordboka si frå 1920 har han teke med forma *syndre* og dessutan *nordre*, som vart jamstilt med *nørdre* i 1917. I 1945-utgåva har Skard med

*attarst* og *bakast*. Norsk språknemnd jamstilte så *attarst* og *attast* og *bakarst* og *bakast* i 1961.

#### *Talemålsgrunnlag*

Me har inga undersøking å visa til her.

#### *Skriftmålsgrunnlag*

Tala frå *Nynorsk frekvensordbok* viser denne frekvensen:

*Baka(r)st* (0), *bakerst* (2); *innarste* (1), *innerst* (3), *inst* (12) *inste* (12); *yttarste* (1), *yttarst* (2), *ytterst* (3), *ytst* (6), *ytste* (6); *nordre* (5), *nørre* (1).

#### *Vurdering*

Kortformene *inst*, *ytst* og *undst* samsvarar med andre kortformer me har av tilsvarande adverb, som *nedst* og *øvst*, dei er allereie eineformer i skrift.

#### *Konklusjon*

Langformene av desse adverba er ikkje frekvente nok til at dei kan ha plass i norma som valfrie former.

### 3.3 Einskildord

På møtet i nynorskseksjonen 13.5.02 lydde vedtak 4: ”Punkt 18 under framlegg A om frekvente enkeltord vart ikkje gjort til diskusjons- eller røystetema.” Framlegga under dette punktet blir no lagde fram av referansegruppa i punkt 2.3. Samstundes legg referansegruppa under punkt 3.3 fram forslag til einskildord *som skal gå ut or norma*, jamfør vedtaket frå møtet 13.5. Som det går fram nedanfor, har referansegruppa ofte delt seg og leverer to framlegg.

Dispositionen under dette punktet er som framanfor, men me har sløyfa *Talemålsgrunnlag*. Årsaka er at me har inga talemålsundersøking å visa til når det gjeld desse einskildorda.

#### 3.3.1. Konsonantvariasjon: *pp/p, g/0, d/t, tt/t*

##### *Status i dag*

Desse formene er valfrie i den gjeldande rettskrivinga:

##### *pp/p*

[*koppar*]    *kopar*

##### *g/0*

*mue*            *muge* f. (dunge, haug)

**d/t**

<i>flit</i>	<i>flid</i>
<i>mod</i>	<i>mot</i>
<i>moda</i>	<i>mota (på)</i>
<i>slut</i>	<i>sludd</i>

**tt/t**

<i>lett</i>	<i>let (farge)</i>
-------------	--------------------

*Framlegg*

Fellesframlegg: Formene [*koppar*], *mue*, *flit*, *mod*, *moda (på)*, *slut* og *lett* går ut or norma.

*Normhistorikk/skriftmålsgrunnlag*

*Kopar* er oppført i Skards *Landsmaalsordlista* fra 1903. Klammeforma [*koppar*] kom inn i 1959. *Nynorsk frekvensordbok* har registrert *kopar* 1 gong, *koppar* 3.

*Mue/muge* fekk valfri skrivemåte i 1938, men forma *muge* finst i *Landsmaalsordlista* fra 1903. Etter *Nynorsk frekvensordbok* er forma *muge* registrert 2 gonger, *mue* ingen.

Forma *flit* finn me i Skards *Nynorsk ordbok* fra 1920, og i 1961 vart *flid* og *flit* jamstilte.

*Mod/mot* kom inn i norma i 1917. Adjektivet *moda (på)* er oppført i *Landsmaalsordlista* til Skard i 1903. I 1983 vart *mota/moda* jamstilte. *Sludd/slut* kom inn i 1917.

*Talemålsgrunnlag*

TALE99 har fått svar frå 165 informantar på spørsmål om dei bruker forma *let* eller *lett* ‘farge’. 50 % bruker *let*, medan forma med kort vokal er brukt av 32,5 %. (Mange kjenner ikkje ordet.)

*Skriftmålsbakgrunn*

Etter *Nynorsk frekvensordbok* er formbruken registrert slik:

*flid* (6) *flit* (0)

*mot(et)* (35) *mod* (2)

*sludd* (2) *slut* (0)

*let* (5) *lett* (0)

*Adjektivet mota/moda (på)* er ikkje registrert.

*Vurdering/konklusjon*

Ordet *muge* er såpass sjeldan brukt at det er nok med ei form, og me har då valt å halda på den forma som har lengst tradisjon i skrift.

Framlegget om å ta ut *flit*, *mod*, *moda*, *lett* (farge) og *slut* byggjer på at desse formene så å seia ikkje er å sjå i skrift.

### 3.3.2 Vokalveksling

#### 3.3.2.a Diftong eller monoftong: *ei/e*

*Status i dag*

Etter den gjeldande rettskrivinga er desse formene valfrie:

*leist* [lest]

*pek* [peik] (prette)

*peik* [pek] (frampeik)

*peike* [peke] v.

*sleisk* [slesk]

*treisk* [tresk]

*Framlegg*

Formene [lest], [peik] [pek], [peke], [slesk] og [tresk] går ut or norma. (Fellesframlegg)

*Normhistorikk/skriftmålsgrunnlag*

I Skards *Nynorsk ordbok* frå 1920 var *leist*, *peik* (prette) og *sleisk* eineformer. *Treisk* var eineform i 1903-utgåva til Skard. Med *Ny læreboknormal* 1959 vart desse formene jamstilte: *leist* [lest], *pek* [peik] (prette), *peik* [pek] (fingerpeik), *sleisk* [slesk] og *treisk* [tresk].

Etter *Nynorsk frekvensordbok* er formbruken slik:

*leist* (0) [lest] (7)

*sleisk* (0) [slesk] (2)

Formene *pek* [peik], *peik* [pek] og *treisk* [tresk] er ikkje registrerte.

*Vurdering/konklusjon*

Framlegget om å halda på formene med diftong byggjer på at det er tradisjonsformene. Her skil likevel *pek* seg ut. Det har hatt monoftong sidan 1959 i tydinga 'puss, prette', medan *peik* i tydinga 'frampeik' held på diftongen. Me rår til å halda oppe dette skiljet mellom *pek* og *peik*, samstundes som me rår til å fjerna klammeformene, også for verbet *peike*.

Framlegget er samrøystes.

#### 3.3.2.b Anna vokalveksling: *a/o*, *a/æ*, *e/i*, *e/æ*, *i/y*, *jo/y*, *o/u*, *o/ø*, *o/å*, *u/y*, *a/å*, *æ/å*

**Status i dag**

Etter den gjeldande rettskrivinga er desse formene valfrie:

**a – e**

<i>berr(e) [bar(e)]</i>	<i>anten [enten]</i>	<i>fremmend/framand</i>	<i>hange/henge</i>
<i>hjarte [hjerte]</i>			

**a – o**

<i>holdning/haldning</i>	<i>honk/hank</i>	<i>horr/harr</i>	<i>harv [horv]</i>
<i>moske/maske</i>	<i>tann [tonn]</i>	<i>trapp [tropp]</i>	<i>vald(e) [vold(e)]</i>
<i>[ovund]avund</i>			

**a – æ**

<i>arr/ær</i>	<i>stær/star</i> (augesjukdom)
---------------	--------------------------------

**e – i**

<i>fete [fîte] (feitt)</i>	<i>sev/siv</i>	<i>tre[tri]</i>	<i>venstre[vinstre]</i>
----------------------------	----------------	-----------------	-------------------------

**e – æ**

<i>bre [bræ]</i>	<i>brek(j)e [bræk(j)e]</i>	<i>brese [bræse]</i>
<i>deld [dæld]</i>	<i>fres(e) [fræs(e)]</i>	<i>gjetar, -e [gjætar], [-e]</i>
<i>hær [her]</i>	<i>krekebær [krækjebær] (krekling)</i>	<i>kremmar [kræmar]</i>
<i>kresen [kræsen]</i>	<i>kvede [kvæde]</i>	<i>kven(sk) [kvæn(sk)]</i>
<i>kvese [kvæse]</i>	<i>samkvæme/samkvem</i>	
<i>sær (-leg, -skild osv.)</i>	<i>[ser] ([-leg], [-skild] osv.)</i>	<i>skremme [skræme]</i>
<i>sprek [spræk]</i>	<i>strene [stræne]</i>	<i>sete [sæte]</i>
<i>seter [sæter]</i>	<i>ese, -ing [æse], [-ing]/</i>	

**i – y**

<i>klipp(e) [klypp(e)]</i>
----------------------------

**jo – y**

<i>[bjode] by(de)</i>	<i>gyse [gjose]</i>	<i>gyte [gjote]</i>
<i>ljod/lyd</i>	<i>ljote/lyte</i>	<i>sjode/syde</i>
<i>skyte [skjote]</i>		

**o – u**

<i>[bubble]/boble</i>	<i>[jol]/jul</i>	<i>[muleg]/mog(e)leg</i>
<i>skjol/skul</i>	<i>[smolt]/smult</i>	<i>[sumar]/sommar</i>
<i>[sume]/somme</i>	<i>ukse/okse</i>	

***o – ø***

bok/bøk (treslag)      mol/møll

***o – å***

[bråte]/brote	[dråpe]/drope	[nå]/no
[so]/så	[tåle]/tole	

***u – y***

[rudning]/rydning	[skynde]/skunde	stutte/stytte (gjera stuttare)
sud-/syd-	[tunn]/tynn	

***u – ø***

jøtul/jutul	kluft/kløft	[tunne]/tynne/tønne
[turke]/tørke	[turr]/tørr	

***a – å***

[dråp]/ [ålmuge]/allmuge	drap [male]/måle	[ålmenn]/allmenn
-----------------------------	---------------------	------------------

***æ – å***

læse/låse      mæle/måle

***Framlegg******a) Fellesframlegg for heile grupper******a – æ***

Formene *ær* og *star* går ut or rettskrivinga.

***e – i***

Formene [fite], *sev*, [tri] og [vinstre] går ut or rettskrivinga.

***e – æ***

Formene [bræ], [bræk(j)e], [bræse], [dæld], [fræs(e)], [gjætar] [-e], [her], krekebær [krækjebær],[kræmar], [kræsen], [kvæde], [kvæn(sk)], [kvæse], samkvæme, [ser] ([-leg], [-skild] osv.), [skræme], [spræk], [stræne], [sæte], [sæter], [æse], [-ing] går ut or rettskrivinga. For krekebær [krækjebær] gjer vi framlegg om at krekjebær blir eineform.

**i – y**

Forma [klypp(e)] går ut or rettskrivinga.

**jo – y**

- 1) Formene [bjode], [gjose], [gjote], *ljod*, *ljote*, *sjode* og [skjote] går ut or rettskrivinga.

**o – ø**

- 1) Formene *bok* og  *går ut or rettskrivinga.*

**u – ø**

Formene *jøtul*, *kluft*, [tunne], [turke] og [turr] går ut or rettskrivinga.

**æ – å**

Formene *læse* og *mæle* går ut or rettskrivinga.

**b) Delte framlegg for ordgrupper****a – e**

- 1) Formene [bar(e)], [enten], *fremmend*, *hange* og, [hjerte] går ut or norma. (Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka)  
Framlegget frå Forfang, Sandøy og Vikør går fram av punkt 2.3.

**a – o**

- 1) Formene *honk*, *horr*, [horv], *moske*, [tonn], [tropp], [vold(a)], [ovund] går ut or norma. (Fellesframlegg)
- 2) Forma *holdning* går ut or norma. (Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka)

**o – u**

- 1) Formene [bubble], [jol], *skjol*, [smolt] og *ukse* går ut or rettskrivinga. (Fellesframlegg)
- 2) Forma [muleg] går ut or rettskrivinga. (Grønvik, Runnestø, Skadberg, Veka)

**o – å**

- 1) Formene [bråte], [dråpe] og [tåle] går ut or rettskrivinga. (Fellesframlegg)
- 2) Formene [nå] og [so] går ut or rettskrivinga. (Grønvik, Runnestø, Skadberg, Veka)

**u – y**

- 1) Formene [rudning], *stutte*, *sud-* og [tunn] går ut or rettskrivinga. (Fellesframlegg)
- 2) Forma [skynde] går ut or rettskrivinga. (Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka)

**å – a**

- 1) Formene [dråp], [male] og [ålmuge] går ut or rettskrivinga. (Fellesframlegg)

2) Forma [ålmenn] går ut or rettskrivinga. (Forfang, Sandøy og Vikør)

### **Normhistorikk**

1917 <i>berre/bare</i>	1938 <i>berre</i>	1959 <i>berre [bare]</i>
1917 <i>berr [bar]</i>	1938 <i>berr</i>	1959 <i>berr [bar]</i>
1917 <i>anten [enten]</i>	1938 <i>anten</i>	1959 <i>anten [enten]</i>
1917 <i>framand [fremmend]</i>		1959 <i>framand/fremmend</i>
		1977 <i>hange/henge</i>
1917 <i>hjarte [hjerte]</i>		

*Avund, hank, harv, maske, tann, trapp* og *volda* er tekne med i landsmålsordlista frå 1918. *Harr* vart normert først i 1961, men Matias Skard har valfritt *harr/horr* i ordboka si frå 1920. Oversynet nedanfor viser elles normeringa fram gjennom hundreåret.

1917 <i>avund/ovund</i>	1938 <i>ovund</i>	1959 <i>avund [ovund]</i>
1917 <i>hank/honk</i>	1938 <i>hank</i>	1961 <i>hank/honk</i>
1917 <i>harv/horv</i>	1938 <i>horv [harv]</i>	1959 <i>harv [horv]</i>
		1961 <i>harr/horr</i>
		1977 <i>haldning/holdning</i>
1917 <i>maske/moske</i>	1938 <i>moske</i>	1959 <i>maske/moske</i>
1917 <i>tonn [tann]</i>	1938 <i>tann [tonn]</i>	
1917 <i>trapp [trapp]</i>	1938 <i>trapp [trapp]</i>	
1917 <i>valde/volde</i>	1938 <i>valde [volde]</i>	1979 <i>vald [vold]</i>

Ær var eineform fram til 1977, då arr vart jamstilt form. I 1982 vart stær jamstilt med forma star.

1917 <i>fete/fite</i>		1977 <i>sev/siv</i>
	1938 <i>venstre/vinstre</i>	1959 <i>venstre [vinstre]</i>
1917 <i>tre/tri</i>	1938 <i>tre [tri]</i>	

Det kom inn mykje valfridom i 1917 i e – æ-ord, ein valfridom som vart skoren ned i 1938. Då gjekk formene med æ ut for m.a. desse orda: *bere, bleie, kjer, le, ler (s.), netter, skjer, skjere, smere, ver, vêr, ver-(far), vere*. Så kom det ny valfridom i 1959 ved at nye e-former vart hovudformer og gamle æ-former klammeformer. Framfor æ var det motsett.

1959 <i>bre [bræ]</i>
1959 <i>brek(j)e [bræk(j)e]</i>
1959 <i>brese [bræse]</i>

1917 <i>her</i> [hær]	1938 <i>her</i>	1959 <i>deld</i> [dæld] 1959 <i>fres(e)</i> [fræs(e)] 1959 <i>gjetar, -e/</i> [gjætar], [-e]
1917 <i>kræmar</i> [kremmar]		1959 <i>hær</i> [her]
1917 <i>kræsen</i>		1959 <i>krekebær</i> [krækjebær]
		1959 <i>kremmar</i> [kræmar]
		1959 <i>kresen</i> [kræsen]
		1959 <i>kvede</i> [kvæde]
		1959 <i>kven(sk)</i> [kvæn(sk)]
		1959 <i>kvese</i> [kvæse]
1917 <i>samkvæme</i> [samkvem]		1959 <i>samkvem/samkvæme</i>
1917 <i>ser</i> [sær]	1938 <i>ser</i>	1959 <i>sær</i> [ser] (-leg, -skild osv.)
1917 <i>skräeme</i> [skremme]		1959 <i>skremme</i> [skräeme]
1917 <i>spræk/sprek</i>	1938 <i>spræk</i>	1959 <i>sprek</i> [spræk]
		1959 <i>strene</i> [stræne]
1917 <i>seter/sæter</i>	1938 <i>sæter</i>	1959 <i>sete</i> [sæte]
		1959 <i>seter</i> [sæter]
		1959 <i>ese</i> [æse], -ing [-ing]

*Klipp* og *klypp* var jamstilte i landsmålsordlista frå 1918. I 1959 vart [*klypp*] gjord til klammeform.

1917 <i>bjode/by</i>		1959 <i>by(de)</i> [bjode]
		1991 <i>gyse</i> [gjose]
	1938 <i>gjote/gyte</i>	1959 <i>gyte</i> [gjote]
1917 <i>ljod</i>	1938 <i>ljod/lyd</i>	1959 <i>ljote/lyte</i>
1917 <i>sjode</i> [sy]		1959 <i>sjode/syde</i>
	1938 <i>skjote/skyte</i>	1959 <i>skyte</i> [skjote]
		1977 <i>boble</i> [bubble]
1917 <i>jol/jul</i>		1959 <i>jul</i> [jol]
	1938 <i>mog(e)leg</i>	1984 <i>mog(e)leg</i> [muleg/mulig]
1917 <i>okse/ukse</i>		1977 <i>skjul/skjol</i>
1917 <i>smolt</i> [smult]	1938 <i>smolt/smult</i>	1959 <i>smult</i> [smolt]
1917 <i>sumar</i> [sommar]		1959 <i>sommar</i> [sumar]
1917 <i>sume</i> [somme]		1959 <i>somme</i> [sume]

Formene *bok* (treslag) og *mol* er oppførte i Skards *Landsmaals-ordlista* frå 1903.

1938 *bøk*                    1959 *bøk/bok*

		1959 <i>møll/mol.</i>	
1917 <i>bråte/brote</i>	1938 <i>bråte/brote</i>		1983 <i>brote</i> [ <i>bråte</i> ]
		1959 <i>drope/dråpe</i>	1983 <i>drope</i> [ <i>dråpe</i> ]
1917 <i>nå/no</i>	1938 <i>no</i> [ <i>nå</i> ]		
1917 <i>so/så</i>	1938 <i>så</i>		1991 <i>så</i> [ <i>so</i> ]
		1959 <i>tole/ tåle</i>	1983 <i>tole/ [tåle]</i>
	1938 <i>rudning/rydning</i>	1959 <i>rydning</i> [ <i>rudning</i> ]	
1917 <i>skunde</i> [ <i>skynde</i> ]	1938 <i>stutte</i>		???
		<i>stutte/stytte</i>	
			1982 <i>sud-/syd-</i>
1917 <i>tunn</i> [ <i>tynn</i> ]		1959 <i>tynn</i> [ <i>tunn</i> ]	
1917 <i>jøtul/jutul</i>			
		1959 <i>kluft/kløft</i>	
1917 <i>tunne/tønne</i>	1938 <i>tunne/tynne</i>		1959 <i>tynne/tønne</i> [ <i>tunne</i> ]
1917 <i>turke</i> [ <i>tørke</i> ]	1938 <i>turke/tørke</i>		1959 <i>tørke</i> [ <i>turke</i> ]
1917 <i>turr</i> [ <i>tørr</i> ]	1938 <i>turr/tørr</i>		1959 <i>tørr</i> [ <i>turr</i> ]
1917 <i>drap/dråp</i>	1938 <i>dråp</i>		1959 <i>drap</i> [ <i>dråp</i> ]
		1959 <i>måle</i>	1977 <i>måle</i> [ <i>male</i> ]
		1959 <i>allmenn</i> [ <i>ålmann</i> ]	
		1959 <i>allmuge</i> [ <i>ålmuget</i> ]	
1917 <i>læse/låse</i>			
1917 <i>mæle/måle</i>			

### *Skriftmålsgrunnlag*

#### *a-e, a-o*

Etter Nynorsk frekvensordbok er formbruken registrert slik:

*hange* (10) *henge* (13)

*honk* (0) *hank* (4)

*moske* (0) *maske* (13)

[*tonn*] (0) *tann* (7) + *tann-* (35)

[*tropp*] (0) *trapp* (52)

[*vold*] (6), [*volde*] (0) + [*volde-*] (1) *vald* (26) *valde* (5) + *valde-* (4)

Formene *horr/harr*, [*horv*]/*harv*, [*ovund*]/*avund* var ikkje registrerte.

Av *a – o*-orda ovanfor er det *trapp/tropp* og *tann/tonn* som Vikør har undersøkt hjå dei 29 forfattarane på 1900-talet. Hjå 1930-årsforfattarane er *tann* brukt av sju, forma *tonn* av ingen. Men fem av dei skreiv *tropp*, og *trapp* er funne hjå tre. I 1950-åra er biletet snudd om, no skreiv fem av dei undersøkte forfattarane *trapp*, medan tre har *tropp*.

Forma *tann* er brukt hjå tre av forfattarane. *Tann* (eller *tonn*) er ikkje belagt hjå forfattarane frå 1970-åra, men åtte av dei bruker *trapp*, *Forfang* og *Heie* held på *tropp*.

### **æ-a, e-i, œ-e**

*Nynorsk frekvensordbok* vidare:

*ær* (0) *arr* (4)

Formene *star/stær* er ikkje registrerte.

*sev* (0) *siv* (4)

[*tri*] (7) *tre* (625)

[*vinstre*] (0) *venstre* (53) + *venstre-* (66)

Formene [*fite*]/*fete* er ikkje registrerte.

[*dæld*] (2) *deld* (0)

[*fræs(e)*] (0) *fres(e)* (6)

[*gjætar*] (2) *gjetar* (4) + *gjetar-* (5)

[*her*] (1) *hær* (32) + *hær-* (17)

[*kræmar*] (0) *kremmar* (0) + *kremmar-* (5)

[*kræsen*] (0) *kresen* (2)

[*kvæde*] (0) *kvede* (0) + *kvede* v. (2), *kvedar* s. (5), *kveding* (7)

[*kvæse*] (0) *kvese* (5)

*samkvæme* (0) *samkvem* (14)

[*serleg*] (57), [*serskild*] (4) *særleg* (435), *særskild* (48)

Av dei *e* – *æ*-orda som er undersøkte i dei nemnde forfattarskapane frå 1900 (Vikør 1995), er det berre *særleg* [*serleg*] som er aktuelle i vår samanheng. Av dei som skreiv i 1930-åra, brukte berre Lars Berg den jamstilte forma *særleg* som var komen inn med 1917-rettskrivinga. I 1950-åra var *særleg* brukt av fem forfattarar, tre brukte *serleg* og éin blanda. Meir eintydig var biletet hjå 1970-årsforfattarane: Alle som brukte ordet (9), skreiv *særleg*.

*Nynorsk frekvensordbok* vidare:

[*skræme*] (17) + *skræm-* (1) *skremme* (46) + *skremm-* (5)

[*spræk*] (3) *sprek* (13)

[*sæte*] (0) *sete* (25)

[*sæter*] (1) + *sæter-* (2) *seter* (61) + *seter-* (31)

Formene [*bræ*] *bre*, [*bræk(j)e*] *brek(j)e*, [*bræse*] *brese*, [*krækjebær*] *krekebær*, [*kvæn(sk)*] *kven(sk)*, [*stræne*]/*strene*, [*æse*] [-*ing*], *ese* -*ing* var ikkje registrerte.

### **y-i, jo-y**

[*klypp(a)*] (5) + *klypp-* (1) *klipp(a)* (10) + *klipp-* (4)

[*bjode*] (0) *by(de)* (21)

[*gjose*] (0) *gyse* (0) + sub. *gys* (2)

[*gjote*] (0) *gyte* (0) + *gyt-* (8)

*ljod* (0) *lyd* (76) + *lyd-* (30)

Lars S. Vikør søkte på forma *ljod* i dei før omtala 1900-talsforfattarskapane (Vikør 1995). Fire frå 1930-åra brukte *ljod*, seks *lyd*. I 1950-åra skreiv berre éin *ljod* og sju *lyd*, medan alle dei ti 1970-årsforfattarane hadde valt forma *lyd*.

*Nynorsk frekvensordbok* vidare:

*ljote* (0) *lyte* (0) (infinitivsforma manglar)

*sjode* (0) *syde* (2)

[*skjote*] (0) + *skjot-* (2) *skyte* (7) + *skyt-* (25)

### ***u-o, o-o, o-å***

[*buble*] (0) *boble* (4)

[*jol*] (12) + *jol-* (12) / *jul* (75) + *jul-* (56)

*ukse* (1) *okse* (12) + *okse-* (8)

*skjol* (0) *skjul* (17)

[*smolt*] (6) + *smolt-* (3) *smult* (0)

*tofle* (0) *tøffel* (3)

Korkje *bok/bøk* og *mol/møll* er registrerte i materialet.

[*dråpe*] (3) / *drope* (4) + *drop-* (2)

*så* (1883 konj.) (2685 adv.) / [so] (56 konj.) (438 adv.)

[*tåle*] (16) / *tole* (30)

Formene [*bråte*]/*brote*, *no* [*nå*] var ikkje registrerte.

### ***y-u, u-ø***

[*skynde*] (0) / *skunde* (20)

*stutte* (3) / *stytte* (0)

*sud-* (0) / *syd-* (2)

[*tunn*] (10) / *tynn* (48)

Formene [*rudning*]/*rydning* var ikkje registrerte.

*kluft* (0) / *kløft* (4)

[*tunne*] (2) / *tynne* (0) / *tønne* (14) + *tønne-* (3)

[*turke*] (5) / *tørke* (39) + *tørk-* (5)

[*turr*] (16) + *turr-* (6) / *tørr* (32) + *tørr-* (12)

Formene *jøkul/jutul* var ikkje registrerte.

### ***a-å, æ-å***

[*dråp*] (0) / *drap* (12) + *drap-* (3)

[*male*] (0) / *måle* (55), *måling* (12), *måleri* (18)  
 [*ålmann*] (22) + *ålmann-* (2) / *allmenn* (35) + *allmenn* (13)  
 Formene [*ålmuqe*]/*allmuqe* var ikke registrerte.

*læse* (0) / *låse* (31) + *lås-* (2)  
 Formene *mæle/måle* var ikke registrerte i tydinga 'ta mål'.

*Vurdering/konklusjon*  
 Me viser til vurderinga under 2.3 og i vedlegg 3.

### 3.3.2.c Andre einskildord

#### *Status i dag*

Etter den gjeldande rettskrivinga er desse formene valfrie:

[ <i>beisel</i> ]s.	<i>beksel</i>	<i>beksle</i> v. [ <i>beisle</i> ]	[ <i>bilde</i> ]	<i>bilete</i>
<i>boso/bose</i>		<i>fremme/fremje</i>	[ <i>gjøre</i> ]	<i>gjere</i>
[ <i>hokken</i> ] <i>kven</i>		[ <i>idrott</i> ] <i>idrett</i>	[ <i>kors</i> ]	<i>kross</i>
<i>mid-/midt-</i>		<i>mye/mykje</i>	<i>sia/sidan</i>	
[ <i>skirseld</i> ] <i>skjærself</i>		<i>skrov/skrog</i>	<i>tilfelleleg/tilfeldig</i>	
<i>treskel/terskel</i>		<i>trøndsk/trøndersk</i>	<i>verde/verd/verdi</i>	
<i>vækje/veikje</i>				

#### *Framlegg*

- Formene [*beisel*] s., [*beisle*] v., *boso*, [*hokken*], *skrov*, *tilfelleleg*, *treskel*, *trøndsk*, *verde* og *vækje* går ut or rettskrivinga. (Fellesframlegg)
- Formene [*bilde*], *fremme*, [*gjøre*], [*idrott*], [*kors*], *mid-*, *mye* og *sia* går ut or rettskrivinga. (Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka)
- Forma [*skirseld*] går ut or rettskrivinga. (Forfang, Sandøy og Vikør)

#### *Normhistorikk*

1917 <i>gjere</i> [ <i>gjære/gjøre</i> ]	1938 <i>fremje</i> [ <i>gjøre</i> ]	1959 <i>beksel</i> [ <i>beisel</i> ]s.
1917 <i>hokken</i>	1938 <i>hokken/kven</i>	1959 <i>beksle</i> [ <i>beisle</i> ]v.
		1959 <i>bilete/bilde</i>
		1959 <i>bose/boso</i>
	1938 <i>fremje</i>	1959–65 <i>fremme</i>

1917 <i>idrott</i> [idrett]	1959 <i>idrett</i> [idrott]
1917 <i>kross m.</i> / [kors] n.	1959 <i>mid-/midt-</i> 1959 <i>mye/mykje</i>
1917 <i>sidan</i> [sia]	1959 <i>sidan/sia</i>
1938 <i>skirseld</i> [skjærselfd]	1959 <i>skjærselfd</i> [skirseld] 1977 <i>skrov</i> / <i>skrog</i>
1917 <i>vækje</i>	1959 <i>tilfeldig/tilfelleleg</i> 1979 <i>treskel/terskel</i> 1974 <i>trøndersk/trøndsk</i> 1959 <i>veikje/vækje</i> 1983 <i>verd/verde/verdi</i>

### *Skriftmålsgrunnlag*

Etter Nynorsk frekvensordbok er formbruken registrert slik:

*fremme* (3) / *fremje* (34)  
*[hokken]* (0) / *kven* (236)  
*skrov* (1) / *skrog* (17)  
*tilfelleleg* (0) / *tilfeldig* (47) + *tilfeldig-* (6)  
*treskel* (0) / *terskel* (3)  
*trøndsk* (1) / *trøndersk* (2)

Formene *[beisel]* s., *[beisla]* v. / *beksel* s., *beksla* v., *boso/bose*, *[skirseld]/skjærselfd*, *vækje/veikje* var ikkje registrerte.

### *Vurdering/konklusjon*

Framlegg 2 frå Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka om å ta vekk frå norma dei jamstilte hovudformene *fremme*, *mye* og *sia* byggjer på at dei vart gjorde til klammeformer i 2000-framlegget.

## 4 FRAMSTILLING AV KONSEKVENSANE

### 4.1 Oversyn over framlegg til endringar i nynorsknorma frå den noverande rettskrivinga og gjennom 2000-framlegget

*Oversyn over framlegg til endringar i nynorsknorma frå noverande rettskriving og  
gjennom 2000-framlegget*

Tabell 1 refererer til kapittel 2 og 3 i innstillinga. Føremålet med tabellen er å gje eit oversyn over status, framlegg og korleis rettskrivinga blir sjåande ut om ein byggjer på vedtaket i seksjonen 13.5.02 (fleirtalsframlegget) eller på mindretalsframlegget frå same møtet.

Kolonnen "kapittel" gjev referanse til innstillingsteksten, (og viser til nummerering i tekst, ikkje i innhaldsliste! Dei stemmer ikkje heilt. OG). Der framlegg B skil seg frå framlegg A, er det markert med uteheving av framlegg B.

I tabell 1 er det laga ei slags tredeling etter stiltype. Det kan sikkert diskuterast kor bra det er, men i alle fall står dei mest tradisjonelle formene lengst til venstre, under "tradisjonell". I midten står dei mest brukte formene i læreboknormalen, som me kan kalla "midtlineformer". Det eigentlege poenget er "standard"-kolonna, som inneholder dei mest brukte formene. Der er det ikkje klammeformer. Til høgre står former som er "nyare" enn dei "tradisjonelle" i normeringshistoria.

Teiknet > tyder "endring i 2000-framlegget"

Teiknet Ø tyder "går ut av rettskrivinga"

## 1 Samandrag av framlegg til endringar i nynorskrettskrivinga i kapittel 2 og 3

Gjeldande rettskriving						Framlegg	
nr	kapittel	kategori	"tradisjonelt" alternativ	"midtlinef." lærebok- normalformer	"nyare" alternativ	Framlegg seksjonen 13.5.02	frå Mindretalsframlegg 13.5.02
01	2.1.1.a	y/∅	[fylgje]	følgje (v. og s.), stynje	[stønne]	fylgje/følgje (v., s.) stynje/stønne	fylgje/følgje (v., s.) stynje/stønne
02	2.1.1.b	au / [∅]		draum	[drøm]	draum/drøm	draum
03	2.1.1.b	au / [o]		flaum	[flom]	flaum/flom	flaum
04	2.1.1.b	øy / [∅]		gløyme	[glømme]	gløyme/glømme	gløyme
05	2.1.2.a	m / mm i bf	lem - lemen	lem- lemmen		lem - lemmen/lemen	lem - lemmen/lemen
06	2.1.2.a	m / mm i grunnform	hamar, [sumar]	hammar, sommar		sommar/sumar	sommar/sumar
07	2.1.2.a	m/mm i suffikset -dom bf	fridomen > [fridomen]	fridommen		fridomen/fridommen	fridomen/fridommen
08	2.1.2.b	n/nn	løn drøn	lønn drønn		løn/lønn drøn/drønn	løn/lønn drøn/drønn
09	2.1.2.b	k/kk	lok kjøken	lokk kjøkken		lok/lokk kjøken/kjøkken,	lok/lokk kjøken/kjøkken
10	2.1.2.b	t/[tt]	[not] > Ø kjøt	nøtt kjøtt		not/nøtt, kjøt/kjøtt	nøtt kjøt/kjøtt
11	2.1.2.c	-gi-[-g-]; -ggj-[-gg-]; -kj-[-k-]; -kkj- [-kk-]		blygie, byggje søkje, søkkje	[blyge], [bygge] [søke], [søkke]	blygie el blyge, byggje el bygge søkje el søke, søkkje el søkke	blygie, byggje søkje, søkkje

12	2.2.1.a	justering genus <i>trast/trost</i> <i>-ing, -ning</i>	<i>trast/trost</i> f, m <i>festning</i> f <i>doning</i> f, m	<i>trast/trost</i> m <i>festning</i> f, m <i>doning</i> m	<i>trast/trost</i> m <i>festning</i> f, m <i>doning</i> m
13	2.2.1.b	hankjønnsord med <i>-ar/-er</i> pl ubf	<i>bekker</i> [bekkar]	<i>bekker/bekkar</i>	<i>bekker/bekkar</i>
14	2.2.1.b	m pl <i>-nad</i>	<i>bunader,</i> [bunadar, <i>bunadene</i> bunadane]	<i>bunader, bunadene</i> el <i>bunadar, bunadane</i>	<i>bunader, bunadene</i>
15	2.2.1.b	m pl <i>-a</i>	<i>sofaer, sofaene</i> [sofaar, sofaane]	<i>sofaer, sofaene</i> el <i>sofaar, sofaane</i>	<i>sofaer, sofaene</i>
16	2.2.1.c	f pl bf	<i>elver</i> [elvar]	<i>elver/elvar</i>	<i>elver/elvar</i>
17	2.2.1.d	f sg bf sterk	[ <i>bygdi</i> ] <i>bygda</i>	<i>bygda/bygdi</i>	<i>bygda</i>
18	2.2.1.d	n pl bf	[ <i>husi, riki</i> ] <i>husa, rika</i>	<i>husa/husi,</i> <i>rika/riki</i>	<i>husa, rika</i>
19	2.2.1.e	n (gjeld auge/ auga, a - a - o - o > e - et - e - a hjarte / hjarta, øyre / [a - a - o - o] øyra)	e - et - e - a	a - a - o - o el e - et - e - a	a - a - o - o el e - et - e - a
20	2.2.2.a	adj -en f sg	[ <i>kristi</i> ] <i>kristen</i>	<i>kristen/kristi</i>	<i>kristen/kristi</i>
21	2.2.2.a	adj -en n sg	<i>kriste</i> [ <i>kristent</i> ]	<i>kriste/kristent</i>	<i>kriste/kristent</i>
22	2.2.3.a	pers pron 1 p pl	<i>me</i> <i>vi</i>	<i>vi/me</i>	<i>vi/me</i>
23	2.2.3.b	pers pron 3 p f sg obl	<i>henne</i> <i>ho</i>	<i>henne/ho</i>	<i>henne/ho</i>
24	2.2.3.c	pers pron 3 p m sg obl	<i>honom</i> <i>han</i>	<i>han/honom</i>	<i>han/honom</i>
25	2.2.3.d	ub pron <i>nokon</i>	<i>nokon</i> [noen]	<i>nokon/noen</i>	<i>nokon</i>
26	2.2.4.a	v inf	-a -e [-a/-e] ("kløyvd")	[-a/-e] ("kløyvd")	-a/-e
27	2.2.4.b	v inf <i>gli/glida</i> osb	<i>glida</i> > [ <i>glida</i> ] <i>gli</i>	<i>gli/glida</i>	<i>gli/glida</i>
28	2.2.4.b	v pret <i>gleid</i> osb	<i>gleid</i> > [ <i>gleid</i> ] <i>glei(d)</i>	<i>gleid</i>	<i>gleid</i>
29	2.2.4.c	v <i>gne(va) / gi</i> osb	<i>gneva, ganga, gje, gå</i> stå standa <i>gi</i>	skild oppføring <i>gne(va) - gi, ganga -</i>	skild oppføring <i>gne(va) - gi, ganga -</i>

30	2.2.4.d	v <i>stod, bad, drog, gav</i>	<i>stod, bad, drog, [sto] &gt; Ø</i> <i>gav</i>	<i>gå, standa - stå</i>	<i>gå, standa - stå</i>	
31	2.2.4.e	v pr <i>gli/glida</i> osb	<i>glid &gt; [glid]</i>	<i>glir</i>	<i>stod, bad, drog, gav</i>	<i>stod, bad, drog, gav</i>
32	2.2.4.e	v sup <i>glidd/glidt</i> osb		<i>glidd/glidt</i> [ <i>glidd/glidt</i> ] >	<i>glid/glid</i>	<i>stryk lint sup fra rettskrivinga</i>
33	2.2.4.f	v ft <i>stomnutgang -dde, -gde, -vde</i> , supinum	<i>bygd/bygt</i>	<i>bygd/bygt</i>	<i>bygd/bygt</i>	<i>bygd/bygt</i>
34	2.2.4.g	blanda bøyning <i>-a- / -e-</i>	<i>-a-/e-</i>	blanda bøyning	Ikkje konsekvenskrav	<i>-a- el -e- el blanda bøyning etter gjeldande reglar</i>
35	2.2.4.j	v pret <i>-de [te]</i> (gruppe 1)	<i>-de</i>	<i>[-te]</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-de</i>
36	2.2.4.i	samsvarbøyning i predikativ stilling av fp av linne verb med pret.-end. <i>-de</i>		ubøygd form klammeform: <i>han er kjend/</i> [ <i>kjent</i> ] <i>dei er kjende/</i> [ <i>kjent</i> ]	<i>han er kjend / kjent</i> <i>dei er kjende / kjent</i>	<i>han er kjend / kjent</i> <i>dei er kjende / kjent</i>
37	2.2.5.a	føreledd på <i>-a/-an + K</i>	<i>austanfor</i>	<i>austanom,</i> <i>austafor</i>	<i>austa- el austanfor</i> <i>austanom</i>	<i>austa- el austanfor</i> <i>austanom</i>
38	3.1.1	<i>m/mm</i>	[ <i>lame</i> ] > Ø	<i>lamme</i>	<i>lamme</i>	<i>lamme</i>
39	3.2.1.a	f sg ubf linn	[ <i>visa</i> ]	<i>vise</i>	<i>vise</i>	<i>vise</i>
40	3.2.1.b	f pl ubf linn	[ <i>visor</i> ]	<i>viser</i>	<i>viser</i>	<i>viser</i>
41	3.2.1.b	f pl bf linn	[ <i>visone</i> ]	<i>visene</i>	<i>visene</i>	<i>visene</i>
42	3.2.1.c	sjeldne fleirtalsformer m	<i>feilar &gt; [feilar]</i>	<i>feil</i>	<i>feil</i>	<i>feil</i>
43	3.2.1.d	sjeldne fleirtalsformer n	<i>møbel</i>	<i>møblar</i>	<i>møblar</i>	<i>møblar</i>

44	3.2.2.a	adj -en n sg	<i>kristi</i> > [kristi]	<i>kriste</i>		<i>kriste</i>	<i>kriste</i>
45	3.2.2.b	adj -leg [-lig]		-leg	[-lig]	-leg	-leg
46	3.2.2.c	adj -ete/-et/-ut	-ut > [-ut]	-ete	-et > Ø	-ete	-ete
47	3.2.3.a	eigeform pron 3 p sg f		<i>hennar</i>	[ <i>henne</i> ] > Ø	<i>hennar</i>	<i>hennar</i>
48	3.2.3.b	eigedomspron 3 p pl		<i>deira</i>	[ <i>deires</i> ] > Ø	<i>deira</i>	<i>deira</i>
49	3.2.3.c	ub pron <i>annen</i>		<i>annan</i>	[ <i>annen</i> ] > Ø	<i>annan</i>	<i>annan</i>
50	3.2.3.d	up pron f sg	[ <i>onnor</i> ]/[ <i>nokor</i> ]	<i>anna/noka</i>		<i>anna</i>	<i>anna</i>
						<i>noka</i>	<i>noka</i>
51	3.2.3.e	peikande pron <i>sjølv</i> pl		<i>sjølve</i>	<i>sjølv</i>	<i>sjølve</i>	<i>sjølve</i>
52	3.2.4.a	v sterke, presens [-er]		<i>kjem</i>	[ <i>kjemer</i> ] > Ø	<i>kjem</i>	<i>kjem</i>
53	3.2.4.b	v sterke, supinum -e / -i	<i>lesi</i> > [ <i>lesi</i> ]	<i>lese</i>		<i>lese</i>	<i>lese</i>
54	3.2.4.c	infinitiv på -st [-s]		-st	[-s]	-st	-st
55	3.2.4.d	enkeltformer <i>få</i> , <i>slå</i> , <i>slåst</i>	[ <i>fær</i> - <i>fenge</i> ] [ <i>slær</i> ] [ <i>slæst</i> ]	<i>får</i> - <i>fått</i> <i>slår</i> , <i>slåst</i>		<i>får</i> - <i>fått</i> <i>slår</i> , <i>slåst</i>	<i>får</i> - <i>fått</i> <i>slår</i> , <i>slåst</i>
56	3.2.4.e	enkeltformer <i>seia</i> , <i>leggja</i>	[ <i>sagde</i> ] [ <i>lagde</i> ]	<i>sa, la</i>		<i>sa, la</i>	<i>sa, la</i>
57	3.2.4.f	enkeltformer <i>bestemme</i> , <i>lime</i>	<i>bestemde,</i> <i>limde</i> > Ø	<i>bestemte, limte</i>	<i>lima</i>	<i>bestemte</i>	<i>bestemte</i>
						<i>limte el lima</i>	<i>limte el lima</i>
58	3.2.4.g	enkeltformer <i>få</i> , <i>gå</i>		<i>fekk, gjekk</i>	[ <i>fikk</i> ], [ <i>gikk</i> ]	<i>fekk, gjekk</i>	<i>fekk, gjekk</i>
59	3.2.4.h	enkeltformer <i>trå</i>	[ <i>trær</i> ] - <i>tro(d)</i> - <i>trede</i> > Ø	<i>trår</i> - <i>trådde</i> - <i>trådd</i>		<i>trår</i> - <i>trådde</i> - <i>trådd</i>	<i>trår</i> - <i>trådde</i> - <i>trådd</i>
60	3.2.4.i	enkeltformer <i>trede</i> el <i>tre</i>	<i>trede</i> - <i>tred</i> - <i>tro(d)</i> - <i>trede/tredi/</i> <i>tredt</i> > Ø	<i>tre</i> <i>trer</i> <i>tredde</i> <i>tredd</i> / <i>trett</i>		<i>tre</i> <i>trer</i> <i>tredde</i> <i>tredd</i> / <i>trett</i>	<i>tre</i> <i>trer</i> <i>tredde</i> <i>tredd</i> / <i>trett</i>
61	3.2.4.j	enkeltformer <i>byde</i> el <i>by</i>	[ <i>bjode</i> ] <i>byd</i> <i>bydde</i> > Ø	<i>by</i> <i>byr</i> <i>baud</i> <i>bode</i>		<i>by</i> <i>byr</i> <i>baud</i> <i>bode</i>	<i>by</i> <i>byd</i> / <i>byr</i> <i>baud</i> <i>bode</i>
62	3.2.4.k	v pret -de, supinum		<i>kjent</i>	[ <i>kjend</i> ] > Ø	<i>kjent</i>	<i>kjent</i>

63	3.2.5.a	adverb - nokre former	<i>innst</i>	<i>innarst</i>	<i>inst</i>	<i>inst</i>
----	---------	-----------------------	--------------	----------------	-------------	-------------

## 4.2 Syn for segn i teksten

Under dette punktet vil me visa korleis ein fritt vald og autentisk nynorskttekst av i dag blir etter det formvalet utgreiinga gjer framlegg om. Poenget er altså å visa kva normendringane gjer med det vanlegaste synsbiletet me har av nynorsk, nemleg tekstar.

Me har teke utgangspunkt i dei første avsnitta av artikkelen "Berre ein kval" av Per Anders Todal i vekeavisa *Dag og Tid* 14.9.02. Teksten er først sitert nøyaktig slik han stod. Ingen av formene som er brukte i denne DT-teksten, blir endra med dette framlegget til revisjon av nynorsknorma. (Kursiveringane har me sett inn med tanke på jamføringa nedanfor.)

### *Versjon 1: Dag og Tid-versjonen*

Han Keiko er *no* ikkje anna, han stakkar. Han er *berre* ein kval. Men etter 20 år blant menneske har Keiko sjølv *gløymt* det. Og hysterisk sentimentale som *vi* er, nektar *vi* menneske å *innrømme* det.

Celebritet har ei magisk tiltrekkingsskraft, det må sjølv Dag og Tid *erkjenne*. *Vi* *køyrer* den *svinete* vegen langs Skålvikfjorden i Halsa på Nordmøre, på leiting etter spekkhoggaren Keiko. Stjernekvallen er ikkje vanskeleg å *finne*. På ei *lita flytebrygge* eit stykke ut langs vestsida av fjorden har kring 30 kvalpilgrimar stimla saman, og attraksjonen sjølv stiller trufast opp. Keiko er lett attkjenneleg – den dvaskt *hengande* ryggfinnen og radiosendaren på ryggen fortel oss at dette er kvalen over alle kvalar og dei fleste menneske.

Besøket vårt finn stad fredag 6. september. Det skal *syne* seg å *bli* den siste dagen med lovleg nærbane, dagen før forbodet mot å *kome nærare* Keiko enn 50 meter *trer* i kraft. Men denne fredagen er det ikkje eingong fem centimeter mellom kvalen og dei mest nyfikne. *Barna* vil *klappe* Keiko, basta. Og Keiko vil meir enn gjerne klappast.

Ein av dei tilreisande *lurer* på *kvifor* ingen har sett marknadspotensialet her på *brygga*, og i det minste opna ein liten kiosk. – Dette er Nordmøre, ikkje Sunnmøre, *svarer* ein tilskodar tørt.

Men kanskje *ønskjer* alle nordmøringer *eigentleg* å *vere* sunnmøringer. Kanskje var det sunnmøring han prøvde å *vere*, Halsagardbrukaren som på fjernsynet *tilbaud bukta nedanfor* garden sin som asyl for Keiko, venteleg med inngangspengar for *gjestene*. No kjem han nedom *brygga* og *kikar* skeptisk på kvalen.

I versjon 2 nedanfor er teksten skriven over i "tradisjonell" lei innanfor det framlegga til valfridom tillèt, og i versjon 3 er han lagd over i "moderne" eller "regional" retning, som valfridomen opnar for. Versjonane 4, 5 og 6 viser det

tilsvarande med utgangspunkt i rettskrivinga (medrekna læreboknormalen) i dag. I desse tekstdøma "tøyer" me formvalet i begge retningane for å gjera illustrasjonen av variasjonsbreidda tydelegare. I praksis står språkbrukarane sjølvsagt fritt til å kopla former frå både "tradisjonell" og "moderne/regional" stil, og slik vert rettskrivinga ofte brukta. Sjølve nemningane 'tradisjonell', 'moderne' og 'regional' er svært diskutable, men me brukar dei både her og lenger fram av di me ikkje har funne betre korte nemningar.

I denne teksten har desse orda valfrie former etter framlegg til ny norm:

### **Versjon 2: Nynorsk i ei "tradisjonell" lei etter framlegg til ny norm**

Han Keiko er *no* ikkje anna, han stakkar. Han er *berre* ein kval. Men etter 20 år blant menneske har Keiko sjølv *gløymt* det. Og hysterisk sentimentale som *me* er, nektar *me* menneske å *innrømma* det.

Celebritet har ei magisk tiltrekkingsskraft, det må sjølv Dag og Tid *erkjenna*. *Me* *køyrer* den *svingete* vegen langs Skålvikfjorden i Halsa på Nordmøre, på leiting etter spekkhoggaren Keiko. Stjernekvulen er ikkje vanskeleg å *finna*. På ei *liti flytebryggje* eit stykke ut langs vestsida av fjorden har kring 30 kvalpilegrimar stimla saman, og attraksjonen sjølv stiller trufast opp. Keiko er lett attkjenneleg – den dvaskt *hangande* ryggfinnen og radiosendaren på ryggen fortel oss at dette er kvalen over alle kvalar og dei fleste menneske.

Besøket vårt finn stad fredag 6. september. Det skal *syna* seg å *verta* den siste dagen med lovleg nærkontakt, dagen før forbodet mot å *koma nærrare* Keiko enn 50 meter *trer* i kraft. Men denne fredagen er det ikkje eingong fem centimeter mellom kvalen og dei mest nyfikne. *Borni* vil *klappa* Keiko, basta. Og Keiko vil meir enn gjerne klappast.

Ein av dei tilreisande *lurar* på *kvifor* ingen har sett marknadspotensialet her på *bryggja*, og i det minste opna ein liten kiosk. – Dette er Nordmøre, ikkje Sunnmøre, *svarar* ein tilskodar tørt.

Men kanskje *ynskjer* alle nordmøringer *eigenleg* å *vera* sunnmøringer. Kanskje var det sunnmøring han prøvde å *vera*, Halsa-gardbrukaren som på fjernsynet tilbaud *bukti nedanfor* garden sin som asyl for Keiko, venteleg med inngangspengar for *gjestene*. No kjem han nedom *bryggja* og *kikar* skeptisk på kvalen.

### **Versjon 3: Nynorsk med "nyare" former etter framlegg til ny norm**

Han Keiko er *nå* ikkje anna, han stakkar. Han er *bare* ein kval. Men etter 20 år blant menneske har Keiko sjølv *glømt* det. Og hysterisk sentimentale som *vi* er, nektar *vi* menneske å *innrømme* det.

Celebritet har ei magisk tiltrekkingskraft, det må sjølv Dag og Tid erkjenne. Vi kjører den svingete vegen langs Skålvikfjorden i Halsa på Nordmøre, på leiting etter spekkhoggaren Keiko. Stjernekvalen er ikkje vanskeleg å finne. På ei lita flytebrygge eit stykke ut langs vestsida av fjorden har kring 30 kvalpilegrimar stimla saman, og attraksjonen sjølv stiller trufast opp. Keiko er lett attkjenneleg – den dvaskt *hengande* ryggfinnen og radiosendaren på ryggen fortel oss at dette er kvalen over alle kvalar og dei fleste menneske.

Besøket vårt finn stad fredag 6. september. Det skal syne seg å bli den siste dagen med lovleg nærbane, dagen før forbodet mot å komme nærmare Keiko enn 50 meter trer i kraft. Men denne fredagen er det ikkje eingong fem centimeter mellom kvalen og dei mest nyfikne. Barna vil klappe Keiko, basta. Og Keiko vil meir enn gjerne klappast.

Ein av dei tilreisande *lurer* på korfor ingen har sett marknadspotensialet her på brygga, og i det minste opna ein liten kiosk. – Dette er Nordmøre, ikkje Sunnmøre, svarar ein tilskodar tørt.

Men kanskje ønskjer alle nordmøringer eigenleg å vere sunnmøringer. Kanskje var det sunnmøring han prøvde å vere, Halsa-gardbrukaren som på fjernsynet tilbaud *bukta nedafor* garden sin som asyl for Keiko, venteleg med inngangspengar for *gjestane*. No kjem han nedom brygga og kikkar skeptisk på kvalen.

#### *Versjon 4: Nynorsk i ei "tradisjonell" lei etter den gjeldande rettskrivinga*

Han Keiko er no ikkje anna, han stakkar. Han er berre ein kval. Men etter 20 år blant menneske har Keiko sjølv gløymt det. Og hysterisk sentimentale som *me* er, nektar *me* menneske å innrømma det.

Celebritet har ei magisk tiltrekkingskraft, det må sjølv Dag og Tid erkjenna. Me køyrrer den svingute vegen langs Skålvikfjorden i Halsa på Nordmøre, på leiting etter spekkhoggaren Keiko. Stjernekvalen er ikkje vanskeleg å finna. På ei liti flytebryggje eit stykke ut langs vestsida av fjorden har kring 30 kvalpilegrimar stimla saman, og attraksjonen sjølv stiller trufast opp. Keiko er lett attkjenneleg – den dvaskt *hangande* ryggfinnen og radiosendaren på ryggen fortel oss at dette er kvalen over alle kvalar og dei fleste menneske.

Besøket vårt finn stad fredag 6. september. Det skal syna seg å verta den siste dagen med lovleg nærbane, dagen før forbodet mot å koma nærrare Keiko enn 50 meter *treder* i kraft. Men denne fredagen er det ikkje eingong fem centimeter mellom kvalen og dei mest nyfikne. Borni vil klappa Keiko, basta. Og Keiko vil meir enn gjerne klappast.

Ein av dei tilreisande *lurar* på kvifor ingen har sett

marknadspotensialet her på *bryggja*, og i det minste opna ein liten kiosk. – Dette er Nordmøre, ikkje Sunnmøre, *svarar* ein tilskodar turt.

Men kanskje ynskjer alle nordmøringar *eigenleg* å *vera* sunnmøringar. Kanskje var det sunnmøring han prøvde å *vera*, Halsa-gardbrukaren som på fjernsynet tilbaud *bukti nedanfor* garden sin som asyl for Keiko, venteleg med inngangspengar for *gjestene*. No kjem han nedom *bryggja* og *kikar* skeptisk på kvalen.

#### **Versjon 5: Nynorsk med "nyare" former etter den gjeldande rettskrivinga**

Han Keiko er *nå* ikkje anna, han stakkar. Han er *bare* ein kval. Men etter 20 år blant menneske har Keiko sjølv *glømt* det. Og hysterisk sentimentale som *vi* er, nektar *vi* menneske å *innrømme* det.

Celebritet har ei magisk tiltrekkingskraft, det må sjølv Dag og Tid *erkjenne*. *Vi kjører* den *svingete* vegen langs Skålvikfjorden i Halsa på Nordmøre, på leiting etter spekkhoggaren Keiko. Stjernekvælen er ikkje vanskelig å *finne*. På ei *lita flytebrygge* eit stykke ut langs vestsida av fjorden har kring 30 kvalpilegrimar stimla saman, og attraksjonen sjølv stiller trufast opp. Keiko er lett attkjennelig – den dvaskt *hengande* ryggfinnen og radiosendaren på ryggen fortel oss at dette er kvælen over alle kvalar og dei fleste menneske.

Besøket vårt finn stad fredag 6. september. Det skal *syne* seg å *bli* den siste dagen med lovlig nærbane, dagen før forbodet mot å *komme nærmare* Keiko enn 50 meter *trer* i kraft. Men denne fredagen er det ikkje eingong fem centimeter mellom kvælen og dei mest nyfikne. *Barna* vil *klappe* Keiko, basta. Og Keiko vil meir enn gjerne klappas.

Ein av dei tilreisande *lurer* på *korfor* ingen har sett marknadspotensialet her på *brygga*, og i det minste opna ein liten kiosk. – Dette er Nordmøre, ikkje Sunnmøre, *svarar* ein tilskodar tørt.

Men kanskje *ønskjer* alle nordmøringar *eigentleg* å *vere* sunnmøringar. Kanskje var det sunnmøring han prøvde å *vere*, Halsa-gardbrukaren som på fjernsynet tilbydde *bukta nedafor* garden sin som asyl for Keiko, ventelig med inngangspengar for *gjestane*. Nå kjem han nedom *brygga* og *kikkar* skeptisk på kvælen.

Her stiller me opp ei jamføring av formvalet som finst i rettskrivinga i dag og i det nye framlegg i denne utgreiinga. I tillegg tek me òg med korleis formvalet vil sjå ut etter mindretalsframlegget.

*Jamføring av formvalet:*

Etter gjeldande rettskriving	Etter framlegget til ny norm	Mindretalsframlegget 2002
<i>no/nå</i>	<i>no/nå</i>	<i>no</i>
<i>berre[bare]</i>	<i>berre/bare</i>	<i>berre</i>
<i>gløymt [gløymd] [glømt] [glømd]</i>	<i>gløymt/glømt</i>	<i>gløymt</i>
<i>vi/me</i>	<i>vi/me</i>	<i>vi/me</i>
<i>innrømme/innrømma</i>	<i>innrømme/innrømma</i>	<i>innrømme/innrømma</i>
<i>erkjenne/erkjenna</i>	<i>erkjenne/erkjenna</i>	<i>erkjenne/erkjenna</i>
<i>køyrer/kjører</i>	<i>køyrer/kjører</i>	<i>køyrer/kjører</i>
<i>svinget(e)/svingute</i>	<i>svingete</i>	<i>svingete</i>
<i>vanskeleg [vansklig]</i>	<i>vanskeleg</i>	<i>vanskeleg</i>
<i>finne/finna</i>	<i>finne/finna</i>	<i>finne/finna</i>
<i>lita [liti]</i>	<i>lita/liti</i>	<i>lita</i>
<i>-bryggje [-brygge] – -bryggja [-brygga]</i>	<i>-bryggje/-brygge</i>	<i>-bryggje</i>
<i>attkjenneleg [attkjennelig]</i>	<i>attkjenneleg</i>	<i>attkjenneleg</i>
<i>hangande/hengande</i>	<i>hangande/hengande</i>	<i>hengande</i>
<i>finn [finner]</i>	<i>finn</i>	<i>finn</i>
<i>syne/syna</i>	<i>syne/syna</i>	<i>syne/syna</i>
<i>bli/verte/verta</i>	<i>bli/verte/verta</i>	<i>bli/verte/verta</i>
<i>lovleg [lovlig]</i>	<i>lovleg</i>	<i>lovleg</i>
<i>kome/koma/komme/komma</i>	<i>kome/koma/komme/komma</i>	<i>kome/koma/komme/komma</i>
<i>nærare/nærmare</i>	<i>nærare/nærmare</i>	<i>nærare/nærmare</i>
<i>trer/tred/treder</i>	<i>trer</i>	<i>trer</i>
<i>barna/barni/borna/borni</i>	<i>barna/barni/borna/borni</i>	<i>barna/borna</i>
<i>klappe/klappa</i>	<i>klappe/klappa</i>	<i>klappe/klappa</i>
<i>klappast [klappas]</i>	<i>klappast</i>	<i>klappast</i>
<i>lurer/lurar</i>	<i>lurer/lurar</i>	<i>lurer/lurar</i>
<i>kvifor/korfor</i>	<i>kvifor/korfor</i>	<i>kvifor/korfor</i>
<i>svarer/svarar</i>	<i>svarer/svarar</i>	<i>svarer/svarar</i>
<i>tørt [turt]</i>	<i>tørt</i>	<i>tørt</i>
<i>ønskjer/ynskjer</i>	<i>ønskjer/ynskjer</i>	<i>ønskjer/ynskjer</i>
<i>eigentleg/eigenleg</i>	<i>eigentleg/eigenleg</i>	<i>eigentleg/eigenleg</i>
<i>vere/vera</i>	<i>vere/vera</i>	<i>vere/vera</i>
<i>tilbaud/tilbydde</i>	<i>tilbaud</i>	<i>tilbaud</i>
<i>bukta [bukti]</i>	<i>bukta/bukti</i>	<i>bukta</i>
<i>nedanfor/nedafor</i>	<i>nedanfor/nedafor</i>	<i>nedanfor</i>
<i>venteleg [ventelig]</i>	<i>venteleg</i>	<i>venteleg</i>
<i>kjem [kjemer]</i>	<i>kjem</i>	<i>kjem</i>

<i>gjestene/gjestane</i>	<i>gjestene/gjestane</i>	<i>gjestene/gjestane</i>
<i>bryggja [brygga]</i>	<i>bryggja/brygga</i>	<i>bryggja</i>
<i>kikar/kikkar/kik [kiker]</i>	<i>kikar/kikkar/kik</i>	<i>kikar/kikkar/kik</i>

## 4. 3 Syn for segn – i ordlista

Eit område der spørsmålet om valfridom er viktig, er ordlister og ordbøker. Her blir spørsmålet i stor grad eit pedagogisk spørsmål ved at ein må ta omsyn til at oppstillingane skal vera oversiktlege og ikkje for vanskelege å fatta. Ein kan argumentera for stor valfridom med tanke på brukar, skrivesituasjonen og identitet, men ein kan ikkje oversjå at ordlistene blir meir kompliserte av denne fridomen. Omsyna må altså vegast opp mot kvarandre.

For å visa kva som er konsekvensane av framleggelsen som ligg til grunn for denne utgreiinga, viser vi nedanfor ei tilfeldig utvald side frå Kulbrandstad, L.A. o.fl.: *Nynorskordliste* slik ho ser ut i siste utgåve (Aschehoug 2001), og slik ho vil sjå ut dersom framlegget blir vedteke. (Me gjer merksam på at *Nynorskordliste* ikkje er fullstendig under ordet *stønad* ved at ho ikkje har teke med fleirtalsformene [-ar, -ane], som er del av gjeldande rettskriving.)

Gjeldande rettskriving (etter <i>Nynorskordliste</i> ) (Aschehoug 2001)	Etter framlegget til ny norm	Etter mindretalsframlegget frå 2002
<b>støkke</b> støkk, stokk, stokke/stokki <b>støkkje</b> støkkjer, støkte, støkt [ <b>støkke</b> -er, -støkte, støkt] <b>støl</b> -en, fl. -ar, -ane (seter) <b>støl el. stør [styrd]</b> -t, fl. -e (lemster) <b>støleik</b> -en (det å vere stø) <b>stølne el. størne [styrdne]</b> -ar, -a, -a (bli støl) <b>stønad</b> -en, fl. -er, -ene (støtte) <b>støn(n)</b> -et, fl. -, -a <b>[stønne</b> -er, stønte, stønt] <b>stynje</b> s.d. <b>støpsel</b> støps(e)let, fl. støpsel, støpsla (kontaktplugg) <b>stør</b> -en, fl. -ar, -ane (fisk) <b>størje</b> -a, fl. -er, -ene (fisk) <b>størkne el. storkne</b> -ar, -a, -a (stivne) <b>større adj</b> ubøy. (komp. av stor) <b>størst</b> -, fl. -e (sup. av stor) <b>størstedel</b> -en, fl. -ar, -ane <b>størstepart</b> -en, fl. -ar, -ane <b>støtt adv</b> (alltid) <b>støtte [stytte]</b> -a, fl. -er, -ene (1 hjelpe 2 monument) <b>støtte</b> -ar, -a, -a (halde (oppe), stø) <b>støv</b> -et; <b>-berar</b> <b>støvar</b> -en, fl. -ar, -ane (1 jakthund 2 kløppar)	<b>støkke</b> støkk, stokk, stokke <b>støkk(j)e</b> støkk(j)er, støkte, støkt <b>støl</b> -en, fl. -ar, -ane (seter) <b>støl el. stør</b> -t, fl. -e (lemster) <b>støleik</b> -en (det å vere stø) <b>stølne el. størne</b> -ar, -a, -a (bli støl) <b>stønad</b> -en, fl. -ar el. -er, -ane el. -ene (støtte) <b>støn(n)</b> -et, fl. -, -a <b>størne</b> -er, stønte, stønt; el. <b>stynje</b> s.d. <b>støpsel</b> støps(e)let, fl. støpsel, støpsla (kontaktplugg) <b>stør</b> -en, fl. -ar, -ane (fisk) <b>størje</b> -a, fl. -er, -ene (fisk) <b>størkne el. storkne</b> -ar, -a, -a (stivne) <b>større adj</b> ubøy. (komp. av stor) <b>størst</b> -, fl. -e (sup. av stor) <b>størstedel</b> -en, fl. -ar, -ane <b>størstepart</b> -en, fl. -ar, -ane <b>støtt adv</b> (alltid) <b>støtte el. stytte</b> -a, fl. -er, -ene (1 hjelpe 2 monument) <b>støtte</b> -ar, -a, -a (halde (oppe), stø) <b>støv</b> -et; <b>-berar</b> <b>støvar</b> -en, fl. -ar, -ane (1 jakthund 2 kløppar) <b>støve</b> -ar, -a, -a <b>støvel</b> -en, fl. støvlar, støvlane;	<b>støkke</b> støkk, stokk, stokke <b>støkkje</b> støkkjer, støkte, støkt <b>støl</b> -en, fl. -ar, -ane (seter) <b>støl el. stør</b> -t, fl. -e (lemster) <b>støleik</b> -en (det å vere stø) <b>stølne el. størne</b> -ar, -a, -a (bli støl) <b>stønad</b> -en, fl. -er, -ene (støtte) <b>støn(n)</b> -et, fl. -, -a <b>stønne</b> -er, stønte, stønt; el. <b>stynje</b> s.d. <b>støpsel</b> støps(e)let, fl. støpsel, støpsla (kontaktplugg) <b>stør</b> -en, fl. -ar, -ane (fisk) <b>størje</b> -a, fl. -er, -ene (fisk) <b>størkne el. storkne</b> -ar, -a, -a (stivne) <b>større adj</b> ubøy. (komp. av stor) <b>størst</b> -, fl. -e (sup. av stor) <b>størstedel</b> -en, fl. -ar, -ane <b>størstepart</b> -en, fl. -ar, -ane <b>støtt adv</b> (alltid) <b>støtte</b> -a, fl. er, -ene (1 hjelpe 2 monument) <b>støtte</b> -ar, -a, -a (halde (oppe), stø) <b>støv</b> -et; <b>-berar</b> <b>støvar</b> -en, fl. -ar, -ane (1 jakthund 2 kløppar) <b>støve</b> -ar, -a, -a <b>støvel</b> -en, fl. støvlar, støvlane;

<p><b>støve</b> -ar, -a, -a</p> <p><b>støvel</b> -en, fl. støvlar, støvlane;</p> <p><b>støvet(e)</b> el. <b>støvut</b> -, fl. -e</p> <p><b>støvlett</b> -en, fl. -ar, -ane (fottøy)</p> <p><b>støvsugar</b> -en, fl. -sugarar,</p> <p style="padding-left: 2em;">-sugarane</p> <p><b>støvsuge</b> -ar, -a, -a; el. -syg,</p> <p style="padding-left: 2em;">-saug, -soge/-sogi</p> <p><b>støy</b> -en; <b>-plage</b></p> <p><b>støydempar</b> -en, fl. -demparar,</p> <p style="padding-left: 2em;">-demparan</p> <p><b>støye</b> -ar, -a, -a (bråke)</p> <p><b>støyp</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p><b>støypar</b> -en, fl. støyparar,</p> <p style="padding-left: 2em;">støyparane</p> <p><b>støype</b> -er, -te, -t</p> <p><b>støyperi</b> -et, fl. -eri, -eria</p> <p><b>støyt</b> -en, fl. -ar, -ane; el. -et,</p> <p style="padding-left: 2em;">fl. -, -a; <b>-dempar, -fangar</b></p> <p><b>støyte</b> -er, støytte, støytt</p> <p style="padding-left: 2em;">(1 renne, skuve 2 fornærme)</p> <p><b>støyvis</b> <i>adv</i></p> <p><b>stå</b> står, stod, stått; el. <b>stande</b> s.d.</p> <p><b>stå subst</b> ubøy. («gå i s-»: stoppe opp)</p> <p><b>ståhei</b> -en (oppstyr)</p> <p><b>ståk</b> -et</p> <p><b>ståke</b> -ar, -a, -a (1 støye 2 streve)</p> <p><b>stål</b> -et; <b>-orm</b></p> <p><b>ståplass</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p><b>ståstad</b> -en, fl. -er [-ar], -ene</p> <p style="padding-left: 2em;">[-ane] (utgangspunkt)</p> <p><b>subb</b> -en, fl. -ar, -ane (subbet person)</p> <p><b>subb</b> -et (1 tung gonge 2 avfall)</p> <p><b>subbe</b> -ar, -a, -a (1 sope</p> <p style="padding-left: 2em;">2 gå tungt)</p> <p><b>subbet(e)</b> el. <b>subbut</b> -, fl. -e</p> <p style="padding-left: 2em;">(1 sjusket 2 sølet)</p> <p><b>subjekt</b> -et, fl. subjekt, subjekta</p> <p><b>subjektiv</b> -t, fl. -e (personleg, partisk)</p> <p><b>subjektivitet</b> -en</p> <p><b>subkultur</b> -en, fl. -ar, -ane (del- el.</p> <p style="padding-left: 2em;">underkultur)</p>	<p><b>støvete</b></p> <p><b>støvlett</b> -en, fl. -ar, -ane (fottøy)</p> <p><b>støvsugar</b> -en, fl. -sugarar,</p> <p style="padding-left: 2em;">-sugarane</p> <p><b>støvsuge</b> -ar, -a, -a; el. -syg,</p> <p style="padding-left: 2em;">-saug, -soge</p> <p><b>støy</b> -en; <b>-plage</b></p> <p><b>støydempar</b> -en, fl. -demparar,</p> <p style="padding-left: 2em;">-demparan</p> <p><b>støye</b> -ar, -a, -a (bråke)</p> <p><b>støyp</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p><b>støypar</b> -en, fl. støyparar,</p> <p style="padding-left: 2em;">støyparane</p> <p><b>støype</b> -er, -te, -t</p> <p><b>støyperi</b> -et, fl. -eri, -eria</p> <p><b>støyt</b> -en, fl. -ar, -ane; el. -et,</p> <p style="padding-left: 2em;">fl. -, -a; <b>-dempar, -fangar</b></p> <p><b>støyte</b> -er, støytte, støytt</p> <p style="padding-left: 2em;">(1 renne, skuve 2 fornærme)</p> <p><b>støyvis</b> <i>adv</i></p> <p><b>stå</b> står, stod, stått; el. <b>stande</b> s.d.</p> <p><b>stå subst</b> ubøy. («gå i s-»: stoppe opp)</p> <p><b>ståhei</b> -en (oppstyr)</p> <p><b>ståk</b> -et</p> <p><b>ståke</b> -ar, -a, -a (1 støye 2 streve)</p> <p><b>stål</b> -et</p> <p><b>ståplass</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p><b>ståstad</b> -en, fl. -ar el. -er, -ane el.</p> <p style="padding-left: 2em;">-ene (utgangspunkt)</p> <p><b>subb</b> -en, fl. -ar, -ane (subbete person)</p> <p><b>subb</b> -et (1 tung gonge 2 avfall)</p> <p><b>subbe</b> -ar, -a, -a (1 sope</p> <p style="padding-left: 2em;">2 gå tungt)</p> <p><b>subbete</b> (1 sjuskete 2 sålete)</p> <p><b>subjekt</b> -et, fl. subjekt, subjekta</p> <p><b>subjektiv</b> -t, fl. -e (personleg, partisk)</p> <p><b>subjektivitet</b> -en</p> <p><b>subkultur</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p style="padding-left: 2em;">(del- el. underkultur)</p>	<p><b>støvete</b></p> <p><b>støvlett</b> -en, fl. -ar, -ane (fottøy)</p> <p><b>støvsugar</b> -en, fl. -sugarar,</p> <p style="padding-left: 2em;">-sugarane</p> <p><b>støvsuge</b> -ar, -a, -a; el. -syg,</p> <p style="padding-left: 2em;">-saug, -soge</p> <p><b>støy</b> -en; <b>-plage</b></p> <p><b>støydempar</b> -en, fl. -demparar,</p> <p style="padding-left: 2em;">-demparan</p> <p><b>støye</b> -ar, -a, -a (bråke)</p> <p><b>støyp</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p><b>støypar</b> -en, fl. støyparar,</p> <p style="padding-left: 2em;">støyparane</p> <p><b>støype</b> -er, -te, -t</p> <p><b>støyperi</b> -et, fl. -eri, -eria</p> <p><b>støyt</b> -en, fl. -ar, -ane; el. -et,</p> <p style="padding-left: 2em;">fl. -, -a; <b>-dempar, -fangar</b></p> <p><b>støyte</b> -er, støytte, støytt</p> <p style="padding-left: 2em;">(1 renne, skuve 2 fornærme)</p> <p><b>støyvis</b> <i>adv</i></p> <p><b>stå</b> står, stod, stått; el. <b>stande</b> s.d.</p> <p><b>stå subst</b> ubøy. («gå i s-»: stoppe opp)</p> <p><b>ståhei</b> -en (oppstyr)</p> <p><b>ståk</b> -et</p> <p><b>ståke</b> -ar, -a, -a (1 støye 2 streve)</p> <p><b>stål</b> -et</p> <p><b>ståplass</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p><b>ståstad</b> -en, fl. -ar el. -er, -ane el.</p> <p style="padding-left: 2em;">-ene (utgangspunkt)</p> <p><b>subb</b> -en, fl. -ar, -ane (subbete person)</p> <p><b>subb</b> -et (1 tung gonge 2 avfall)</p> <p><b>subbe</b> -ar, -a, -a (1 sope</p> <p style="padding-left: 2em;">2 gå tungt)</p> <p><b>subbete</b> (1 sjuskete 2 sålete)</p> <p><b>subjekt</b> -et, fl. subjekt, subjekta</p> <p><b>subjektiv</b> -t, fl. -e (personleg, partisk)</p> <p><b>subjektivitet</b> -en</p> <p><b>subkultur</b> -en, fl. -ar, -ane</p> <p style="padding-left: 2em;">(del- el. underkultur)</p>
---	--	--

## 5 SAMANDRAG

Nedanfor kjem framlegga som denne utgreiinga byggjer på, i kortform. Nummereringa viser til kapittel og punkt i utgreiinga.

### 2 Framlegg til valfrie former

For alle punkta i kapittel 2 – bortsett frå pkt. 2.2.4.d – gjeld at valfridomen blir som i rettskrivinga i dag. Såleis treng ingen leggja om språkvanane sine ut frå dette framleggat. Med unntak av pkt. 2.2.1.a og 2.2.3.a–c og 2.2.4.b og f blir det slik at til dømes lærebokfattarar og statstilsette (som før måtte følgja læreboknormalen) får større valfridom ettersom klammeformstatusen blir oppheva for ein del former.

#### 2.1 Lydverket

##### 2.1.1 Vokalar

###### 2.1.1.a Vokalane y/ø (typen *bylgje/bølgje*)

Dette gjeld vel 30 ord. Ein del av dei er svært vanlege, som *fylgje/følgje*, *syster/søster* og *tyrst/tørst*, og dei er med i mange samansette ord. Slike former skal framleis vera valfrie. Grunnen er at både y-formene og ø-formene er utbreidde i dialektane og godt innarbeidde i nynorsk skriftmål.

###### 2.1.1.b Diftongar – monoftongar (*au/ø, au/o* og *øy/ø*)

Dette gjeld vel 50 ord, som *draum/drøm*, *lauk/løk* og *køyre/kjøre*. Formene skal framleis vera valfrie. Både diftongane og monoftongane er utbreidde i dialektane. I skriftmålet dominerer diftongane, men monoftongane er òg innarbeidde.

- Mindretalet har motframlegg om obligatorisk diftong på dette punktet.

##### 2.1.2 Konsonantar

###### 2.1.2.a Ord med enkel eller dobbel *m* (typen *gamal/gammal, kome/komme, fridomen/fridommen*)

Dette gjeld ein heil del ord, som *medlemen/medlemmen*, *brudgomen/brudgommen* og *døme/dømme*, *ungdomen/ungdommen*. Formene skal framleis vera valfrie. Begge formene er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

###### 2.1.2.b *n/nn, t/tt* og *k/kk* i gamle kortstava ord (typen (*ven/venn, skot/skott, lok/lok*))

Dette gjeld sirk 30 ord, som *løn/lønn*, *skot/skott* og *kjøken/kjøkkjen*. Formene skal framleis vera valfrie. Begge formene finst i både dialektane og skriftmålet. I dialektane dominerer den doble konsonanten, i skriftmålet varierer det frå ord til ord om dobbel eller enkel konsonant er mest utbreidd.

###### 2.1.2.c Former med og utan *j* etter *g* og *k* (*tenkje/tenke, bryggje/brygge*)

Dette gjeld ein del ord som *byggje*, *leggje* og *lenkje*. Formene skal framleis vera valfrie. Begge formene er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

- Mindretala har motframlegg om obligatorisk *-j-* på dette punktet.

## 2.2 Formverket

### 2.2.1 Substantiv

#### 2.2.1.a Valfritt genus (typen *ein/ei klasse*, *ein/ei pakning*)

Dette gjeld nokså mange ord. Dei skal framleis ha valfritt kjønn. Kva kjønn eit ord har, kan skifta frå dialekt til dialekt. Utbreiinga i skriftmålet er ikkje undersøkt.

#### 2.2.1.b Hankjønnsord med *-ar/-er* i fleirtal (typen *benker/benkar*, *bunadar/bunader*, *sofaar/sofaer*)

Dette gjeld ein del vanleg brukte ord. Formene skal framleis vera valfrie. Begge formene er utbreidde i dialektane. Det er ikkje systematisk undersøkt kva som er brukt i skriftmålet.

- Mindretala har motframlegg om obligatorisk *-er* for hankjønnsord på *-nad* og *-a*.

#### 2.2.1.c Hokjønnsord med *-er/-ar* i fleirtal (typen *reimar/reimer*)

Dette gjeld ein del vanleg brukte ord. Formene skal framleis vera valfrie. Begge formene er utbreidde i dialektane. Det er ikkje systematisk undersøkt kva som er brukt i skriftmålet.

#### 2.2.1.d *-a/-i* i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord (typen *soli*, *taki*)

Dette gjeld mange vanlege ord. Formene skal framleis vera valfrie. Dei er utbreidde i talemålet i ein del strok i landet. I skriftmålet er dei lite brukte. Grunnen til at me gjer framlegg om at dei skal vera valfrie, er at dei er viktige identitetsmarkørar.

- Mindretala har motframlegg om obligatorisk *-a* på dette punktet.

#### 2.2.1.e Bøyingsane i *auga*-klassen

Dette gjeld orda *auge*, *hjarte* og *øyre*. Dei skal framleis ha valfri bøyning etter dette mønsteret: *auge – auget – auge – auga / auga – auga – augo – augo*. Begge bøyingsmønstra er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

## 2.2.2 Adjektiv

### 2.2.2.a Adjektiv på *-en* i oppslagsforma kan ha *-en/-i* i hokjønn og *-e/-ent* i inkjekjønn (typen *open/opi – ope/opent*, *kristen/kristi – kriste/kristent*)

Dette gjeld adjektiv av typen *open/opi – ope/opent*. Desse formene skal framleis vera valfrie. Alle formene er utbreidde i dialektane. I skriftmålet står hokjønn på *-i* (som i

*opi*) svakt, mens dei andre formene er mykje brukte. Men -i-forma i adjektiv hokjønn er på same måte som -i-formene i punkt 2.2.1.d ein viktig identitetsmarkør.

### 2.2.3 Pronomen

#### 2.2.3.a *me/vi* i subjektform

Formene *me* og *vi* skal framleis vera valfrie. Begge er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

#### 2.2.3.b *ho/henne* i objektform

Formene *ho* og *henne* skal framleis vera valfrie i objektform. Begge formene er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

#### 2.2.3.c *han/honom* i objektform

Formene *han* og *honom* skal framleis vera valfrie i objektform. Begge formene er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

#### 2.2.3.d *nokon/noen*

Formene skal etter fleirtalsframlegget framleis vera valfrie. Begge formene er utbreidde i dialektane. [Noen] er likevel svært lite brukt i nynorsk skriftmål. Grunnen til at me gjer framlegg om å halda oppe valfridomen, er at [noen] har ein tydeleg funksjon som identitetsmarkør.

- Mindretalaet har motframlegg om å sløyfa forma [noen].

### 2.2.4 Verb

#### 2.2.4.a Infinitivsending på -a eller -e eller kløyvd infinitiv

I dag er det valfritt å bruka -a eller -e i infinitiv. Det er òg lov å bruka kløyvd infinitiv, det vil seia å veksle mellom -a og -e i den same teksten etter bestemte reglar. Desse formene skal framleis vera valfrie. Dei ulike infinitivsformene er vanlege i både dialektane og skriftmålet.

- Mindretalaet går imot å jamstilla kløyvd infinitiv med -a- og -e-infinitiv.

#### 2.2.4.b Kort- og langformer i infinitiv og utlydande -d i preteritum av sterke verb (typen *gle/glede, gje(gjeve)*)

Dette gjeld ein heil del nokså vanlege ord. Formene skal framleis vera valfrie. Kortformene dominerer i dialektane, mens langformene står litt sterkare enn kortformene i skriftmålet.

#### 2.2.4.c *gje(ve) – gi, gange – gå og stande – stå* blir sette opp som skilde verb

Dei to parallelle formene blir førte opp i ordbøkene som ulike verb. På den måten held valfridomen fram. Alle formene finst i dialektane. Orda *gange* og *stande* er lite brukte i skrift, men er tydelege identitetsmarkørar.

#### **2.2.4.d Stod, bad, drog og gav blir eineformer**

Berre *stod* har hatt valfri form [*sto*]. Den forma går ut.

#### **2.2.4.e Sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv sluttar på trykktung vokal (typen *dra – dreg/drar – drege/dratt*)**

Dette gjeld 15 mykje brukte ord. Formene skal etter fleirtalsframlegget framleis vera valfrie. Dei er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

- Mindretalalet har motframlegg om obligatorisk sterkt partisipp.

#### **2.2.4.f Valfri inkjekjønnsform i perfektum partisipp av verb på -o, -d, -g og -v (typen *nådd/nått, arbeidd/arbeidt, bygd/bygt, levd/levt*)**

Desse formene skal framleis vera valfrie. Dei er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

#### **2.2.4.g Valfri a-bøyning, e-bøyning og blanda bøyning i verb med tidlegare val mellom e- og a-bøyning (typen *brukar/bruker – bruks/brukte*)**

Somme verb kan i dag bøyast som både a- og e-verb. I slike verb treng ein ikkje konsekvent halda seg til den eine bøyingsa, dvs. at ein kan bøya også slik: *bruke – brukar – brukte – bruks*. Denne såkalla blanda bøyninga står sterkt i både dialektane og skriftspråket.

#### **2.2.4.h Verb med preteritum på -de eller -te (typen *tolde/tolte, kjende/kjente, førde/førte*)**

Dette gjeld rundt 100 verb. Formene skal framleis vera valfrie. Begge formene er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

- Mindretalalet har motframlegg om å ta ut noverande klammeformer med [-te].

#### **2.2.4.i Sterke perfektum partisipp kan ha -en/-i i hokjønn (*skrivi*)**

Når dei sterke partisippa står til eit hokjønnsord (jf. *boki er skrivi*), skal dei innanfor i-målet ha endinga *-i*. Dette systemsamsvaret er utbreidd i dialektane. Elles er endinga *-en* det vanlege i nynorsk skriftmål: *boka er skriven*.

- Mindretalalet har motframlegg om å ta ut den noverande klammeforma med [-i].

#### **2.2.4.j Sterk og svak bøyning av *eige***

Dette gjeld berre dette eine verbet, som har fått nokså stor bruk av svake former i preteritum og perfektum partisipp.

#### **2.2.4.k Samsvarbøyning av svake perfektum partisipp i predikativ stilling (typen *dei er kjende/kjent*)**

Det blir fri samsvarbøying av svake partisipp i predikativ stilling og obligatorisk bøyning av sterke partisipp i denne posisjonen: *dei er kjende/kjent*, men *dei er skotne*. Det er dekning for dette i både dialektane og skriftmålet.

### **2.2.5 Adverb**

#### **2.2.5.a Adverb med *a-/an-* framfor konsonant i retningsadverb/preposisjonar (typen *austafor/austanfor*)**

Dette gjeld nokre vanlege ord, som *utafor/utanfor*. Formene med *a-* eller *an-* skal framleis vera valfrie. Begge er utbreidde i både dialektane og skriftmålet.

## **2.3 Einskildord**

Ein heil del einskildord som fell utanfor dei ordgruppene som er nemnde ovanfor, skal framleis ha valfrie former.

- Mindretallet har motframlegg om at 17 av dei valfrie formene skal bort, til dømes *[enten]*, *[muleg]*, *[gjøre]* og *[hjerte]*.

## **3 Framlegg om former som går ut av norma**

### **3.1 Lydverket**

#### **3.1 Dobbel eller enkel *m***

Formene *brame*, *home*, *kiming*, *kumar*, *lame*, *rjome*, *råme*, *skume*, *stame* går ut av norma.

### **3.2 Formverket**

#### **3.2.1 Substantiv**

##### **3.2.1.a [-a] i ubunden form eintal av svake hokjønnsord**

Dette gjeld ord som *ei vise* / *ei [visa]*. Her fell den valfrie forma *ei [visa]* bort. Dialektane gjev godt grunnlag for å halda på forma. Men ho er svært lite brukt i nynorsk skriftmål. Dei som skriv "klassisk" nynorsk, må leggja om språkvanane sine når dei skal skriva etter rettskrivinga.

##### **3.2.1.b [-or] og [-one] i fleirtal av svake hokjønnsord**

Dette gjeld dei same orda som førre punkt. Dei valfrie fleirtalsendingane *[visor]* og *[visone]* fell bort. Dialektane gjev godt grunnlag for å halda på forma. Men ho er svært lite brukt i nynorsk skriftmål. Dei som skriv "klassisk" nynorsk, må leggja om språkvanane sine.

##### **3.2.1.c Fleirtalsformene *menner*, *feilar* – *feilane*, *sko* – *skoa/skoi*, *vemmer* – *vemmene*, *myser* – *mysene*, *lyser* – *lysene***

Dette gjeld seks ord, der dei valfrie fleirtalsbøyningane fell bort. Det er eit visst grunnlag for dei i dialektane, men dei er svært lite brukte i nynorsk skriftmål.

### **3.2.1.d Fleirtalsformene *møbel* – *møbla/møbli***

Tre valfrie former fell bort. Framlegget er at *møbel* skal bøyast slik: *ein møbel* – *møbelet* – *møblar* – *møblane*. Det er i samsvar med vanleg skriftpaksis.

### **3.2.1.e Fleirtalsforma *miler* (ubunden form fleirtal av *ei mil*)**

Substantivet *mil* blir i dag bøygd slik: *ei mil* – *mila [mili]* – *mil/miler* – *milene*. Fleirtalsforma *miler* blir teken ut or rettskrivinga.

## **3.2.2 Adjektiv**

### **3.2.2.a Inkjekjønn på *-i* i adjektiv av *-en*-typen**

Dette gjeld ein del adjektiv som sluttar på *-en*, som *doven*. Dei skal no bøyast slik: *doven* – *dovent/dove* – *dovne*. Inkjekjønnsforma *dovi* fell bort. Ho er lite brukt både i tale og i skrift.

### **3.2.2.b Adjektiv på *-lig***

Dette gjeld ganske mange adjektiv, som *farleg [farlig]* og *mog(e)leg [mog(e)lig]*. Forma på *[-lig]* fell bort. Ho er brukt i mange dialektar, men er lite brukt i nynorsk skriftspråk.

### **3.2.2.c Adjektiv på *-ut* og *-et***

Dette gjeld dei mange adjektiva som endar på *-et/-ete/-ut* (*steinet/steinete/steinut*). Formene på *-et* og *-ut* går ut, slik at *-ete* blir eineform. Alle desse formene finst i både tale- og skriftmålet, men *-ete* er den dominerande forma.

## **3.2.3 Pronomen**

### **3.2.3.a Eigeforma [*hennes*] av personleg pronomen**

[*Hennes*] går ut, slik at *hennar* blir eineform. Sjølv om *hennes* er svært utbreidd i dialektane, er *hennar* heilt dominerande i skrift.

### **3.2.3.b Eigeforma [*deires*] av personleg pronomen**

[*Deires*] går ut, slik at *deira* blir eineform. Sjølv om *deires* er svært utbreidd i dialektane, er *deira* heilt dominerande i skrift.

### **3.2.3.c Det ubundne pronomenet [*annen*]**

[*Annen*] går ut, slik at *annan* blir eineform. Sjølv om *annen* er svært utbreidd i dialektane, er *annan* heilt dominerande i skrift.

### **3.2.3.d Dei ubundne pronomena [*onnor*] og [*nokor*]**

[*Onnor*] og [*nokor*] går ut, slik at *anna* og *noka* blir eineform. *Onnor* og *nokor* er i bruk i dialektane, men *anna* og *noka* er heilt dominerande i skrift.

### **3.2.3.e Det peikande pronomenet *sjølv* i fleirtal**

Det blir obligatorisk å skriva *sjølve* i fleirtal. Fleirtalsforma *sjølv* er utbreidd i dialektane, og blir òg brukt skriftleg. Men her ynskjer me å innføra ei ”systemrett” bøyning.

## **3.2.4 Verb**

### **3.2.4.a Presens på [-er] av sterke verb**

Sterke verb kan i dag ha ei langform i presens på [-er], som *bit* [biter], *kjem* [kjemer]. Denne valfridomen fell bort. Formene er mykje brukte i dialektane, men viser seg knapt i nynorsk skriftmål.

### **3.2.4.b Perfektum partisipp av sterke verb på -i**

Sterke verb har i dag to partisippformer, *gråte/gråti*. Forma *gråti* går ut. Forma er utbreidd i mange dialektar, men er svært lite brukt i nynorsk skriftmål.

### **3.2.4.c Refleksivformer på [-s]**

Dette gjeld verbformer som etter noverande rettskriving har klammeform på [-s] som [*minnas*], [*fans*] i staden for *minnast*, *fanst*. Forma på [-s] går ut. Ho er utbreidd i mange dialektar, men er forholdsvis lite brukt i nynorsk skriftmål.

### **3.2.4.d Enkeltformer i bøyinga: [*fær – fenge*], [*slær*], [*slæst*]**

Dette gjeld bøyingsformer i dei tre verba *få*, *slå* og *slåst*. Formene [*fær-fenge*], [*slær*] og [*slæst*] går ut. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift ser ein knapt desse formene.

### **3.2.4.e Preteritumsformene *lagde* og *sagde***

I dag har verba *leggje* og *seie* valfrie preteritumsformer: *la/lagde*, *sa/sagde*. Formene *lagde* og *sagde* går ut. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift ser ein knapt desse formene.

### **3.2.4.f Preteritumsformene *bestemde* og *limde***

I dag har verba *bestemme* og *lime* valfrie preteritumsformer: *bestemte/bestemde*, *limte/limde/lima*. Formene *bestemde* og *limde* går ut. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift ser ein knapt desse formene.

### **3.2.4.g Preteritumsformene [*fikk*] og [*gikk*]**

I dag har verba *få* og *gå* valfrie preteritumsformer: *fekk* [fikk], *gjekk* [gikk]. Formene [fikk] og [gikk] går ut. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift ser ein knapt desse formene.

#### **3.2.4.h Verbformene [*trær*] – *tro(d)* – *trede/tredi***

Verbet *å trå* blir i dag bøygd slik: *trå* – *trår* [*trær*] – *trådde/tro(d)* – *trådd/trått/trede/tredi*. Vi gjer framlegg om å forenkla bøyninga: *trå* – *trår* – *trådde* – *trådd/trått*. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift er dei utsjalta formene nesten ikkje å sjå.

#### **3.2.4.i Verbformene *trede* – *tred(er)* – *tro(d)* – *trede/tredi/tredt***

Verbet *å tre(de)* blir i dag bøygd slik: *tre(de)* – *trer/tred* – *tro(d)* – *trede/tredi* el. *tre(de)* – *tre(de)r* – *tredde* – *tredd/tredt*. Vi gjer framlegg om å forenkla bøyninga: *tre* – *trer* – *tredde* – *tredd/trett*. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift er dei utsjalta formene knapt å sjå.

#### **3.2.4.j Verbformene [*bjode*] – *byd(er)* – *bydde***

Verbet *å by(de)* [*bjode*] blir i dag bøygd slik: *by(de)* [*bjode*] – *by(de)r* – *bydde* – *bydd/bydt* el. *by(de)* [*bjode*] – *byr/byd* – *baud* – *bode/bodi*. Vi gjer framlegg om å forenkla bøyninga: *by(de)* – *byr* – *baud* – *bode*. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift er dei utsjalta formene forholdsvis lite å sjå.

#### **3.2.4.k [-d]-bortfall i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp**

Verb med *-de* i preteritum har klammeform på [-d] i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp: har *kjent* [kjend], det er *kjent* [kjend]. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. Det er liten grunn til å halda oppe denne valfridomen.

### **3.2.5 Adverb**

#### **3.2.5.a Formene *attast*, *bakast*, *innarst*, *underst*, *yttarst*, *nørdre***

Framlegget er å ta ut formene *attast*, *bakast*, *innarst*, *underst*, *yttarst* og *nørdre*, slik at *attarst*, *bakarst*, *inst*, *ytst* og *nordre* blir eineformer. Det ligg ikkje føre talemålsundersøkingar. I skrift er dei utsjalta formene forholdsvis lite å sjå.

## **3.3 Einskildord**

#### **3.3.1. Konsonantvariasjon: *pp/p*, *g/0*, *d/t*, *tt/t***

Formene *[koppar]*, *mue*, *flit*, *mod*, *moda* (på), *slut* og *lett* går ut or norma, slik at *kopar*, *muge*, *flid*, *mota* (på), *sludd* og *let* blir eineformer. Dei utsjalta formene er lite i bruk i nynorsk skriftmål.

#### **3.3.2 Vokalveksling**

##### **3.3.2.a Diftong eller monoftong: *ei/e***

Formene *[lest]*, *[peik]* [pek], *[peke]*, *[slesk]* og *[tresk]* går ut av norma slik at *leist*, *pek* (prette), *peik* (frampeik), *peike* v., *sleisk* og *treisk* blir eineformer.

**3.3.2.b Anna vokalveksling: a/o, a/æ, e/i, e/æ, i/y, jo/y, o/u, o/ø, o/å, u/y, a/å, æ/å**

Dette punktet gjeld ein heil del einskildord der ein valfri skrivemåte blir teken ut av rettskrivinga.

- Mindretallet ynskjer å gå endå lenger og ta ut former som *fremmend*, *muleg*, *skynde ofl.*

**3.3.2.c Andre einskildord**

Dette gjeld 19 einskildord. Framleggget er å ta ut den valfrie skrivemåten til 11 av dei.

- Mindretallet ynskjer å gå lenger og ta ut dei 8 formene *[bilde]*, *fremme*, *[gjøre]*, *[idrott]*, *[kors]*, *mid-* (valfritt for *midt-*), *mye* og *sia*.

## LITTERATUR

- Beito, Olav T. *Nynorsk grammatikk*. Det Norske Samlaget Oslo 1970
- Berg, Celia M. "La oss skrive slik det er naturlig og behagelig." *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselever i vidaregåande skule*. Hovudfagsoppgåve, Nordisk institutt Bergen 1999
- Berg, Celia. "La oss skrive slik det er naturlig og behagelig." *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselever i vidaregåande skule*. I Helge Omdal (red.) *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. (Forskingsserien nr. 17.) Høgskolen i Agder Kristiansand 1999c
- Bondevik, Jarle. *Studiar i det nynorske bibelmålet. Morfologi og ordtilfang*. 1992
- Breidsvoll og Liestøl. *Nynorsk ordliste*. Det Norske Samlaget 1954
- Brunstad, Endre. "Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskinga." I Randi B. Brodersen & Torodd Kinn (red.) *Språkvitskap og vitskapsteori. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg*. Ariadne forlag, Larvik 2000 (s. 46–68)
- Dale, Johs. A. *Norsklære. Nynorsk med bokmålstillegg*. Oslo 1954
- Dalen, Arnold ofl. *Trøndermål*. Oslo 1972
- Den departementale rettskrivningskomite. *Den nye rettskrivning. Reglar og ordlistor II Landsmål*. Det Malingske Bogtrykkeri Kristiania 1918
- Det Norske Samlaget. *Nynorsk ordliste*. Oslo 1947
- Det Norske Samlaget. *Nynorsk ordliste*. Oslo 1959
- Dyvik, Helge. "Normbegreper, systembegreper og individuering av norske skriftspråk." I Knud Blaauw og Helge Nordahl (red.) *Standardspråk og dialekt*. Bergen Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, Oslo & Bergen 1993 (s. 159–174).
- Eskeland, Lars. *Norsk formlæra*. Bergen 1892
- Eskeland, Lars. *Norsk formlæra*. Bergen 1897
- Eskeland, Lars. *Hjelpebok i norsk rettskriving* 1895
- Eskeland, Lars. *Norsk Rettskrivningsordbok*. Kristiania 1906
- Gedde-Dahl, Trine. *Undersøking av ymse ord- og bøyingsformer i norsk talemål hausten 1999* Norsk språkråd 1999 (upublisert)
- Gullvåg, Ingemund. "Språk og normar: eit filosofisk synspunkt." I Helge Sandøy, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikør (red.) *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Nordisk institutt Bergen 1991 (s. 12–34)
- Heggstad, Leiv. *Norsk grammatik for skuleungdom*. Kristiania 1914
- Heggstad, Leiv. *Norsk grammatikk. Større utgåve*. Oslo 1931
- Hellevik, Alf. "Om bruken av visse skrift- og bøyingsformer i nynorsk avismål." I *Språklig Samling* 1973
- Hellevik, Alf. *Nynorsk ordliste* Det Norske Samlaget Oslo 1996
- Hellevik og Breidsvoll. *Nynorsk ordliste*. Det Norske Samlaget 1959

- Hoel, Trude. *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? En vurdering av “vide” og “snevre” rettskrivingssystem i skandinaviske språk*. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo / Høgskolen i Agder 1995
- Holm, Anne Brit. *Stebarnet nynorsk. Om holdninger til nynorsk i Larviksskolen*. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo 1999
- Hægstad, Marius, Garborg, Arne og Flo, Rasmus. *Framlegg til skrивereglar for landsmaale i skularne* 1899
- Hægstad, Marius. *Maal-læra* 1879
- Hægstad, Marius. *Maal-læra* 1886
- Hægstad, Marius. *Maal-læra* 1898
- Haaland, Gerhard *Norsk ordliste. Nynorsk*. Oslo 1957
- Jahr, Ernst Håkon. *Innhogg i norsk språkhistorie* 1992
- Johansen, Roy “Åffer skriver vi hvordan når vi meiner åssen?” *Forholdet mellom talemål og bruk av valfrie skriftspråkformer i bokmål hos ungdomsskolelevar*. Utrykt hovudoppgåve Nordisk institutt, Kristiansand 1998
- Kirke- og Undervisningsdepartementet. *Indstilling fra Rettskrivningskomiteen*. Kristiania. (Jf. *Indstilling* 1917)
- Kirke- og undervisningsdepartementet. *Tilråding om ny rettskrivning*. Fra den departementale rettskrivningsnevnd av 1934. Trondheim 1935
- Kirke- og undervisningsdepartementet. *Tilleggstilråding om ny rettskrivning*. Fra den departementale rettskrivningsnemd av 1934. Stavanger 1936
- Kirke- og undervisningsdepartementet. *Ny rettskrivning 1938. Bokmål, regler og ordliste. Nynorsk, reglar og ordliste*. Olaf Norlis forlag Oslo 1938
- Kirke- og undervisningsdepartementet. *Ny læreboknormal 1959* Olaf Norlis forlag Oslo 1959
- Kulbrandstad, Lars Anders. ”Språknormering og pedagogikk. Valgfrihet i rettskrivinga – til hjelp eller forvirring.” I Helge Omdal (red.) *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved universitetet i Bergen*, Avdeling for humanistiske fag Kristiansand 1996 (s. 101–116)
- Mosling, Atle. *Språknormering i sakprosaen*. Hovudoppgåve Universitetet i Oslo 1998
- Norsk språknemnd. *Framlegg til læreboknormal 1957* Oslo 1957. (Jf. *Framlegg 1957*)
- Nygaard, M. *Kortfattet Fremstilling af det norske Landsmaals Grammatik*. 1867
- Omdal, Helge. ”Noen karakteristiske trekk ved det høgere talemålet i Stavanger.” I *Maal og Minne* 1967
- Omdal, Helge. ”Språknormtrygghet eller språknormusikkerhet? Om norske språknormer som formidlingsproblem.” I *Norsk læraren* 2000, 2, s. 37–43
- Roksvold, Thore. ”Fast språknorm eller valgfrihet i redaksjonen?” I Helge Omdal (red.) *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. (Forskningsserien nr. 17.) Høgskolen i Agder Kristiansand 1999 (s. 197–208)
- Rødningen, Dagfinn. ”Ottadalen – ein utforbakke til bokmålet. Språkproblem og språkskifte blant ungdom i Lom, Skjåk og Vågå.” I T. Kleiva et al (red.) *Austlandsmål i*

- endring* 1999 (s. 246–258)
- Rødningen, Dagfinn. "Nærskylde skriftspråk i kontakt. Interferensproblem og normering i norsk, sett i lys av ei undersøking om språkskifte i Ottadalen." I *Maal og Minne*, hefte 1, 2000 (s 65–84)
- Sandøy, Helge. "Å styre valfridomen." I Helge Omdal (red.) *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogenog heterogen språknorm.* (Forskingsserien nr. 17.) Høgskolen i Agder Kristiansand 1999 (s. 209–224)
- Selback, Bente. "Det er heilt naturleg." Ei granskning av skriftspråkshaldningar. Hovudoppgåve Nordisk institutt Universitetet i Bergen 2001
- Skard, Matias. *Landsmaals-ordlista* Kristiania 1901
- Skard, Matias. *Landsmaals-ordlista* Kristiania 1903
- Skard, Matias. *Nynorsk ordbok* Kristiania 1920
- Skard, Matias. *Nynorsk ordbok* Kristiania 1921
- Skard, Matias. *Nynorske rettskrivingsreglar* Kristiania 1923
- Skard, Matias. *Nynorsk ordbok* Kristiania 1924
- Skard, Matias. *Nynorsk ordbok* Oslo 1945
- Skard, Matias. *Nynorsk ordbok* Oslo 1954
- Skjekkeland, Martin. *Målfore og skriftmål.* Førebels utgåve. Universitetsforlaget Oslo 1977.
- Skjelfjord, Vebjørn Jentoft. *Fonemlæring i skolen. En drøfting av fonemlæring som forutsetning for tilegnelse av leseferdighet, og en studie av fonemlæring hos førskolebarn.* Universitetsforlaget Oslo, 1976.
- Størdal, Kari. "Er det risikabelt å bruke sideformer til eksamen i norsk?" I: *Språklig Samling* 1994, 3, s. 31
- Sundby, Nils Kristian. *Om normer.* Universitetsforlaget Oslo 1974.
- Tilråding 1934 = *Tilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnevnd av 1934.* Centraltrykkeriet Trondheim 1935.
- Tilleggstilråding 1934 = *Tilleggstilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnemd av 1934.* Stavanger 1936
- Stauri, Tormod. "Kor godt meistrar kommande lærarar nynorsk" (upublisert) 2001
- Søyland, Aud. *Typar feil i nynorsk* (upublisert) Norsk språkråd 2001
- Universitets- og skuleannalar. *Tillegg til framlegg til skriveregler for landsmaale i skularne* 1899
- Vannebo, Kjell Ivar. "Om språkvitenskapens normbegrep." I: *Tijdschrift voor Skandinavistiek* nr. 1 1980
- Vestbøstad, Per (red.) *Nynorsk frekvensordbok* Alma Mater forlag AS Bergen 1989
- Vikør, Lars S. 1994. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis.* Novus Oslo
- Vikør, Lars S. *Rettskriving hos nynorskforfattarar.* Norsk språkråds skrifter nr. 3 Norsk språkråd Oslo 1995
- Vikør, Lars S. "Valfriheita i nynorsk – historisk oversyn." I *Norma i nynorsk. Debatt.* Norsk språkråds skrifter nr. 2 Norsk språkråd Oslo 1995
- Venås, Kjell. *Linne verb i norske målføre* Universitetsforlaget Oslo 1974
- Venås, Kjell. *Hallingmålet.* Det Norske Samlaget Oslo 1977

- Vollan, Magnhild. "Norsk språkråd og skoleverket." *Norsklæraren* 1997, 2 s. 31–33
- Wetås, Åse. *Undersøking av formbruken i ulike typar publisert materiale på nynorsk* (upublisert) Norsk språkråd 2001a
- Wetås, Åse. *Undersøking av formbruken i ulike typar upublisert materiale på nynorsk* (upublisert) Norsk språkråd 2001b
- Wetås, Åse. *Undersøking av rettepraksisen i skolen, i avisene og i forlaga* (upublisert) Norsk språkråd 2001c
- Wetås, Åse. *Korleis opplever brukarane normsituasjonen i nynorsk?* (upublisert) Norsk språkråd 2001d
- Wiggen, Geirr. *Rettskrivings-studier II.* Universitetet i Oslo 1992.
- Ølmheim, Per Arvid. "...sa sogningen til fjordingen." *Målfore i Sogn og Fjordane* Centraltrykkeriet i Bergen 1983
- Årtun, Tone Alise. Skriftmålet i Sauda : med størst vekt på skulemålet. Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen 1984.
- Aasen, Ivar. *Det Norske Folkesprogs Grammatik*
- Aasen, Ivar. *Prøver af Landsmalet i Norge.* 2.utg. Cammermeyer Kristiania 1899
- Aasen, Ivar. *Norsk Grammatik.* Cammermeyer Kristiania 1899
- Aasen, Ivar. *Norsk Ordbog.* Cammermeyer Kristiania 1892
- Aasen, Ivar. *Søndmørsk Grammatik eller kortfattet Underretning om Bygdemalet paa Søndmøre.* 2. utg. Norlis forlag Oslo 1924

**Vedlegg 1:**  
**Brev frå Kulturdepartementet 5.12.00**

Norsk språkråd  
Postboks 8107 Dep  
0032 Oslo

Vår ref: 2000/768 KU/KU2 IE

Dato: 5.12.2000

**RETTSKRIVINGSVEDTAK I PERIODEN 1996-1999**

Vi viser til brev av 16. februar 2000 og seinare supplerande opplysningar om dei rettskrivingsvedtaka frå siste rådsmøte som krev godkjenning frå departementet for å vere gyldige.

I brev av 28. juni 2000 melde vi frå om at det trongst meir tid for å avslutte behandlinga av denne saka. Vi opplyste samstundes at departementet hadde avgjort at ei eventuell heil eller delvis godkjenning av vedtaka ikkje i noko fall ville bli sett i verk i haust, og at det difor ikkje ville bli endringar i rettskrivinga for skuleåret 2000/2001. Avgjerda vart teken først og fremst av omsyn til dei forлага og ordlisteforfattarane som førebudde nye bøker eller nye opplag til skulestart. Saka er no ferdigbehandla, og vi gjer nedanfor greie for dei vurderingane departementet har lagt til grunn.

**Del I**

Departementet har teke utgangspunkt i Norsk språkråds eige ønske om visse omleggingar i normeringspolitikken, slik dette kjem til uttrykk i det notatet om Norsk språkråds framtidige arbeidsoppgåver og organisasjonsform som vart oversendt departementet ved brev av 5. november 1997. Det er seinare opplyst at notatet vart drøfta på rådsmøtet i februar 1998, og at følgjande framlegg vart samråystes vedteke:

"Rådet slutter seg i hovedsak til det som sies i punktene 2-5 og 7 i notatet. Rådet ber styret ta hensyn til det som er kommet fram i debatten."

Normeringsarbeidet er behandla under del 5 b i notatet, og her heiter det mellom anna:

"Normeringsarbeidet foregår som en løpende virksomhet i sekretariatet under ledelse av fagnemnda. Hvert år behandler Språkrådet på sitt årsmøte normeringsforslag som gjelder unormerte ord, og hvert fjerde år behandles forslag om ny normering av tidligere

normerte ord. Det vil være grunn til å vurdere om normeringsvedtakene isteden bør skje gjennom mindre frekvente, men mer omfattende og helhetlige rettskrivningsreformer. Normering av nye ord bør imidlertid kunne behandles hvert år (...). Det er lettere å skape forståelse for rettskrivningsreformer når de kommer sjeldnere og er mer helhetlige, man kan forberede publikum gjennom forhåndsdebatt og høringer, og det blir lettere for den enkelte språkbruker å tilegne seg endringene. Behovet for hyppige endringer må også vurderes på bakgrunn av den oppryddingen som nå forberedes med fjerning av mindre brukte former i bokmålsrettskrivningen og en reduksjon av alternative hovedformer i nynorsknormalen."

Å dømme etter referatet kom det under drøftingane på rådsmøtet ikke fram avvikande oppfatningar i høve til hovudsynspunktet i det som er sitert ovanfor.

Det same hovudsynspunktet er også nedfelt i St.meld. nr. 13 (1997-98) Målbruk i offentleg teneste, som vart lagd fram 19. desember 1997:

"Det er grunn til å vurdere om normeringsvedtaka bør skje gjennom mindre frekvente og meir heilskaplege rettskrivningsreformer. Slik vil det truleg også vere lettare å informere om rettskrivingsendringane. Publikum kan lettare førebuast, og den enkelte språkbrukar kan setje seg betre inn i endringane. Rådet førebur no ei opprydding ved å fjerne mindre brukte former i bokmålsrettskrivinga og ein reduksjon av alternative hovedformer i nynorsknormalen. Dette vil også føre til at behovet for hyppige endringar blir mindre. Normering av nye ord må likevel halde fram som før."

Heller ikke i innstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, Innst. S. nr. 174 (1997-1998) eller under debatten i Stortinget 18. mai 1998 kom det fram avvikande synspunkt.

Departementet legg etter dette til grunn at det er brei semje om ei viss omlegging av normeringspolitikken i den leia som framgår av sitata ovanfor.

Dei rettskrivingsvedtaka som no ligg føre, har samla sett eit større omfang og vedkjem meir sentrale delar av rettskrivinga enn det som har vore vanleg. Dei retningslinjene som er lagde til grunn, gjer også at saka denne gongen reiser prinsipielle spørsmål som har ein tydelegare normeringspolitisk og til dels ein vidare språkpolitisk karakter. Til saman gjer dette at dei innsende vedtaka langt på veg kan karakteriserast som framlegg til ei eiga rettskrivingsreform, og dette aktualiserer den nemnde omlegginga av normeringspolitikken.

Norsk språkråds arbeid med å førebu vedtaka har likevel mått skje innanfor dei tids- og prosedyrerammene som rådet etter gjeldande reglar er bunde av. Departementet ønskjer

mellan anna å gje Norsk språkråd høve til ein ny gjennomgang av heilskapen i dei innsende endringane slik dei framstår etter dei mange vedtaka som vart gjorde på rådsmøtet. Dette vil også gje Språkrådet tid til å arbeide seg igjennom dei restspørsmåla som står att, og så langt råd er dei oppfølgings- og justeringssakene som lett følgjer i kjølvatnet av dei mange vedtaka som gjeld ordgrupper, grammatiske kategoriar og liknande. [1] Dermed sikrar ein seg at reforma blir tilnærma fullstendig slik at behovet for nye snarlege endringar blir minst mogleg. Under del II nedanfor kjem vi nærmare tilbake til ulike element i den heilskaplege gjennomgangen vi meiner det er behov for, jf. del II B. Men først vil vi ta opp eit meir prinsipielt spørsmål som gjeld grunnlaget for dei innsende rettskrivingsendringane i nynorsk, jf. del II A.

Dette inneber at departementet i denne omgangen sender rettskrivingsvedtaka tilbake til Norsk språkråd utan godkjenning. Det er likevel enkelte unntak frå dette. Det gjeld vedtak på område der situasjonen kan tilseie ei meir løpende normering. Dette kjem vi tilbake til under del 3 nedanfor.

Eit viktig formål med ei nyorientering av normeringspolitikken er å sikre større stabilitet i rettskrivinga. I dette ligg det frå departementet si side ingen kritikk mot tidlegare normeringspraksis, men ei konstatering av at tida no synest vere mogen for å gje omsynet til stabilitet monaleg sterkare gjennomslag.

Departementet føreset difor at Norsk språkråd legg til grunn som eit siktemål for den reforma som no skjer, at ho i all hovudsak vil bli ståande uendra i lang tid framover. I dette ligg at det seinare berre bør vurderast marginale og absolutt nødvendige endringar innanfor ramma av dei fireårige rådsperiodane som til no har regulert rytmen i rettskrivningsutviklinga. Departementet vil forvisse seg om at Norsk språkråd er fullt ut innforstått med denne føresetnaden, og dette er også ein del av grunngjevinga for at vi ikkje utan vidare har ønskt å godkjenne dei innsende vedtaka.

Det er ikkje aktuelt for departementet å fastsetje andre skrivemåtar eller bøyingsformer enn dei Norsk språkråd har vedteke. Det inneber at vi heller ikkje vil vurdere å fjerne eller ta inn bestemte former, heller ikkje å oppgradere eller nedgradere bestemte former innanfor norma, jf. dei konkrete framlegga i så måte i vedlagde kopi av brev av 11. april 2000 frå Noregs Mållag. Unntak frå dette kan likevel kome på tale i heilt spesielle tilfelle der vi meiner eit vedtak står i direkte motsetnad til fastlagde retningslinjer utan at dette er nærmare er grunngjeve, jf. nedanfor under del III. Regelen vil likevel vere at departementet ikkje fastset andre rettskrivingsformer enn dei som først er vedtekne i Norsk språkråd.

## Del II

## A

Departementet kan utan vidare slutte seg til dei retningslinjene som har lege til grunn for arbeidet med bokmålsrettskrivinga, dvs. at systemet med sideformer i praksis blir fjerna, og at lite brukte former i stor grad blir tekne ut av rettskrivinga. Gode grunnar kunne tilseie ei fjerning av skiljet mellom hovudformer og sideformer også i nynorsk, sjølv om nynorskens tradisjon og situasjon gjer at det her ikkje ligg like godt til rette for eit slikt grep som i bokmål. På rådsmøtet i 1997 vedtok Norsk språkråd i staden å regulere tilhøvet mellom hovudformer og sideformer med sikt på ein trond lærebok-normal kombinert med ei rettskriving med stor valfridom. I samsvar med dette omfattar dei innsende vedtaka mange bøyingsformer og skrivemåtar som blir degraderte frå hovudformer til sideformer. I mindre grad er noverande sideformer tekne ut av rettskrivinga, og talet på sideformer har dermed auka.

Departementet meiner at tida no er inne til å sjå nærmare på dei ulempene som følgjer av den todelte rettskrivinga også i nynorsk. Til dømes kan det hevdast at det ikkje utan vidare er heldig at skulelevar lærer å bruke skrivemåtar og bøyingsformer som dei likevel ikkje har lov til å nytte dersom dei seinare blir tilsette i offentleg teneste, eller former og skrivemåtar som det ikkje finst støtte for i lærebøker. Todelinga representerer også eit kompliserande element ved innlæring og handheving av skriftnorma. Og det etter måten omfattande statusskiftet som det no er lagt opp til, inneber i seg sjølv ein komplikasjon som kjem i tillegg.

Ei uttalt målsetjing er at den foreslårte omlegginga skal gje nynorsk ei fastare norm og dermed nynorskbrukarar ei støare kjensle av korleis nynorsk skal skrivast. [2] Spørsmålet er om ikkje dette kan bli vanskeleg å få til i praksis når det berre er statstilsette og lærebokfattarar som likevel treng skrive i samsvar med ei slik norm, og når norma ikkje fell saman med den som gjeld for skriveopplæringa og skriftpraksisen i skulen. Dersom målet er å etablere ei norm som er så fast at ho lettare kan verke som eit mønster for korleis språkbrukarane skal skrive rett, kan det synast inkonsekvent at det samstundes finst ei rad andre former og skrivemåtar som også er korrekt rettskriving i dei fleste samanhengar. Og det kan synast lite formålstenleg å halde oppe og til og med utvide systemet med tillatne sideformer dersom det skulle vere ein underforstått føresetnad at desse formene helst ikkje skal nyttast likevel. I det heile kan den todelte rettskrivinga hevdast å innebere ein dobbeltkommunikasjon som er med på å skape ei forvirring hos språkbrukarane som kjem i tillegg til den uvissa som valfridomen i seg sjølv representerer.

Departementet er samstundes fullt klar over dei ulike grunnane som taler for at det framleis bør vere eit system med sideformer i nynorsk, og at ei fjerning av skiljet

mellom hovudformer og sideformer kan framstå som ei drastisk endring som vil kunne skape mykje uro og usemjø. Vi er likevel komne til at ei rettskrivingsendring som etter føresetnaden skal stå ved lag i lang tid framover, ikkje bør gjennomførast før dette spørsmålet er grundig utgreidd.

Av dei dokumenta vi har tilgang til, kan vi ikkje sjå at dette alternativet har vore reelt drøfta i dei organa i Språkrådet som har førebudd dei retningslinjene som ligg til grunn for dei innsende rettskrivingsendringane. Det kan synast som ein har teke dette skiljet som eit udiskutabelt utgangspunkt. Vi har dessutan merkt oss at tanken om å fjerne systemet med sideformer i bokmål kom opp etter at retningslinjene for nynorsknormalen var fastlagde, utan at dette ser ut til å ha ført til noka ny drøfting av desse retningslinjene. Departementet si vurdering er at endringa for bokmål aktualiserer eit tilsvarande grep i nynorsk. Dette kan mellom anna sjåast i samanheng med nynorsken sin konkuransesituasjonen i høve til det dominerande bokmålet.

Departementet vil difor be Norsk språkråd sjå nærmare på dette spørsmålet. Det er naturleg å tenkje seg at ein får laga ei utgreiing som drøftar korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kunne takast bort, og korleis ein i så fall kunne tenkje seg å løyse dei problema som ville melde seg i kjølvatnet av dette. Kor breitt eit slikt arbeid bør leggjast opp, og korleis det elles skal defineraast og organiserast, bør drøftast nærmare med departementet etter at Norsk språkråd har gjort ei første vurdering av saka.

## B

Dersom det viser seg at det ikkje er nokon farbar veg å fjerne skiljet mellom sideformer og hovudformer i nynorsk, må det i staden sjåast nærmare på heilskapen i dei endringane som vart vedtekne på siste rådsmøte, jf. del I ovanfor.

### Tilhøvet mellom tilnærningsformer og tradisjonelle former i nynorsk

Departementet har motteke ei fråsegn frå Voss mållag, som er vedlagd i kopi. Eitt av ankepunktta her er at dei vedtekne endringane i nynorsk favoriserer tilnærningsformene i høve til meir tradisjonelle former. Også i brevet frå Noregs Mållag av 11. april 2000 blir det hevda at vedtaka samla sett har fått ei slagseite som favoriserer dei bokmålsnære formene i høve til dei tradisjonelle. Tilsvarande synspunkt har også vore fremja i det allmenne ordskiftet om nynorskvedtaka. Departementet finn det naturleg at Norsk språkråd nyttar høvet til å gjere ei samla vurdering av tilhøvet mellom tradisjonelle former og bokmålsnære former innanfor dei ulike delane av norma slik dei framstår etter dei mange ulike enkeltvedtaka frå rådsmøtet, og gje ei nærmare grunngjeving. Vi føreset at eventuelle justeringar i så fall må vedtakast som ein samla pakke.

### Spørsmålet om å ta inn att i nynorsk former som tidlegare er tekne ut

Fråsega frå Voss mållag har elles som utgangspunkt at stabilitet er eit gode for eit skriftmål, men tek samstundes til orde for å ta inn i norma ei rad former som har vore ute i lang tid, i stor grad former frå tida før rettskrivingsreforma av 1938. Vi vil på denne bakgrunn streke under at når departementet ovanfor har vist til behovet for større stabilitet, er det gjeldande rettskriving som er referansegrunnlaget. Som utgangspunkt meiner vi det er uheldig å gå tilbake på tidlegare endringar ved å ta inn att former som før er tekne ut. Ei slik fram-og-tilbake-normering av noko omfang vil fort kunne skape etter måten kaotiske tilstandar i rettskrivinga og stor forvirring hos språkbrukarane.

Det kan likevel tenkjast situasjonar der det kan vere aktuelt med rettskrivingsendringar som er prega av at ein tek inn att gamle former i norma o.l. Bokmålsreforma i 1981 kan i stor grad seiast å ha hatt ein slik karakter. Men ei slik endring bør helst ikkje gjennomførast utan at det er breitt grunnlag for det i den faktiske språkbruken i samfunnet.

Departementet finn elles ikkje grunnlag for å vurdere framlegga frå Voss mållag nærmare så lenge ikkje slike synspunkt har nådd opp i dei drøftingane som har vore i Norsk språkråd. Vi vil likevel ikkje utelukke at spørsmålet om ei meir tradisjonell nynorsknorm vil vere av dei alternativ det kan vere naturleg å drøfte som ledd i arbeidet med å greie ut grunnlaget for å fjerne skiljet mellom hovudformer og sideformer også i nynorsk, jf. punkt II A ovanfor.

### Spørsmålet om meir systemrette skrive- og bøyingsformer

Behovet for større stabilitet i rettskrivinga tilseier også at ein ikkje går for langt i å ta inn nye eller ta ut gjeldande former for å skape eit meir einsarta eller systemrett mønster i likearta ordgrupper eller bøyingskategoriar. Ein etablert bøyings- eller skrivemåte kan det difor vere god grunn til å halde fast ved sjølv om han representerer eit unntak eller avvik frå eit større mønster. I ein del tilfelle ser vi likevel at meir regelrette og gjennomgripande bøyings- og skrivemåtar kan representera ei formålstenleg forenkling, og at det difor er grunnlag for til dømes å ta ut valfrie former som er avvikande i høve til mønsteret. Minst problematisk vil dette vere dersom ein konsentrerer seg om lite brukte former.

Med dette som utgangspunkt finn vi det naturleg å gje Norsk språkråd høve til å gjere ei ny vurdering av om ein i dei innsende vedtaka kanskje har gått noko langt i å fjerne veletablerte former for å skape eit regelrett mønster. Det er særleg i høve til endringane som gjeld eventuell samandraging av bøyingsformer i substantiv at det synest aktuelt med ein ny gjennomgang, jf. punkta frå 3.2.2.2.2 til og med 3.2.2.2.4 (bokmål) og frå 3.3.1.1.5 til og med 3.3.1.1.6 (nynorsk).

Som ledd i ein slik gjennomgang bør ein også passe på å unngå unødige skilnader mellom bokmål og nynorsk, da dette kan skape nye komplikasjonar på eit område som alt frå før framstår som nokså komplekst. Slik dei vedtekne endringane er presenterte i dei tilsende papira, er det ikkje lett å få fullt oversyn over korleis bøyninga blir sjåande ut for dei ulike ordkategoriane. Vi tillèt oss difor å be om ei samanliknande og systematisert oppstilling som viser det gjennomgåande bøyingsmönsteret for flest mogleg av dei aktuelle orda både på bokmål og nynorsk etter dei vedtekne endringane. Oppstillinga må også vise kva endringane går ut på. Når ei slik oppstilling ligg føre, vil departementet vurdere om det er grunnlag for å konkretisere dei generelle merknadene ovanfor.

#### Tilhøvet mellom bokmål og nynorsk

Departementet finn også at det bør gjerast ein generell gjennomgang for å sjå om det kan ha oppstått andre skilnader mellom bokmål og nynorsk som er unødvendige, slik at det ville vere ei pedagogisk forenkling om ein fekk eit betre samsvar. Konkret har vi merkt oss at ein i bokmål vil oppgradere dei tidlegare sideformene i preteritum av verba be, dra, gi og stå, dvs. at det blir valfritt å skrive ba eller bad, dro eller drog, ga eller gav og sto eller stod. Dei oppgraderte kortformene er utan tvil svært frekvente former, og departementet tillèt seg å be Norsk språkråd vurdere om ein også kan ta inn desse formene i nynorsk, eller om det er avgjerande språklege grunnar som hindrar dette. [3] For ordens skyld strekar vi under at det å unngå skilnader som vi her har karakterisert som unødvendige, ikkje må tolkast som uttrykk for ein målmedveten tilnærningspolitikk mellom nynorsk og bokmål. Her er det framleis St.meld. nr. 13 (1997-98) som må leggjast til grunn. [4]

[Departementet går heretter inn på tilhøvet mellom bokmåls- og riksmålsformer, transkripsjon av namn i nygresk og tilhøvet mellom uttale og skrivemåte ved norvagisering av framandord.]

#### Oppsummering

1 Departementet godkjenner dei vedtaka som er lista opp under pkt. 3.1.5 og 3.1.6 i det tilsende oversynet, med dei modifikasjonane som det er gjort greie for under del III ovanfor. Endringane gjeld frå og med 1. juli 2001.

2 Alle andre vedtak enn dei som er nemnde under pkt. 1, blir sende tilbake til Norsk språkråd med dei grunngjevingane som det er gjort nærmare greie for ovanfor.

3 Departementet ber Norsk språkråd lage ei utgreiing som nærmare drøftar korleis

skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kan takast bort også i nynorsk, og korleis ein i så fall kan tenkje seg å løyse dei spørsmåla som reiser seg i kjølvatnet av dette.

- 4 Departementet ber Norsk språkråd gjere ei samla vurdering av tilhøvet mellom tradisjonelle former og bokmålsnære former innanfor dei ulike delar av nynorsknorma slik ho framstår etter vedtaka på siste rådsmøte, jf. nærmare om dette under del II bokstav b ovanfor.
- 5 Departementet ber Norsk språkråd gjere ei samanliknande og systematisk oppstilling for bokmål og nynorsk som viser det gjennomgåande bøyingsmønsteret av samandregne og fulle former for flest mogleg av dei aktuelle substantiva slik systemet framstår etter dei innsende vedtaka. Vi ber Norsk språkråd vurdere dette nærmare slik som nemnt under del II bokstav b ovanfor.
- 6 Departementet ber Norsk språkråd vurdere om verbalformer som ba, dro, ga og sto kan tillatast i nynorsk på same måte som i bokmål.
- 7 Departementet ber Norsk språkråd gjere ein nærmare analyse av tilhøvet mellom bokmålsnorma og frekvente riksmålsformer, jf. nærmare under del II bokstav b ovanfor.
- 8 Departementet ber Norsk språkråd sjå nærmare på dei nye skrivemåtane for geografiske namn i nygresk.

Med helsing

Stein Sægrov e.f.  
avdelingsdirektør

Ingvar Engen  
seniorrådgjever

Notar: [1] Mellom anna framgår det av referat frå fagnemndmøtet 19. oktober 1999 at det generelle spørsmålet om genus i nynorske substantiv vart utsett til neste rådsperiode. I referatet frå rådsmøtet i 2000 heiter det under pkt. 3.3.1.1.2 Enkeltord med valfri bøyning i fleirtal: "Lus og andre ord som bør vurderast saman med vedtaka som vart gjorde under dette punktet, går til fagnemnda." Og under den generelle meiningsutvekslinga om nynorsknorma på rådsmøtet uttalte ein av fagnemndmedlemene ifølgje referatet at "det trengst ei løpende vurdering av både gamle og nye vedtak også

heretter". Det kan vere noko uklart kva som er meint med den sistnemnde formuleringa, men ho synest i alle høve ikkje utan vidare å kunne sameinast med det breie ønsket om ein ei omlegging av normeringspolitikken som det er gjort greie for ovanfor.

[2] Jf. "Grunngjeving av framlegg til ny læreboknormal for nynorsk" av Jan Terje Faarlund.

[3] Sto er sideform i dag.

[4] "Regjeringa har som utgangspunkt å leggje tilhøva til rette for ei god utvikling for nynorsk skriftspråk. Den tilnærmlingslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon. Det inneber at i staden for å leggje vekt på utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentleg språkbruk også utformast og praktiserast slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv." (St.meld. nr. 13 (1997-98) s. 17)

[5] Det heiter i retningslinjene at ein i behandlinga av heilt nye engelske framord skal prioritere arbeidet med å finne norske avløysarord.

[6] For tidlegare unormerte ord, følgjer det av retningslinjene at justeringar kan skje kvart år. Her har Norsk språkråd fullmakt til å fatte endelige vedtak, altså utan godkjenning i departementet.

## Vedlegg 2:

### Resultata av vedtaka på seksjonsmøtet 13.5.02

#### I Desse prinsippa skal liggja til grunn for arbeidet med nynorsknorma (frå ei samla referansegruppe, s. 16 i sakspapiret til møtet):

- a) Den valfridomen i læreboknormalen som var resultatet av vedtaka på rådsmøtet i 2000, blir ståande som valfridom i den reviderte norma.
- b) Dei sideformene som rådsmøtet i 2000 vedtok å avskaffa, blir ikkje vurderte på nytt no.

#### II Valfridomen skal omfatta:

##### Bøyingsverket

###### Verb:

- 1 infinitiv på -a eller -e
- 2 kort- og langformer i infinitiv (*gle/glede – gje/gjeve*)
- 3 e- eller a-bøyning av dei verba som har slik valfridom (*svara, skifta, peika*)
- 4 preteritum på -de/-te i e-verb på -r (*førde/førte*)
- 5 preteritum på -de/-te (*tolde/tolte, kjende/kjente*)
- 6 sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som sluttar på trykktung vokal (*dra – drar/dreg – dratt/drege, ta – tar/tek – tatt/teke, gli – glir/glid – glidd/glide*)
- 7 inkjekjønnsform av perfektum partisipp på -0, -d, -g og -v (*har nådd eller nått, har arbeidd eller arbeidt, har bygd eller bygt, har levd eller levtt*)
- 8 *gje(va)* og *gi* blir sette opp som to ulike verb
- 9 [fell utanfor valfridomen] *stod* blir eineform (og ein held også på formene *bad, drog, gav*)
- 10 enkeltformer: *ganga - gjeng - gjenge, standa - stend - stade*
- 11 fri samsvarbøyning av svake perfektum partisipp i predikativ posisjon (dvs. begge systema som gjekk inn i 2000-norma) (*dei er kjende / dei er kjent*)

###### Substantiv:

- 12 genus (t.d. *ein/ei klasse, plante, art, grad; ein/ei /eit vis*)
- 13 samandraging i inkjekjønnsord på -el og -er (*kapit(te)let, teat(e)ret, teat(e)ra*)
- 14 underklasse med -ar/-er i hankjønn (typen *benkar/benker*)
- 15 underklassen med -ar/-er i hankjønn skal også omfatta ord på -nad og -a (*bunadar/bunader, sofaar/sofaer*)
- 16 underklasse med -ar/-er i hokjønn (*reimar/reimer*)
- 17 bøyingsmønsteret -e – -et – -e – -a eller -a – -a – -o – -o i *auge*-klassen (*auge – auget – auge – auga / auga – auga – augo – augo*)

- 18 -i/-a i bestemt eintal sterke hokjønnsord og bestemt fleirtal av inkjekjønnsord  
(*soli/sola, beini/beina*)

**Adjektiv:**

- 19 adjektiv på -en i oppslagsforma (typen *open* og *gebrokken*) kan ha -en/-i i hokjønn og -e/-ent i inkjekjønn (*open/opi – ope/opent, gebrokken/gebrokki – gebrokke/gebrokkent*)

**Pronomen:**

- 20 *me/vi*  
21 *ho/henne* i avhengig form  
22 *han/honom* i avhengig form  
23 *nokon/noen*

**Ordlagning:**

- 24 -a/-an- framfor konsonant i retningsadverb (*utafor/utanfor*)

**Ordgrupper:**

- 25 *m/mm* i bøygde former av suffikset -dom (*ungdom(m)en*), og i verbet *kom(m)a*  
26 *n/nn, t/tt* og *k/kk* i gamle kortstava ord (*ven(n), skot(t), lok(k)*)  
27 *y/ø* i ord som *fyrst/først, bølgje/bylgje, søster/syster*  
28 *j / ikkje j* (verbtypen *tenke/tenkje* og substantivtypen *brygge/bryggje, lenke/lenkje*)  
29 monoftong *ø* / diftong *øy* (typen *øyre/øre* og *gløyme/glømme*)  
30 monoftong *ø* og *o* / diftong *au* (typen *draum/drøm, flaum/flom*)  
31 *m/mm* (*hamar/hammar, gamal/gammal*)

**Konsekvensbøyning og blanda bøyning:**

- 32 Det skal utarbeidast eit meir generelt prinsipp med ei mindre streng konsekvensbøyning innanfor infinitivsendinga og innanfor bøyninga av a-/e-verb.

### III Desse klammeformene i rettskrivinga etter 2000-vedtaket går ut:

**Bøyingsverket**

**Verb:**

- perfektum partisipp av sterke verb på -i (*gråti*)
- refleksivformer på -s (*sendas*)
- enkeltformer i bøyninga: *fær – fenge, slær, hev*

**Substantiv:**

- -a i ubestemt form eintal av svake hokjønnsord (ei *visa*)
- -or og -one i svake hokjønnsord i fleirtal (*visor, visorne*)
- fleirtalsformene *menner, feilar – feilane, sko – skoa/skoi, vemmer – vemmene,*

*myser – mysene, lyser – lysene*

➤ fleirtalsformer som *møbel* – *møbla*

**Adjektiv:**

➤ inkjekjønn på -i i adjektiv av -en-typen (*gali*)

**Pronomen:**

➤ eigeforma *hennes*

**Adverb:**

➤ *attast, bakast, innarst, underst, yttarst, nørdre*

**Ordlagning:**

➤ -*lig* i adjektiv (*farlig*)

➤ -*ut* i adjektiv (*steinut*)

**Ordgrupper:**

➤ *m* i lite frekvente ord:

*brame, home, leme.* Dessutan i bestemt form som *brudgomen, lomen, lemen* osv.

## Vedlegg 3:

### Framlegg frå Oddrun Grønvik, Olav Veka, Eilov Runnestø og Kåre Skadberg – 28.10.02

Dette vedlegget til utgreiing om endring av rettskrivinga for nynorsk, skal først og fremst setje fram motframlegg til dei endringsframlegga som er presenterte i kapittel 2, jf. liste i avsnitt 2 nedanfor. Vidare skal desse motframlegga grunngjenvæst, kvar for seg og samla. Det er også nødvendig – som bakgrunn for motframlegga – å gje ei stutt statuskildring av bakgrunnen for arbeidet med nynorskrettskrivinga i denne språkrådsperioden. Det skal seiast at dette er nødvendig ikkje fordi det er usemje om realitetane, korkje når det gjeld den større bakgrunnen eller den konkrete saka, men fordi det er (minst) to ulike syn i referansegruppa (og nynorskseksjonen i Språkrådet) på korleis realitetane skal tolkast, og på kva tiltak nynorsk skriftmål og det nynorske språksamfunnet er best tente med.

Det som følgjer, er

- 1 status for a) normeringa av nynorsk rettskriving og b) nynorsk som bruksmål
- 2 samla grunngjeving for motframlegg 2.1.1.b–2.2.5.a
- 3 presentasjon og særleg grunngjeving for motframlegg 2.1.1.b–2.2.5.a.

#### **1 a) Normeringa av nynorsk rettskriving – status**

Nynorsk skriftmål har i dag eit system med ein heller trøng læreboknormal definert gjennom hovudformer, og ei vidare rettskriving, som omfattar både hovudformer og sideformer (dei siste også kalla klammeformer på grunn av føringsmåten i ordbøker og ordlistar, med skarpe klamar rundt sideformene). Dette systemet gjeld til noko anna er vedteke av heile Språkrådet, og vedtaket er sanksjonert av Kultur- og kyrkjedepartementet. Endringar i nynorskrettskrivinga kan tidlegast ta til å gjelde frå (ein dato i 2004).

Gjennom det definerte bruksområdet for læreboknormalen har det todelte systemet for nynorskrettskrivinga gjort det mogleg å få ei stabil skriftnorm for nynorsk som arbeids- og undervisningsspråk. Skriftspråket har fått eigentyngd. Samstundes har den vidare rettskrivinga gjort det mogleg å forme ut eit meir personleg skriftmål for dei som ønskjer det. Intensjonen har vore at den vidare rettskrivinga skulle gjere det mogleg å leggje nynorsk skriftmål opp mot talemålet i alle delar av Noreg. Ein annan intensjon har vore å spare urøynde brukarar, særleg skuleelevar, for å få feil for spontan og talemålsbasert skriftmålsbruk. Nynorsk rettskriving skal stutt sagt spenne over både eit nasjonalt standardskriftmål, og eit fullt register av meir eller mindre fintilpassa lokale skriftmålsuttrykk.

Kjernen i rettskrivinga for nynorsk er læreboknormalen. I den er lyd, bøyingsverk og grammatikk for nynorsk skriftmål klarast systematisert og uttrykt. Trass i dette har det i seinare år vore misnøye med at læreboknormalen er for vid, har for mange alternativ og for få unntaksfrie reglar. I førre periode (1996–1999) gjennomførte Norsk språkråd ved fagnemnda derfor eit utgreiingsarbeid for å sjå om det let seg gjere å avgrense

valfridommen innanfor læreboknormalen for nynorsk, dels ved å nedgradere former frå hovudformer til sideformer, dels ved å fjerne svært lite brukte former frå rettskrivinga. Dette arbeidet resulterte i det såkalla 2000-framlegget, som kom i retur frå Kulturdepartementet, jf. punkt 1.1 og vedlegg 1 til dette skriftet.

Kulturdepartementet har returnert 2000-framlegget til Språkrådet og bede om ei ny utgreiing på andre premissar. No er hovudspørsmålet ikkje lenger å snevre inn læreboknormalen innanfor det eksisterande rettskrivingshierarkiet, men å vurdere om det er mogleg å oppheve systemet med hovudformer og sideformer, og vidare vurdere korleis rettskrivinga da skal sjå ut.

Retningslinjene som Norsk språkråd ved referansegruppa har arbeidd etter, står først i vedlegg 2 og lyder som følgjer:

- 1 *Den valfridomen i læreboknormalen som var resultatet av vedtaka på rådsmøtet i 2000, blir stående som valfridom i den reviderte norma.*
- 2 *Dei sideformene som rådsmøtet i 2000 vedtok å avskaffa, blir ikkje vurderte på nytt no.*

Det ligg dermed i mandatet for denne utgreiinga å vurdere lagnaden til

- a) ord og former som vart sideformer etter 2000-framlegget
- b) ord og former som er sideformer i gjeldande rettskriving, og som ikkje skulle fjernast frå rettskrivinga etter 2000-framlegget (jf. omtale punkt 1.6)

Men denne utgreiinga må ta utgangspunkt i gjeldande rettskriving med gjeldande hovud- og sideformer. 2000-framlegget er avvist som framlegg om rettskrivingsendring, og har berre status som eit forarbeid til denne utgreiinga. Det er derfor (i kapittel 3) gjort greie for **alle** framlegg om å fjerne ord og former frå nynorskrettskrivinga, anten framlegget skriv seg frå 2000-framlegget eller kjem frå referansegruppa (på bakgrunn av seksjonsvedtak 13.5.02). Dersom eit framlegg skriv seg frå 2000-framlegget, er det nemnt. Likeins syner tabellsamandraget for alle vedtaksframlegg (Punkt 4.1) om eit framlegg skriv seg frå 2000-framlegget.

Referansegruppa har som nemnt delt seg i synet på korleis ei rettskriving for nynorsk med berre hovudformer bør sjå ut. I dette arbeidet har både grupper som tid gått utanfor premissane som er nemnde ovanfor, og revurdert ymse mindre punkt i 2000-framlegget. Det framgår av omtalen kvar dette er gjort.

Vi vil heretter nemne dei to som Framlegg A (= fleirtal på møtet i nynorskseksjonen 13.5.02, i referansegruppa representerte ved Sandøy, Vikør og (frå september 2002) Forfang) og Framlegg B (= mindretal på møtet i nynorskseksjonen 13.5.02, i referansegruppa representert ved Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka, og ved Faarlund til han gjekk ut or referansegruppa i juni 2002).

### **1 b) Stoda for nynorsk bruksmål og normeringsbehov ut frå dette – status**

Hierarkiet i nynorskrettskrivinga har ein viktig språkpolitisk funksjon som har vore rekna som føremålstenleg av nynorskens brukarar og talsmenn. Læreboknormalen gjev eit nødvendig minstemål av autoritet til ynsket om at nynorsk skriftmål skal framstå

som eit moderne standardspråk, eit velutvikla og nøytralt medium for all slags bruk og alle slags tankar. Den vidare rettskrivinga har samstundes lagt til rette for lokal og individuell tilpassing av nynorsk skriftmål innanfor rettskrivinga, og såleis legalisert – og legitimert – påstanden om at nynorsk skriftmål representerer alt norsk talemål og kan ta opp i seg ordtilfang og målføredrag frå alt norsk folkemål på ein heilt annan måte enn det bokmålet kan eller gjer. Dette er i sin tur viktige argument for fotfolket i nynorskorganisasjonane når dei skal tale nynorskens sak, til dømes i samband med skulemålsspørsmål.

Denne ordninga har nynorsfolk, i alle fall organiserte og aktive nynorsfolk, vore godt nøgde med, og mange er det framleis, jf. framlegget frå Johan Myking (vedlegg 4). Opptaket til å fjerne ordninga med hovudformer og sideformer kom ikkje frå nynorskbrukarane, men frå Kulturdepartementet, og er knytt til at systemet med hovud- og sideformer vil bli oppheva for bokmålet sin del. Denne saka er endeleg avgjort, og blir rekna som ei følgje av at tanken om politisk styrt tilnærming mellom målformene er lagd til sides for godt (pkt 1.1.1).

Dette stiller nynorskstrategane framfor ei ny utfordring. Nynorsk er eit minoritetsspråk og under konstant press frå bokmål. Spørsmålet er om nynorsk kan bli ståande som eit "klammeformspråk" når bokmålet kvittar seg med dette systemet. Eit rettskrivingssystem med to statusnivå er ein kuriositet i lingvistisk samanheng, om ein jamfører med andre europeiske standardspråk, og det kan skape inntrykk av at tilhøva rundt nynorsk skriftmål er meir kompliserte og mystiske enn dei er. Spørsmålet om sideformene (klammeformene) kan med andre ord vere like mykje som eit spørsmål om framtoning og førsteinntrykk som om praktisk funksjon.

Språkrådet har i denne situasjonen lagt avgjerande vekt på å få undersøkt funksjonen ved det noverande systemet, jf. punkt 1.4 der dei såkalla punktgranskingane er refererte. Punktgranskingane utgjer ein viktig del av grunnlaget for haldningsvurderingane bak einskildframlegg både i framlegg A og framlegg B, men tolking og vektlegging har ulik tendens. Etter punktgranskingane å dømma er formene i læreboknormalen dominerande i prent, medan sideformene er temmeleg därleg representerte, også i tilfang med sterke lokal tilknyting. I upublisert tilfang står i alle fall somme av sideformene monaleg sterke. Dette kan ikkje kallast overraskande funn, og sidan det er lett å sjå grunnar for at det må vere slik, har desse funna neppe hatt utslagsgjenvende verknad for strategidebatten innetter mellom nynorskbrukarar.

Nynorskseksjonen i Språkrådet og det interesserte omland har hatt tilgjenge til både punktgranskingane og til å delta i debatt om dei språkpolitiske utfordringane som har kome opp for nynorskbrukarane. Debatten har så langt vore sakorientert – ingen ynskjer strid, alle ynskjer ein styrkt posisjon for nynorsk. Men synspunkta på korleis ein oppnår dette, sprikjer sjølv sagt. Dette har førebels ført til at landsmøtet i Noregs Mållag har gått inn for å halde på hierarkiet i rettskrivinga (april 2002) medan nynorskseksjonen i Språkrådet har gått inn for å fjerne det (seksjonsmøtet 13.5.02). I både forsamlingsvar det eit stort mindretal for det motsette standpunktet, og det ville vere urett å seie at frontane er fastlåste, eller ein gong at det er klare frontar.

Nynorskseksjonen i Språkrådet har no fleirtal for at systemet med hovudformer og sideformer skal avviklast. Dersom systemet med hovud- og sideformer i rettskrivinga

skal falle bort, er Språkrådet forplikta til å ta stilling til kva som skal skje med sideformene. To ytterstandpunkt er moglege. Det eine er å ta vekk sideformstatusen og vedta at den nye rettskrivinga skal omfatte alt som no er del av den vidare rettskrivinga. Det andre er å setje den nye rettskrivinga lik den noverande læreboknormalen (modifisert av 2000-framlegget), og ta ut alt som ligg utanfor den (stryke "innhaldet i klammene").

Ingen av ytterstandpunktene blir eller er blitt målborne frå referansegruppa som har fått i oppdrag å utarbeide denne utgreiinga. Den mest ynskjelege utgangen på arbeidet er heilt klart samrøystes framlegg på flest mogleg punkt. Det er ynskjeleg at debatten om den framtidige nynorskrettskrivinga under høyringsrunden og i tida fram mot årsmøtet 2003 skapar ei fastast mogleg sams plattform for framtidig normering av nynorsk skriftmål. Den opne høyringa november–desember 2002 er ein lekk i arbeidet med å skape ei slik plattform, slik at vedtak på årsmøtet i Språkrådet 2003 kan vere så velfunderte som vi kan få til.

## **2 Samla grunngjeving for motframlegg til punkt i kapittel 2**

På møtet 13.5.02 var det lagt fram for nynorskseksjonen i Språkrådet ei rekkje einskild–framlegg, ordna i to rammeframlegg A og B. Både framlegga gjekk ut på å ta ut frå rettskrivinga mange drag ved bøyingsverket som har sideformstatus, og som har synt seg å vere lite brukte (sjå kapittel 3). Men etter framlegg A skulle ein ta inn i rettskrivinga mykje meir av dei noverande sideformene enn det talsmennene for framlegg B ynskte. Skilnaden mellom framlegg A og framlegg B gjeld då punkt som er behandla i kapittel 2. Dei fire punkta som er viktigast i høve til framlegg B, er

2.1.1.b Diftongar – monoftongar:  $\phi y/\phi$  og  $au/\phi$ ,  $au/o$

2.1.2.c Former med og utan *j* etter *g* og *k*

2.2.1.b Hankjønnssord med *-ar/-er* i fleirtal

2.2.4.h Verb med preteritum på *-de* eller *-te*

Framlegg B har også motframlegg til følgjande punkt:

2.2.1.d *-a/-i* i bunden form eintal av sterke hokjønnssord og bunden form fleirtal av inkjekjønnssord

2.2.3.d *nokon/noen*

2.2.4.a Infinitivsending på *-a* eller *-e* eller kløyvd infinitiv

2.2.4.b Kort- og langformer i infinitiv og utlydande *-d* i preteritum av sterke verb

2.2.4.e Sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv sluttar på trykktung vokal

2.2.4.g Valfri a-bøyning, e-bøyning og blanda bøyning i verb med tidlegare val mellom a- og e-bøyning

Utfyllingar til kapittel 2 gjeld følgjande punkt

2.1.2.a Ord med enkel eller dobbel *m* (gjeld typen *fridom - fridomen / fridommen*)

Omtalen av kvart punkt kjem i same orden nedanfor som i kapittel 2.

I kapittel 2 er kvart vedtaksframlegg dokumentert i høve til malen nedanfor, som er nytta så langt han vart funnen relevant i høve til framlegg A:

- a) Talemålsutbreiing
- b) Utbreiing i skriftleg bruk
- c) Den indre bygdnaden
- d) Ordgruppe (ein klasse)
- e) Identitetsuttrykk
- f) Nytt? (jamført med gjeldande rettskriving)

Bruken av denne malen har tydeleggjort for framleggsstillerane bak B at grunnhaldningane attom framlegg A og framlegg B er ulike, og at det kan vere nyttig å setje ord på denne ulikskapen. Dette er gjennomgripande haldningar som gjer seg gjeldande i høve til alle framlegg der det er dissens.

Skilnadene gjeld dels synet på tilhøvet mellom individ og samfunn, tale og skrift. Slik vi les grunngjevingane for framlegg A, ser det ut som om:

- Det blir gått ut frå at alle har trong til å kunne forme ei personleg rettskriving basert på eigen tale, og at den talen er eit stabilt målføre med solid lokal forankring og i allmenn lokal bruk.
- Dette pårekna behovet blir nytta som argument for å ta inn i nynorskrettskrivinga språkdrag som fell saman med bokmål.
- Spørsmålet om bokmålpåverknad på talen blir ikkje drøfta.
- Det blir ikkje teke høgd for at folk flytter og blir påverka språkleg frå mange hald, slik at målførebakgrunn gjev mindre stø no enn før.
- Det blir ikkje nemnt at den nøytrale (og ofte upersonlege) språkbruken i omfang er større enn den personlege, og at det er i møtet med den mange skiftar målform.
- Det blir ikkje sett fram som eit mål at skriftmålet skal halde seg stabilt (endringar i norma bør kome etter endringar i bruksspråket, ikkje omvendt).
- Skriftmålet blir ikkje tilkjent ei eiga rolle i høve til kontinuitet, påverkingskraft eller identitetsberar.
- Behovet for å ha ei stabil og regelfast rettskriving som er handterleg for uøvde (arbeidstakarar, lærarar og elevar) blir ikkje nemnt.

Slik det ser ut, legg framleggsstillerane bak framlegg B større vekt på skriftmålet som sjølvstendig, sameinande og kulturberande faktor enn det er gjort i argumentasjonen for framlegg A. I eit historisk perspektiv kan ein sjå det som normalt at eit ungt skriftmål med lite stø i litteratur må byggje på talemålsunderlaget og ligge tett på talen. Det vil ikkje seie at det er eit langsiktig mål å halde fram slik. Eit etablert skriftmål har ei anna påverknadskraft nettopp av di det er stabilt. Da er det ei trygg intellektuell investering å lære det skikkeleg, nettopp fordi det ikkje kjem til å endre seg så fort. Vi meiner at 50 år med læreboknormalen har ført nynorsk skriftmål fram til å bli eit standardspråk. Vi ser endringsframlegg som dei fire første vi har lista opp, som systemoppløysande, og meiner at slike endringar gjer sitt til å svekkje og ikkje styrke nynorsk som bruksmål.

Derfor går vi sterkt mot at desse sideformene kjem med i rettskrivinga som jamstelte hovudformer.

Nokre spesielle omsyn har vore framheva som argument for ei vid norm.

- *Skriftmålsinnlæring* (i barneskolen): Der er det no allment godteken pedagogikk at barna "skriv seg inn" med utgangspunkt i eigen tale, og det tek mange år før rettskrivingsfeil blir retta strengt. Dette momentet har derfor ikkje same vekt som før.
- *Første opplæring i sidemål*: Ei vid norm gjer det lettare for elevar å prøve seg fram ut frå eige talemål, og aukar attkjenningsgevinsten. Når røynde lærarar seier at dette er ein føremon for somme elevar, er det berre å ta det til etterretning. Spørsmålet blir korleis ein kan kome dette omsynet i møte utan å gjere rettskrivinga uhandterleg vid.
- *Kunstnarleg bruk*: Formelt sett står skjønnlitterære forfattarar fritt til å forme si eiga norm (i dialog med forlag og andre utgjevarar). At dei skal ha rettskrivinga som ryggstø i alt formval kan vanskeleg vere eit stort omsyn – særleg av di norsk utgjevartradisjon er å vere raus når det gjeld personleg uttrykk.
- *Profesjonell sakprosa*: Her blir det ofte kravt offisiell rettskriving, særskilt i litteratur som kan vere aktuell for skulen. Men høyrer det ikkje med til det å vere profesjonell forfattar eller journalist å mestre den rettskrivinga som gjeld, og dei normene for skriftleg uttrykk som finst? Dette kan ikkje vere eit stort omsyn i seg sjølv.
- *Forventninga om personleg fridom innanfor nynorskrettskrivinga*: Lovnader om å finne høve til talemålstilpassing og personleg uttrykk i nynorskrettskrivinga har nok vore i omlaup i mange år, med varierande gjennomslag, men for mange er dette viktig. Spørsmålet er kor viktig det er i høve til heilskapen (dvs heile nynorskrettskrivinga).

## **Noko om "rettskriving" versus "norm"**

I kapittel 1 er det skrive innsiktsfullt om normer og normdanning. Men i høve til den aktuelle normeringsprosessens for nynorsk kan det sjå ut som om normdanning får for mykje vekt jamfört med dei meir tekniske sidene ved arbeidet. Ein kan få inntrykk av at rettskrivinga representerer ei norm, og at den norma er legitim berre om ho er vedteken på demokratisk vis med breiast mogleg deltaking.

Vi som står bak framlegg B, meiner at nynorskrettskrivinga først og fremst er ei rekke svært spesifiserte vedtak om stavemåte og bøyning, med eit definert bruksområde. I tillegg er det ynskeleg at nynorskrettskrivinga har positiv normstatus, slik at ho blir nytta også av dei som ikkje er nøydde til å rette seg etter henne. Språkrådet har også arbeidsoppgåver på det området, og det må sjølsagt følgjast opp.

Det finst mange samfunnsområde der framlegg til regelsett må utformast av spesialistar av di det krev stor teknisk fagkunnskap å forstå følgjene av vedtak, og likeins korleis vedtak må formast for å vere funksjonelle i det systemet dei skal verke i. Denne standardiseringssida er ei viktig side ved fastsetjing av rettskriving. Det vil ikkje seie at ein ikkje skal prøve å oppnå breiast mogleg støtte for vedtak. Kvalitetsmerket på

god standardisering er at om folk i det heile legg merke til noko, så er det forbetring. Men til sjuande og sist må avgjerdene takast i kvalifiserte fora, og ikkje berre ut frå det omsynet at flest mogleg skal vere fornøgde. Nynorskseksjonen i Språkrådet skal vere eit slikt kvalifisert forum for språkleg standardisering. Men det ville vere mykje å seie på samansetjinga om ein ynskte seg ei representativ – i tydinga gjennomsnittleg – brukarforsamling.

Det må også seiast at det ikkje er allmenn semje i referansegruppa om at Språkrådet bør ta på seg ein generell rådgjevingsfunksjon når det gjeld såkalla husnormer (pkt 1.5.3), eller at første kvalitetsmål for slike husnormer skal vere forankring i lokalt talemål. Noko anna er at (sekretariatet i) Språkrådet alltid vil vere viljug til å gje synspunkt på slike spørsmål dersom spørsmåla kjem. Slik rådgjeving ligg til dei ordinære arbeidsoppgåvene som Språkrådet alt har.

3 presentasjon og særleg grunngjeving for motframlegg 2.1.1.b–2.2.5.a.

### ***Motframlegg til 2.1.1.b diftongar – monoftongar***

#### *Motframlegg*

Dei orda som har valfridom mellom diftong og monoftong innanfor den noverande læreboknormalen, skal halda på valfridomen. For ord med diftong som har sideform med monoftong, fell sideforma bort.

#### *Grunngjeving*

Etter framstillinga i 2.1.1.b er det berre ord som har diftong *au* eller *øy* framfor *m* som i dag har sideform (klammeform) med monoftong. I samband med andre konsonantar finst det valfrie former med diftong eller monoftong, men sidan både former er hovudformer, vil både bli ståande i den framtidige rettskrivinga.

Dei gamle diftongane i norsk er *au*, *ei*, og *øy*. Dei har halde seg godt i talemålet og blir rekna som sentrale element også i nynorsk fonologi, slik dei òg kjem til uttrykk i nynorsk skriftmål.

Framlegga i denne utgreiinga går i to leier når det gjeld diftong versus monoftong. Såleis vart i 2000-framlegget ei rekkje på 6 ord med valfrie hovudformer med rotvokal *ei* eller *e* omdefinerte slik at monoftongformene vart sideformer. Det er no sams framlegg om at desse sideformene går ut or rettskrivinga, slik at diftongformene blir eineformer, jf. pkt 3.3.2.a.

Når det gjeld *au* og *øy*, er det framleis slik at det store fleirtalet av ord i nynorsk med ein av desse diftongane som rotvokalisme, er eineformer. Såleis har *Nynorskordboka* (NOB) 70 ordformer med -*øy-* som rotvokal, men dei fleste av dei er heller sjeldsynte, eller dei har same form på bokmål. Dei 9 som har jamstelt hovudform med -*ø-*, og dei 6 med sideform [-*ø-*], representerer eit systembrot i høve til nynorsk fonologi, men er høgfrekvente og er dermed lett synlege. Dei nynorske ordsamlingane ved Universitetet i Oslo har meir enn 260 usamansette verb med -*au-* som rotvokalisme, men frekvensen gjer vel at dei har vore uinteressante i monoftongeringssamanheng.

Det blir såleis meir eit spørsmål om kvar ein vil setje grensa enn ja eller nei til monoftongering.

Eit monoftongerande målføre skil ikkje ut ei handfull høgfrekvente ord og gjev dei monoftong, medan resten står med diftong. Det verkar nokså openbert frå normeringssoga at føremålet med innføring av *ø* for *øy* eller *au* i dei orda som har det, var tilnærming til bokmål. Noko anna er at monoftong i desse orda kan ha gjort sitt til at nynorsk kjendest mindre framandt.

Nettsøk<sup>2</sup> (oktober 2002) på desse ordformene gav resultat som vist i tabellen nedanfor (mest alle treff på "strømme" i nynorsk kontekst, var personnamn). Diftongformene dominerer i skrift.

### -au- [-ø-]

diftongform	nettsøk	monoftongform	nettsøk ein +/- ikkje +
<i>draum</i>	ca 540	[drøm]	ca 60
<i>straum</i>	ca 780	[strøm]	ca 60
<i>flaum</i>	ca 250	[flom]	ca 40
<i>flaume</i>	3	[flomme]	3
<i>taum</i>	20-30	[tom]	??

### -øy- [-ø-]

diftongform	nettsøk	monoftongform	nettsøk ein +/- ikkje +
<i>fløyme</i>	ca 30	[flømme]	3
<i>drøyme/-a</i>	ca 250	[drømme]	70 (drømma s + v)
<i>gløyme</i>	ca 550	[glømme]	90
<i>gløymen</i>	1	[glømmen]	0
<i>gløymske</i>	7	[glømske]	4
<i>gløymsk(en)</i>	1	[glømsk(en)]	2
<i>gløymsle</i>	ca 70	[glømsle]	2
<i>gøyme</i>	ca 150	[gjømme]	ca 35
<i>gøymsle</i>	30	[gjømsle]	4
<i>strøyme</i>	84	[strømme]	3 ( <i>strømde</i> ) 20 ( <i>strømmar</i> )

## Tillegg til 2.1.1.b

*øy* – *ø*

*Status i dag*

Etter den gjeldande rettskrivinga er formene *døy* [dø] valfrie.

---

<sup>2</sup> Søkjemotor: Google på nynorsk

## Framlegg

- Forma [dø] går ut av norma. (Grønvik, Runnestø, Skadberg, Veka)

### Normhistorikk/Skriftmålsgrunnlag

*Døy* var ordboksform frå 1903. *Døy* med klammeforma [dø] vart teken inn i Ny læreboknormal 1959. Nynorsk frekvensordbok har registrert former av *døy* 104 og av *dø* 8 gonger.

### Vurdering/Konklusjon

Referansegruppa legg her fram eit delt framlegg. Framlegget frå Forfang, Sandøy og Vikør går fram av punkt 2.1.1.b.

**Tillegg til tekst under 2.1.2.a** Ord med enkel eller dobbel m (typen *gamal/gammal, kome/komme, fridomen/fridommen*)

I høve ord på *-dom* fråvik vi retningslinjene og går attende på 2000-framlegget som følgjer

*-dom* m1 el *-dommen -dommar* > *-dom* m1 el [-*dommen -dommar*] > *-dom* m1 el *-dommen -dommar*.

**Motframlegg til 2.1.2.c.** Former med og utan j etter g og k (typen *tenkje/tenke, bryggje/brygge*)

### Motframlegg

For ord med rotutlyd *-gj-* [-g-]; *-ggj-* [-gg-]; *-kj-* [-k-]; *-kkj-* [-kk-] i den noverande rettskrivinga, fell sideformene med [-g-]; [-gg-]; [-k-]; [-kk-] bort.

## Grunngjeving

I den gjeldande rettskrivinga for nynorsk er det ei stor gruppe verb som har infinitiv på *-gj- / -ggj / -kj / -kkj- + infinitivsending*. Mange av desse verba har sideform i infinitiv utan *-j*, men slett ikkje alle. Dette er ei stor og mangearta verbgruppe, sentralt plassert i verbsystemet for nynorsk på fleire vis, mellom anna når det gjeld inndelinga av verba i klassar (ulike klassar svake verb: sterke verb versus svake) og i høve til bøyningssystemet (samsvarsbøyninga).

I og med at verbgruppa ikkje er einsarta frå før, kan utviding av valfridomen på eitt punkt få følgjer for systemet i nynorsk grammatikk som ein no ikkje har oversyn over, og gje kjensle av systemoppløysing. Ei så gjennomgripande endring vil mellom anna reise nye spørsmål om kva krav ein kan stille til konsekvens i gjennomføringa av rettskrivingsval. Det som er visst, er at stoda blir mindre oversynleg enn ho i dag er for det store fleirtalet av nynorskskrivarar, som står seg på den noverande læreboknormalen.

Tilfanget for hand femner om meir enn 130 oppslagsformer berre for verb. Med homografseparering og samansetningar vil eit vedtak omfatte fleire hundre verb. Mellom dei er somme av dei mest frekvente og produktive verba i nynorsk. Alt dette tilseier varsemd.

I tillegg kjem andre ordklassar med -j-laus sideform ved sida av verba. Den med flest ord i seg, er svake hokjønnsubstansiv. Det er uråd å gje sikre tal for storleiken på ei slik ordgruppe, men NOB har mellom 20 og 30 usamansette svake hokjønnsubstansiv på -*gje* eller -*kje*. (Dei nynorske ordsamlingane har om lag 80.) Drøftingane nedanfor gjeld likevel først og fremst verba, inndelt i grupper etter stømnutlyd (konsonantgruppa framfor infinitivsendinga).

### **Tilfanget**

Drøftinga nedanfor byggjer på ein gjennomgang av alle usamansette verb med infinitiv på

-*gje* eller -*kje* som finst i databasen for siste utgåve av *Nynorskordboka* (NOB). Kvar verbform er teken med ein gong, men kan representere opp til tre homografer (likeskrivne ord) med svak bøyning. Når ordet verbform er nytta nedanfor, er det av di tilfanget ikkje er homografseparert i denne presentasjonen.

Delar av tilfanget som er teke med her, er ikkje kome med under grunngjevinga for framlegg A. Det gjeld verb med stømnutlyd på -*lkj*, -*rkj*-, -*skj*-. Men sidan desse orda fyller vilkåra for å reknast med i gruppa, er dei likevel tekne med her.

### **Sterk vs linn bøyning**

Somme av desse verba er sterke, men dei fleste er linne. Ein del har -a-bøyning, men dei fleste har -e-bøyning, og innanfor den noverande læreboknormalen fordeler dei seg slik at preteritum på -*de* er det vanlegaste for verb med stømnutgang på -*g*-, medan dei med stømnutgang på -*k*- normalt har preteritum på -*te*. Dette er ein veletablert del av systemet i rettskrivinga som har stått fast så lenge nynorsken har hatt ein vedteken rettskrivingsnormal.

Mange av verba med preteritum på -*gde* kjem også inn under punkt 2.2.4.h, jf. også *motframlegg* lenger ned.

### **Parverb**

Ein del av desse verba er parverb til sterke verb med same stømnutgang, men utan -j- framfor infinitivsendinga. Dette draget er godt gjennomført innanfor læreboknormalen og ein vel etablert pedagogisk regel som det er god grunn til å ikkje røre ved.

### **Dei ulike verbgruppene**

#### **Verb med stømnutgang på vokal eller diftong + -*gj*-**

Dei fleste verba har berre hovudform, ikkje -j-laus sideform. Desse står oppførte i NOB: *bleigje*, *bægje*, *fløygje*, *høgje* (med samansetningane *for-*, *oppføgje*), *lægje*, *søgje*, *vægje*, *øygje*.

Eitt verb har -j-laus sideform, nemleg *blygje* [*blyge*] .

### **Verb med stømnutgang på -ggj-**

Det er i alt 18 usamansette verbformer med -ggj- i NOB. Eitt verb har j-laus jamstilt hovudform (*ryggje*), resten har -j-laus sideform. Av desse er det 3 sterke verb (*liggje*, *nyggje*, *tyggje*).

8 verbformer har preteritum på -gde

4 verbformer har preteritum på -a (*eggje*, *kneggje*, *skjeggje*, *sleggje*)

2 verbformer har preteritum på -gde el -a (*bryggje*, *tryggje*)

Eitt verb avvikande bøyning (*leggje*).

I denne gruppa er det fleire høgfrekvente verb, og fleire som er svært produktive i samansette ord. Det gjeld særleg *leggje*, som har 46 samansetningar i NOB.

Liste over verb med -ggj-:

#### **Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar**

*bleggje* [*blegge*]

*bryggje* [*brygge*]

*byggje* [*bygge*] (føre-, klink-, kravell-, slett-, underbyggje)

*deggje* [*degge*]

*eggje* [*egge*]

*glyggje* [*glygge*]

*hyggje* [*hygge*]

*kneggje* [*knegge*]

*leggje* [*legge*] (46 sms i NOB, sjå nedanfor)

*liggje* [*ligge*]

*nyggje* [*nygge*]

*ryggje* *rygge*

*skjeggje* [*skjegge*]

*skyggje* [*skygge*] (overskyggje)

*sleggje* [*slegge*]

*styggje* [*stygge*]

*tryggje* [*trygge*]

*tyggje* [*tygge*] (skumtyggje)

Verba *leggje* og *liggje* er parverb.

samansetjingar på *leggje* i NOB (46):

*band-*, *bane-*, *banepå-*, *bar-*, *be-*, *berr-*, *beslag-*, *blott-*, *botn-*, *bru-*, *bøte-*, *farge-*, *flis-*, *flo-*, *for-*, *grav-*, *grunn-*, *grus-*, *haug-*, *helle-*, *hug-*, *kart-*, *klar-*, *klår-*, *klår-*, *kross-*, *mine-*, *mørk-*, *ord-*, *plan-*, *post-*, *pukk-*, *på-*, *røyk-*, *råd-*, *sink-*, *skatt-*, *skodde-*, *skrin-*, *sylv-*, *teppe-*, *tvangsinn-*, *tvi-*, *tørr-*, *tåke-*, *øydeleggje*

Til opplysning kan det nemnast at Dei nynorske ordsamlingane ved Universitetet i Oslo har 158 samansetningar på -leggja.

### **Verb med stомнutgang på -lgj-**

6 verb har stомнutgang på -lgj-:

*belgje el belge, bølgje [bylgje], elgje, følgje [fylgje], svelgje, telgje.*

3 har preteritum på -a (*belgje el belge, bølgje [bylgje], elgje*)

3 har preteritum på -gde (*følgje [fylgje], svelgje, telgje*)

Eitt av desse verba har *j*-laus jamstelt hovudform, men ingen av dei har *j*-laus sideform. Dei blir derfor ikkje behandla vidare her.

### **Verb med stомнutgang på -ngj-**

I alt 26 verb har stомнutgang på -ngj- i NOB.

22 har preteritum på -gde (sjå og pkt xxx)

3 har *a*-bøyning (*klyngje, sengje, strengje*)

1 har sterkt bøyning (*syngje*)

#### **Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar**

<i>blengje</i>	[blenge]	
<i>dengje</i>	[denge]	
<i>dyngje</i>	[dynge]	
<i>fengje</i>	[fenge]	
<i>flengje</i>	[flenje] (hudflenje)	
<i>hengje</i>	[henge]	
<i>klengje</i>	[klenje]	
<i>klyngje</i>	[klynge]	
<i>krengje</i>	[krenge]	
<i>kyngje</i>	[kyng]	
<i>lengje</i>	[lenge] (forlengje)	
<i>mengje</i>	[menge]	
<i>rengje</i>	[renge]	
<i>ringje</i>	[ringe] (samringje)	
<i>sengje</i>	[senge]	
<i>slengje</i>	[slenge]	parverb til slenge
<i>slyngje</i>	[slynge]	
<i>sprengje</i>	[sprenge] (kjølsprengje)	
<i>stengje</i>	[stenge]	
<i>strengje</i>	[strenge] (anstrengje)	
<i>svengje</i>	[svenge]	
<i>syngje</i>	[syng]	(lovsyngje)
<i>trengje</i>	[trenge]	(fortrengje) parverb til trenge
<i>tyngje</i>	[tyng]	
<i>vrengje</i>	[vrengje]	(forvrengje)
<i>yngje</i>	[yngje]	(foryngje)

### **Verb med stомнutgang på -rgj-**

NOB inneholder 5 verb med denne stомнutgangen.

Ingen har -j-laus sideform i infinitiv, og dei blir derfor ikkje omtala vidare her.

Alle 5 har preteritum på -gde (sjå og pkt xxx)

Eitt har i tillegg a-bøying (*hyrgje*)

#### **Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar**

*dørgje*

*fergje*

*herbyrgje herberge*

*hyrgje*

*sørgje* [syrgje] (forsørgje)

### **Verb med stомнutgang på vokal eller diftong + -kj-**

Det er i alt 37 verbformer i NOB i denne gruppa. 8 verbformer har ikkje -j-laus sideform, nemleg

*dykje, flækje, hækje, lækje, nækje, rækje, røkje, snækje*

Av dei attverande 29 verbformene har 26 preteritum på -kte.

3 har preteritum på -a (*eikje, enkje, møkje*). Fleire av desse verba er høgfrekvente, og finst dessutan att i mange samansette verb.

#### **Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar**

*bleikje* [bleike]

*brikje* [brike]

*bøkje* [bøke]

*bøykje* [bøyke]

*eikje* [eike]

*flikje* [flike]

*føykje* [føyke]

*hykje* [hyke]

*kikje* [kike] (ikkje dss I el II kike)

*krøkje* [krøke]

*kveikje* [kveike]

*mykje* [myke] (audmykje)

*møkje* [møke]

*møykje* [møyke]

*rikje* [rike]

*røykje* [røyke] (kald-, kjede-, smug-, varmrøykje)

*skräkje* [skräke]

*sleikje* [sleike]

*slikje* [slike]

*smeikje* [smeike]

<i>snikje</i>	[ <i>snike</i> ]	(ikkje dss <i>snike</i> st v)
<i>spekje</i>	[ <i>speke</i> ]	
<i>sprikje</i>	[ <i>sprike</i> ]	
<i>spækje</i>	[ <i>spæke</i> ]	
<i>spøkje</i>	[ <i>spøke</i> ]	
<i>steikje</i>	[ <i>steike</i> ]	( <i>brun-</i> , <i>gjennom-</i> , <i>glo-</i> , <i>grill-</i> , <i>rå-</i> , <i>sprø-</i> , <i>tvisteikje</i> )
<i>søkje</i>	[ <i>søke</i> ]	( <i>be-</i> , <i>for-</i> , <i>heim-</i> , <i>opp-</i> , <i>sak-</i> , <i>undersøkje</i> )
<i>veikje</i>	[ <i>veike</i> ]	
<i>vikje</i>	[ <i>vike</i> ]	(parverb til <i>vike</i> st v)

### Verb med stømnutgang på -kkj-

Det er i alt 28 verbformer i NOB i denne gruppa.

24 av dei har preteritum på -kte.

1 verbform har preteritum -kkte (*søkkja*).

1 verbform har preteritum -a (*stykka*).

2 verbformer har preteritum -kte + anna bøyning (*flekkja*, *strekkja*).

7 av desse verba er parverb til sterke verb.

### Hovudform Sideform Tilleggsopplysninger

<i>blekkje</i>	[[ <i>blekke</i> ]]	parverb til st v <i>blekke</i>
<i>dekkje</i>	[ <i>dekke</i> ]	(av-, bedekkje)
<i>flekkje</i>	[ <i>flekke</i> ]	
<i>klekkje</i>	[ <i>klekke</i> ]	(eit st v <i>klekke</i> - ikkje parverb)
<i>klykkje</i>	[ <i>klykke</i> ]	
<i>kløkkje</i>	[ <i>kløkke</i> ]	
<i>knekkje</i>	[ <i>knekke</i> ]	parverb med <i>knekke</i>
<i>krykkje</i>	[ <i>krykke</i> ]	
<i>kvekkje</i>	[ <i>kvekke</i> ]	parverb med <i>kvekke</i>
<i>lekkje</i>	[ <i>lekke</i> ]	
<i>nykkje</i>	[ <i>nykke</i> ]	
<i>rekkjje</i>	[ <i>rekke</i> ]	(overrekkjje) parverb med <i>rekke</i>
<i>rykkje</i>	[ <i>rykke</i> ]	
<i>skjekkje</i>	[ <i>skjekke</i> ]	
<i>skrykkje</i>	[ <i>skrykke</i> ]	
<i>sløkkje</i>	[ <i>sløkke</i> ]	(ettersløkkje) parverb med <i>sløkke</i>
<i>sprekkje</i>	[ <i>sprekke</i> ]	parverb med <i>sprekke</i>
<i>stekkje</i>	[ <i>stekke</i> ]	
<i>strekkje</i>	[ <i>strekke</i> ]	(forstrekkjje) parverb med <i>strekke</i>
<i>stykjkje</i>	[ <i>stykke</i> ]	
<i>støkkje</i>	[ <i>støkke</i> ]	parverb med <i>støkke</i>
<i>svekkje</i>	[ <i>svekke</i> ]	
<i>søkkje</i>	[ <i>søkke</i> ]	parverb med <i>søkke</i>
<i>tekkje</i>	[ <i>tekke</i> ]	(halvtekkje)

<i>trekkje</i>	[trekke]	(føre-, overtrekkje)
<i>trykkje</i>	[trykke]	(for-, under-, uttrykkje)
<i>tykkje</i>	[tykke]	(sam-, utsynskje)
<i>vekkje</i>	[vekke]	(blodvekkje)

### Verb med stømnutgang på **-lkj-**

NOB fører opp eitt verb med denne stømnutgangen, verbet

*fylkje -te* el *fylke -a [-te]*

Dette verbet har jamstelt infinitiv utan *-j-*.

*Framlegg:*

den *j*-lause verbforma fylka får jamstelt bøyning *-a* el *-te*.

### Verb med stømnutgang på **-nkj-**

7 verbformer i NOB har stømnutgang *-nkj-*.

1 verbform har *j*-laus jamstelt hovudform (*enkje* el *enke*). Dei andre seks har *j*-laus sideform.

3 verbformer har preteritum på *-a* (*benkje*, *enkje*, *lenkje*). 4 verbformer har preteritum på *-kte*.

I denne gruppa er det fleire vanlege verb, og i sær *tenkje* er høgfrekvent. I Dei nynorske ordsamlingane er det til dømes 28 samansetningar til *-tenkja*.

#### Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar

<i>benkje</i>	[benke]	
<i>blenkje</i>	[blenke]	
<i>enkje</i>	enke	
<i>krekje</i>	[krenke]	(ærekrenkje)
<i>lenkje</i>	[lenke]	
<i>skjenkje</i>	[skjenke]	
<i>tenkje</i>	[tenke]	(for-, lur-, mis-, tørrtenkje)

### Verb med stømnutgang på **-rkj-**

Det er 8 verbformer med stømnutgang *-rkj-* i NOB. Alle har *j*-laus sideform og likeins preteritum på *-kte*.

Av desse verba er i sær eitt både frekvent og produktivt, nemleg *merkje*. NOB har 7 samansetningar med dette verbet, Dei nynorske ordsamlingane har 37.

#### Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar

<i>berkje</i>	[berke]	
<i>herkje</i>	[herke]	
<i>kyrkje</i>	[kyrke]	
<i>merkje</i>	[merke]	(brenne-, dato-, stjerne-, svi-, sær-, ut-, øyremerkje)

<i>mørkje</i>	[mørke]	( <i>formørkje</i> )
<i>styrkje</i>	[styrke]	
<i>verkje</i>	[verke]	
<i>yrkje</i>	[yrke]	

### Verb med stømnutgang på *-skj-*

Det er 2 verbformer med stømnutgang *-skj-* i NOB. Båe har *j*-laus sideform og likeins preteritum på *-kte*.

#### Hovudform Sideform Tilleggsopplysningar

<i>ryskje</i>	[ryske]	
<i>treskje</i>	[treske]	( <i>skurd- el skurtreskje</i> )

**Motframlegg til 2.2.1.b** Hankjønnsord på *-ar/-er* i fleirtal (*benker/benkar, bunader/bunadar, sofaer/sofaer*)

#### *Motframlegg*

Hankjønnssubstantiv av typen *benk, vegg* skal ha valfri fleirtalsbøyning *-ar/-er*. Hankjønnssubstantiv på *-nad* og *-a* skal i nynorsk rettskriving ha fleirtal *-er, -ene*, som i den noverande læreboknormalen.

**Normeringshistoria** for denne substantivgruppa viser vakling i fleirtalsbøyninga mellom *-ar* og *-er* fram til 1959, da *-er*-bøyninga vart fastsett som eineform. Det er rimeleg å gå ut frå at vaklinga hos dei som fastsette eller gav råd om rettskrivinga, hadde bakgrunn i uttaletihøve: ein skiven *-d* i utlyd vil normalt ikkje bli uttala i norsk. Dette ville gje ein uttale /a–ar/, som ein ikkje såg som ønskjeleg, og som mange framleis mislikar, jf. merknad frå Kjell Venås til 2000-framlegget (30.11.99) om skriftformer som gjev to påfølgjande a-ar:

"I tale vil uttale med éin *a* eller to ikkje skilja seg mykje. Det har med vellyd å gjera, og eg minner om at vellydsomsyn var éin grunn til at nynorsk så lenge hadde *månader* og *villaer* som eineformer."

**Omfang.** Talet på substantiv som får dobbel bøyning om *-er* og *-ar* blir jamstelte, er stort, og somme av desse orda er mykje brukte. Språkrådet har samla seg om at *-nad* er eit parallelt suffiks til *-ing*, dvs at ein i prinsippet kan lage substantiv til alle verbstomner med dette suffikset. Dermed er det potensielt ei stor ordgruppe. NOB har (siste utgåve) om lag 70 hankjønnssubstantiv på *-nad*. Somme *-nad*-ord er svært vanlege både i nynorsk og i bokmål (t. d. *bunad, lovnad, øknad*). Mange av avleiingane på *-nad* er abstrakt som sjeldan eller aldri blir brukte i fleirtal (t.d. *bygnad, fagnad, mognad, saknad*), eller kollektiv (*fenad*).

**Skriftmålsbruk.** I nynorsk skriftmål dominerer fleirtalsformer med *-er*. Både i eldre litteratur og i nettsøk (på "[fleirtalsform] + ikkje", oktober 2002), såleis

ord	nettsøk	nettsøk <i>-ar</i>
<i>-er + ikkje</i>		
<i>bunad</i>	120–130	12
<i>freistnad</i>	90–100	9
<i>gjevnad</i>	4	0
<i>lovnad</i>	90–100	19
<i>månad</i>	740–50	200
<i>skapnad</i>	30	1
<i>søknad</i>	ca 500	190

Endå om det er ein viss bruk av *-ar* for somme ord, må ein seie at regelen om fleirtal på *-er* for desse orda verkar vel innarbeidd. Skiftmålsbruken rettferdiggjer dermed ikkje fleirtalsbøyning på *-ar*.

Pedagogisk sett er dette ein enkel regel å lære. Det er ikkje dokumentert at han valdar problem for morsmålsbrukarar eller sidemålsbrukarar.

#### *Hankjønnssubstantiv på -nad -- liste*

Alle siterte ord er usamansette. NOB har opp mot 70 hankjønnssubstantiv på *-nad*.  
*blånad, bunad, bygnad, børnad, drivnad, dugnad, eintydnad, fortelnad, freistnad, fretnad, givnad el gjevnad, gjestnad, gjetnad, halndad, -hengnad, hernad el hærnad, klednad, kostnad, lagnad, liknad, lovnad, lovnad, løysnad, løysnad, marknad, merknad, mognad, månad, plognad, prydnad, reinad, rudnad, røknad, saknad, samnad, setnad, setnad, sjånad, skapnad, skilnad, skipnad, skodnad, skyldnad, snunad, spunad, spurnad, streknad, styrnad, stønad, søknad, sånad, tagnad, toknad, tonad, trivnad, trunad, tydnad, verknad, vevnad, vridnad, vyrdnad, vågnad, øsnad*

#### **Hankjønnssubstantiv på *-a***

Dette gjeld substantiv som *sofa, villa* som er ei ganske stor gruppe nyare lånord i norsk. Somme av orda er mykje brukte, men kan vere sjeldsynte i fleirtalsform. Ei liste av hankjønnssubstsantiv på *-a*, frå databasen attom *Nynorskordboka*, står sist i dette avsnittet.

Vi minner igjen om merknaden frå Kjell Venås til 2000-vedtaket:

"Eg var med og førte inn typane *skjemaa* og *divaa*, og frå det høvet veit eg at mange, også språkfolk, tykkjer dei er usturteleg rare. I skrift kjem det av doblinga av *a*-en, for av *a* er ein ikkje van med å sjå to saman så ofte som av *e*."

Skriftmålsbruken syner at i den grad desse orda blir nytta i fleirtal, er fleirtal på *-er* vel innarbeidt:

<b>ord</b>	<b>nettsøk</b>	<b>nettsøk -ar</b>
	<b>-er + ikkje</b>	
<i>sofa</i>	20	1
<i>villa</i>	40	5

Pedagogisk sett er stillinga den same for desse orda som for avleide hankjønnssubstantiv på *-nad*: ein vinn ikkje noko på å innføre dobbel bøyning for desse orda.

Vi er djupt usamde i utsegna (u. 2.2.1.b *identitetsuttrykk*) "etter kvart har *ar*-bøyninga vorte nokså vanleg og nøytral". Vi trur at desse formene av dei fleste blir oppfatta som påfallande og markerte, og oftast rett og slett lesne som rettskrivingsfeil.

Konklusjonen på punkt 2.2.1.b omtalar tre svært ulike substantivgrupper under eitt, og hevdar for alle tre grupper at "Bruken i skrift viser òg at denne bøyningstypen står så sterkt at nynorsken ikkje kan gå attende på valfridomen her". Det er i dag valfridom i rettskrivinga, men ikkje i læreboknormalen. Skriftmålsbruken viser at mönsteret i læreboknormalen rår grunnen for hankjønnssubstanliv på *-nad* og *-a*, og valfridomen i rettskrivinga som vart innført i 1995, har ikkje blitt teken i bruk i særleg grad. Førebels er regelen så godt som ukjend mellom skulefolk (så vidt nemnd i innleiinga til NOB 2001). Det er derfor ikkje grunn til å ta sideformene med *[-ar, -ane]* inn i rettskrivinga.

#### *Hankjønnssubstantiv på -a – liste*

NOB har om lag 280 hankjønnssubstantiv med utgang på *-a* (mange av dei er oppførte utan fleirtalsbøyning):

*agenda, alba, alfa, algebra, alpakka, alumina, ambra, ambrosia, amfora, anakonda, angina, angora, antikva, aorta, arena, arietta, armada, aroma, asalea, asalea, aspidistra, astma, aula, aura, aurora, autostrada, ayatolla, balaklava, balalaika, balsa, barrakuda, basilika, bauta, bazooka, bedsja, begonia, beta, blastula, boa, bodega, bodega, bossanova, bourgeois, buddha, bursjoa, camorra, canasta, candela, casanova, celesta, cha-cha-cha, chinchilla, conga, dahlia, decca, delta, dementia, diaspora, domra, durra, encyklika, enigma, enigma, ensyklika, fa, faktura, fauna, flora, fresia, fuga, fuksia, galla, gamma, gardenia, gastrula, gauda, gerilja, glima, gondoliera, gorgonzola, gorilla, grandezza, grappa, guinea, guttaperka, gymkhana, habanera, hacienda, halma, hansa, harmonika, haus, haussa, henna, hoppsa, hortensia, hula-hula, hydra, impala, influensa, inka, intarsia, intelligentsia, intifada, intrada, jakaranda, jenka, junta, jura, kabbala, kafeteria, kala, kallipasta, kamarilja, kamelia, karisma, karma, koala, kobra, koda, koka, kolera, kollega, koma, kopra, korona, kruska, kusma, kutikula, kvadragesima, kvinkvagesima, lama, lambada, lava, lepra, liga, linnea, lobelia, loggia, madeira, mafia, magma, magnolia, maharaja, mahatma, maisenna,*

*majolika, malaga, malaria, manna, marihuana, marimba, marina, maskara, masurka, maya, minkstola, mitra, mokka, mora, myrra, nafta, nappa, narkotika, nirvana, nota, nutria, okarina, oktroa, omega, opera, pagina, panama, panda, papa, papaya, pappa, paprika, paranoia, paria, partita, pasja, passacaglia, pasta, patina, pelargonia, pellagra, peninsula, perestrojka, pergola, peseta, petunia, piassava, piraja, pizza, podagra, polenta, polka, potentilla, primula, prokura, promemoria, propaganda, prosa, prostata, pulpa, pulpa, puma, puszta, quechua, rabarbra, raja, rassia, regatta, reseda, retina, retsina, riviera, rumba, saiga, saksifraga, salsa, samba, sangria, sauna, sebra, seksa, seksagesima, senna, sepia, sequoia, sherpa, sida, siesta, sigma, sinfonie, skala, soda, sofa, soya, spirea, spirituosa, stoa, stola, struma, stupa, svada, svastika, tabula, taiga, tanga, tapioka, tara, tempora, tequila, terrakotta, tertia, tesla, tiara, toccata, toga, tombola, tonika, topeka, tora, troika, tuba, tundra, tunika, umbra, vagina, valuta, veda, vendetta, veranda, veronika, villa, vodka, yoga, zorilla, æra.*

**Motframlegg til 2.2.1.d -a/-i** i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord (typen *soli, taki*)

#### *Motframlegg*

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord får -a som eineform (*sola, taka*).

## **Grunngjeving**

Bruken i skrift er for liten til at denne bøyingskategorien gjer rett for seg i rettskrivingssystemet.

**Motframlegg til 2.2.2.a** Adjektiv på -en i oppslagsforma kan ha -en/-i i hokjønn og -e/-ent i inkjekjønn (typen *open/opi – ope/opent, kristen/kristi – kriste/kristent*)

#### *Motframlegg*

Adjektiv på -en skal ha -en i hokjønn og -e og -ent i inkjekjønn. Den noverande hokjønnsforma [-i] går ut or rettskrivinga.

Desse to adjektiva får denne bøyinga:

*liten – lita – lite – små(e)*

*eigen – eiga – eige – eigne*

## **Grunngjeving**

Bruken i skrift er for liten til at denne bøyingsforma gjer rett for seg i rettskrivingssystemet.

**Motframlegg til 2.2.3.d nokon/noen**

#### *Motframlegg*

Dei noverande hovudformene i læreboknormalen, *nokon – noka – noko – nokre*, blir eineformer. Dei noverande sideformene [*noen – noen – noe – noen*] og hokjønnsforma

[*nokor*] går ut av rettskrivinga.

## Grunngjeving

Både pronomenformene nokon og [noen] blir brukte, men grunnlaget for [noen] er dårleg i skriftleg nynorsk – etter meir enn 60 år i rettskrivinga. Forma har ikkje slått gjennom, og bør gå ut or rettskrivinga.

### Motframlegg til 2.2.4.a Infinitivsending på -a eller -e eller kløyvd infinitiv

#### *Motframlegg*

Innanfor nynorskrettskrivinga skal a-infinitiv og e-infinitiv vere valfrie. Kløyvd infinitiv fell bort.

## Grunngjeving

Kløyvd infinitiv er etter det punktgranskingane syner så og seie ikkje nytta hos barn eller unge. Det finst først og fremst i upublisert tilfang og hos eldre nynorskbrukarar. Sjølv om kløyvd infinitiv er eit markant talemålsdrag over store delar av landet, slår det ikkje inn i skriftmålet lenger. Dei språkbrukarane som ser på kløyvd infinitiv som ein så viktig identitetsmarkør at han må brukast, vil kunne gjere det i all målbruk som ikkje er bunden av rettskrivinga.

Det er røynsle for at også a-infinitiven står svakare i bruk enn ein skulle vente ut frå utbreiinga i målføra, men a-infinitiven er eit sentralt målføredrag i ein stor del av kjerneområdet for nynorsken, og dessutan ei hovudform som ikkje skal vurderast no.

### Motframlegg til 2.2.4.b Kort- og langformer i infinitiv og utlydande -d i preteritum av sterke verb (typen *gle/glede, gje/gjeve*)

#### *Motframlegg*

- 1 Nynorskrettskrivinga skal ha jamstelt kortform og langform i infinitiv i verb av typen *gle/glede, gje/gjeve*, med unntak av [*trede*] og [*bjode*] som går ut (jf. pkt. 3.2.4.i og 3.2.4.j).
- 2 Sterke verb med både kort- og langform i infinitiv, skal i nynorskrettskrivinga ha utlydande *d* i preteritum (jf. *gleid*). Preteritum med utlyd på rotvokal (typen *glei*) fell bort.

## Grunngjeving

Den utlydande -d-en i preteritum markerer gruppetilhørsle. Dette er verb som skil seg frå vanlege stuttverb med stomnvokal i utlyd. Dei har stutt og lang infinitiv og anna partisippbøyning enn til dømes *tru, flå*.

### Motframlegg til 2.2.4.e Sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv sluttar på trykktung vokal (typen *dra – drege/dratt*)

### *Motframlegg*

Sterke verb med valfri infinitiv på utlydande trykktung vokal eller *-de* skal ha sterkt perfektum partisipp. Svakt perfektum partisipp for denne verbgruppa går ut av rettskrivinga (jf. detaljert framstilling av framlegg A og B i vedlegg 5 tabell 2).

## **Grunngjeving**

Dei svake partisippa til desse verba vart gjorde til klammeformer i 2000-framlegget og skulle dermed ikkje vurderast på ny. Føremålet var ei høgt tiltrengd forenkling av verbsystemet, jf. vedlegg 5 tabell 2, som syner behandlinga i detalj for verbgrupper og einskildverb.

### **Motframlegg til 2.2.4.g** Valfri a-bøyning, e-bøyning og blanda bøyning i verb med tidlegare val mellom e- og a-bøyning (typen *brukar/buker-bruka/bukte*)

#### *Motframlegg*

I verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøyning, kan ein nytta såkalla "blanda bøyning" (jf. til dømes Hellevik: Nynorsk ordliste (1996) s. 20).

## **Grunngjeving**

På dette punktet - som elles ikkje gjeld rettskriving og derfor eigentleg ikkje har noko her å gjere - eksisterer det ein praksis som har fungert bra i skulen i to-tre åttledder. Teksten til framlegg A er som følgjer

"I verb som ein fører opp med både a- og e-bøyning i ordlistene, treng ein ikkje konsekvent halda seg til den eine eller andre bøyingsmåten i alle bøyingsformene av same verbet."

Dette er så uklart ordlagt at det er vedtaksteknisk ubrukeleg.

### **Motframlegg til 2.2.4.h** Verb med preteritum på *-de* eller *-te*

#### *Motframlegg:*

Verba som no har *-de [-te]* i preteritum, skal ha preteritum på *-de* i nynorsk rettskriving. Den noverande sideforma på *[-te]* fell bort.

#### **Merknad:**

Framlegg 2.2.4.h omtalar også nokre verbformer som i dag er klammeformer, nemleg [*drømmel*], [*gjømmel*], [*glømmel*], [*strømmel*] og [*temmel*], [*vennel*]. Vårt hovudframlegg er at desse formene skal fjernast frå rettskrivinga, jf. og motframlegg til 2.1.1.b. Subsidiært gjer vi framlegg om at desse verba får bøyning som *dømmel*.

## **Grunngjeving**

I den noverande rettskrivinga er det ein god del verb som har preteritum på *-de* i læreboknormalen, med preteritum på *[-te]* som sideform. Mellom desse høyrer mange

til den såkalla *telja*-klassa, med stuttform i presens og vokalendring i preteritum. Ei tilnærma komplett liste står nedanfor. Ho er inndelt etter stømnutgang, som i tabellen i kapittel 2.2.4.h, men med infinitiv føyd til.

22 av verba med rotutlyd på -ngj- kjem også inn under punkt 2.1.2.c om jamstelling mellom former med stømnutgang på -j- etter -g- eller -k-. Det gjeld

*blengje, dengje, fengje, flengje, hengje, klengje, krengje, kyngje, lengje, mengje, rengje, ringje, slengje, slyngje, sprengje, stengje, svengje, trengje, tyngje, vrengje, yngje.*

Eitt verb har jamstelte hovudformer etter den noverande læreboknormalen: *fremje/fremme*, men berre *fremme* har preteritum på -de [-te]. Forma *fremme* vart nedgradert til sideform i 2000-framlegget, og vi har derfor på ein annan stad i utgreiinga gått inn får å stryke denne forma frå rettskrivinga. Men blir ho ståande, går vi inn for preteritum på -de.

Tre verb vil etter samrøytes framlegg 2.1.1.a få jamstelte infinitivsformer med med y og ø, nemleg *drynze/drønne*, *dynje/dønne* og *stynje/stønne*, men berre formene med -j- har preteritum på -de [-te].

Desse verba har frå gammalt -de. Preteritumsendinga -te kom inn først og fremst som del av den allmenne politikken for tilnærming mellom målformene, ei språkpolitisk linje som no er lagd daud inntil vidare. Mange av verba er heller sjeldsynte, men for dei frekvente verba dominerer preteritum på -de i vanleg sakprosa.

Å innføre omfattande valfridom i bøyingsa av linne verb med preteritumsutgang på -e utgjer ikkje ei forenkling av rettskrivings- og bøyingsystem i nynorsk. Det kan like gjerne sjåast som eit tiltak som fremjer systemoppløysing, der ein opphevar dei tilvande og innlærde grensene mellom -te-verb på den eine sida og -de-verb og verb av den såkalla *telje*-klassa på den andre sida.

### Liste over verb med -de [-te] i preteritum i gjeldande rettskriving

#### **-lj-**

<i>dvelje</i>	<i>dvalde [dvalte]</i>
<i>dølje</i>	<i>dulde [dulte]</i>
<i>fortelje</i>	<i>fortalte [fortalte]</i>
<i>hylje</i>	<i>hylde [hylte]</i>
<i>kylje</i>	<i>kylde [kylte]</i>
<i>mylje</i>	<i>mulde [multe]</i>
<i>selje</i>	<i>selde [selte]</i>
<i>skilje</i>	<i>skilde [skilte]</i>
<i>skylje</i>	<i>skylde [skylte]</i>
<i>telje</i>	<i>talde [talte]</i>
<i>velje</i>	<i>valde [valte]</i>
<i>ylje</i>	<i>ulde [ulte]</i>
?	<i>ylded [ylte]</i>

**-lg-**

<i>negle</i>	<i>neglde [neglte]</i>
<i>sigle</i>	<i>siglde [siglte]</i>

**-ld-**

<i>eldast</i>	<i>eldest [eldtest]</i>
<i>elde</i>	<i>elde [eldte]</i>
<i>melde</i>	<i>melde [meldte]</i>
<i>mylde</i>	<i>mylde [mylte]</i>
<i>sælde</i>	<i>sælde [sælte]</i>

**-m-**

<i>drøyme</i>	<i>drøymd [drøymte]</i>
<i>dømme</i>	<i>dømde [dømte]</i>
<i>fløyme</i>	<i>fløymde [fløymte]</i>
<i>fremme</i>	<i>fremde [fremte]</i>
<i>glymje</i>	<i>glumde [glumte]</i>
<i>gløyme</i>	<i>gløymde [gløymte]</i>
<i>gremje</i>	<i>gramde [gramte]</i>
<i>gremme</i>	<i>gremde [gremte]</i>
<i>grymje</i>	<i>grumde [grumte]</i>
<i>gøyme</i>	<i>gøynde [gøynte]</i>
<i>lemje</i>	<i>lamde [lamte]</i>
<i>semje</i>	<i>samde [samte]</i>
<i>skremme</i>	<i>skremde [skräemte]/[skremte]</i>
<i>strøyme</i>	<i>strøymde [strøymte]</i>
<i>symje</i>	<i>sumde [sumte]</i>
<i>temje</i>	<i>tamde [tamte]</i>
<i>timje</i>	<i>timde [timte]</i>
<i>vemjast/vemmast</i>	<i>vemdest [vemtest]</i>
<i>ylmast</i>	<i>ylmdes [ylmtest]</i>
<i>ymje</i>	<i>umde [umte]</i>

**-n-**

<i>bynje</i>	<i>bunde [bunte]</i>
<i>drynje</i>	<i>drunde [drunte]</i>
<i>dynje</i>	<i>dunde [dunte]</i>
<i>kjenne</i>	<i>kjende [kjente]</i>
<i>rynze</i>	<i>runde [runte]</i>
<i>skrynze</i>	<i>skrunde [skrunte]</i>
<i>stynje</i>	<i>stunde [stunte]</i>
<i>tenje</i>	<i>tande [tante]</i>

*venje*      *vande [vante]*

**-ngj-**

<i>blengje</i>	[blenge]	<i>blengde</i>	[blengte]
<i>dengje</i>	[denge]	<i>dengde</i>	[dengte]
<i>fengje</i>	[fenge]	<i>fengde</i>	[fengte]
<i>flengje</i>	[flenge]	<i>flengde</i>	[flenkte]
<i>hengje</i>	[henge]	<i>hengde</i>	[hengte]
<i>klengje</i>	[klenge]	<i>klengde</i>	[klenkte]
<i>krengje</i>	[krenge]	<i>krengde</i>	[krengte]
<i>kyngje</i>	[kynge]	<i>kyngde</i>	[kyngte]
<i>lengje</i>	[lenge]	<i>lengde</i>	[lengte]
<i>mengje</i>	[menge]	<i>mengde</i>	[mengte]
<i>rengje</i>	[renge]	<i>rengde</i>	[rengte]
<i>ringje</i>	[ringe]	<i>ringde</i>	[ringte]
<i>slengje</i>	[slenge]	<i>slengde</i>	[slengte]
<i>slyngje</i>	[slynge]	<i>slyngde</i>	[slyngte]
<i>sprengje</i>	[sprenge]	<i>sprengde</i>	[sprengte]
<i>stengje</i>	[stenge]	<i>stengde</i>	[stengte]
<i>svengje</i>	[svenge]	<i>svengde</i>	[svengte]
<i>trengje</i>	[trenge]	<i>trengde</i>	[trengte]
<i>tyngje</i>	[tynge]	<i>tyngde</i>	[tyngte]
<i>vrengje</i>	[vrenge]	<i>vrengde</i>	[vrengte]
<i>yngje</i>	[ ynge]	<i>yngde</i>	[ yngte]

**-nd-**

*hende*      *hende [hendte]*

**-r-**

<i>tore</i>	<i>torde [torte]</i>
<i>høyre</i>	<i>høyrdde [høyrtle]</i>
<i>køyre</i>	<i>køyrdde [køyrtle]</i>
<i>berje</i>	<i>barde [barte]</i>
<i>myrje</i>	<i>murde [murte]</i>
<i>smørje</i>	<i>smurde [smurte]</i>
<i>spørje</i>	<i>spurde [spurte]</i>
<i>verje</i>	<i>varde [varte]</i>
<i>yrje</i>	<i>urde [urte]</i>

**-rd-**

*gyrde*      *gyrde [gyrte]*  
*herde*      *herde [herdte]*

*vørde*    *vørde* [vørte]

Til orientering tek vi med lista av verb som har valfri preteritumsform på *-de/-te* i dag, og som det ikkje er framlegg om å endre på:

**-m-**

<i>lime</i>	<i>limde/limte</i>
<i>bestemme</i>	<i>bestemde/bestemte</i>

**-r-**

<i>fire</i>	<i>firde/firte</i>
<i>flire</i>	<i>flirde/flirte</i>
<i>føre</i>	<i>førde/førte</i>
<i>høre</i>	<i>hørde/hørte</i>
<i>kjøre</i>	<i>kjørde/kjørte</i>
<i>klare</i>	<i>klarde/klarte</i>
<i>lære</i>	<i>lærde/lærte</i>
<i>styre</i>	<i>styrde/styrte</i>
<i>svare</i>	<i>svarde/svarte</i>

**[ -te ]**

[drømmme]	[drømte]
[flømmme]	[flømte]
[gjømmme]	[gjømte]
[strømmme]	[strømte]
[dønne]	[dønte]
[drønne]	[drønte]
[stønne]	[stønte]
[venne]	[vante/vente]
[temme]	

**Einskildord**

B: Tilleggsframlegg frå Oddrun Grønvik, Eilov Runnestø, Kåre Skaberg og Olav Veka  
 Desse ni orda skal ha valfrie former i nynorskrettskrivinga: *drysje/drysse*, *massing/messing*, *segle/sigle*, *sommar/sumar*, *somme/sume*, *sti/stig*, *true/truge*, *trugsel/trussel*, *verd/verdi*.

Desse formene går ut: [bar(e)], [enten], [bilde], *fremme*, *fremmend*, [gjøre], *holdning*, *hange* [hjerte], [idrott], [kors], [muleg], *mid-*, *mye*, [nå], *sia*, [skynde], [so]. (Jf. pkt. 3.3.2.b og 3.3.2.c.)

## Motframlegg (jf. 2.1.2.a og 2.1.2.b) e-verb kontra j-verb

*Status i dag*  
*setje [sette]*  
*sitje [sitte]*  
*temje [temme]*  
*venje [venne]*

### Framlegg

- 1) Formene *[sette]*, *[sitte]*, *[temme]*, *[venne]* går ut or rettskrivinga. (Grønvik, Runnestø, Skadberg og Veka)

### Normhistorikk/Skriftmålsgrunnlag

I 1938 fekk desse formene valfrie klammeformer: *setje [sette]*, *sitje [sitte]*, *temje [temme]* og *venje [venne]*.

*Nynorsk frekvensordbok* har registrert formbruken slik:

*setje* (283) / *setta* (8) / *sette* (som òg kan vera preteritumsforma) (382)  
*sitje* (120) / *sitte* (25)  
*venje* (1) / *venne* (0)

Formene *temje [temme]* var ikkje registrerte.

### Vurdering

Bak framlegget ovanfor ligg denne vurderinga: Mange av dei hovudformene me har i dag som har høg frekvens, er faneord som pregar det offentlege biltetet av nynorsken. Det bør ikkje vatnast ut. Det kan skje når desse hovudformene no må tevla med oppgraderte sideformer. Difor rår fire av medlemmene i referansegruppa til å ta desse klammeformene ut av norma.

### Konklusjon

Det er ikkje dokumentert noko behov for at desse verbformene bør takast inn i rettskrivinga. Verbet *setje* er dessutan av dei aller mest produktive i norsk, med 42 samansetningar i siste utgåve av NOB og meir enn 150 i Dei nynorske ordsamlingane. Både grunnverbet og mange av samansetjingane er høgfrekvente. Signalverknaden av ei slik utviding av rettskrivinga ville også bli ei melding om ei kraftig tilnærming til bokmål etter at den politikken offisielt er forlatten.

## Vedlegg 4:

### Framlegg frå Johan Myking til møtet 13.5.02

Johan Myking  
 Nordisk institutt  
 UiB  
 01.05.02

Til  
 Referansegruppa (den utvida fagnemnda)

Eg er kjend med at referansegruppa har møte for å førebu møtet i seksjonsmøtet 13. mai. Med dette vil eg leggja fram dette framlegget til røystetema for seksjonsmøtet:

Skiljet mellom hovudformer og sideformer (klammeformer) i nynorsk vert halde ved lag.

#### Grunngjeving:

Landsmøtet i Noregs Mållag vedtok 28.04.02 ei fråsegn om normeringa av nynorsken. Eit sentralt punkt i vedtaket var at skiljet mellom hovud- og sideformer burde haldast ved lag i nynorsk. Vedtaket vart gjort med stort fleirtal etter ein sakleg debatt, og alle dei vanlege "fløyane" i mållaget samla seg bak dette synet. Vedtaket gjekk òg mot det opphavlege framlegget frå styret i NM, som var at normhierarkiet burde opphevast. Ein viktig føresetnad for vedtaket var at ein ønskjer at nynorsken skal gje rom for individuell og regional variasjon, og at verken "tradisjonelle" former eller regionale særmerke skal stengjast ute frå norma. Vedtaket peikar i same lei som det synet andre nynorskorganisasjonar har gjeve uttrykk for.

Eg er klar over at stemninga på seksjonsmøtet i Norsk språkråd 08.02. vart oppsummert som eintydig positiv til å oppheva skiljet, og då er eg sjølv medansvarleg for det. Likevel var dette eit "konsensusvedtak" og ikkje noko vedtak gjort ved formell avrøysting. Då eg innleidde til diskusjon på landsmøtet i NM 27.04., gjorde eg greie for stemninga og haldninga i nynorskseksjonen og mi eiga vurdering, men eg meinte likevel at landsmøtet måtte kunne drøfta sakana på fritt grunnlag: Ein språkpolitisk organisasjon kan ikkje kjenna seg bunden av eit konsensusvedtak i Språkrådet, men må ha lov til å uttala seg om dei grunnleggjande premissane. Heller ikkje i nynorskseksjonen har det vore noka eintydig oppfatning av om Kulturdepartementet har gjeve ein "invitt" eller eit "direktiv" om å oppheva normhierarkiet.

Den politiske realiteten i dette vedtaket – at det uttrykkjer haldninga til ei samla målrørsle – må vegast mot det taktisk vanskelege i å halda ved lag eit skilje i rettskrivinga som bokmålet går vekk frå – eit argument som har spela ei stor rolle i

ordskiftet så langt. Som medlem i Språkrådet oppnemnd av Noregs Mållag stiller eg ikkje med bunde mandat, men eg finn det svært vanskeleg å oversjå eit så klårt og eintydig syn frå brukarorganisasjonane. Det ser ut som om alle dei viktige organisasjonane for nynorskbrukarane meiner at normhierarkiet i nynorsk er eit vilkår for å oppnå stabilitet og samstundes ikkje skapa "vinnarar" og "taparar". Då kjenner eg meg forplikta til å syta for at dette synet vert gjort til eit eksplisitt røystetema på seksjonsmøtet 13. mai.

Dersom dette framlegget fell, vil det så vidt eg forstår, finnast to røystalternativ, som fagnemnda no er i ferd med å utarbeida. Får framlegget fleirtal, finst det òg to alternativ: anten det opphavlege framlegg A frå Lars S. Vikør, eller å stadfesta vedtaket frå 2000. Eg har ikkje noko endeleg standpunkt til nokon av desse alternativa.

Helsing  
Johan Myking (sign.)



## Vedlegg 5

### Oversyn over einskildord og einskildformer

#### 1 Einskildord (2.1.2.a og 3.1) (2000-vedtaket punkt 3.3.1.1.2-3)

nummer	kategori	tradisjonell	"midtlinje-form"	tilnærming målføredrag	/ sams framlegg	nytt paradigme
1	m ub pl	menner > [menner]	menn		<b>stryk klammeform</b>	mann - mannen - menn - mennene
2	m ub pl	feilar > [feilar]	feil		<b>stryk klammeform</b>	feil - feilen - feil - feila
3	m ub pl		skor	sko > [sko]	<b>stryk klammeform</b>	sko - skoen - skor - skorne
4	m bf pl	[skoi]	skorne	skoa > [skoa]	<b>stryk klammeformer</b>	
6	f pl	vemmer - vemmene > [vemmer - vemmene]	vommer - vommene	-	<b>stryk klammeformer</b>	vom - vomma - vommer - vommene
7	f pl	myser - mysene > [myser - mysene]	mus - musene		<b>stryk klammeformer</b>	mus - musa - mus - musene
8	f pl	lyser - lysene > [lyser - lysene]			<b>stryk klammeformer</b>	lus - lusa - lus - lusene
9	n pl ubf		møblar	møbel > [møbel]	<b>stryk klammeformer</b>	møbel - møbelet - møblar -
10	n pl bf	[møbli]	møblane	møbla > [møbla]	<b>stryk klammeformer</b>	møblane

## 2 Oversyn over framlegg til endringar i bøyninga av ein del verb (jf. kapittel 2.2.4 og 3.1.4)

<b>nummer</b>	<b>kategori</b>	<b>gjeldande</b>	<b>2000</b>	<b>Vedtak på seksjonsmøtet</b>	<b>Mindretalsframlegg 2002</b>
1	glida	gli(da) - glid/glir - glei(d)	- gli[da] - glir/[glid] - gleid	- gli(da) - glir/glid - gleid - glide/	gli(da) - glid/glir - gleid - glide
	2.2.4.b-d	glide/glidi/glidd/	glide/[glidi/glidd/glidt]	glidd/glidt	
2	gnida	gni(da) - gnir/gnid/gnider	- gni[da] - gnir/[gnid] - gneid/	gni(da) - gnir/gnid - gneid/gnidde	gni(da) - gnid/gnir - gneid - gnide
	2.2.4.b-d	gnei(d)/gnidde	- [gnidde] - gnide	- gnide/gnidd/gnidt	
		gnide/gnidi/gnidd/gnidt	[gnidi/gnidd/gnidt]		
3	beda	be(da) - ber/bed - bad	- be[da] - ber/[bed] - bad	- be(da) - ber/bed - bad	- be(da) - bed/ber - bad - bede
	2.2.4.b-d	bede/bedi/bedd/bedt	bede/[bedi/bedd/bedt]	bede/bedd/bedt	
4	byda	by(da)/[bjoda] - byr/byd - baud	- by[da] - byr/byd - baud - bode	by(da) - byr/byd - baud	- by(da) - byd/byr - baud - bode
	2.2.4.b-d	bode/bodi/bydd/bydt	[bodi/bydd/bydt]	bode/bydd/bydt	
5	draga	dra(ga) - dreg/[drar] - drog	- dra[ga] - dreg/[drar] - drog	- dra(ga) - dreg/drar - drog	- dra(ga) - dreg - drog - drege
	2.2.4.b	drege/dregi [dradd/dratt]	drege/[dregi/dradd/dratt]	drege/dradd/dratt	
6	ha	ha(va) - har - hadde - hatt	ha[va] - har/[hev] - hadde - hatt	ha(va) - har - hadde - hatt	ha - har - hadde - hatt
	2.2.4.b,				
	3.1.4.c				
7	gjeva	gje(va) - gjev - gav - gjeve/gjevi	gje[va] - gjev - gav - gjeve/	1 gje(va) - gjev - gav - gjeve	1 gje(va) - gjev - gav - gjeve
	2.2.4.b-c	gi - gir - gav - gitt	[gjevi]	2 gi - gir - gav - gitt	2 gi - gir - gav - gitt
		gi - gir - gav - gitt			
8	stå	stå - står - stod/[sto] - stått	stå - står stod/[sto] - stått	1 stå - står - stod - stått	1 stå - står - stod - stått
	2.2.4.c-d			2 standa - stend - stod - stade	2 standa - stend - stod - stade
9	flø	flø - flør - flødde - flødd/fløtt	flø - flør - flødde - flødd/fløtt	flø - flør - flødde - flødd/fløtt	flø - flør - flødde - flødd/fløtt
	2.2.4.b	fløa - fløar - fløa - fløa			
10	skru	skru(a) - skruar/skru(e)r	- skru - skrur - skrudde - skrudd/	skru - skrur - skrudde - skrudd/	skru - skrur - skrudde - skrudd
	2.2.4.b	skrua/skrudde - skrua/skrudd/skrutt	skrutt	skrutt	skrutt
		skruva - skruvar - skruva - skruva	skruva - skruvar - skruva -	skruva - skruvar - skruva - skruva	skruva - skruvar - skruva - skruva

skruva						
11	strø 2.2.4.b	strø/strøya - strør/strøyer strødde/strøydde - strødd/ strøtt/strøydd/strøytt	-	strø - strør - strødde - strø - strør - strøddee - strødd/strøtt	-	strø - strør - strøddee - strødd/strøtt
12	tre 2.2.4.b	tre(de) - tred/trer - tro(d) - trede/tredi tre(de) - tre(de)r - tredde - tredd/tredt	tre - trer - tredde - tredd/trett	tre - trer - tredde - tredd/trett	tre - trer - tredde - tredd/trett	
13	henga 3.3.2.b	hang/henga - heng/[henger] - hang/hekk - hange/hangi	-	henga/[hang] - heng - hang/[hekk] - hange/[hang]	henga/hanga - heng - hang/hekk - hange	henga - heng - hang - hange
14	slå 3.1.4.c	slå - slår/[slær] - slo - slege/slegi/slått	slå - slår/[slær] - slo - slege/	slå - slår - slo - slege/slått	slå - slår - slo - slege/slått	
15	slåst 3.1.4.b og c	slåst/[slåss] - slåst/[slåss/slæss/slæst] - slost/[sloss] - slegest/slegist/slåst [sleges/slegis/slåss]	slåst/[slåss] - slåst/[slåss/slæss/slæst] - slost/[sloss] - slegest/slåst [sleges/	slåst - slåst - slost - slegest/slåst / slegest/slåst	slåst - slåst - slost - slegest/slåst	
16	trå 2.2.4.b	trå - trår/[trær] - trådde/tro(d) - trådd/trått/trede/tredi	trå - trår - trådde - trådd/trått	trå - trår - trådde - trådd/trått	trå - trår - trådde - trådd/trått	
17	gå 2.2.4.c	gå går gjekk/[gikk] gått [gange - gjeng/gjenger - gjekk - gjenge/gjengi]	gå - går - gjekk - gått [gange - gjeng - gjekk - gjenge]	1 gå - går - gjekk - gått 2 ganga - gjeng - gjekk - gjenge	1 gå - går - gjekk - gått 2 ganga - gjeng - gjekk - gjenge	1 gå - går - gjekk - gått 2 ganga - gjeng - gjekk - gjenge
	bla 2.2.4.b	bla/blada - blar/blader - bladde - bladt/bladd	bla/[blada] - blar/[blader] - bladde - bladt /bladd	bla/blada - blar/blader - bladde - bladt/bladd	bla/blada - blar/blader - bladde - bladt/bladd	
	blø 2.2.4.b	blø/bløda - blør/bløder - blødde - blødd/bløtt	blø/[bløda] - blør/[bløder] - blødde - blødd/bløtt	blø/bløda - blør/bløder - blødde - blødd/bløtt	blø/bløda - blør/bløder - blødde - blødd/bløtt	
	byggja 2.1.2.d, 2.2.4.f	byggja - byggjer - bygde - bygd/bygt [bygga - bygger - bygde - bygd/bygt]	byggja - byggjer - bygde - bygd/bygt [bygga - bygger - bygde - bygd/bygt]	byggja - byggjer - bygde - bygd/bygt	byggja - byggjer - bygde - bygd/bygt	byggja - byggjer - bygde - bygd/bygt
	rekjkja 2.1.2.d	rekjkja - rekjkjer - rekte - rekt [rekka - rekker - rekte - rekt]	rekjkja - rekjkjer - rekte - rekt [rekka - rekker - rekte - rekt]	rekjkja - rekjkjer - rekte - rekt el rekka - rekker - rekte - rekt	rekjkja - rekjkjer - rekte - rekt el rekka - rekker - rekte - rekt	

tenkja 2.1.2.d	tenkja - tenkjer - tenkte - tenkt [tenka - tenker - tenkte - tenkt]	tenkja - tenkjer - tenkte - tenkt [tenka - tenker - tenkte - tenkt]	tenkja - tenkjer - tenkte - tenkt el tenka - tenker - tenkte - tenkt	tenkja - tenkjer - tenkte - tenkt
-------------------	--	--	---	-----------------------------------

1\* gjeld *glide, lide, ride, skride, svide*

2\* gjeld *gnide, sklide, stride, vride*

5\* mønster gjeld *draga, flyga, lata, taka*

### 3 Verb - einskildformer (3.2.4.d–g og 2.2.4.h) (2000-framlegget 3.3.1.2.4)

Verb	Gjeldande rettskriving	2000	Vedtak seksjonen	i
seie	sa/sagde	sa	sa	
leggje	la/lagde	la	la	
tole	tolde/tolte	tolte [tolde]	tolte/tolde	
bestemme	bestemde/bestemte	bestemte	bestemte	
lime	limde/limte	limte	limte	
gå	gjekk [gikk]	gjekk	gjekk	
måtte	måtta/mått	måtta [mått]	måtta	
få	får [fær] - fekk [fikk] - fått	får - fekk - fått	får - fekk - fått [fenge]	
slå	slår/[slær]	slår/[slær]	slår	
ha / hava	har/[hev]	har/[hev]	har	

#### 4 Adverb (3.1.5.a) (2000-vedtaket 3.3.1.3.1)

<b>Grunnform</b>	<b>Gjeldande rettskriving</b>	<b>2000</b>	<b>Sams framlegg</b>
att	attare/attre - attarst/attast	attre - attarst [attast]	attre - attarst
bak	bakare/bakre - bakarst/bakast	bakre - bakarst [bakast]	bakre - bakarst
bort	bortare/bortre - bortast	bortre - bortast	bortre - bortast
hit	hitare/hitre - hitast	hitre - hitast	hitre - hitast
	indre - innarst/inst	indre - inst [innarst]	indre - inst
nord	nordre/nørdre - nørdst	nordre [nørdre] - nørdst	nordre - nørdst
sør	søre/syndre - synst	søre - synst	søre - synst
under	undre - underst/undst	undre - undst [underst]	undre - undst
	ytre - ytst/yttarst	ytre - ytst [yttarst]	ytre - ytst

## Vedlegg 6:

### Frå seksjonsmøtet 13.5.02:

#### Framlegg til omfang av valfridomen i ei nynorskrettskriving utan hierarki

##### 1 Felles framlegg

Som ei følgje av prinsippa A og B s. 16, står denne valfridomen ved lag:

- 1 Valfritt genus (t.d. *ein/ei klasse, plante, art, grad; ein/ei/eit vis*)
- 2 Valfri samandraging i inkjekjønnsord på -el og -er. Døme: *kapit(te)let, teat(e)ret, teat(e)ra*
- 3 Infinitiv på -a eller -e
- 4 Valfri e- eller a-bøyning av dei verba som har hatt slik valfridom, t.d. *svara, skifta, peika.*
- 5 Valfritt -de eller -te i preteritum av e-verb på -r, t.d. *førde* eller *førte.*
- 6 Valfri inkjekjønnsform av perfektum partisipp på -0, -d, -g og -v, t.d. *har nådd* eller *nått, har arbeidd* eller *arbeidt, har bygd* eller *bygt, har levd* eller *levt.*
- 7 Valfritt pronomen *vi* eller *me.*
- 8 Valfri m eller mm i bøygde former av suffikset -dom, t.d. *ungdom(m)en*, og i verbet *kom(m)e.*
- 9 Valfri n eller nn, t eller tt og k eller kk i gamle kortstava ord, t.d. *ven(n), skot(t), lok(k).*
- 10 Valfri y eller ø i nokre ord, t.d. *fyrst/først.*

Dessutan legg ei samla referansegruppe fram dette forslaget:

##### a) Desse formene skal vera valfrie former:

##### Bøyingsverket

###### Verb:

- kort- og langformer i infinitiv (*gle/glede – gje/gjeve*)
- fri samsvarsbøyning av svake perfektum partisipp i predikativ posisjon (dvs. begge systema som gjekk inn i 2000-norma) (*dei er kjende/kjent*)
- *gje(ve)* og *gi* blir sett opp som to ulike verb
- *stod* blir eineform (og ein held også på formene *bad, drog, gav*)
- enkeltformer: *gange - gjeng - gjenge, stande - stend - stade*

###### Substantiv:

- underklasse med -er/-ar i hankjønn (typen *benkar/benker*, men ikkje ord på -nad og -a)
- underklasse med -er/-ar i hokjønn (*reimar/reimer*)
- bøyingane -e - -et - -e - -a og -a - -a - -o - -o i *auge*-klassen

**Pronomen:**

- *ho/henne* i avhengig form (*dei såg ho/henne*)

**Ordgrupper:**

- Vokalane *ø* og *y* (*bølgje/bylgje, søster/syster*)

**b) Desse klammeformene i rettskrivinga etter 2000-vedtaket går ut:**

**Bøyingsverket****Verb:**

- Perf. pts. av sterke verb på *-i* (*gråti*)

**Substantiv:**

- *-a* i ubestemt form eintal av svake hokjønnsord (*ei visa*)
- fleirtalsformene *menner, feilar – feilane, sko – skoa/skoi, vemmer – vemmene, myser – mysene, lyser – lysene*

**Pronomen:**

- *honom* (avhengig form)

**Adjektiv:**

- inkjekjønn på *-i* i adjektiv av *en*-typen (*gali*)

**Adverb:**

- *attast, bakast, innarst, underst, yttarst, nørdre*

**Ordlaging:**

- lig* i adjektiv (*farlig*)

## 2 Tilleggsframlegg A (frå Helge Sandøy og Lars S. Vikør)

**a) Desse formene skal vera valfrie former:**

(Tala nedanfor viser til punkt 2.1.1 i grunngjevinga under *Delinnstilling II.*)

**Bøyingsverket****Verb:**

- 1 kløyvd infinitiv/a-infinitiv/e-infinitiv
- 2 sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av sterke verb som sluttar på trykktung vokal (*dra – drar/dreg – dratt/drege, ta – tar/tek – tatt/teke, gli – glir/glid* – *glidd/glide*)
- 3 refleksivformer på *-s/-st*
- 4 preteritum på *-te/-de* (*tolte/tolde, kjente/kjende*)

- 5 verb som tilhører både *a-* og *e-*klassen, kan få blanda bøyning (*baka - bakar - bakte - bakt*)
- 6 enkeltformer i bøyninga: *fær - fenge, slær, hev*

**Substantiv:**

- 7 underklassen med *-ar/-er* i hankjønn skal også omfatta ord på *-nad* og *-a* (*bunadar/bunader, sofaar/sofaer*)
- 8 *-i/-a* i bestemt sterke hokjønnsord eintal og bestemt fleirtal av inkjekjønnsord (*soli/sola*)
- 9 *-er/-or og -ene/-one* i svake hokjønnsord i fleirtal (*visor/viser*)

**Adjektiv:**

- 10 adjektiv på *-en* i oppslagsforma (typen *open* og *gebrokken*) kan ha *-en/-i* i hokjønn og *-e/-ent* i inkjekjønn (*open/opi – ope/openet, gebrokken/gebrokki – gebrokke/gebrokkent*)

**Pronomen:**

- 11 *nokon/noen*
- 12 *hennar/hennes*

**Ordlaging:**

- 13 *-a-/an-* framfor konsonant i retningsadverb (*utafor/utanfor*)

**Ordgrupper:**

- 14 med og utan *-j-* (verbtypen *tenke/tenkje* og substantivtypen *brygge/bryggje, lenke/lenkje*)
- 15 monoftong *ø* og diftong *øy* (typen *øyre/øre* og *gløyme/glømme*)
- 16 monoftong *ø/o* og diftong *au* (typen *draum/drøm, flaum/flom*)
- 17 enkel/dobbel *m*: *hamar/hammar, gamal/gammal*

**Frekvente enkeltord:**

- 18 no/nå, true/truge, trussel/trugsel, framand/fremmend, haldning/holdning, mye/mykje, sia/sidan, gjere/gjøre, hjarte/hjerte, så/so

**b) Desse klammeformene i rettskrivinga etter 2000-vedtaket går ut:**

**Bøyingsverket**

**Substantiv:**

- fleirtalsformer som *møbel-møbla*

**Ordlaging:**

➤ -ut

**Ordgrupper:**

- *m* i lite frekvente ord:  
*brame, home, leme.* Dessutan i bestemt form som *brudgomen, lomen, lemen* osv.

## Vedlegg 7:

### **2000-framlegget (frå utkastet til årsmelding)**

#### **3.3 Vedtak som gjelder nynorsk (våren 2000)**

##### **3.3.1 Bøying**

###### **3.3.1.1 Substantiv**

###### **3.3.1.1.1 Genus**

###### **Genus i substantiv på *-ing/-ning*:**

Det er vedtatt allmenne regler for ordgruppa. I punktene d) og e) er det noen endringer for noen enkeltord:

- a) Suffiksene *-ing* og *-ning* er i prinsippet hunkjønnssuffiks.
- b) Verbalsubstantiv med *-(n)ing* er hunkjønnsord uten unntak (f.eks. *utbygging*, *forvalt(n)ing*).
- c) Betegnelser på personer og dyr på *-(n)ing* er hankjønnsord (f.eks. *sørledding*, *villstyring*, *flyktning*, *slektning*) unntatt når det biologiske kjønnet tilsier hunkjønn (f.eks. *dronning*, *kjerring*).
- d) Disse orda med suffikset *-ning* skal være valgfritt hunkjønns- eller hankjønnsord (før: *festning* var hunkjønnsord, de andre kursiverte orda var hankjønnsord, orda i rett skrift har uendret genus): *anretning*, *binding* (*ski-*), *festning*, *fletning* (flettverk), *forlegning* (militær-), *frysning*, *halvning* (halvpunkt), *klovning* (kløyvd stokk), *kokning* (porsjon kokt på en gang), *krysning*, *legning*, *linning*, *lysning* (i skogen), *løysning* (oppløst stoff), *munning*, *pakning*, *pasning*, *rivning*, *sikring* (elektrisk), *spenning* (vidjering), *steikning*, *stikning*.
- e) Disse orda er hankjønnsord (endring bare for *doning*, som var valgfritt hunkjønn eller hankjønn): allmenning, botning (blindtarm el. fjerde magen på dyr), bygning, *doning* (kjøretøy), *dønning*, *gjødning*, *grunning* (grunne), honning, kledning, *klining* (brød el. lefse), *-kroning* (f.eks. femkroning), *krusning*, *ladning*, *leidning*, *penning*, *presenning*, *renning* (rotskudd), *terning*, *tinning*, *våning*, *-øring* (f.eks. femøring).

###### *Genus i to enkeltord*

*bise* (pyntesøm) Genus endres fra hankjønn til hunkjønn

*trast/trost* Genus endres fra valgfritt hunkjønn/hankjønn til bare hankjønn.

### 3.3.1.1.2 Enkeltord med valgfri bøyning i flertall

Disse substantivene får redusert valgfrihet i flertall slik:

*mann – mannen – menn [menner] – mennene* (før: fl. menn/menner – mennene)

*feil – feilen – feil [feilar] – feila [feilane]* (før: fl. feil/feilar – feila/feilane)

*sko – skoen – skor [sko] – skorne [skoa/skoi]* (før: fl. sko/skor – skorne/sko [skoi])

*vom – vomma [vommi] – vommer [vemmer] – vommene [vemmene]* (før: fl. vommer/vemmer – vommene/vemmene)

*mus – musa [misi] – mus [myser] – musene [mysene]* (før: fl. mus/myser – musene/mysene)

*mil – mila [mili] – mil – milene* (før: fl. mil/miler – milene)

*møbel – møbelet – møblar [møbel] – møblane [møbla/møbli]* (før: møb(e)let – møblar/møbel – møblane/møbla [møbli])

### 3.3.1.1.3 Tre enkeltord

Orda *auge*, *hjarte* og *øyre* får denne bøyinga:

*auge – auget – auge – auga [auga – auga – augo – augo]* (før: auge – auget – auge – auga el. auga – auga – augo – augo)

*hjarte [hjerte] – hjartet [hjertet] – hjarte [hjerte] – hjarta [hjerta] [hjarta – hjarta – hjarto – hjarto]* (før: *hjarte [hjerte] – hjartet [hjertet] – hjarte [hjerte] – hjarta [hjerta]* el. *hjarta – hjarta – hjarto – hjarto*)

*øyre [øre] – øyret [øret] – øyre [øre] – øyra [øra] [øyra – øyra – øyro – øyro]* (før: *øyre [øre] – øyret [øret] – øyre [øre] – øyra [øra]* el. *øyra – øyra – øyro – øyro*)

### 3.3.1.1.4 Folkenavn og innbyggerbetegnelser på -ar – bøyning og ending

Folkenavn på *-ar* skal bøyes regelrett i flertall, også de som før hadde valgfri form uten ending i ubestemt form flertall, f.eks. *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane* (før: ein anglar – fleire anglaranglarar – anglane/anglarane).

Det blir endring for orda *anglar*, *baglar*, *dorar*, *fønikar*, *jonar*, *kimbrar*, *normannar*, *punar*, *skytar*.

Innbyggerbetegnelser som før hadde valgfri ending (*-ar*) i ubestemt form entall, f.eks. *ein afghan(ar)*, får endinga obligatorisk, og bøyninga blir dermed *ein afghanar – afghanaren – afghanarar – afghanarane*. Det gjelder disse orda: *afghanar*, *afrikanar*,

*albanar, andorranar, angolanar, antiguunar, bahamanar, biafranar, bolivianar, botswanar, bulgarar, chilenar, colombianar/kolombianar, costaricanar/kostarikanar, cubanar/kubanar, dominikanar, ecuadorianar, ekvatorialguineanar, fijianar, guatemalanar, guineanar, hellenar, honduranar, ivorianar, jamaicanar/jamaikanar, kambodsjanar, kenyunar, koreanar, maldivar, mallorcanar/mallorkanar, marokkanar, meksikanar/mexicanar, monegaskar, nicaraguunar, nigerianar, nordafrikanar, (nord)koreanar, panamanar, papuanar, paraguayanar, peruanar, portugisar, puertorianar/puertorikanar, rumenar, salvadorianar, sentralafrikanar, slavar, slovenar, sørafrikanar, (sør)koreanar, texanar/teksanar, tibetanar, tsjekkar, tonganar, turkmenar, tyrkar, ungarar, uruguayanar, venezuelanar, (vest)samoanar*

### 3.3.1.1.5 Bøyning av fremmedord (importord) på -um, -on, -us og -a

Alle fremmedord av gresk og latinsk opphav på -on, -um, -us og -a får som hovedregel bøyning i samsvar med hovedmønsteret for norske ord.

#### A Intetkjønnsord

##### Ord på -on og -um

Eksempler på ord på -on og -um som nå får bare regelrett bøyning:

*leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona [leksikoni] (før: valgfritt flertall leksikon – leksikona [leksikoni] el. leksika – leksika/leksikaa [leksikai])*

*depositum – depositumet – depositum – deposituma [depositumi] (før: valgfritt flertall depositum – deposituma [depositumi] el. deposita – deposita/depositaa [depositai]).*

*spektrum – spektrumet – spektrum – spektruma [spektrumi] (før: spektrum – spektrumet/spektrumet – spektrum – spektruma [spektrumi]/spektra(a) [spektrai])*

Samme endring som *leksikon* får også *metronymikon* og *patronymikon*.

Samme endring som *depositum* får også *aktivum, annum, diktum* (endret skrivemåte fra *dictum*), *falsum, fluidum, futurum, imperfektum, infimum, kontinuum, kuriosum, maksimum, memorandum, minimum, multiplum, optimum, passivum, pensum, perfektum, postskriptum, preteritum, referendum, residuum, responsum, supinum, ultimatum, visum, votum*.

*Aktiva og passiva* i regnskapssammenheng skal føres opp som egne ord.

Samme endring som *spektrum* får også *femininum, interregnum, maskulinum, metrum, minimum, nøytrum, sentrum*.

Det er to unntaksgrupper:

## **Unntaksgruppe 1**

Intetkjønnsord på *-eum* og *-ium* skal ha samme bøyning som før i bestemt form entall og flertall.

## **Unntaksgruppe 2**

Noen ord på *-on* og *-um* får i tillegg til den regelrette flertallsbøyninga også klammeform på

*-a* i ubestemt form flertall og *-aa* i bestemt form flertall.

Eksempel på ny bøyning:

*forum – forumet – forum [fora] – foruma [forumi] [foraa/forai]* (før: flertall forum – foruma [forumi] el. fora – fora(a) [forai]).

Samme endring som for *forum* gjelder orda *datum, kvantum* og dessuten ord på *-ksikum* og *-tikon/-tikum*, dvs. *akrostikon, antibiotikum, antipyretikum, antiseptikum, ataraksikum, cytostatikum, diuretikum, enklitikum, karakteristikon, karakteristikum, kosmetikum, narkotikum, onomatopoetikon, onomatopoetikum*.

Orda *antibiotikum* og *faktum* skal bøyes som før.

**Ord på -us:** Alle intetkjønnsord på trykklett *-us* får regelrett flertallsbøyning: *fleire genus, fleire tempus* (før: fl. genus/genera, tempus/tempora)

**Ord på -a:** Alle intetkjønnsord på trykklett *-a* får obligatorisk tillegg av *a [i]* i bestemt form flertall.

Eksempel på ny bøyning:

*eit skjema – skjemaet – skjema – skjemaa [skjemai]* (før: valgfritt skjema/skjemaa [skjemai] i bestemt form flertall)

Samme endring som for *skjema* gjelder orda *delta, diafragma, dilemma, drama, fatamorgana, firma, kamera, klima, komma, kopula, mantra, panorama, paradigma, promemoria, skisma, stigma, trauma, trema, zeugma*.

## **B Hunkjønnsord**

Hunkjønnsord på trykklett *-a* får obligatorisk tillegg av *a [i]* i bestemt form entall.

Eksempel på ny bøyning:

*ei diva – divaa [divai]* (før: valgfritt diva el. divaa [divai]).

Samme endring som for *diva* gjelder orda *ballerina, belladonna, dadda, donna, eva, geisha, madonna, mamma, saga*.

## **C Hankjønnsord**

Hankjønnsord på *-ium* får obligatorisk fullform i hele bøyninga.

Eksempel på ny bøyning:

*geranium – geranumen – geranumar – geraniumane* (før: gerani(um)en – geraniar – geraniane).

Samme endring som for *geranium* gjelder orda *kaprifolium, pelargonium*.

Hankjønnsord på *-ius* får obligatorisk fullform i hele bøyninga:

*radius – radiusen – radiusar – radiusane* (før: radius – radien/radiusen – radiar – radiane)

*justitiarius – justitiariusen – justitiariusar – justitiariusane* (før: justitiarius – justitiarien – justitiariar – justitiariane)

Samme endring som for *radius* gjelder orda *auksjonarius, genius, nuntius*.

### 3.3.1.1.6 Intetkjønnsord på trykklett *-el, -en* og *-er*

*Entall*

*Regel:* Intetkjønnsord på trykklett *-el, -en* og *-er* får ikke sammendraging i bestemt form entall. – For ord på *-en* blir det dermed ingen endring.

Eksempler på ny bøyning:

*middel – middelet* (før: mid(de)let)

*teater – teateret* (før: teat(e)ret)

Slik endring fra valgfri sammendraging til obligatorisk full form som i eksemplene over får de fleste orda på *-el*, f.eks. *esel, hengsel, rektangel, sommel, stempel, spetakkel, tempel, varsel*. Tre ord hadde full form før og får dermed ingen endring: *fløyel, kvartel, svovel*.

Samme endring gjelder også for de fleste orda på *-er*, f.eks. *mylder, mørker, senter, teater* og orda på *-meter*, f.eks. *barometer*. Noen av orda hadde full form før og får dermed ingen endring, det gjelder orda på bare *-er* som *døger, lager, nummer og siffer* (unntak: *mørker*), orda på *-dder* og enkeltorda *krøtter, paternoster, vørter og water*.

*Flertall*

*Regel:* Intetkjønnsord på trykklett *-el* får sammendraging i bestemt form flertall. Orda på *-en* har full form som før, f.eks. *laken, bortsett fra våpen*, som har sammendraging som før.

Eksempel på bøyning:

*middel – middelet – middel – midla [midli]* (før: mid(de)let, uendret i flertall)

For de fleste ord på *-el* blir det dermed ingen endring, f.eks. *esel, hengsel, rektangel, sommel, stempel, spetakkel, tempel, varsel*.

Orda *barsel, kjørel, kvartel* skal ha de samme formene i bestemt flertall som før:

*barsel – barsela [barseli] el. barsla [barsli]*

*kjørel – kjørela [kjøreli] el. kjørla [kjørli]*

*kvartel – kvartela [kvarteli]*

**Regel:** Intetkjønnsord på trykklett *-er* får obligatorisk full form også i bestemt form flertall.

Eksempel på ny bøyning:

*teater – teateret – teater – teatera [teateri] (før: teat(e)ret) – teater – teat(e)ra [teat(e)ri]*

Samme endring som *teater* får de fleste orda på *-ter*, f.eks. *filter, gitter, helikopter*, ord på *-meter*, f.eks. *barometer, monster, mønster, senter*. Noen ord på bare *-er* og orda på *-der* hadde også valgfri sammendraging før og får dermed samme endring: *døger, lager, læger, siffer; hinder, under* ofl. Orda på *-dder* hadde full form i flertall og får dermed ingen endring, det samme gjelder orda korter, krøt(t)er, water.

### 3.3.1.2 VERB

#### 3.3.1.2.1 Presens av sterke verb

Klammeformen på *-er* går ut, slik at presensformen blir f.eks. *bit, kjem* (før: *bit* [biter], *kjem* [kjemer])

#### 3.3.1.2.2 Perfektum partisipp (supinum) av sterke verb

Endinga på *-i* blir redusert til klammeform, f.eks. *har lese [lesi]* (før: valgfritt lese/lesi)

#### 3.3.1.2.3 Verb med kort og lang form i infinitiv og valgfri sterk og svak bøyning i noen former

En gruppe på fem verb får denne bøyninga:

*gli [glide], glir [glid], gleid, glide [glidi/glidd/glidt]* (før: *gli(de), glir/glid, glei(d), glide/glidi/glidd*). Gjelder òg: *li(de), ri(de), skri(de), svi(de)*.

En gruppe på fire verb får denne bøyninga: *gni [gnide], gnir [gnid], gneid[gnidde], gnide [gnidi/gnidd/ gnidt]* (før: *gni(de), gnir/gnid, gnei(d), gnide/gnidi* el. *gni(de)r, gnidde, gnidd/gnidt*). Gjelder òg: *skli(de), stri(de), vri(de)*.

Disse enkeltverba får endret bøyning:

*be [bede], ber [bed], bad, bede [bedi/bedd/bedt]* (før: *be/bede, ber/bed, bad, bede/bedi/bedd/bedt*)

*by [byde], byr [byd], baud, bode [bodi/bydd/bydt]* (før: by(de) [bjode], byr/byd, baud, bode/bodi el. by(de)r, bydde, bydd/bydt)

*dra [drage], dreg [drar], drog, drege [dregi/dradd/dratt]* (før: dra, dreg [drar], drog, drege/dregi [dradd/dratt] el. drage, dreg, drog, drege/dregi)

*flyge [fly], flyg [flyr], flaug, floge [flogi]* (før: fly(ge), flyr/flyg, flaug, floge/flogi)

*flø, flør, flødde, flødd/fløtt* (før: flø -r, flødde, flødd/fløtt el. fløe -ar, -a, -a  
(flolegg)

*fri, frir, fridde, fridd/fritt* (før: fri, frir, -dde, -dd/-tt el. frie -ar, -a, -a)

*gi, gir, gav, gitt el. gje[ve], gjev, gav, gjeve [gjevi]* (før: gi, gir, gav, gitt el. gje(ve), gjev, gav, gjeve/gjevi)

*ha [have], har [hev], hadde, hatt* (før: ha(ve), har, hadde, hatt)

*la [late], lèt [lar], lét, late [lati/latt]* (før: la(te), lèt [lar], lét, late/lati [latt] (som hjelpeverb))

*skru, skrur, skrudde, skrudd/skrutt* el. *skruve -ar, -ar, -a* (før: skru el. skrue -ar/skru(e)r, -a/skrudde, -a/skrudd/skrutt el. skruve -ar, -a, -a)

*strø, strør, strødde, strødd/strøtt [strøye, strøyer, strøydde, strøydd/strøytt]* (før: strø el. strøye, strør/strøyer, -dde, -dd/-tt)

*ta [take], tek [tar], tok, teke [teki/tatt]* (før: ta(ke), tek [tar], tok, teke/teki [tatt])

*tre, trer, tredde, tredd/trett* (før: tre(de), trer/tred, tro(d), trede/tredi el. tre(de)r, tredde, tredd/tredt)

### 3.3.1.2.4 Andre verb med endret bøyning

Disse verba får endring i preteritumsformene:

*seie – sa* (før: sa/sagde)

*tole – tolte [tolde]* (før: tolde/tolte)

*bestemme og lime* får *bestemte* og *limte* (før: bestemde/bestemte og limde/limte).

**Få og gå får bare fekk og gjekk i preteritum (før: fekk [fikk] og gjekk [gikk])**

Andre enkeltverb som får endret bøyning:

*henge [hange] – heng – hang [hekk] – hange [hangi]* (før: henge/hange – heng [henger] – hang/hekk – hange/hangi)

*måtte – må – måtte – måttta [mått]* (før: supinum mått/måttta)

*slå – slår [slær] – slo – slått/slege [slegi]* (før: slå – slår [slær] – slo – slege/slegi el. slått)

*slåst [slåss] – slåst [slåss/slæss/slæst] – stlost [sloss] – slåst/slegest [slåss/sleges/slegist/slegis]* (før disse partisippformene: slegest/slegist/slåst [sleges/slegis/slåss])

*trå, trår, trådde, trådd/trått* (før: trå, trår [trær], trådde/tro(d), trådd/trått/trede/tredi)

### 3.3.1.2.5 Supinum og intetkjønnsformen av perfektum partisipp

Verb med *-de* i preteritum skal ha bare *-t* i supinum og intetkjønnsformen av perfektum partisipp, bortsett fra verba på *-dde, -gde* og *-vde* etter vokal, som fortsatt skal ha valgfritt *-d/-t*. Klammeformen på *-d* faller bort. Eksempler:

har kjent, det er kjent (før: har kjent [kjend], det er kjent [kjend])  
har bygd/bygt, det er bygd/bygt (som før)

### 3.3.1.2.6 Samsvarsbøyning av perfektum partisipp

#### Sterke partisipp

For sterke partisipp er regelen alltid at de skal bøyes i kjønn og tall etter hjelpeverbene *vere, verte* og *bli* i samsvar med det ordet de står til.

Eksempel:

*attributiv stilling predikativ stilling*

ein skoten hjort	han/ho er skoten
skote vilt	det er skote
skotne dyr	dei er skotne

Denne regelen gjelder i hele rettskrivningen inkludert læreboknormalen (før kunne en i rettskrivningen utenfor læreboknormalen bruke ubøyd partisipp i predikativ stilling).

#### Svake partisipp

For perfektum partisipp av svake verb (og for svake partisipp av sterke verb) er regelen i læreboknormalen som for de sterke partisippene at de skal bøyes i kjønn og tall etter

hjelpeverba *vere*, *verte* og *bli* i samsvar med det ordet de står til. I rettskrivningen utenfor læreboknormalen, dvs. som klammeform, kan en sløyfe samsvarsbøyingen i predikativ stilling (som før, en kunne da bruke ubøyd form av bare svake partisipp eller av alle verb; før kunne en også sløyfe bøyning etter kjønn i attributiv stilling).

Eksempler på regelen med samsvarsbøyning (læreboknormalen):

*attributiv stilling*      *predikativ stilling*

ei kjend sak	han/ho er kjend	
eit kjent spørsmål	det er kjent	
kjende personar		dei er kjende

ein reparert bil,	han/ho/det er reparert	
eit reparert hus		
reparerte hus		dei er reparerte

Merk at når en bruker verbformer på *-t*, enten de er hovedformer som over eller klammeformer, blir ikke bøyning etter kjønn mulig.

Eksempler med ubøyde *klammeformer* i predikativ stilling:

han/ho/den/det er kjent, han/ho/det/dei er reparert

Den ubøyde partisippformen av svake verb er nå alltid den samme som den en har i intetkjønn av partisippet og i supinum, jf. pkt. 3.3.1.2.5 over. Før var regelen at den ubøyde partisippformen og supinum endte på *-d* når preteritum endte på *-de* (med få unntak), og på *-t* når preteritum endte på *-te* (f.eks. *kjende* – [det er kjend], [kjente] – det er kjent). Denne regelen om at en skulle bruke samme konsonant, dvs. ha dentalutjamning (jf. Årsmelding 1986 pkt. 2.2.3 pkt. 7 a), faller nå bort.

### *Uekte partisipp*

Disse reglene for bøyning av perfektum partisipp gjelder også uekte partisipp, dvs. sammensetninger med partisippformer som *uskriven*, *velkjend* (før kunne uekte partisipp valgfritt stå med eller uten samsvarsbøyning i predikativ stilling dersom en ellers brukte klammeformene uten samsvarsbøyning i predikativ stilling).

### *3.3.1.3 Adjektiv og adverb*

#### *3.3.1.3.1 Komparativ og superlativ av visse stedsadverb*

attre	attarst [attast]	(før: attare/attre – attarst/attast)
bakre	bakarst [bakast]	(før: bakare/bakre – bakarst/bakast)

<i>bortre</i>	<i>bortast</i>	(før: bortare/bortre – bortast)
<i>hitre</i>	<i>hitast</i>	(før: hitare/hitre – hitast)
<i>indre</i>	<i>inst [innarst]</i>	(før: indre – innarst/inst)
<i>nordre [nørdre]</i>	<i>nørdst</i>	(før: nordre/nørdre – nørdst)
<i>søre</i>	<i>synst</i>	(før: syndre/søre – synst)
<i>undre</i>	<i>undst [underst]</i>	(før: undre – underst/undst)
<i>ytre</i>	<i>ytst [yttarst]</i>	(før: ytre – ytst/yttarst)

### 3.3.1.3.2 Adjektiv på -en

Adjektiv på *-en* skal følge dette mønsteret:

*open* – *open* [*opi*] – *ope* [*opi/opent*] – *opne* (før: *ope/opi [opent]* i nøytrum)

*liten* og *eigen* bøyes som før

### 3.3.1.3.3 Adjektiv på -et, -ete, -ut

Adjektiv med disse suffiksene skal følge dette mønsteret:

*steinete [steinut]* (før: steinet(e) el. steinut)

### 3.3.1.4 Pronomen

Disse pronomenene blir endret slik:

*han [honom]* (objektsform) (før: han/honom)  
*henne [ho]* (objektsform) (før: ho/henne)  
*deira* (før: deira [deires])  
*annan* (før: annan [annen])  
**sjølv – sjølve (flertall)** (før: *sjølv* – *sjølv(e)*)

## 3.3.2 Avledning

### 3.3.2.1 Suffikset -a(n)- i sammensetninger

I ord som *bortanfor*, *hitanfor*, *innanfor*, *nedanfor*, *ovanför* og *utanför* blir disse formene hovedformer, formene med *-a-* blir klammeformer: *[bortafor]* osb. (før: jamstilte hovedformer *bortafor/bortanför*).

I ord med kompassretningene *norda(n)-*, *sörra(n)-*, *austa(n)-* og *vesta(n)-* skal den nåværende fordelinga av *-a-* og *-an-* stå ved lag.

### 3.3.3 Rettskrivning

#### 3.3.3.1 Konsonantisme

##### 3.3.3.1.1 Dobbel eller enkel konsonant

###### **mm/m**

Mange ord og bøyingsformer som nå har jamstilte hovedformer, skal ha *-mm-* som hovedform og *-m-* som klammeform. Det gjelder disse orda:

*bramme [brame]* v. (se godt ut, skryte; før: bram(m)e)  
*brudgom, brudgommen [brudgomen]* (før: brudgom(m)en)  
*-dom, -dom(m)en, -dom(m)ar* (f.eks. i *ungdom*; som før)  
*-døm(m)e* (f.eks. i *kongedøm(m)e*; som før)  
*hammar [hamar]* (før: ham(m)ar)  
*homme [home]* (få til å rygge ; før: hom(m)e)  
*kimming [kiming]* (synsrand; før: kim(m)ing)  
*lem, lemmen [lemen]* (gjelder også *medlem*; før: lem(m)en)  
*lemme [leme]* (partere; før: lem(m)e)  
*lom, lommen [lomen]* (fugl; før: lom(m)en)  
*sømme [søme]* (før: søm(m)e)

Det blir fremdeles valgfritt *kome* el. *komme* (som før)

###### **nn/n**

*tenar/tennar* (hardved; før: tinar)

###### **tt/t**

*let* (farge; før: let(t))

###### **gg/g**

*nag* (agg, hat; før: nag(g))

###### **pp/p**

*nupereller* (før: nup(p)ereller)

*pappa* (før: pap(p)a)

###### **dd/d**

*nudel* (før: nud(d)el)

#### 3.3.3.1.2 Annen konsonantvariasjon

**Form med eller uten d**

*mod* (trøytt; før: mo(d))  
*speidar* eneform (før: speiar/speidar)  
*speide* eneform (før: speie/speide)

**Form med eller uten g**

*bleig* eneform (kile; før: blei(g))  
*dryge* eneform (før: drye/dryge)  
*muge [mue]* (dunge; før: mue/muge)  
*truge [true]* (før: true/truge)  
*trugsel [trussel]* (før: trugsel/trussel)

**Form med d eller t**

*flid [flit]* (hus-; før: flid/flit)  
*mot [mod]* n. (før: mod/mot)  
*mote [mode]* (m- seg opp; før: mode/mote)  
*radt* adv. eneform (før: radt [ratt])  
*sludd [slut]* (-bye; før: sludd/slut)  
*tidt* adv. eneform (før: tidt/titt)

**3.3.3.2 Vokalveksling****3.3.3.2.1 Diftong eller monoftong*****ei – i***

*greve* (før: greve [greive])  
*grevinne* (før: grevinne [greivinne])  
*peike* (før: peike [peke])

**3.3.3.2.2 Annen vokalveksling*****a – e***

*aftan* (før: eftan/aftan)  
*framand [fremmend]* (før: framand/fremmend)  
*henge [hange]* (før: hange/henge)  
*harsk* (før: harsk/hersk)  
*kvalp/kvelp* (før: kvalp [valp]/kvelp)  
*lating* (lat person; før: lating/leting)  
*laken* (før: laken [lakan])

***a – o***

*haldning [holdning]* (før: haldning/holdning)  
*hank [honk]* f. (nøkkel-; før: hank/honk)  
*harr [horr]* (fisk; før: harr/horr)

*maske [moske]* f./m. (før: maske/moske)

**a – æ**

*arr [ær]* (merke etter sår; før: arr/ær)  
*stær [star]* (øyesykdom; før: star/stær)

**e – i**

*fete [fite]* (før: fete/fite)  
*sigle [segle]* (før: segle/sigle)  
*siv [sev]* (før: sev/siv)

**e – æ**

*samkvæm [samkvæme]* (før: samkvem/samkvæme)

**i – y**

*birkje [birke]* (bjørkesevje; før: også bjørkje [bjørke] og byrkje [byrke])

**jo – y, jo – ju**

*lyd [ljod]* (før: ljod/lyd)  
*lyte [ljote]* v. (måtte; før: ljote/lyte)  
*syde [sjode]* (koke, bruse; før: sjode/syde)  
*skjul [skjol]* (gjemmested, skur; før: skjol/skjul)  
*tyr [tjor]* m. (okse; før: tjor/tyr)

**o – u**

*fomme* (fomle; før: femme [fume])  
*fomle* (før: fomle [fumle])  
*fomlen* (før: fomlen [fumlen])  
*grom* (før: grom [grum])  
*okse [ukse]* (før: okse/ukse)  
*somle* (før: somle [sumle])  
*snorke* (før: snorke [snurke])  
*tomsen* (før: tomsen [tumsen])

**o – ø**

*bøk [bok]* i sms. bøke- (tre; før: bok/bøk)  
*møll [mol]* (før: mol/møll)  
*tøffel [tofle]* (før: tofle/tøffel)  
*mor/morr* (før: mor/morr [mør])

**o – å**

*dråk* f. (fl. dræker; jente; før: drok/dråk)

**u – y**

*burde* v. infinitiv (måtte, skulle; før: burde/byrje)

*skuve, skuvar, skuva, skuva* (som før) el. *skuve/skyve, skyv, skauv, skove [skovi]* (før: også bøyningen -er, -de, -d/-t)

*stytte [stutte]* v. (gjøre stuttere; før: stutte/stytte)

*styttning [stutting]* f. og m. (før: stutting/stytting)

*sydfrukt [sudfrukt]* (før: sudfrukt/sydfrukt)

*sydlandsk [sudlands]* (før: sudlands/sydlandsk)

*sydlending [sudlending]* (før: sudlending/sydlending)

### ***u – ø***

*jutul [jøtul]* (før: jutul/jøtul)

*kløft [kluft]* (før: kluft/kløft)

*kløfta [klufta]* adj. (før: klufta/kløfta)

*hjørne [hyrne]* (før: hyrne/hjørne)

*mølle [mylne]* (før: mylne/mølle)

*nøkkel [nykel]* (før: nykel/nøkkel)

*ryllik [røllik]* (plante; før: ryllik/røllik)

*tønne [tunne/tynne]* (før: tynne [tunne]/tønne)

*yksen [øksen]* (brunstig; før: yksen/øksen)

*støl/stør* adj. (før: støl/stør [styrđ])

### ***æ – å***

*låse [læse]* v. (før: læse/låse)

*måle [mæle]* v. (før: mæle/måle)

### **3.3.3.3 Enkeltord**

*bose [boso]* (halmseng; før: bose/boso)

*fremje [fremme]* (før: fremje/fremme)

*korleis* eneform (før: korleis [koss el. hoss(en)])

*kvefs [veps]* (før: kvefs/veps)

*leie* (ferje-; før: leie/lægje)

*midt-* [*mid-*] pref. (før mid-/midt-)

*mykje [mye]* (før: mye/mykje)

*sidan [sia]* (før: sia/sidan)

*skrog [skrov]* n. (fly-; før: skrog/skrov)

*terskel [treskel]* (før: terskel/treskel)

*tilfeldig [tilfelleleg]* (før: tilfeldig/tilfelleleg)

*trøndersk [trøndsk]* (før: trøndersk/trøndsk)

*veikje [vækje]* (jente; før: veikje/vækje)

*verd n/verdi m [verde n]* (før: verd n./verde n./verdi m.)

*øgle [ødle]* (før: ødle/øgle)